

Budsjett 2015

Økonomiplan 2015-2018

Budsjettgrunnlag 7. oktober 2014



HORDALAND
FYLKESKOMMUNE



Innhald

Innleiing	4
Investeringsbudsjett	19
Investeringar	20
Innleiing	20
Fellesfunksjonar	24
Opplæring	25
Tannhelse	28
Regional utvikling	29
Samferdsel	30
Kultur	42
Driftsbudssjett 2015	43
Politiske organ og administrasjon	44
Samandrag	44
400 Politisk styring	45
410 Kontroll og revisjon	46
420 Administrasjon	46
421 Eigedomsforvaltning	48
430 Administrasjonslokale	48
Fellesfunksjonar	52
471 Amortisering av tidlegare års avvik	52
480 Diverse fellesutgifter	52
Opplæring	54
Kort oversyn over opplæringsbudsjettet	56
Skulebruksplanen	56
Økonomiske rammevilkår for skulane	57
Opplæringssektoren og skulebudsjetta	57
Budsjettmodell	58
Viktige tiltak i 2015	59
Dimensjonering av skuletilbodet i Hordaland	60
Fagskuleutdanning	62
Spesialundervisning	62
Fagopplæring	63
Vaksenopplæring	63
Mål for verksemda	64
Tannhelse	65
Samandrag/viktige tiltak	66
Hovudutfordringar	66
Årsbudsjett 2014	68
Målsetjingar for tannhelsetenesta	69
Regional utvikling	70
Utfordringar i 2015	71
700 Tilrettelegging og støttefunksjonar for næringslivet	74

705 Finansieringsbistand overfor næringslivet	76
715 Lokal og Regional utvikling	77
716 Friluftsliv og miljø	81
Friluftsføremål	82
Målsetjingar for regional utvikling	83
Fylkeskommunal næringsverksemd	85
Samferdsel	86
Hovudutfordringar	86
722 Fylkesvegar	87
730 Bilruter	91
731 Fylkesvegferjer	94
732 Båtruter	95
733 Transportordninga for funksjonshemma	96
734 Bybanen	96
Budsjettmål	97
Kulturføremål	98
740 Bibliotek	99
750 Kulturminnevern	100
760 Museum	102
771 Kunstformidling	104
775 Idrett	108
790 Andre kulturaktivitetar	110
Målsetjingar	114
Frie inntekter	116
Renter og avdrag	117
Renter	117
Avdrag	117
Interne finansieringstransaksjonar	117
Økonomiplan 2015-2018	118
Samandrag	118
Politiske organ, administrasjon og fellesfunksjonar	119
Opplæring	119
Tannhelse	120
Regional utvikling og fylkes-kommunal næringsverksemd	120
Samferdsel	121
Kultur	121
Frie inntekter	122
Renter og avdrag	123
Interne finansieringstransaksjonar	123
Vedlegg	124

Årsbudsjett 2015

Økonomiplan 2015-2018

Fylkesrådmannen legg med dette fram budsjettgrunnlaget for 2015 og økonomiplanen 2015 – 2018. Budsjettgrunnlaget vert i samsvar med framdriftsplanen for budsjettarbeidet lagt fram tidleg i oktober, før statsbudsjettet ligg føre.

Framdriftsplanen medfører at det må utarbeidast eit tillegg til budsjettgrunnlaget – revidert budsjettgrunnlag – når innhaldet i statsbudsjettet er kjent. Revidert budsjettgrunnlag vert lagt fram tidleg i november 2014.

Bakgrunnen for at denne arbeidsforma er valt, er at den sikrar betre tid til politisk arbeid med budsjettet.

Statsbudsjettet for 2015 vert lagt fram 8. oktober 2014.

Budsjettarbeidet i avdelingane har teke utgangspunkt i fylkesutvalet sitt vedtak i sak om førebels økonomiske rammer som vart handsama i juni.

Budsjettgrunnlaget for 2015 er inndelt i samsvar med funksjonsinndelinga i Kostra. Målsetjinga med inndeling etter Kostra-funksjonane er at det vert enklare å samanlikna budsjett- og rekneskapsdokumenta.

Hovudpunkt i budsjettgrunnlaget

Netto driftsresultat – økonomimål

Rekneskapskapen for 2013 vart gjort opp med overskot og netto driftsresultat på 6,6%.

Netto driftsresultat er eit av dei mest sentrale nøkkeltala i kommunale rekneskapskapar. Netto driftsresultat viser kva ein har igjen etter at alle driftsutgifter, inklusive renter og avdrag er dekkja. Netto driftsresultat auka kraftig i 2013 til 526,5 mill. kr, eller 6,6 % av driftsinntektene. Auken har for ein stor del si årsak i endra momsreglar for veginvesteringar.

Momskompensasjon frå investeringar er i 2013 ført i driftsrekneskapskapen. Frå 2014 vart dette lagt om, slik at momskompensasjon frå investeringar vert ført direkte i investeringsrekneskapskapen.

Momskompensasjon frå investeringar utgjorde 367,1 mill. kr i 2013. Om ein held denne summen utanfor, vart netto driftsresultat dette året 2,1%.

Netto driftsresultat er det mest nytta måtalet i kommunal og fylkeskommunal økonomi. Måtalet viser kva som er til disposisjon når drifts- og kapitalutgifter er dekkja. Det får fram kor mykje ein har att til finansiering av investeringar eller avsetjing til seinare års drift. For å få karakteren tilfredstillande er det vanleg å setja netto driftsresultat til 3% av driftsinntektene.

Netto driftsresultat i budsjettgrunnlaget for 2015 er om lag 0,8%. Fylkesrådmannen sitt forslag til budsjettgrunnlag og økonomiplan, er dermed svakare enn ønskjeleg.

Avstanden mellom måtalet på 3% og budsjettgrunnlaget for 2015 på 0,8% må vurderast opp mot endringane i rekneskapsreglane som tok til å gjelda i 2014. Frå og med 2014 vert som nemnt momskompensasjon for investeringar ført i investeringsrekneskapskapen direkte. På denne måten misser Hordaland fylkeskommune ei driftsinntekt frå 2014.

Så langt fylkesrådmannen kjenner til, vurderer ein på sentralt hald om ein framleis skal halda på måtalet om 3% i netto driftsresultat som buffer, eller om dette talet bør senkast noko som følgje av dei nye rekneskapsreglane.

Rekneskapsutviklinga i 2014

Til fylkestinget i oktober legg fylkesrådmannen fram tertialrapport etter 2. tertial 2014. Tertialrapporten viser at skatteinngangen er litt svakare enn budsjettet. Det ser også ut til å gå mot svikt på inntektssida i kollektivtransporten. Desse to postane samla ser ut til å koma 65 mill. kr svakare ut enn det som er budsjettet.

På kostnadssida er det god budsjettkontroll innanfor sektorane. Dette er særleg viktig for det som gjeld dei to store sektorane opplæring og samferdsel. På opplæringssektoren er det etter 2. tertial rekna med ei mindre overskriding på 5 mill. kr, men verknadene av streiken i denne sektoren kan gje endringar.

I tertialrapporten er det meldt om god kontroll på kostnadene i kollektivtransporten. Dette er svært

viktig med tanke på det store omfanget denne sektoren har og korleis utviklinga har vore på dette feltet dei siste åra.

Samla er prognosen i tertialrapporten at ein i 2014 kjem ut med ei overskriding på 35 mill. kr. Etter 1. tertial var prognosen overskriding på 20 mill. kr.

Om det endelege rekneskapsresultatet vert tilsvarende prognosen i tertialrapporten, vil det då vera trong for å stryka avsetjingar for å unngå rekneskapsunderskot. I samsvar med regelverket vert då delar av den budsjetterte overføringa frå drift til investering strøken. I budsjettet for 2014 er det budsjettert med 62 mill. kr i slik overføring. Så lenge prognosen for overskriding er lågare enn dette talet, vil ein heller ikkje i 2014 få rekneskapsunderskot.

Høgt investeringsnivå

I samsvar med opplegget i den sist vedtekne økonomiplanen og rammesaka som vart handsama av fylkesutvalet i juni 2014, legg fylkesrådmannen også i budsjettgrunnlaget for 2015 opp til høge investeringar for Hordaland fylkeskommune.

Det er framleis høge investeringar i opplæringssektoren, og innanfor samferdselssektoren er det dei store anlegga i Bergensprogrammet, så som andre byggjesteg av Ringveg vest og byggjesteg III av Bybanen som slår inn for fullt.

Bruttobudsjettet for investeringane er i 2015 foreslått til 3 929 mill. kr. Dei store investeringsprosjekta som er i gang m.a. innanfor Bergensprogrammet, gjer at fylkeskommunen sitt brutto investeringsbudsjett vert svært høgt. Ein stor del av prosjekta vert finansierte med bompengar. Bompengane kjem som inntekt i fylkeskommunen sitt investeringsbudsjett saman med andre finansieringsformer som forskoteringar og tilskot.

Bompengefinansieringa gjeld i særleg grad prosjekta Ringveg vest og Bybanen, men også andre vegprosjekt har stort innslag av bompengefinansiering som t.d. Kvammapakken, Bømløpakken og Askøypakken.

I budsjettgrunnlaget er det forslag om investeringar i samferdselssektoren på 3 185 mill. kr og 676 mill. kr i opplæringssektoren. Innanfor opplæring gjeld investeringane særleg sluttløyving til Amalie Skram videregående skole, dei nye skulane på Voss og vidare opprusting av Årstad videregående skole.

Sentrale punkt i økonomiplanen

Investeringane i den økonomiplanen som no vert lagt fram er høge. Konsekvensen av dette er at utgiftene til renter/avdrag er høge og tek ein stor og aukande del av fylkeskommunen sine inntekter.

Det er venta svak vekst i dei frie inntektene til Hordaland fylkeskommune dei komande åra. Dette har samanheng med omlegginga av inntektssystemet som resulterer i svakare inntektsrammer den komande femårsperioden. Inntektsveksten er svakare enn veksten i kapitalutgiftene og det må difor gjerast driftstilpassingar i perioden. Nye tiltak må dermed finansierast ved omprioritering innanfor dei samla rammene.

Netto driftsresultat er som nemnt det mest nytta måltalet for kommunal og fylkeskommunal økonomi. Netto driftsresultat viser kva som står att når drifts- og kapitalutgiftene er dekkja. Det får fram kor mykje ein har att til finansiering av investeringar eller til avsetjingar.

Netto driftsresultat for 2015 er 0,8% av driftsinntektene. Til vanleg vert 3% i netto driftsresultat rekna til å vera tilstrekkeleg. Fylkesrådmannen sitt forslag til budsjettgrunnlag og økonomiplan, er dermed svakare enn ønskjeleg.

Netto driftsresultat er som nemnt 0,8% i 2015 for deretter å gå ned til om lag 0,2% i 2018. Skal ein oppnå eit meir positivt driftsresultat for åra i økonomiplanperioden, må anten inntektene aukast eller utgiftene reduserast i høve til opplegget i den framlagde økonomiplanen.

Inntektssida i budsjettgrunnlaget

I budsjettgrunnlaget for 2015 har fylkesrådmannen lagt til grunn opplysningane ein finn i Kommuneproposisjonen, som vart lagt fram i mai 2014. Fylkesrådmannen har i utrekningane lagt til grunn ein vekst i dei frie inntektene for fylkeskommunane samla på 375 mill. kr. Regjeringa varsla i Kommuneproposisjonen ein vekst i dei frie inntektene for fylkeskommunane på mellom ¼ og ½ milliard kr. Fylkesrådmannen har rekna med vekst i dei frie inntektene midt i dette intervallet.

Veksten i dei frie inntektene er grunngeve med opptrapping av løyvingane til å ta att etterslepet på fylkesvegane og til finansiering av tapskompensasjon i samband med omlegging av inntektssystemet frå 2015. Samla foreslo regjeringa ein vekst på 245 mill. kr til desse tiltaka. Stortinget har seinare auka summen til tapskompensasjon, slik at nedre grense for den samla veksten vert noko høgare – 275 mill. kr.

Nytt inntektssystem som vert presentert i statsbudsjettet, vil gje store omfordelingsverknader mellom

fylkeskommunane. Kommuneproposisjonen viste nedgang i dei frie inntektene for Hordaland fylkeskommune som følgje av nytt inntektssystem på 122 mill. kr. Tapskompensasjon og overgang til symmetrisk inntektsutjamning gjer at ein det første året ikkje vil få særleg nedgang, men at dei reduserte inntektene må reknast inn i ein overgangsperiode på fem år.

Nye haldepunkt om kommuneopplegget for 2015 får ein i statsbudsjettet som vert lagt fram 8. oktober. Fylkesrådmannen vil innarbeida verknadane av opplysningane ein kan finna i statsbudsjettet i revidert budsjettgrunnlag.

I budsjettgrunnlaget for 2015 er det budsjettet med samla driftsinntekter på 7 704 mill. kr. Av inntektene utgjer skattar og rammetilskot 5 891 mill. kr eller vel 76%.

Utgiftssida i budsjettgrunnlaget

Fylkesutvalet handsama sak om førebels budsjettammer på møte i juni. Fylkesrådmannen sitt forslag til budsjettgrunnlag byggjer på opplegget i rammesaka.

Brutto driftsutgifter i budsjettgrunnlaget for 2015 er på 7097 mill. kr.

Opplæringssektoren er størst av sektorane i fylkeskommunen med eit bruttobudsjett på 2 860 mill. kr i 2015 tett følgt av samferdselssektoren med bruttobudsjett på vel 2 830 mill. kr.

Driftsutgiftene i samferdselssektoren har auka mykje dei siste åra etter kvart som ein har gjennomført overgangen frå kvalitetskontraktar til anbod med bruttokontraktar i kollektivtransporten.

Dei andre viktige sektorane i fylkeskommunen – kultur, tannhelse og regional utvikling – er om lag jamstore med budsjett på 311 mill. kr for kultur- og idrettssektoren, 283 mill. kr for tannhelse 217 mill. kr for regional utvikling.

Innanfor opplæringssektoren er det under planlegging fleire nye skulebygg i økonomiplanperioden, både på Voss og i Åsane. I tillegg er det program for oppgradering av fleire bygg m.a. til universell utforming. Desse standardhevingane medfører høgare kapitalutgifter. Det same gjeld det høge investeringsnivået i samferdselssektoren.

Stikkordsmessig inneheld budsjettgrunnlaget for 2015 desse punkta innanfor dei ulike områda:

Opplæring

- Heilårsdrift ved Amalie Skram videregående skole
- Heilårsdrift ved Hyssingen produksjonsskole

- Nedgang i elevtalet hausten 2014 påverkar skulebudsjetta i 2015

Tannhelse

- Etablert driftsnivå for kompetansesenteret TK-Vest Hordaland
- Takstauke på 3% for vaksne kundar – takstane i Hordaland er på nivå med andre fylkeskommunar
- Klinikstrukturplan på høyring

Regional utvikling

- Lågare statsmidlar til regionalt utviklingsarbeid
- Fleire regionale planar under arbeid
- Klimaplanen – handlingsprogrammet legg opp til færre, men større tiltak som ofte er spleiselag
- Oppfølging av folkehelseplanen

Samferdsel

- Kostnadene med driftskontraktane for fylkesvegvedlikehaldet aukar – andre vedlikehaldspostar må bremsast
- Ny driftskontrakt for område Stor-Bergen hausten 2015
- Minstetakst auka til kr 35 – ombordtillegg på kr 15 ved kjøp av billett på bussen i Bergen
- Uendra rabattsatsar
- Ny operatør på ferjestrekninga Hjellestad – Klokkarvik
- Ny operatør for båtruta Kleppesjø - Bergen

Kultur

- Regional kulturplan PREMISS: KULTUR vil leggja føringar for kultur- og idrettsarbeidet
- Tilskot til kulturbygg med regionale funksjonar og til lokale kulturhus på knapt 15 mill. kr i 2015
- Kulturelt utviklingsprogram budsjettet med 6 mill. kr også i 2015
- Museumsplanen – oppfølgingstiltak på 2 mill. kr

Fellespostar

- Rente på lån sett til 2,25% i 2015 – uendra rentesats frå 2014

Kommuneproposisjonen

I kommuneproposisjonen for 2015 er det lagt opp til ein reell vekst i kommunesektoren sine samla inntekter i 2015 på mellom 4 ½ og 5 milliardar kroner. Av den samla inntektsveksten skal mellom 4,2 og 4,5 milliardar kroner koma som frie inntekter (skatt og rammeoverføringar). I følgje opplegget skal mellom ¼ og ½ milliard kroner av veksten i dei frie inntektene fordelast til fylkeskommunane. Av veks-

ten gjeld 150 mill. kr opprusting av fylkesvegane og skal fordelast over rammetilskotet etter særskilt fordeling. Vidare nemner regjeringa at 95 mill. kr av den samla veksten gjeld kompensasjon til fylkeskommunar som taper meir enn kr 200 per innbyggjar som følgje av nytt inntektssystem. Tapet for Hordaland fylkeskommune er rekna til kr 244 per innbyggjar slik at ein kjem innunder kompensasjonsordninga.

Ved utrekning av dei frie inntektene er det lagt til grunn ein samanvegd pris- og lønsvekst (deflator) for kommunesektoren på 2,7% frå 2014 til 2015. Denne føresetnaden vil verta nærare avklara og eventuelt justert etter at statsbudsjettet er lagt fram.

Sak om budsjettammer i fylkesutvalet

Sak om førebels økonomiske rammer vart handsama i fylkesutvalet i juni 2014. I saka vart det presentert eit framlegg til investeringar og overslag over samla driftsrammer. Utrekningane i saka viste reduksjon i dei samla driftsrammene for 2015 på 25 mill. kr samanlikna med 2014 og ytterlegare årleg reduksjon i resten av økonomiplanperioden. I 2018 viser overslaget i saka at driftsrammene må reduserast med vel 130 mill. kr samanlikna med 2015-budsjettet.

Vidare vart det i saka peika på at nokre driftsområde har trong for auka driftsrammer for å gjennomføra høgt prioriterte tiltak. I den samanhengen vart det vist til at samferdselssektoren treng auka driftsrammer.

Fylkesutvalet vedtok å ta dei økonomiske rammene – slik dei var skissert i saka – til orientering.

Fylkesrådmannen sitt budsjettgrunnlag byggjer på det som vart skissert i saka om budsjettammer i juni.

Formuebevaringsprinsippet

Fylkesrådmannen viser til at m.a. Det tekniske beregningsutvalg for kommunal og fylkeskommunal økonomi har gjort bruk av det såkalla formuebevaringsprinsippet for å koma med overslag på ønskeleg nivå på netto driftsresultat. Det vert peika på at avskrivningane i kommunesektoren er høgare enn netto avdrag, og at ein må ha eit netto driftsresultat likt differansen mellom avskrivningar og netto avdrag for å bevare formuen. Avskrivningane i Hordaland fylkeskommune i 2014 er 494 mill. kr, og i budsjettgrunnlaget er det for 2015 innarbeidd avdrag på 330 mill. kr.

I fylkesrådmannen sitt budsjettgrunnlag er det rekna med følgjande avdrag og netto driftsresultat i økonomiplanperioden i mill. kr:

	2015	2016	2017	2018
Avdrag	330,0	370,0	420,0	460,0
Netto driftsres.	62,0	50,0	25,0	15,0
Sum	392,0	420,0	445,0	475,0

Om ein legg til grunn at avskrivningane i 2015 vert lik nivået på 494 mill. kr i 2014, vil summen av avdrag og netto driftsresultat vera mindre enn avskrivningane. Dermed vil formuebevaringsprinsippet ikkje verta oppfylt i budsjettet for 2015. Fylkesrådmannen vil likevel visa til det som er nemnt framfor med endringa av rekneskapsføringa av moms-kompensasjonen frå 2014 og innverknaden dette har på storleiken på netto driftsresultat.

Med fylkesrådmannen sitt forslag til økonomiplan vil situasjonen verta svekka og netto driftsresultat vil gå ned til om lag 0,2% av driftsinntektene i 2018.

Skisse for åra etter økonomiplanen

Fylkesrådmannen har vidare sett på utrekningar som går nokre år utover økonomiplanperioden. Utrekningane viser at det høge investeringsnivået vil medføra auka lånegjeld. Venta inntektsvekst dei komande åra vil dermed i hovudsak gå med til å dekkja dei auka kapitalutgiftene.

Med dei føresetnadene som er lagt til grunn i utrekningane, vil det difor ikkje vera vekst i inntektene som kan nyttast til vanleg drift. Nye tiltak må dermed finansierast ved omprioritering innanfor dei samla rammene. Det nye inntektssystemet legg opp til ei overgangsordning på 5 år for at fylkeskommunar som tapar på omlegginga skal få tid til å tilpassa driftsrammene. Overgangsordninga vil stå ved lag fram til 2019 då omleggingane av inntektssystemet vil vera fullt gjennomført.

Kort om investeringsbudsjettet

Oversyn over utgifter til investeringar i perioden 2013–2017, fordelt på sektorar, er gjeve i følgjande oppstilling.

Heile tusen kr i løpande prisar

	Justert budsj. 2014	2015	2016	2017	2018
Fellesfunksjonar	38 000	44 000	28 000	28 000	28 000
Opplæring	622 000	676 000	820 000	682 000	435 000
Tannhelse	10 000	25 000	25 000	20 000	20 000
Regional utvikling	1 000	1 000	1 000	1 000	1 000
Samferdsel	3 141 390	3 190 100	2 045 500	1 587 200	1 052 300
Kultur	3 000	3 000	3 000	3 000	3 000
BRUTTO INVESTERINGSUTGIFTER	3 815 390	3 939 100	2 922 500	2 321 200	1 539 300
Avsetjingar	5 000	5 000	5 000	5 000	5 000
SUM FINANSIERINGSBEHOV	3 820 390	3 944 100	2 927 500	2 326 200	1 544 300

Tabellen viser fylkesrådmannen sitt forslag til investeringar for perioden 2015–2018. I tabellen er det også teke med budsjett for 2014 medrekna budsjettendringar i 2014.

Brutto investeringsutgifter går opp frå 3 815 mill. kr i justert budsjett i 2014 til 3 939 mil. Kr i 2015. Deretter er det investeringar på 2 922 mill. kr i 2016, 2 321 mill. kr i 2017 og på 1 539 mill. kr i 2018.

I økonomiplanperioden er det vidare ført opp fondsavsetjingar finansiert med sal av fylkeskommunale eigedomar.

Fylkesrådmannen har i hovudsak vidareført opplegget frå siste økonomiplan, som fylkestinget vedtok i desember 2014, men nye planar og vedtak medfører ein del endringar

Fellesfunksjonar

Fylkesrådmannen foreslår å sette av 5 mill. kr for å kunne skifta ut delar av den fylkeskommunale bilparken med el-bilar.

Til felles IT-investeringar er det årleg sett av 25 mill. kr. Til investeringar ved jordbruksskulegardane er det årleg ført opp 1 mill. kr og til ombygging/opprusting av Fylkeshuset er det sett av 3 mill. kr i 2015.

Inkludert under fellesfunksjonar er også sluttløyving til profileringsprosjektet med 10 mill. kr i 2015.

Opplæring

Fylkesrådmannen foreslår å løyva 195 mill. kr til moderniseringsarbeidet ved Årstad vidaregåande skole i Bergen og det er rekna med at arbeidet vert slutført i 2016.

Til nye skulebygg på Voss er det i økonomiplanperioden rekna med 930 mill. kr. Nye Voss vidaregåande skule er planlagt ferdigstilt i 2016 og nye Voss gymnas skal etter planen takast i bruk året etter.

Fylkesrådmannen foreslår at framdrifta for utbygginga av vidaregåande skular i Åsane vert handsama i ei eiga sak og det er sett av nødvendige midlar i 2015 til vidare planlegging.

I økonomiplanperioden er det ført opp midlar til tilbygg og opprusting av Bergen katedralskole. Det er vidare midlar til rehabilitering av tidlegare Bergens Handelsgymnas til bruk for vaksenopplæringa.

Til drivhus ved Hjeltnes vidaregåande skule i Ulvik er det ført opp 15 mill. kr i 2015 for å ferdigstilla prosjektet.

I samsvar med opplegget i skulebruksplanen har fylkesrådmannen ført opp løyving til Askøy vidaregåande skole mot slutten av økonomiplanperioden.

Tannhelse

Det er som tidligare år forslag om 5 mill. kr kvart år i økonomiplanperioden til utstyr i tannhelsetenesta.

Fylkesrådmannen foreslår å setja av 20 mill. kr til utbygging av tannklinikkar i 2015 og 2016 og 15 mill. kr kvart av dei to siste åra i økonomiplanperioden. I 2015 er det planlagt ny klinikk på Kleppestø på Askøy og flytting av tannlegevakten frå noverande lokale til Solheimsviken i Bergen.

Regional utvikling

Det er sett av 1 mill. kr kvart år i økonomiplanperioden til oppfølging av fylkeskommunen si regionale rolle

Samferdsel

Fylkesveginvesteringane er høge i den komande økonomiplanperioden. I 2015 er det rekna med investeringar på 1 688 mill. kr. Store prosjekt er Ringveg vest byggetrinn 2 i Bergen, tunnel bak Tysse i Samnanger og bompengepakkane Kvammapakken, Bømlopakken og Askøypakken. Det er innanfor summen nemnt framanfor ført opp nær 450 mill. kr til ulike programområde og standardhevingstiltak. Dette er mindre prosjekt innanfor ulike område som gang- og sykkeltiltak, miljøtiltak, kollektivtiltak m.v.

Til vidare utbygging av Bybanen i Bergen på strekninga Lagunen – Flesland er det i 2015 budsjettet med 1 363 mill. kr. Dei to neste åra er det budsjettet med 386 mill. kr til ferdigstilling av dette byggetrinnet.

Til kjøp av bybanevogner er det i økonomiplanperioden forslag om å løyva 210 mill. kr.

Fylkesrådmannen foreslår å løyva midlar til nye bussanlegg på Stord/Bømlo og i Lindås i komande økonomiplanperiode.

Kultur

På investeringsbudsjettet for kultursektoren er det ført opp 3 mill. kr i årlege løyvingar til utgreiing og restaurering av verneverdige bygg og anlegg i fylkeskommunal eige.

Kort om driftsbudsjettet

Politiske organ og administrasjon

Til politisk verksemd er det budsjettet med nær 28 mill. kr. Det er ført opp 2 mill. kr til gjennomføring av fylkestingsval i 2015. Elles viser rekneskapstala frå 2013 at det er behov for ei viss styrking av budsjetta for dei faste utvala.

Dei ulike tilskotsordningane er justerte for løns- og prisstigning.

Stillingstalet i administrasjonen er redusert med om lag 5 årsverk.

Fylkesrådmannen arbeider med oppfølging av skulebruksplanen. Dette arbeidet er krevjande og fylkesrådmannen reknar med at det fortsatt vil vere behov for ekstra omstillingsmidlar. Også i samband med prosjektet «Førebudd på framtida», som har starta i sentrale einingar i fylkesadministrasjonen, vil det kunne bli behov for slike midlar. Det er budsjettet med 14 mill. kr til omstilling og attføring, same summen som i 2014.

Opplæring

Fylkesrådmannen foreslår i budsjettgrunnlaget brutto driftsutgifter på 2 860 mill. kr til vidaregåande opplæring i 2015. Dette er noko lågare enn ei vidareføring av 2014-budsjettet. Fylkesrådmannen vurderer likevel budsjetttramma for opplæringssektoren i 2015 som likeverdig med 2014-nivået. Dette har samband med at det er om lag 250 elevar færre ved inntaket hausten 2014. Dette får heilårsverknad i 2015 og fylkesrådmannen foreslår å redusera budsjetttramma med 30 mill. kr som følgje av dette.

Fylkeskommunen er inne i ein sterk investeringsperiode innanfor opplæring. Undervisningslokala har fått standardheving mange stader og fleire prosjekt er under arbeid. Nybygg og rehabiliteringar gjev sterk vekst i kapitalutgiftene.

Hausten 2014 vert Amalie Skram videregående skole opna og tre skular i Bergen sentrum vert nedlagde. Heilårsverknad av dette er rekna inn i budsjettet for 2015.

Det er vidare budsjettet heilårsdrift ved Hyssingen produksjonsskole. Dette er tiltak i fylkeskommunen sitt arbeid for å auka talet på elevar som gjennomfører vidaregåande opplæring.

Tannhelse

Budsjettforslaget for tannhelsetenesta i 2015 er på 283 mill. kr i brutto driftsutgifter.

Utfordringane ein står overfor i tannhelsetenesta er:

- Rekruttering og tiltak for å halda på tannlegar og tannpleiarar
- Område med sterk befolkningsvekst – trong for auka bemanning.

For å letta rekrutteringa i delar av fylket, skapa grunnlag for ei betre arbeidsfordeling mellom tannlegar og tannpleiarar og redusera utgiftene, er det trong for å samlokalisera små tannklinikkar til større einingar.

Fylkesrådmannen sitt forslag til klinikkstrukturplan er sendt på høyring og vert handsama i løpet av 2015.

Fylkesrådmannen foreslår å auka takstane for vaksne betalande kundar med 3% samanlikna med 2014.

Regional utvikling

Til regionalt utviklingsarbeid er det budsjettert med om lag 217 mill. kr i 2015-budsjettet. Dette er ein god del lågare enn nivået før 2014 og har samanheng med reduksjonen i dei statlege regionalutviklingsmidlane i statsbudsjettet for 2014. Fylkesrådmannen har vidareført nivået på dei statlege løyvingane i budsjettgrunnlaget for 2015. I revidert budsjettgrunnlag – etter statsbudsjettet er lagt fram – vil fylkesrådmannen koma attende til dette tilskottet.

Det er fleire nye regionale planar under arbeid. Regional plan for folkehelsearbeidet i Hordaland er vedteken. Det er budsjettert med 5,38 mill. kr til folkehelsearbeid i 2015, som er ein auke på 0,2 mill. kr i høve til 2014.

Klimaplanen vert følgd opp i sak om handlingsprogrammet. Ein tek her sikte på færre, men større tiltak og i 2015 er det sett av 2,88 mill. kr.

Samferdsel

Innanfor fylkesvegvedlikehaldet krev kostnadene med driftskontraktane ein stadig større del av budsjettet. Dette fører til at andre vedlikehaldspostar må bremsast.

Det er budsjettert med 2 830 mill. kr i brutto driftsutgifter til samferdselstiltak i 2015. Til fylkesvegvedlikehald er det innanfor denne summen sett av 477 mill. kr, til buss- og bybanedrift 1 805 mill. kr, til ferjedrift 317 mill. kr og til drift av båtruter 184 mill. kr. I tillegg kjem transportordninga for funksjonshemma med 47 mill. kr.

Fylkesrådmannen foreslår i budsjettgrunnlaget å auka takstane meir enn det har vore vanleg dei siste åra. Lågare inntekter enn budsjettert i 2014 og kostnadsvekst utover det som kan dekkast innanfor budsjetttramma gjer at fylkesrådmannen aukar takstane noko frå februar 2015.

Det vert foreslått å auke einskildbillett frå kr 31 til kr 35 innanfor minstetakstområda og tilsvarande auke for andre billettypar.

Frå 2014 vart dei nye snøggbåtkontraktane sette i verk. Dette inneber nytt båtmateriell på fleire strekingar og ny rute mellom Bergen og Nordhordland. Inntektsbudsjettet for dei rutene som går etter brutokontraktar var usikkert for 2014 ettersom ein

hadde sikre tal som utgangspunkt. Inntektsbudsjettet for 2015 er foreslått auka noko samanlikna med utgangsåret 2014.

Kultur

Kulturbudsjettet er ført opp med brutto driftsutgifter på 311 mill. kr i 2015-budsjettet.

Regional kulturplan for Hordaland skal handsamast på fylkestinge i desember 2014. Planen vil leggja føringar for kulturarbeidet i fylkeskommunen i åra framover.

Fylkesrådmannen foreslår i budsjettet å vidareføra kulturelt utviklingsprogram med 6,1 mill. kr. Til oppfølging av museumsplanen er det sett av 2 mill. kr. Museumsbudsjettet er auka med 1,7% frå 2014 til 2015 – litt lågare enn den omrekningsfaktor som eller nytta i budsjettet.

Tilskotsordningane til kulturbygg med regionale funksjonar og lokale kulturhus er i budsjettet for 2015 ført opp med 14,9 mill. kr. Dette er 0,5 mill. kr lågare enn løyvinga i 2014. Innanfor denne ramma er det lagt opp til å dekkja fylkeskommunen sin del av opprustinga av Grieghallen.

Tilskottet til fylkesidrettsanlegg er foreslått redusert med 1,5 mill. kr i 2015-budsjettet og det vert foreslått å setja av 2,5 mill. kr i tilskotsmidlar.

Frie inntekter

Dei frie inntektene for fylkeskommunen omfattar fylkesskatt og rammetilskott.

Fylkesrådmannen viser til det som er nemnt om frie inntekter i Kommuneproposisjonen framanfor.

Dei frie inntektene for Hordaland fylkeskommune er på bakgrunn av signala i kommuneproposisjonen førte opp med 5 891 mill. kr i 2015, fordelt med 2 948 mill. kr på skatt og 2 943 mill. kr på rammeoverføringar.

Renter og avdrag

Utrekingar syner at fylkeskommunen ved inngangen til 2015 vil ha ei lånegjeld på 8 115 mill. kr. Netto utgifter til renter og avdrag aukar med 37,5 mill. kr til 544,5 mill. kr i 2015.

Fylkesrådmannen har lagt til grunn 2,25% rente for lån med flytande rente og for nye lån. Renteutgifterne er utrekna til 242,7 mill. kr. Det er budsjettert med 330 mill. kr i avdrag, som er ein auke på 27,1 mill. kr i høve til 2014.

Renteinntekter er budsjettert til 28,2 mill. kr og rentekompensasjon til 32,8 mill. kr.

Prosjekt Økonomisk handlefridom II

Fylkestinget vedtok i møte 11. desember 2012, sak 69/12, sak om Økonomisk handlefridom II. Fylkestinget gjorde slikt vedtak:

«Fylkestinget godkjenner den framlagde tiltaksplanen som grunnlag for vidare arbeid.

Fylkestinget vil ta stilling til dei einstilte tiltaka i samband med budsjetta for dei komande åra eller som einstiltsaker.

Inntekter frå reklame på transportmidlar på 5 mill. kr må takast ut av prosjektet. I forslag til budsjett for 2013 frå H, Frp og V er desse midlane tenkt nytta til ei styrking av kollektivtilbodet i fylket, og kan med det ikkje nyttast som auka inntekter i dette prosjektet.»

Tiltaksplanen som fylkestinget slutta seg til viste desse innsparingane for åra 2013, 2014 og 2015 etter at inntekter frå reklame på transportmidlar er haldne utanom:

	2013	2014	2015
Organisasjon	2 500	5 000	5 000
Økonomi/ renter og avdrag	3 000	9 500	27 500
Tannhelse	1 400	3 400	5 400
Regional utvikling	3 000	5 000	5 000
Opplæring	5 900	4 500	5 800
Samferdsel	10 000	20 000	20 000
Kultur	1 900	4 500	4 500
Total	27 700	51 900	73 200

I budsjettet for 2013 vart innsparingane følgde opp i samsvar med tiltaksplanen med ein samla effekt på 27,7 mill. kr.

I budsjettet for 2014 gjekk fylkesrådmannen gjennom tiltaka til og med dette året. Sidan summen for opplæring var redusert i 2014 samanlikna med 2013 vart denne sektoren halden utanfor i oppstillinga i 2014-budsjettet. Den samla innsparingseffekten skulle då vera 47,4 mill. kr for dei andre sektorane. Oversynet i 2014-budsjettet viser innsparingstiltak på 37,4 mill. kr – eller 10 mill. kr mindre enn nemnt ovanfor der tiltak i samferdselsektoren så langt ikkje var realiserte.

Tabellen tiltaka ovanfor viser at det frå 2014 til 2015 skal setjast i verk tiltak for 21,3 mill. kr. Med tillegg av dei 10 mill. kr som enno ikkje er realiserte i 2014-budsjettet må tiltak for 31,3 mill. kr til i 2015 for å nå innsparingssummen i fylkestinget sitt vedtak.

Oppstillinga ovanfor viser at det er innanfor områda økonomi/renter og avdrag, tannhelse og opplæring det skal gjerast nye tiltak i 2015 samanlikna med 2014.

Fylkesrådmannen legg til grunn at med tiltaka i 2015-budsjettet for tannhelse og opplæring er tiltaksplanen oppfylt for desse sektorane. Innanfor tannhelsesektoren vil forslaga i klinikkstrukturplanen gje innsparingar. Vidare gjev ny avtale om innkjøp av pc-ar i vidaregåande skule innsparing.

For samferdselsektoren kan fylkesrådmannen opplysa at det i løpet av 2014 er gjort rutetilpassingar med innsparingseffekt på 12,5 mill. kr i samsvar med tiltaksplanen. I budsjettet for 2014 stod det att 2,5 mill. kr i innsparingar. Tilpassingane er gjort i Hardanger/Voss og i bergensområdet.

For samferdselsektoren mangla det som nemnt innsparingseffekt på 10 mill. kr samanlikna med tiltaksplanen. Av dette er 2,5 mill. kr dekkja med rutejusteringar, jf. ovanfor. Dei siste 7,5 mill. kr gjeld tiltaka bestillarordning, inntekt frå innfartsparkering og innsparing på skuleskysskostnaden gjennom samarbeid mellom samferdsel- og opplæringsavdelinga.

Forsøksordninga med bestillarordning i Voss/Hardanger er sett i drift og fylkesrådmannen legg til grunn ein effekt på 2,5 mill. kr. Samarbeid mellom opplæring- og samferdselsavdelinga med sikte på innsparing av skuleskysskostnaden pågår og for det som gjeld inntekt frå innfartsparkering er ein i prosjektfasen.

Økonomi/renter og avdrag/sal av eigedomar

I tiltaksplanen i fylkestingssaka var det lista opp fylkeskommunale eigedommar som kunne seljast.

Ved utrekning av innsparing av kapitalutgifter som følgje av eigedomssala, vart det lagt til grunn rentesats på 5% og 25 års avdragsperiode. Det låge rentenivået ein har hatt i det siste, gjer det vanskelig å oppnå fullt ut innsparingseffekten som var rekna med i tiltaksplanen.

Fylkesrådmannen kan gje slikt oversyn over eigedomssal og salssum til no i tiltaksperioden:

Valheim skole	20,0 mill. kr
Olav Bjordalsveg, tidl. tannklinikk	3,2 mill. kr
Tomt Hagavik	1,8 mill. kr
Tanks vidaregåande skole	34,0 mill. kr
Bustadblokk Voss	14,0 mill. kr
Brynaskogen 25, Voss	15,0 mill. kr
Brynaskogen 27, Voss	22,0 mill. kr
Voss husflidskule	11,6 mill. kr
Valen og Handel. gard, Kvinnherad	9,1 mill. kr
Rogne vidaregåande skule, Voss	<u>31,2 mill. kr</u>
Sum sal	<u>161,9 mill. kr</u>

Med dei rentevilkåra ein har i dag legg fylkesrådmannen til grunn ein årleg innsparingseffekt på knapt 10 mill. kr som følgje av dei gjennomførte sala. Om ein legg til grunn same føresetnader som

var nytta i tiltaksplanen med m.a. rente på 5%, ville innsparingseffekten vorte om lag 5 mill. kr høgare.

Fylkesrådmannen arbeider vidare med sal av følgjande eigedommar:

- Bustader ved Hjeltnes vidaregåande skule, Ulvik
- Leirvik gard, Meland
- Tomteområde på Haukås, Bergen
- Ibsensgt 118, Bergen
- Willy Valentinsensv., Bergen
- Tomteområde ved Olav Bjordalsv., Bergen
- Bjørgvin vidaregåande skole, Bergen
- Tomteområde ved Hagavik, Os

Den årlege innsparingssummen vil såleis auka etter kvart som sala vert gjennomførte.

Prosjekt Førebudd på framtida

Fylkestinget vedtok i samband med budsjettet for 2014 fylkesrådmannen vurderer å setja i gang ein organisasjonsutviklingsprosess der ein ser på organisasjonsstruktur, styringsmodell, rapporteringsregime til politisk nivå, arbeidsprosessar og tenesteutvikling.

Fylkesrådmannen har sett i gang prosjektet «Førebudd på framtida» der ein m.a. vil vurderer dei felte fylkestinget nemner i budsjettvedtaket.

I prosjektet så langt har det m.a. vore ein gjennomgang av sentrale arbeidsområde og stabs- og støttefunksjonar i alle avdelingar utanom samferdsel og opplæring. Konsulentselskapet BDO har gjennomført kartleggingsarbeidet. Opplærings- og samferdselsavdelinga vil verta gjennomgått i 2015.

Fylkesrådmannen arbeider no – saman med fylkesdirektørane – med konkrete oppfølgingstiltak av rapporten frå konsulentselskapet.

Mål for arbeidet i avdelingane

Fylkesdirektørane – i samråd med fylkesrådmannen – har utarbeidd målsetjingar for arbeidet i avdelingane i budsjettåret.

Avdelingane sine målsetjingar er ført inn i etterkant av budsjettpremissane for dei ulike sektorane. Måla for dei to stabsavdelingane – Organisasjonsavdelinga og Økonomiavdelinga – er tekne inn i budsjettet etter premissane for Politiske organ og administrasjon/fellesfunksjonar.

Budsjettgrunnlaget for 2015 er det fyrste året der målsetjingane er spesifiserte for alle avdelingane.

Fylkesrådmannen meiner arbeidet med å fastleggja mål for sektorane som så langt er gjort er eit godt

utgangspunkt. Nokre av målsetjingane må spesifiserast nærare i det vidare arbeidet, og nokre mål har kanskje eit for snevert siktemål.

Fylkesrådmannen vil følgja opp målsetjingane i samband med tertialrapporteringa gjennom året. Etter kvart som ein vinn røynsle, vil ein justera målutformingane. Siktemålet er å finna fram til gode målsetjingar der avvik let seg fanga opp i tide slik at kursen kan endrast mot måloppnåing.

Fylkesrådmannen viser til dei avdelingsspesifikke målsetjingane i etterkant av budsjettpremissane for kvar sektor. Det er utarbeidd tre til fem målsetjingar for kvar sektor/avdeling.

Risikovurdering

Frie inntekter

Ved utrekning av dei frie inntektene er opplegget i kommuneproposisjonen for 2015 lagt til grunn. Det vil seie at fylkesrådmannen har lagt til grunn det same inntektsnivået som i «rammesaka» som vart handsama i fylkesutvalet i juni. Det er fleire forhold som gjer budsjettering av dei frie inntektene i 2015 noko meir usikkert enn tidlegare år. Dette gjeld:

- Nytt inntektssystem
- Storleiken på realveksten i dei frie inntektene

Nytt inntektssystem frå 2015 for fylkeskommunane fører til store endringar for Hordaland fylkeskommune i økonomiplanperioden.

Overslag så langt tyder på at Hordaland fylkeskommune sine inntektsrammer vert reduserte med om lag 100 mill. kr over ein femårsperiode som følgje av nytt inntektssystem.

Fylkesrådmannen vil kome attende til dette i revidert budsjettgrunnlag etter statsbudsjettet er lagt fram. Fylkesrådmannen tilrår, som tidlegare år, at ein tar utgangspunkt i prognosemodellen til KS, som igjen baserer seg på dei kjende føresetnadane som er gjeve frå sentralt hald. Etter at statsbudsjettet er lagt fram kan fylkesrådmannen utarbeide sikrere prognosar for dei frie inntektene, men det er alltid ein usikkerheit knytt til kva den faktiske skatteinngangen blir gjennom året.

Det er vidare usikkert kva realvekst fylkeskommunane vil få i dei frie inntektene i 2015 og i åra vidare i økonomiplanperioden. I kommuneproposisjonen for 2015 er det lagt opp til ein realvekst på mellom 0,4 og 0,9%. KS har i sin prognosemodell har lagt til grunn vekst i inntektene som er midt i det nemnde intervallet. Dersom det i Statsbudsjettet vert lagt opp til ein realvekst i nedre del av intervallet vil

dette isolert sett føre til eit inntektstap på 10 – 15 mill. kr for Hordaland fylkeskommune. Dei siste åra har realveksten for dei frie inntektene for kommunesektoren samla sett vore på litt over 1%. Ut frå signala i kommuneproposisjonen er det grunn til å tru at fylkeskommunane må venta ein lågare vekst i dei frie inntektene dei komande åra enn det som har vore vanleg dei siste åra.

Nedgang i dei frie inntektene for Hordaland fylkeskommune på grunn av det nye inntektssystemet og at det er lagt opp til ein lågare realvekst i inntektene, gjer at ein ikkje klarar å dekke opp for auken i renter og avdrag i økonomiplanperioden, som igjen fører til at driftsramma til fordeling på sektorane vert lågare.

Renterisiko

Slik situasjonen er pr. august 2014, vil ein auke i rentenivået på 1 % gje auke i netto renteutgifter på ca. 10 mill. kr første året.

Om lag 60% av gjeldsporteføljen er fastrentelån og det er rentekompensasjonsordning for ein del skulebygg og veginvesteringar. Ein renteauke gjev derfor ikkje dramatiske utslag første året, men om ein ser 3-4 år fram i tid, er renteauke ein stor risikofaktor ut frå den høge gjeldsgraden Hordaland fylkeskommune har.

Lønsutvikling og pensjonskostandar

Fylkesrådmannen har budsjettert med ein lønsvekst på 3,5% i 2015. Det er ein risiko knytt til kva som blir den faktiske lønsutviklinga, men lønsutviklinga vil også påverke skatteinngangen. Ut frå tidligare erfaring kan ein forvente auka skatteinngang om lønsveksten vert høgare enn budsjettert og tilsvarende lågare om lønsveksten vert lågare enn budsjettert. Risikoen for store avvik totalt sett er derfor ikkje så stor.

Når det gjeld pensjonskostnader, er det ein risiko for avvik. Dei siste åra har det av ulike årsaker vore ein auke i pensjonskostnadene. Ut frå den informasjonen fylkesrådmannen har i dag kan det tyde på at kostnadsveksten vil flate ut dei komande åra. Fylkesrådmannen legg dette til grunn i budsjettgrunnlaget, men her er det ein risiko for at føresetnadane kan endre seg.

Konsesjonskraftinntekter

I 2012 vart det budsjettert med 120 mill. kr i nettoinntekt på konsesjonskraftinntekter. Nettoinntekta vart redusert til 100 mill. kr i budsjettet for 2013 og 72 mill. kr i 2014 på grunn av nedgang i straumpri-sane og at fastprisavtaler gradvis går ut. Det er lagt til grunn at nettoresultatet for 2014 vert omlag som budsjettert. Ut frå oppdatert prognose er det budsjettert med 65 mill. kr i nettoinntekt i 2015 og ein ytterlegare nedgang på 5 mill.kr frå 2016. Endringa i inntektene frå 2012 til 2014 viser at det er etter måten stor risiko for variasjon i nettoinntekt. Gjennom fastprisavtaler er ikkje risikoen for store avvik i forhold til budsjett tungtvegande det første året, men lenger ut i perioden er risikoen større og utviklinga i straumpriisen vil her sjølvstøtt vera avgjerande.

Risikovurdering for dei ulike sektorane

Innanfor sektorane Politiske organ og administrasjon, Tannhelse, Regional utvikling og Kultur er det liten risiko for store avvik i forhold til budsjettet. Både inntektspostane og utgiftspostane er i stor grad kjende og det er få risikofaktorar som kan føre til store avvik. Prognosen for inntektene innanfor tannhelse har stemt godt dei siste åra og tilskotsmidlar som regional utvikling og kultur utbetaler tar utgangspunkt i det ein faktisk har til disposisjon. Løns- og driftsutgiftene er tilpassa i forhold til disponibel ramme. Rekneskapsresultata dei siste åra viser god kostnads- og inntektskontroll innanfor disse sektorane.

Samferdsel

Utgifter

I komande økonomiplanperioden er det spesielt følgjande forhold som kan føre til kostnadsauke og risiko for avvik:

I 2016 skal Bybanen opnast for trafikk til Flesland. Dette vil gje 8 nye vogner i drift og ein vesentleg auka produksjon. I tillegg vil det koma driftskostnader på det nye bybaneanlegget på Flesland. Dette vil krevja auka tilskot til bybanedrifta. I fylkesrådmannen sitt forslag til økonomiplan er det lagt inn 20 mill. kr ekstra til dette frå 2016 og kvart år i økonomiplanperioden. Heilårsdrift er rekna til 40 mill. kr frå 2017, så auka utgifter utover 20 mill. kr må finansierast gjennom omdisponeringar i budsjettet.

I slutten av økonomiplanperioden vil dei fyrste kontraktane i 2. generasjons ferjeambod starta opp. Erfaringar frå andre fylkeskommunar som har starta denne prosessen tyder på at dei nye ferjeamboda kan medføra ein kostnadsvekst. Vidare går fleire av dei no gjeldande bussenamboda ut i økonomiplanperi-

oden. Det gjeld kontraktane i Sunnhordland, Hardanger/Voss og Modalen/Vaksdal. Det er også på dette området grunn til å venta ein kostnadsvekst i neste anbudsrunde.

Det er i økonomiplanperioden ikkje funne rom for ei auke i nettoramma til samferdsel ut over 20 mill. kr ekstra til drift av Bybanen til Flesland frå og med 2016. Med denne føresetnaden må veksten i kollektivtrafikken og nye anbudsrundar løysast gjennom omdisponeringar i budsjettet.

Inntekter

Utviklinga i billettinntektene i 2014 viser at det er stor risiko for at det oppstår avvik i forhold til budsjett. Prognosen etter 2. tertial er ein svikt i høve til det som er budsjettert på omlag 50 mill. kr i 2014. Ved budsjettering av inntektssida i budsjettgrunnlaget for 2015, har ein teke omsyn til at inntektene

ser ut til å verta lågare i 2014 enn det som er budsjettert. I 2015 er det vidare uvisse knytt til kva takstauken ein legg opp til vil ha å seie for passasjertalutviklinga og dei totale billettinntektene.

Opplæring

Det knyter seg risiko til elevtalsutvikling frå hausten 2015 og vidare utover i økonomiplanperioden. Budsjettet for 2015 og vidare utover er basert på dagens elevtalsprognose, der elevtalet går ned dei fyrste åra, men prognosen kan endre seg.

I økonomiplanen er det lagt til grunn innsparing på opplæringssektoren som følgje av strukturendringar. Fylkesrådmannen viser her til skulebruksplanen.

Økonomiplanperioden

kr 1 000, faste priser		Budsjett		Endring i høve til 2015	
		2015	2016	2017	2018
Frie inntekter	+	5 891 000	12 000	26 000	39 000
Renter og avdrag	-	511 700	44 902	98 160	137 135
Til disp. etter renter og avdrag		5 379 300	-32 902	-72 160	-98 135
Overf. til inv.bud.	-	62 000	-13 456	-38 435	-48 273
Driftsramme til fordeling på sektorane		5 317 300	-19 446	-33 724	-49 863
Politiske organ og adm.	netto	283 696	-5 000	-5 000	-5 000
Fellesfunksjonar	netto	251 871	-10 446	-14 724	-20 863
Opplæring	netto	2 682 673	-20 000	-30 000	-40 000
Tannhelse	netto	174 632	-5 000	-5 000	-5 000
Regional utvikling	netto	82 729	-2 000	-2 000	-2 000
Fylkeskom. næringsverksemd	netto	-88 300	5 000	5 000	5 000
Samferdsel	netto	1 768 337	20 000	20 000	20 000
Kultur	netto	161 662	-2 000	-2 000	-2 000
Sum netto driftsutgifter		5 317 300	-19 446	-33 724	-49 863

Driftsinntekter

Utviklinga i dei frie inntektene i økonomiplanperioden er usikker. I fylkesrådmannen sitt budsjettgrunnlag er det lagt til grunn ein vekst i fylkeskommunane sine samla frie inntekter på 0,7% pr. år i perioden 2015–2018. Nytt inntektssystem gjer at Hordaland fylkeskommune får lågare vekst enn dette. Utrekningane så langt tyder på svært låg vekst – 0,2% årleg vekst er lagt til grunn.

Som det går fram ovanfor, slår det nye inntektssystemet ut med svært låg vekst i dei frie inntektene for Hordaland fylkeskommune for åra i økonomiplanperioden – om lag 0,5 årleg vekst. Utrekningane tyder på at utan omlegginga ville veksten i 2018 vore vel 70 mill. kr høgare. Det er likevel verd å merka seg at veksten i kapitalutgiftene er høgare enn også dette nivået.

Høgt investeringsnivå der ein stor del er lånefinansiert gjer at kapitalutgiftene veks med 137 mill. kr i økonomiplanperioden. Dette er vesentleg meir enn veksten i dei frie inntektene som er lagt til grunn og det må gjennomførast tilpassingar i driftsbudsjetta for å få plass til dei aukande kapitalutgiftene. Dette medfører også at nye tiltak må finansierast innanfor dei samla driftsrammene.

Kombinasjonen av vekst i kapitalutgiftene og svært låg vekst i dei frie inntektene som følgje av endringane i inntektssystemet, gjer den økonomiske situasjonen i økonomiplanperioden svært krevjande.

Driftsutgifter

Dei høge investeringane gjer at budsjettveksten for renter og avdrag er høgare enn veksten i frie inntekter.

For å ha att ein liten buffer har fylkesrådmannen i budsjettet for 2015 sett av 62 mill. kr i driftsmidlar til finansiering av investeringar. Dette er same sum som i budsjettet for 2014. Dei siste åra i økonomiplanperioden har ikkje fylkesrådmannen lukkast i å ha like stor sum i overføring frå driftsbudsjettet til investerting, men den er trappa ned til 50 mill. kr i 2016, 25 mill. kr i 2017 og til 15 mill. kr i 2018. Dette viser att i netto driftsresultat som går ned frå om lag 0,8% i 2015 til om lag 0,2% i 2018.

I økonomiplanperioden må nye tiltak finansierast ved omdisponering innan dei einskilde budsjettområda eller mellom budsjettområda.

Fylkesrådmannen legg til grunn mindre reduksjonar for sektorane tannhelse, regional utvikling, kultur og idrett og administrasjon frå 2016 samanlikna med 2015-budsjettet.

Det er vidare lagt til grunn ein generell gevinstrealisering/effektivisering og litt lågare inntekter frå salet av konsesjonskraft frå 2016 samanlikna med 2015-nivået.

For opplæringssektoren foreslår fylkesrådmannen å redusera budsjettamma med 20 mill. kr i 2016,

ytterlegare 10 mill. kr kvart av åra 2017 og 2018. Bakgrunnen for denne reduksjonen er oppfølging av skulebruksplanen der m.a. den store omlegginga av skuletilbodet på Voss vil skje i økonomiplanperioden. Utviklinga i elevtalet er også uvisst dei komande åra og fylkesrådmannen vil følgja denne utviklinga nøye.

Fylkesrådmannen foreslår å auka budsjetttramma for samferdselsektoren med 20 mill. kr frå 2016 samanlikna med nivået i 2015. Hausten 2016 er det planlagt å opna bybanen til Flesland og dette krev auka driftsmidlar. For åra etter 2016 har ikkje fylkesrådmannen funne rom for å auka samferdselsramma og dette medfører at m.a. heilårsdrifta i 2017 av bybanen på strekninga Bergen – Flesland må dekkast gjennom omdisponeringar. Det same gjeld verknadene av nye anbod innan sektoren mot slutten av økonomiplanperioden.

Fylkesrådmannen vil koma attende til alle dei nemnde innsparingspunkta budsjettgrunnlaget for 2016 og i seinare økonomiplanar.

Avdrag

Utgiftene til avdrag aukar frå 330 mill. kr i 2015 til 370 mill. kr i 2016, 420 mill. kr i 2017 og til 460 mill. kr i 2018. Den store auken i avdraga har samanheng med at investeringane er høge utover i økonomiplanperioden. For nye lån er det i utrekningane rekna med 30 års nedbetalingstid.

Renter

For lån utan rentebinding har ein nytta følgjande rentesatsar: 2,25% i 2015, 2,5 % i 2016, 2,75 % i 2017 og 3,0% i 2018. Utrekingar basert på forslaget til investeringsbudsjett syner at renteutgiftene aukar frå 243 mill. kr i 2015 til 338 mill. kr i 2018.

Det er budsjettetert med 28,2 mill. kr i renteinntekter i 2015, aukande til 35,3 mill. kr det siste året i perioden.

I tillegg er det inntektsført rentekompensasjon for lån til skular og vegar. Overslaget over rentekompensasjon aukar frå 32,8 mill. kr i 2015 til 53,2 mill. kr i slutten av perioden.

Arbeidet med årsbudsjettet/økonomiplanen og utforminga av budsjettdokumentet

Det følgjande er eit oversyn som syner korleis ein har gjennomført arbeidet med Årsbudsjett 2015/Økonomiplan 2015–2018. Også tidsplanen for det vidare arbeidet er kort skissert.

Tidsplan 2014

19. juni

Fylkesutvalet drøfta i møte 19. juni sak om økonomiske rammer for perioden 2015–2018 (fylkesutvalssak 153/14). I saka vart det presentert eit framlegg til investeringar og overslag over samla driftsrammer i perioden. Det vart rekna med ein nedgang i dei samla driftsrammene i 2015 på 25 mill. kr i høve til budsjettet for 2014. Med dei føresetnadene som var lagt til grunn vil nedgangen i driftsrammene halda fram vidare i økonomiplanperioden, og i slutten av perioden vil driftsrammene vera vel 131 mill. kr lågare enn i 2014-budsjettet. Viktige årsaker til denne utviklinga er veksande kapitalutgifter og verknader av omlegginga av inntektssystemet for fylkeskommunane frå 2015. I tillegg viser konsesjonskraftinntektene nedgang i perioden.

Fylkesutvalet vedtok å ta dei økonomiske rammene – slik dei var skisserte i saka – til orientering og at rammene vert å justera i den grad ein får nye haldepunkt som gjev grunnlag for det.

Juni–oktober

Avdelingane utarbeidde spesifiserte budsjettforslag. Forslaga måtte tilpassast budsjetttrammene og fylkesrådmannen hadde møte med avdelingane undervegs i budsjettarbeidet.

I august og september arbeidde fylkesrådmannen med investeringsbudsjettet, premissar for budsjettområde som ikkje ligg under avdelingane og med det samla budsjettgrunnlaget som vert lagt fram 7. oktober.

Statsbudsjettet frå regjeringa vert lagt fram 8. oktober.

November–desember

Fylkesrådmannen vil ta omsyn til verknadene av statsbudsjettet i eit notat – revidert budsjettgrunnlag – som er planlagt lagt fram tidleg i november.

Handsaminga av budsjettet og økonomiplanen i utvala medrekna fylkesutvalet finn stad i november.

Budsjettet og økonomiplanen vert vedtekne av fylkestinget på møtet i desember.

Utforminga av budsjettdokumentet

Budsjettpremiss-heftet vert laga med følgjande inndeling:

1. Innleiing – omtale av totalbudsjettet
2. Investeringsbudsjett
- årsbudsjett og økonomiplan samla
3. Budsjett for 2015 for kvart driftsområde
4. Økonomiplan 2015–2018

Investeringsbudsjettdelen omtalar som nemnt både årsbudsjettet for 2015 og økonomiplanen fram til og med 2018. Punkt 3 i inndelinga gjeld forslag til driftsbudsjett i komande årsbudsjett for 2015, medan omtalen av driftsbudsjettet for åra vidare framover til 2017 er samla i økonomiplandelen.

Oversyn langsiktig gjeld

løpande prisar, tal i mill kr


	Budsjett 2015	Økonomiplanen		
		2016	2017	2018
Lån 1. januar	8 115	9 088	10 179	10 930
Nye lån	1 303	1 461	1 171	951
Avdrag	-330	-370	-420	-460
Lån 31. desember	9 088	10 179	10 930	11 421

Ein reknar med at fylkeskommunen si gjeld ved inngangen til 2015 vil vera ca. 8,1 mrd. kr. Gjelda er venta å auka med 973 mill. kr i 2015. Auken held fram i økonomiplanperioden. I løpet av 4 år er det venta at gjelda vil auka med 3,3 mrd. kr, eller 40,7 %.

I grafen nedanfor er utviklinga i lånegjeld i perioden 2008-2013 samanlikna med nokre andre fyl-

keskommunar og gjennomsnittet for fylkeskommunane. Av fylkeskommunane som er tekne med i oversynet, ligg Hordaland saman med Sør-Trøndelag og Vestfold på topp. For Hordaland utgjorde lånegjelda ved utgangen av 2013 83,6% av inntektene. Gjennomsnittet for fylkeskommunane var 56,6 %.

Lånegjeld i % av inntekt



Investeringsbudsjett
Årsbudsjett 2015
Økonomiplan 2015-2018

Investeringar

Innleiing

1. Oversyn over investeringsbudsjettet

Oversyn over investeringane i perioden 2014–2018, fordelt på sektorar, går fram av følgjande oppstilling:

	Heile tusen kr i løpande prisar				
	justert budsj. 2014	2015	2016	2017	2018
Fellesfunksjonar	38 000	44 000	28 000	28 000	28 000
Opplæring	622 000	676 000	820 000	682 000	435 000
Tannhelse	10 000	25 000	25 000	20 000	20 000
Regional utvikling	1 000	1 000	1 000	1 000	1 000
Samferdsel	3 141 390	3 190 100	2 045 500	1 587 200	1 052 300
Kultur	3 000	3 000	3 000	3 000	3 000
BRUTTO INVESTERINGS-UTGIFTER	3 815 390	3 939 100	2 922 500	2 321 200	1 539 300
Avsetjingar	5 000	5 000	5 000	5 000	5 000
SUM FINANSIERINGSBEHOV	3 820 390	3 944 100	2 927 500	2 326 200	1 544 300

Tabellen viser fylkesrådmannen sitt forslag til investeringar for perioden 2015–2018. I tabellen er det også teke med budsjett for 2014 justert for budsjettendringar til og med 2. tertial (i samsvar med fylkesutvalet si innstilling til fylkestinget i sak om tertialrapport etter 2. tertial). Brutto investeringsutgifter går frå 3 815,4 mill. kr i 2014 til 3 939,1 mill. kr i 2015. Deretter er det investeringar på 2 922,5 mill. kr i 2016, 2 321,2 mill. kr i 2017 og 1 539,3 mill. kr i 2018.

Fylkesrådmannen har i hovudsak vidareført opplegget frå siste økonomiplan, som fylkestinget vedtok i desember 2014, men nye planar og vedtak medfører ein del endringar.

I økonomiplanperioden er det ført opp fondsavsetjingar finansiert med sal av fylkeskommunale eigedomar på 5 mill. kr for kvart av åra.

Fellesfunksjonar

Fylkesrådmannen foreslår å skifta ut den fylkeskommunale bilparken med el-bilar. I 2015 er det forslag om løyving på 5 mill. kr til dette. Det er planlagt å kjøpa om lag 40 el-bilar.

Fylkesrådmannen foreslår sluttløyving til profileeringsprosjektet med 10 mill. kr i 2015.

Til felles IT-investeringar er det årleg sett av 25 mill. kr. Til investeringar ved jordbruksskulegardane er det årleg ført opp 1 mill. kr og til om-

bygging/opprusting av fylkeshuset er det sett av 3 mill. kr i 2015 og 2 mill. kr kvart av dei tre siste åra i perioden. I 2015 er det planlagt å byggja gardero- be- og dusjanlegg for syklistar i fylkeshuset.

Opplæring

Fylkesrådmannen foreslår å løyva til saman 195 mill. kr i 2015 og 2016 til moderniseringsarbeidet ved Årstad videregående skole i Bergen. Skulen vil då vera vesentleg opprusta og universelt utforma.

Til nye skulebygg på Voss er det i økonomiplanperioden rekna med 930 mill. kr. Nye Voss vidaregåande skule er planlagt ferdigstilt i 2016 og nye Voss gymnas skal etter planen takast i bruk året etter.

Fylkesrådmannen foreslår at framdrifta for utbygginga av vidaregåande skular i Åsane vert handsama i ei eiga sak. Under programmeringsarbeidet for den nye vidaregåande skulen i Åsane vart det reist ein del problemstillingar som må avklarast før ein går vidare med arbeidet.

I økonomiplanperioden er det ført opp midlar til tilbygg og opprusting av Bergen katedralskole. Det er vidare midlar til rehabilitering av tidlegare Bergens Handlungymnas til bruk for vaksenopplæringa.

Til drivhus ved Hjeltnes vidaregåande skule i Ulvik er det sett av 15 mill. kr i 2015.

Av tabellen ser ein at i budsjettet for 2015 går 81 % til samferdsel, 17 % til opplæring. Dei andre sektorane utgjer ein liten del av investeringsbudsjettet. Prosentfordelinga mellom sektorane endrar seg ein

del utover i perioden. Tendensen er at i slutten av perioden får opplæring ein større del av investeringane medan samferdsel sin del går ned.

2. Finansiering av investeringsbudsjettet

Oversyn over finansieringa av investeringsbudsjettet framgår av følgjande oppstilling:

Heile tusen kr i løpande prisar

	Rev.budsjett 2. tert. 2014	2015	2016	2017	2018	Sum 2015-2018
Nye lån	1 262 800	1 302 700	1 460 800	1 196 400	985 600	4 945 500
Momskompensasjon	425 900	443 500	444 500	374 100	263 300	1 525 400
Driftsmidlar	61 900	62 000	50 000	25 000	15 000	152 000
Fondsmidlar	75 000	25 000	25 000	25 000	25 000	100 000
Tilskot og forskotteringar	366 790	290 900	127 700	10 700	6 400	435 700
Bompengar	1 623 000	1 815 000	814 500	690 000	244 000	3 563 500
Sum finansiering	3 815 390	3 939 100	2 922 500	2 321 200	1 539 300	10 722 100

Forslaget til budsjett/økonomiplan medfører at av samla investeringsbudsjett på 10 722 mill. kr i perioden frå 2015–2018. Av dette vert 4 945 mill. kr finansiert med lånemidlar. Dette tilsvarar 46,1 prosent. Momskompensasjon for investeringar utgjer 1 525 mill. kr, og dette er 14,2 prosent.

Når det gjeld fylkesvegane, inngår også bompengar, kompensasjonsmidlar og tilskot og forskotte-

ringar frå kommunar og private i finansieringa. Rassikringstiltak finansiert med statstilskot er også innarbeidde i budsjettet. Desse eksterne finansieringskjeldene er viktige bidragsytarar i finansieringa av fylkesvegane. Bompengar finansierer til saman 3 563 mill. kr i perioden, og dette tilsvarar 33,2 prosent av fylkeskommunen sine samla investeringar desse åra

3. Spesifikasjon av investeringane

Tal i heile tusen

	Justert Bud- sjett 2014 (2.tert.)	Budsjett 2015	2016	2017	2018
Fellesfunksjonar					
Fylkeshuset – Ombygging/opprusting	2 000	3 000	2 000	2 000	2 000
El-bilar		5 000			
IT – Fellessystem	25 000	25 000	25 000	25 000	25 000
Jordbruksskulegardar m.v.	1 000	1 000	1 000	1 000	1 000
Profilering eigedomar	10 000	10 000			
Sum sektor	38 000	44 000	28 000	28 000	28 000
Opplæring					
Rehabilitering/ombygg/mindre tilb.i skulesek.	120 000	125 000	125 000	125 000	125 000
Utstyr skulesektoren	10 000	10 000	10 000	10 000	10 000
Større undervisningsutstyr	35 000	35 000	35 000	35 000	35 000
Amalie Skram videregående skole – Nybygg	175 000				
Årstad videregående skole – Tilbygg/rehab.	140 000	105 000	90 000		

	Justert Bud- sjett 2014 (2.tert.)	Budsjett 2015	2016	2017	2018
Nye Voss gymnas	10 000	85 000	225 000	210 000	
Nye Voss vidaregåande skule	115 000	235 000	175 000		
Vidaregåande skular i Åsane	5 000	10 000	110 000	200 000	250 000
Bergen Katedralskole - Tilbygg	1 000	1 000	50 000	100 000	
Bergens Handelsingym. - Rehabilitering	5 000	45 000			
Bergen tekniske fagskole	1 000	10 000			
Hjeltnes vg. skule. - Drivhus planteskule	5 000	15 000			
Askøy vgs				2 000	15 000
Sum sektor	622 000	676 000	820 000	682 000	435 000

Tannhelse

Utstyr tannhelsetenesta	5 000	5 000	5 000	5 000	5 000
Tannklinikkar	5 000	20 000	20 000	15 000	15 000
Sum sektor	10 000	25 000	25 000	20 000	20 000

Regional utvikling

Næringsføremål	1 000	1 000	1 000	1 000	1 000
Sum sektor	1 000	1 000	1 000	1 000	1 000

Samferdsel

Bussanlegg Sunnhordaland	25 300	10 000	40 000	30 000	
Bussanlegg Nordhordaland		25 000	10 000	40 000	30 000
Terminalbygg/sjåførfasilitetar		5 000	5 000	5 000	5 000
Kaianlegg - oppgradering	2 000	1 000	1 000	1 000	1 000
Billiteringssystem	11 300	11 000	9 000	4 000	4 000
Ruteinformasjonssystem (Sanntid)	25 000	5 000			
Automatisk passasjerteljing	5 000	5 000			
Trafikkinformasjonssystem	6 500	10 000	3 000	3 000	3 000
Biohybridgassbussar	10 000	2 000			
Bybanen i Bergen – Vognmateriell	97 000	60 000	110 000	40 000	
Fylkesvegar	1 684 290	1 688 100	1 581 500	1 364 200	1 009 300
Bybanen – Byggjeste 2	25 000	5 000			
Bybanen – Byggjeste 3	1 250 000	1 363 000	286 000	100 000	
Sum sektor	3 141 390	3 190 100	2 045 500	1 587 200	1 052 300

Kultur

Restaurering av verneverdige f.k. bygg	3 000	3 000	3 000	3 000	3 000
Sum sektor	3 000	3 000	3 000	3 000	3 000
Sum investeringar	3 815 390	3 939 100	2 922 500	2 321 200	1 539 300

Fellesfunksjonar

Fylkeshuset – ombygging/opprusting

Fylkeshuset er meir enn 40 år, og ein må rekne med årlege kostnader til mindre opprusting/tilpassing for endra bruk og aktivitet. Det er lagt inn 3 mill. kr i 2015. Av dette er 1 mill. kr sett av til bygging av garderobe-/dusjanlegg for syklistar. Vidare er det lagt inn 2 mill. kr. kvart år i resten av planperioden.

Profilering av eigedomar

Hordaland fylkeskommune gjennomførte i 2010 og 2011 ein identitetsprosess som grunnlag for lang-siktig omdømebygging, kommunikasjonsstrategi og visuell profil.

I prosessen vart den visuelle profilen endra, og eigedomane i fylkeskommune vert omprofilerte med nye logoskilt og opplysningstavler inne og ute. I 2014 er det sett av 10 mill. kr. Fylkesrådmannen fører opp same sum i 2015.

Kjøp av el-bilar

Fylkesrådmannen foreslår at fylkeskommunen går over til bruk av el-bilar i størst mogeleg grad. Fylkesrådmannen legg til grunn at det ved utskifting av bilparken vert kjøpt inn el-bilar der dette er føremålstenleg.

For å få til ein strakseffekt foreslår fylkesrådmannen at noverande bilpark vert skifta ut i 2015. I første omgang er det naturleg å skifta ut personbilane ein har – særleg ved dei vidaregåande skulane. For å finansiera omlegginga til el-bilar foreslår fylkesrådmannen ei løyving på 5 mill. kr i 2015 og vil koma nærare attende til korleis midlane er fordelt i tertialrapportane gjennom året. Det er naturleg at salsinntektene frå bilane ein har i dag går inn som ein del av finansieringa av el-bil satsinga. På denne måten får skulane skifta ut sine diesel- og bensinbilar med nye el-bilar utan at det vert ekstra budsjettbelastning for den einskilde skulen. Driftsutgiftene for dei nye bilane vert i alle fall ikkje høgare enn for dei bilane dei har i dag. Fylkesrådmannen tek også sikte på å få kjøpt inn nokre el-bilar som vert plasserte i Fylkeshuset til tenestebruk. Med investeringsmidlar vil Eigedomsseksjonen syte for at det vert etablert nye ladepunkt for dei skulane som i dag ikkje har ladepunkt for el-bilar.

Sal av eigedomar

I tillegg til dei reine investeringane er det på investeringsbudsjettet for 2015–2018 ført opp ei årleg avsetjing til kapitalfond på 5 mill. kr, finansiert med sal av fylkeskommunale eigedomar. Årleg sum i perioden er sett til 5 mil. kr for mindre sal i løpet av året. Dei siste åra har den samla salssummen vore

høgare. Fylkesrådmannen kjem attende til større sal i eigne saker eller som ein del av tertialrapporteringa.

Fylkesutvalet har fullmakt til å ta avgjerd om ein-skildsal av eigedomar opp til eit beløp på 5 mill. kr. Vert det spørsmål om å nytta salsinntektene frå sal av eigedomar til konkrete prosjekt, må det lagast eiga sak til fylkestinget.

IT – Fellessystem

Konto for felles IT-investeringar vert nytta til kjøp av teknisk IT-infrastruktur (kommunikasjonsutstyr, felles datamaskinar osv.) og til kjøp av IT-system og IT-tenester som er felles i fylkeskommunen.

Bruken av IT-løysingar m.a. innan kollektivtransport, på dei vidaregåande skulane, innan tannhelsetenesta og i fylkesadministrasjonen er avgjerande for at fylkeskommunen får utført oppgåvene sine. Denne situasjonen og overordna IT-strategi i fylkeskommunen legg føringar for disponering av dei sentrale IT-ressursane og budsjettmidlane til felles teknisk IT-infrastruktur. Det er derfor planlagt ei rekkje felles IT-tiltak i 2015. Døme på slike felles IT-tiltak i er:

- Innføring av nytt dokumenthandteringssystem på skoler og tannklinikkar
- Fornyng av Internett-løysinga (www.hordaland.no)
- Etablere IT-system for eforvaltning (Del 1 : elektroniske svar til innbyggjarar og næringsliv)
- Prosjekt for nytt økonomisystem
- Etablering av ny IT-løysing for integrasjonar mellom IT-system
- Oppgradering av sentral teknisk infrastruktur (sentrale datamaskinar, programvare og nettverk i fylkeskommunen)
- Innføring av nye telefoniløysingar i delar av fylkeskommunen

For å makta dei store oppgåvene innan IT-feltet foreslår fylkesrådmannen ei løyvinga på denne posten på 25 mill. kr kvart av åra 2015, 2016, 2017 og 2018.

Jordbruksskulegardar

Fylkeskommunale gardsbruk er i drift ved følgjande vidaregåande skular:

- Stend vidaregåande skule
- Voss jordbruksskule
- Hjeltnes vidaregåande skule

Det er trong for investeringar i driftsbygningar, driftsanlegg, utstyr og sikringsanlegg ved gardsbruka. Jordbruksskulegardane søkjer kvart år om meir midlar enn det som er til rådvelde. Fordeling av løyvinga vert lagt fram for fylkesutvalet i eiga sak.

For 2015 og åra i økonomiplanperioden er det årleg ført opp 1 mill. kr på denne budsjettposten, som er det same som for 2014.

Opplæring

Rehabilitering/ombygging/mindre tilbygg i skulesektoren

Når ein gjennomfører byggeprosjekt, er det ofte naturleg å sjå alle bygningsmessige krav i samanheng. Dette gjeld krav til energiøkonomisering, universell utforming, inneklima, miljøtiltak, areal, planløyving, pedagogikk med meir. I 2015 må ein også prioritere ladepunkt til dei nye el-bilane som skal kjøpast inn. Med ei samleløyving kan ein gjennomføra prosjekta meir effektivt enn å dela opp prosjekta i høve til ulike tiltak.

I økonomiplanen 2015-2018 vil det framleis vere trong for at ein stor del av løyvingane går til universell utforming og enøk-tiltak. Det har samanheng med krav om at offentlege bygg skal vera universelt utforma innan 2019 og at det i Klimaplanen er sett krav om å redusera energibruken fram mot 2020. Det er lagt til grunn at investeringar knytt til universell utforming og skal dekkje andre delar av fylkeskommunen som tannhelse og samferdsle i tillegg til opplæring.

Det vert fremja eigne politiske saker om disponering og bruk av midlane på samleposten. I desse sakene vil ein meir spesifikt gå inn på kva ulike tiltak kvart einsskild prosjekt omhandlar.

Løyvinga på samleposten er ført opp med 125 mill. kr for kvart av åra i økonomiplanperioden.

Utstyr i skulesektoren

Det er innarbeidd ei eiga samleløyving for utstyr over kr 100 000 med meir enn 3 års levetid. Slikt utstyr vert ført i investeringsbudsjettet. På driftsbudsjettet vil ein ha ei tilsvarende negativ samleløyving.

Budsjettposten gjeld utstyr skulane kjøper gjennom året. Budsjett- og rekneskapsføresegnene gjer at finansieringa av slikt utstyr må gjerast ved ei overføring frå drifts- til investeringsbudsjettet.

Ved å budsjettera desse samleløyvingane vil ein i det opphavlege budsjettet få meir korrekte tal for korleis utstyrskjøpa vert fordelte mellom driftsbudsjettet og investeringsbudsjettet.

Ut frå erfaringstal dei siste åra er det budsjettert med 10 mill. kr på denne posten kvart år.

Større undervisningsutstyr

Fylkesrådmannen budsjetterer med ei årleg samleløyving på 35 mill. kr til større undervisningsutstyr som også kan nyttast til IT-utstyr. Løyvinga kan og nyttast til utstyr til nybygg der utgiftene ikkje ligg inne i byggekostnadene. Fylkesrådmannen legg elles til grunn at utstyrløyvinga også kan nyttast innanfor fagskuleområdet.

Løyvinga vert fordelt av opplærings- og helseutvalet.

Amalie Skram videregående skole

Skulen vart teken i bruk hausten 2014 og det er ikkje ført opp løyving i budsjettet for 2015. Fylkesrådmannen vil eventuelt koma attende til dette om det viser seg at delar av sluttoppgjeret for byggearbeida først vil koma i 2015.

Årstad videregående skole

Målet med prosjektet er å betre den interne kommunikasjonen, rehabiliterare bygningsmassen for å stetta krav i forskrift om miljøretta helsevern og gjere skulen universelt utforma. Arbeida bygger på ein arealdisponeringsplan som med utgangspunkt i vedteken skulebruksplan viser korleis areala skal nyttast og kva trong det er for tilleggsareal. Tiltaka legg til rette for betre arbeids- og læringsmiljø ved skulen.

Arbeidet med rehabilitering av Bygg B nærmar seg slutten. Teknisk Industriell Produksjon(TIP) har no flytta dei tunge verkstadene til 1. etasje. 5., 6. og 7. etasje i høgblokka er tekne i bruk med klasse- og spesialrom for TIP og elektro. I 2. etasje er det etablert lærararbeidsplassar og møterom. I 3. etasje som er kommunikasjonsplanet i skulen, er det no bibliotek og auditorium med 300 sitjeplassar. Det nye mellombygget mot Bygg A som også er ferdigstilt, vert ny hovudinngang for skulen godt synleg frå Fjøsangervegen.

Fram til skulestart i 2015 skal ein vere ferdig med dei resterande arbeida i Bygg B. Dette gjeld base for tilrettelagt opplæring(TO), elektroavdeling (EL), lærararbeidsplassar og magasin for fylkesbiblioteket.

Arbeida med Bygg A startar våren 2015 og er planlagt ferdig til skulestart i 2016. Under byggearbeida vert skulebygget tømt og undervisninga flytta til mellom anna leigde lokale i Solheimsgaten. Bygg A skal nyttast til kantine, lærarrom, administrasjon og teknisk drift. Vidare vil utdanningsprogramma Design og handverk(DH) og Helse og oppvekst(HO) også få plass i det rehabiliterede bygget.

Ved utgangen av 2014 er det brukt til saman 405 mill. kr på prosjektet. I 2015 tirlår fylkesrådmannen å sette av 105 mill. kr og i 2016 er det sett av 90 mill. kr. Totalt er det då brukt 600 mill. kr til opprusting av Årstad vidaregåande skole.

Nye Voss gymnas

Romprogrammet vart vedteke av fylkesutvalet i februar 2014 og det vart invitert til pris- og designkonkurranse i mars. Seks totalentreprenørar vart prekvalifiserte til konkurransen og leverer sine forslag til løysing og pris i september 2014. Ut frå dette vert det kåra ein vinnar som ein vil gjennomføre ei samspelsfase med fram til endeleg kontrakt. Ein tek sikte på å leggje fram sak til fylkestinget i juni 2015 for godkjenning av forprosjekt. Byggearbeida vil då starte i august 2015 og nybygget ved skulen skal vere ferdig våren 2017.

Den gamle landsgymnasbygget frå 1918 skal brukast vidare og nybygget skal bindast saman med dette. Etter at nybygget er klart, vil ein rehabilitere den gamle delen. I tillegg til innvendig rehabilitering vil ein også endre fasadeuttrykket ved å skifte vindauge tilbake til original utforming. Alle arbeida skal vere avslutta hausten 2017.

Bygga som i dag husar Voss Husflidskule og Rogne vidaregåande skule er no selde, og fylkeskommunen leiger attende bygga fram til den nye skulen står klar i 2017. Leigeavtalen som Voss vidaregåande skule har for avdelinga på Vatløvtveit vert også avslutta når den nye skulen står ferdig.

Nye Voss vidaregåande skule

Forprosjektet for den nye skulen vart vedteke av fylkestinget i juni 2014. Arbeida starta opp i august og den nye skulen skal takast i bruk frå skuleåret 2016/17

I desember 2013 vedtok fylkestinget forprosjekt for gardstunet ved skulen og bygging av mellombels skule.

Ny tilkomstveg til skulen, reiskapslager, parkering for 50 bilar og mellombels skule vart ferdigstilt i august 2014. Hausten 2014 startar arbeidet med nytt garderobe- og verkstadbygg, og seinare kjem ny hestestall. Arbeida på gardstunet skal vere avslutta samstundes som den nye skulen opnar i 2016.

Bygga som i dag husar Voss vidaregåande skule, avd. Bryn, er selde og leigd tilbake av skulen fram til skulestart i 2016.

Vidaregåande skular i Åsane.

Programmeringsarbeidet for nye Åsane vidaregåande skole er mellombels stansa for å vurdere dimensjonering av utdanningstilboda på nytt. Under

programmeringsarbeidet vart det stilt spørsmål ved idrettshallkapasiteten for nye Åsane vidaregåande skole og om tilbygg ved Tertnes vidaregåande skole bør vera ferdigstilt før overføring av studiespesialiseringstilbodet frå U. Pihl vidaregåande skole til Tertnes. I tillegg er det teke til orde for integrering av fengselsundervisninga i nye Åsane vidaregåande skole. Det er i prosessen og nytenking knytt til organisering av yrkesfaga, opplæringskontor for fagutdanning (BA, TIP), plassering av tilrettelagt opplæring (TO) for Åsane og samlokalisering av tannklinikkar.

I sak om oppfølging av skulebruksplanen – til fylkesutvalet i september – er det nemnt at ein vil handsama spørsmåla ovanfor i ei eiga sak. Fylkesrådmannen vil såleis koma attende til dette når m.a. spørsmåla nemnde ovanfor er avklara.

I økonomiplanen er nye Åsane vidaregåande skole og Tertnes vidaregåande skole førte opp under samlenemninga «Vidaregåande skular i Åsane». Førebels kostnadsoverslag er så langt på 700 mill. kr, men fylkesrådmannen kjem som nemnt attende til dette når føresetnadene utbyggingane i Åsane er nærare avklara

I revidert budsjett 2014 pr. 2 tertial er det løyvd 5 mill. kr til prosjektet. Vidare foreslår fylkesrådmannen å sette av 10 mill. kr i 2015. Førebels er det ført opp 110 mill. kr i 2016, 200 mill. kr i 2017 og 250 mill. kr i 2018. Det må også budsjetterast med midlar i 2019 og 2020 for å nå opp i den førebelse kostnadsramma på 700 mill. kr

Bergen katedralskole

I skulebruksplanen er det vedteke å auke elevtalet på utdanningsprogram for ST ved Bergen Katedralskole. Dette er mogleg når avdelinga for vaksenopplæring flyttar til dei ledige lokala etter Bergen handelsgymnas.

Utgangspunktet for prosjektet er universell utforming av skuleanlegget og samtidig finne plass til permanente lærararbeidsplasser som no er i mellombels brakker på skuleplassen.

Det er laga plan for universell utforming der ein bind det gamle Hovedbygget og Klasseromsbygget saman med eit mellombygg langs Kong Oscars gate. Mellombygget er i tre etasjar og alle tre etasjane i Klasseromsbygget er samanbundne med Hovudbygget. Det vert installert heis i Hovedbygget over 5 etasjar.

I 2007 vart det konstatert store fuktskaper i Hovudbygget frå 1840, og skadane vart mellombels utbetra ved å skifte rotne golvbjelkar og tette sprekkar i fasaden for å hindre vanninntrenging. Det er no konstatert nye fuktskader i kjellaren og nye sprekkar i fasaden som følgje av at bygget fortsatt sig.

For å få kontroll med setningane ønskjer ein å forsterke fundamenta ved å føre pelar til fjell. Vidare å utbetre fasadane for å hindre fuktinntrenging og utbetre moglege råteskadar innvendig. Samstundes bør ein oppgradera dei tekniske anlegga i Hovedbygget. Dei innvendige overflatene vert rusta opp og det vert etablert permanente lærararbeidsplassar. Då grunnen under skulen er freda, er det send søknad til Riksantikvaren om peling både for Hovudbygget og Mellombygget (nybygg).

I mellombygget vert det i bakkant etablert tre klasserom i 2. og 3. etasje. 1. etasje blir inngangsparti med areal for bibliotek og utgang til skuleplass.

Rehabilitering av Hovedbygg og nytt mellombygg bør gjennomførast som ei byggesak. Hovedbygget må fråflyttast før arbeida kan ta til, og elevar og tilsette må då nytte lokala etter Tanks vgs. Desse vert ledige når vaksenopplæringa flytter til tidlegare Bergens Handelsgymnas rundt årsskiftet 2015/16.

Fylkesrådmannen planlegg å legge fram romprogram med teikningar for handsaming i fylkesutvalet tidleg i 2015. Byggearbeida ved Bergen Katedral-skole kan først ta til i 2016 og er planlagt ferdige i 2017.

Rehabilitering av Hovedbygget er kostnadsrekna til 100 mill. kr. og Mellombygget med naudsynte tiltak elles i skulen til omlag 55 mill. kr. På grunn av endra framdriftsplan er budsjettet i 2014 foreslått redusert frå opphavleg 20 mill. kr i 2014 til 1 mill. kr i revidert budsjett pr. 2. tertial. Fylkesrådmannen tilrår vidare å sette av 1 mill. kr i 2015 og deretter 50 mill. kr i 2016 og 100 mill. kr i 2017.

Bergen Handelsgymnas – rehabilitering

Saman med brukargruppen for vaksenopplæringa er det no utarbeidd planar for rehabilitering av det gamle skulebygget. Det er planlagt noko endring i rominndeling og ny kantine. Det er også laga planar for universell utforming av bygget med mellom anna ny heis og HC-toalett. Ein vil og oppgradere innvendige overflater og rehabilitere delar av det tekniske anlegget. Utvendige fasadar vert behandla etter at eføyen no er fjerna.

Byggearbeida startar opp rundt årsskiftet 2014/15 og er rekna å ta om lag eit år.

Kostnadsramme basert på forprosjekt med kalkyle er 50 mill. kr. Det er satt av 5 mill. kr til prosjektet i 2014 og fylkesrådmannen tilrår å sette av dei resterande 45 mill. kr i 2015.

Bergen tekniske fagskole og Bergen maritime tekniske fagskole.

Bergen tekniske fagskule held i dag til i delar av Strandgaten 196 der Hordaland fylkeskommune eig sin del. Bygget som opphavleg var eit kontorbygg, er for lite og stettar ikkje krava som ein i dag stiller til skuledrift.

Bergen maritime fagskule er samlokalisert med Bergen maritime vgs i Vestre Stømkai på Nygårdstangen. I tillegg til eige bygg har ein inngått ein leigeavtale i nabobygget for å sikre dei to skulane naudsynt areal.

I fagskulestyret er det gjort vedtak om å slå saman Bergen maritime fagskole og Bergen tekniske fagskule.

Den gamle avdelinga til Bergen Maritime videregående skole i Haugeveien 28, tidlegare Sjømannskolen, vart i 1988 overført til staten for bruk som høgskule. Når den nye Høgskolen i Bergen no er tatt i bruk på Kronstad vert eigedommen tilbakeført til fylkeskommunen i samsvar med avtale frå 1988.

Det er sett i gang arbeid for å vurdere om Haugeveien 28 kan nyttast til skulebygg for den samanslegne fagskulen. Førrebels konklusjon er at det ikkje er plass til full samlokalisering sjølv med eit eventuelt nybygg på tomten. Det er plass til berre Bergen tekniske fagskule, men lokala er ikkje optimale. Mellom anna er det ikkje store undervisningsrom slik Bergen tekniske fagskole har trong for.

Gamlebygget i Haugevein 28 er frå 1903 og tilbygget frå 1965. Bygget har eit bruttoareal på ca. 6 500 m² som er delt nokolunde likt mellom dei to byggetrinna. Rehabiliteringskostnaden er estimert til ca. 200 mill. kr. Ein sit likevel att med eit gammalt bygg med mellom anna dårleg planløsning og dårleg energiklasse.

Ein må no vurdere om fagskulane kan flytte til andre eigedomar fylkeskommunen disponerer, og der det er plass for samlokalisering av dei to skulane. Då dette kan ta tid, vurderer Bergen tekniske fagskole som ei mellombels løysing å nytte lokala i Haugeveien. Lokala er større og har betre standard enn dagens skule i Strandgaten 196. Dette kan skje allereie frå skuleåret 2015/2016. Ein vil vurdere om andre verksemder kan nytte lokala i Strandgaten dersom Bergen tekniske fagskole flyttar ut. Alternativet er å selje lokala fylkeskommunen har i bygget.

I budsjettet for 2015 vert det sett av 10 mill. kr til flytting og mindre oppgradering av Haugeveien 28. Oppstartsløyving for ein samlokalisert fagskule er tidlegast aktuelt i 2016, men fylkesrådmannen vil koma nærare attende til dette når planane er avklara.

Hjeltnes vidaregåande skule – drivhus planteskule

Drivhusa på Hjeltnes er i dårleg stand og difor ikkje i bruk. Desse vert difor rivne og det skal byggjast eit mindre drivhus som berre skal romme plante-produksjon og hagesenter til anleggsgartnarutdanninga. Prosjektet startar hausten 2014 med rivingsarbeid og det er rekna med det vil gå med 5 mill. kr til prosjektet i 2014. Det nye drivhuset vil stå klart til summaren 2015. Sluttløyving i 2015 er estimert til 15 mill. kr.

Askøy vidaregåande skule

På Askøy er det venta stor auke i elevtalet, og det er difor trong for større skuleareal. I skulebruksplanen er det foreslått å auke dagens areal på ca. 8.500 m² til 14.000 m². Idrettsareal er ikkje med då dette i dag vert leigd i kommunalt anlegg.

Askøy kommune ønskjer å etablere ny vidaregåande skule i Kleppestø sentrum i nær tilknytning til planlagt kollektivterminal for buss og båt. Kommunen vurderer å overta dagens vidaregåande skule som lekk i å realisere nytt skulebygg. Ein ny skule i Kleppestø sentrum får eit bruttoareal på ca. 17.000 m² inkl. idrettsareal.

Prosjektkostnaden må ein komme attende til etter at lokalisering av skulen er avklåra. Fylkesrådmannen tilrår inntil vidare å føre opp ei startløyving i 2017 på 2 mill. kr og 15 mill. kr i 2018.

Tannhelse

I langtidsbudsjettet er det for 2015 sett av 20 mill. kr til opprusting/nybygg av tannklinikkar. Fylkesrådmannen foreslår å nytta midlane til nybygg ved Kleppestø tannklinikk og flytting av Tannlegevakten i Bergen.

Nybygg Kleppestø tannklinikk

Tannhelsetenesta har to tannklinikkar på Askøy: Kleppestø tannklinikk og Florvåg tannklinikk. Florvåg tannklinikk ligg i Florvåg senter – i eit areal eigd av Hordaland fylkeskommune. Kleppestø tannklinikk ligg i eit eige bygg som og er eigd av Hordaland fylkeskommune. Det er 7-8 minuttar å køyre mellom dei to klinikkane.

Det er planlagt å samlokalisera Kleppestø og Florvåg tannklinikkar i leigd areal på Kleppestø senter. "Nye Kleppestø tannklinikk" vil ha 10 behandlingsrom. Investeringa i ny tannklinikk på Kleppestø er rekna til 15 mill. kr.

Flytting av tannlegevakten i Bergen

Hordaland fylkeskommune har ansvar for at tannhelsetenester i rimelig grad er tilgjengeleg for alle som bur eller oppheld seg i fylket. Dette gjeld og akuttilbod. Tannlegevakten i Bergen gir akutt tannhelsehjelp til dei som bur i Bergen m/omland. Tannlegevakten er open alle dagar i året.

Tannlegevakten i Bergen er samlokalisert med Legevakten, og er sentralt plassert i Vestre Strømkai 19. Ei slik samlokalisering gir store fordeler både fagleg og for brukarane. Både Legevakten og Tannlegevakten er varsla om at dei må flytta ut av nåverande lokaler seinast 1. mars 2015.

Det er planlagt å flytta Tannlegevakten til Solhemsviken – Solheimsgt 18 – og lokalisera den i nabobygget til «nye» legevakten i Bergen. Det aktuelle arealet er stort nok til at det og er mogeleg å flytta Engen tannklinikk inn i de nye arealet. Engen tannklinikk har i dag lokale som er lite eigna. Den nye tannklinikken i Solhemsviken vil ha 8 behandlingsrom. Investeringa i flytting og etablering av ny Tannlegevakt for Bergen er berekna til 10 mill kr.

Ut frå føreliggjande planar foreslår fylkesrådmannen å budsjettera med 20 mill. kr i 2015 og 2016, og 15 mill. kr kvart av dei to etterfølgjande åra i økonomiplanperioden.

Utstyr i tannhelsetenesta

Fylkesrådmannen foreslår å setja av 5 mill. kr årleg til utstyrskjøp i tannhelsetenesta.

Tannhelsetenesta kompetansesenter Vest (TkV) – Hordaland har som oppgåve å gi nødvendig spesialistbehandling til innbyggjarane i Hordaland.

Dette gjeld og avanserte røntgenundersøkingar av hovud/hals-området. TkV-Hordaland har tilsett eigen spesialist i radiologi. På TkV-Hordaland er det trong for å kjøpa ein CBCT-maskin, som kan ta snittbilete i hovud/hals-området. Innafor utstyrløyinga vil ein vurdera å kjøpa dette utstyret.

Regional utvikling

Næringsføremål

Fylkesrådmannen foreslår å setja av 1 mill. kr kvart år i økonomiplanperioden til oppfølging av fylkeskommunen si regionale rolle. Fylkeskommunen kan t.d. gå inn i selskap innanfor innovasjon og nyskaping eller selskap med regional utvikling som fokus.

Fylkesrådmannen legg til grunn at fylkesutvalet fordeler budsjettsummen i eigne saker i samsvar med delegasjonsreglementet.

Samferdsel

Fylkesrådmannen budsjetter med 3 190 mill. kr i samferdselsinvesteringar i 2015 fordelt med 1 428 mill. kr til bybaneutbygginga og vognkjøp, 1 688 mill. kr til veginvesteringar og 74 mill. kr til andre tiltak innanfor samferdselssektoren.

Dei neste åra i økonomiplanperioden budsjetterer fylkesrådmannen samla med 2 045 mill. kr i 2016, 1587 mill. kr i 2017 og 1 052 mill. kr i 2018. Nedgangen har samanheng med ferdigstillinga av bybanen fram til Flesland i 2016/2017.

Fylkesveginvesteringane er høge den komande økonomiplanperioden. I 2015 er det rekna med investeringar på vel 1 683 mill. kr. Store prosjekt er Ringveg vest byggetrinn 2 i Bergen, tunnel bak Tysse i Samnanger og bompengepakane Kvammapakken, Bømlopakken og Askøypakken. Det er innanfor summen nemnt framanfor ført opp nær 450 mill. kr til ulike programområde og standardhevingstiltak. Dette er mindre prosjekt innanfor ulike område som gang- og sykkeltiltak, miljøtiltak, kollektivtiltak m.v.

Til vidare utbygging av Bybanen i Bergen på strekninga Lagunen – Flesland er det i 2015 budsjettert med 1 363 mill. kr. Dei to neste åra er det budsjettert med 386 mill. kr til ferdigstilling av dette byggetrinnet.

Til kjøp av bybanevogn er det i økonomiplanperioden forslag om å løyva 210 mill. kr. I 2014 er det sett av 97 mill. kr til dette. Det er trong for fleire vogner når strekninga heile strekninga Bergen – Flesland skal trafikkerast. I tillegg har fylkestinget godkjent at vognene ein har kjøpt, skal forlengast.

Fylkesrådmannen foreslår å løyva midlar til nye bussanlegg på Stord/Bømlo og i Lindås i komande økonomiplanperiode. Kontraksperioden for bussru-tekøyring er i ferd med å gå ut i desse områda, og ein legg opp til å få på plass anlegga før ny kontraksutlysing.

Fylkeskommunen sine samla investeringsutgifter i samferdselsektoren er høge, men det er viktig å vera merksam på at dette er bruttoløyvingar, slik at ein også har med den delen som er finansiert med bompengar, statstilskot og tilskot og forskotteringar frå kommunar og private.

Bussanlegg i Sunnhordland.

Kjøp av tomter til bussanlegg i Sunnhordland vart godkjent av fylkestinget i juni 2014.

Tomta på Øvre Sæ i Leirvik blir hovudanlegget for rutepakke Sunnhordland. Anlegget skal innehalde administrasjonslokale for rutepakke, sjåførfasilitetar

med garderobe og pauserom, vaskehall og servicehall.

I rutepakken er det i dag 50 busser og 30 vil vere stasjonert på Stord. På Bømlo der det også er kjøpt tomt skal det vere plass for 20 bussar.

Det nye anlegget må stå klart til den nye tilbodsperioden for rutepakke Sunnhordland startar opp summaren 2017. Førebels kostnadsoverslag er på 105 mill. kr. inklusiv kjøp av tomt. I revidert budsjett for 2014 er det sett av 25,3 mill. kr til prosjektet. Vidare foreslår fylkesrådmannen å sette av 10 mill. kr i 2015, 40 mill. kr i 2016 og 30 mill. kr i 2017.

Bussanlegg Nordhordland

Ny tilbodsperiode for Nordhordland startar opp summaren 2018. Anlegget ein disponerer i dag er leigd frå eit privat eigedomsselskap. Fylkeskommunen har i utgangspunktet ingen rett til vidareleige, og ønskjer difor å utgreie alternativ til dagens bussanlegg.

Fylkesrådmannen har tatt kontakt med Lindås kommune om kjøp av tomt i et industriområde som har ei sentral plassering for føremålet. Arbeida med eit nytt anlegg må starte opp i 2016 og førebels overslag er på 105 mill. kr inkl. kjøp av tomt. Ut frå dette tilrår fylkesrådmannen å løyve 25 mill. kr i 2015, 10 mill. kr i 2016, 40 mill. kr i 2017 og 30 mill. kr i 2018.

Kaiar

Fylkeskommunen eig og leiger kaiar for hurtigbåttrafikken i fylket. Dei avsette midlane er tenkt til mindre prosjekt knytt til tilbud for reisande og anløp for båtane.

Fylkesrådmannen tilrår at det vert budsjettert med 1 mill. kr til kaiar kvart år i perioden 2015-18.

Terminaler/sjåførfasilitetar.

Budsjettposten gjeld terminaler med tilbud for dei reisande i form av venterom og toalett. I nokre sentrale rutepakkar i Bergen er det også tilbud til sjåførane om toalett og pauserom.

Det er stor trong til å betre standarden og tilby nye lokaliseringar. Fylkesrådmannen fører opp 5 mill. kr kvart år i perioden 2015-18 til dette.

Billetteringssystem inkl. billettautomatar

I samband med avslutting av billetteringsprosjektet, vart det inngått avtale med leverandøren av systemet om at det skal haldast tilbake 10 mill. kr av den avtala kontraktsummen for utbetaling over åra 2013, 2014 og 2015. Det er sett som vilkår for utbetalinga at visse kvalitetsstandardar vert haldne. Det

vart sett av 4 mill. kr i 2013 og 2014. For 2015 er dei siste 2 mill. kr tekne med.

Billetteringsutstyret må fornyast kontinuerleg, og det vert sett av 4 mill. kr årleg til dette i økonomiplanperioden.

Når Bybanen opnar til Flesland i 2016, vil det vera trong for å investera i 22 nye billettautomatar til haldeplassane. Det vert budsjettert med 5 mill. kr i kvar av åra 2015 og 2016 til nye automatar.

Fylkesrådmannen fører ut frå dette opp til saman 11 mill. kr i 2015, 9 mill. kr i 2016 og 4 mill. kr både i 2017 og 2018.

Ruteinformasjonssystem

Arbeidet med ruteinformasjonssystem – sanntidssystem og digital vising er organisert som eit prosjekt i regi av samferdselsavdelinga. I 2012 vart det inngått kontrakt med leverandør av sanntidssystem og leverandør av Digitalt informasjonspubliseringsystem (DS). I 2013 vart systema for sanntid og digital informasjonspublisering tekne i bruk i dei fyrste områda, og full utrulling vert gjennomført i løpet av 2014/2015.

Prosjektet hadde ei totalramme på 95 mill. kr og fylkesrådmannen set for 2015 av sluttløyving på 5,0 mill. kr.

Automatisk passasjerteljing

Skyss sine passasjertal baserer seg i dag på ein kombinasjon av billettdata frå billetteringssystemet og manuelle teljingar. Nye salskanalar fører til at det er trong for betre verktøy for utarbeiding av passasjerstatistikk. Samla kostnad for dette er 10 mill. kr.

For 2014 vart det budsjettert med 5 mill. kr og fylkesrådmannen set opp same sum i 2015.

Trafikantinformasjonssystem

Det er i gong eit prosjekt som skal betre og forenkle trafikantinformasjon i Hordaland. Prioriterte investeringstiltak dei komande åra er informasjonssøyler,

digital skilting, orienteringsdesign i Bergen sentrum, nye linje- og områdekart og vidareutvikling av reisepanleggaren på web og app.

Fylkesrådmannen tilrår at det vert sett av 10 mill. kr til dette tiltaket i 2015 og 3 mill. kr vidare kvart år i økonomiplanperioden.

Biogasshybridbussar - test og utvikling

Fylkesutvalet vedtok i mars å stilla til rådvelde inntil 10 mill. kr som Hordaland fylkeskommune sin eigendel til test og utvikling av teknologi for biogasshybridbussar i Bergen i samband med søknader til EU og Transnova. Søknaden vart innvilga og to tredledda 24 m bussar vart tinga.

Dei to biogasshybridbussane vert leverte i løpet av hausten 2014 og sett inn på den nye linje 9 mellom sentrum og Kronstad (HIB). For å sikra stabil drift er det bestemt å montera drift på to akslar. Dette vert gjort sommaren 2015 og har ein kostnad på 2 mill. kr så fylkesrådmannen set av 2 mill. kr i 2015 for å få finansiert dette.

Bybanen i Bergen – Vognmateriell

Til no er det levert 20 bybanevogner med 32 m lengde. Desse dekker behovet for drift til Lagunen. Når Bybanen vert forlenga til Flesland, er det behov for større vognpark med meir kapasitet. Kapasitetsbehovet vert løyst ved å investera i 8 nye vogner på 42 m og forlenging av eksisterande vogner frå 32 m lengde til 42 m. Fylkestinget vedtok i juni 2013 å investera i 8 nye vogner a 42 m og forlenga 20 vogner frå 32 m til 42 m.

Samla investering og oppgradering til 28 vogner a 42 m vil gje ein kostnad på 425 mill. kr. Avtalen inneber at fylkeskommunen skal betala 30% av kontraktsummen ved kontraktsinngåinga. Med utgangspunkt i betalingsplanen fører fylkesrådmannen opp 60 mill. kr i 2015, 110 mill. kr i 2016 og 40 mill. kr i 2017. I tillegg er det lagt inn prosjektkostnader for Bybanen AS.

Tabellen nedanfor gjev oversyn over investeringar til fylkesveggar og Bybanen i perioden 2015–2018.

Heile tusen kr løpande prisar

	Budsjett 2015	Øk.plan 2016	Øk.plan 2017	Øk.plan 2018
Bergensprogrammet:				
Bybanen. Byggjesteg 2	5 000			
Bybanen. Byggjesteg 3	1 363 000	286 000	100 000	
Sum bybanen	1 368 000	286 000	100 000	
Ringveg vest. Byggjesteg 2	185 000	100 000	68 000	
Åsamyrvegen	30 000			
Fleslandsveien	11 900			
Programområde i Bergensprogrammet	270 000	276 000	285 000	294 000
Prosjekt utanom Bergensprogrammet:				
Fv 546 Austevollbrua, ferjetilskot	9 900	10 000	10 200	10 300
Fv 567 Hauge-Lonevåg, Osterøy	1 500			
Fv 107 Jondalstunnelen	1 000			
Fv 7/fv 49 Kvammapakken	70 000	100 000	73 000	
Fv 541/542 Bømlopakken	230 000	240 000	250 000	110 000
Fv 48 Tunnel bak Tysse	98 000			
Fv 209 Storskaret–Arefjord, Fjell	50 000	100 000		
Fv 158 Grindavoll–Lepsøy, Os	30 000	36 000		
Fv 122 Venjaneset–Strandvik, Fusa	38 000			
Fv 6 Haugalandspakken, Sveio-Buavåg	20 000	5 000		
Fv 567 Hosanger sentrum, Osterøy	38 000			
Fv 49 Uggdal–Uggdalseid, Tysnes	19 500			
Fv 545 Stord vestside	15 500	35 500		
Askøypakken	44 000	236 000	351 000	255 000
Kollektivterminal Voss	2 000	12 000		
Rundkøyring Florvåg, Askøy	12 000			
Fv 315 Undergang ringheimsvegen Voss	20 000			
Programområde utanom Bergen	93 000	95 000	98 000	100 000
Standardhevingstiltak:	86 000	104 000	120 000	150 000
Rassikringstiltak:				
Fv 572 Eddagjelet/Torgilsberget, Vaksdal	1 000			
Fv 7 Haukanesberget, Granvin	104 000	5 000		
Fv 7 Lussandberget, Granvin	150 000	138 000	5 000	
Diverse tiltak	3 800	4 000	4 000	4 000
Rebudsjettering:				
Budsjettpost for rebudsjettering	10 000	10 000	10 000	10 000
Refusjonar:				
Fylkesvegprosjekt	44 000	75 000	90 000	76 000
Sum fylkesvegprosjekt	1 688 100	1 581 500	1 364 200	1 009 300
Sum bybanen og fylkesvegprosjekt	3 056 100	1 867 500	1 464 200	1 009 300

Bergensprogrammet

Inntil ein har fått etablert ei bymiljøavtale er investeringane lengst ut i fireårsperioden usikre. Det er framleis uvisse kring innhald og økonomisk omfang av aktivitetar desse åra. Tala som er lagt inn er basert på dagens bompengepakke og det som ligg inne i gjeldande prop. for Bergensprogrammet.

Bybanen, byggjesteg 2

Det er ført opp eit restbeløp på 5 mill. kr i 2015 til sluttoppgjer for tekniske fag, samt noko til mindre tilleggsarbeid.

Bybanen, byggjesteg 3

Strekningen Lagunen – Flesland er om lag 7 km lang og delt i fire grunntreprisar. I tillegg kjem arbeidet med bygging av nytt verkstad/depot på Kokstad.

Pr september 2014 er alle fire grunntreprisane på traseen og arbeidet med verkstads-/administrasjonsbygget godt i gang. Andre bygg på verksted/depotområdet, sporlegging og elektroarbeid har starta. Tekniske fag elles er snart klare til å starte med dei fysiske arbeida.

Det er så langt lag til grunn at opning av Bybanen byggjesteg 3 vil bli i 2. halvdel av 2016. Grunna framdrifta og aktivitetar på Avinor sitt nye terminalbygg, og Bybanen sin haldeplass på Flesland er tett integrert i dette prosjektet, vil traseen truleg ikkje bli opna heilt fram før den nye terminalen opnar i 2017,

Inkludert unyttta midlar frå byggjesteg 2, som vart overført til byggjesteg 3, er samla utbyggingsbudsjett på 3 603 mill. 2013-kr.

For 2015 budsjetterer fylkesrådmannen i løpande prisar med 1 363 mill. kr. For 2016 er det ført opp 286 mill. kr og for 2017 er det sett av restløyving på 100 mill. kr.

Ringveg vest, byggjesteg 2

Arbeidet følgjer i hovudsak framdriftsplanen og er godt i rute. Prosjektet er venta klart for opning i august/september 2015. Sluttoppgjer med hovudentreprenøren er venta ferdig i 2015. Arbeida med elektroinstallasjonen i tunnelen vil halde på ut 2015 og sluttoppgjer for dette er venta i 2016. I 2016 vil også arbeida med oppgradering av Lyderhornstunellen verta gjennomført. Dette er nødvendig å oppgradering også denne tunnelen m.a. for å få tryggleiksklarert Ringveg vest. Dette oppgraderingsarbeidet er planlagt ferdig i 2017.

Fylkesrådmannen fører opp løyving på 185 mill. kr i 2015, 100 mill. kr i 2016 og 68 mill. kr i 2017.

Fylkesrådmannen vil koma attende til dette anlegget i tertialrapporten etter 1. tertial med oversyn

over totalkostnaden for prosjektet. Ein reknar då med å ha godt oversyn over det attståande arbeidet.

Åsamyrveien

Tiltaket gjeld etablering av ny fire-felts fylkesveg frå Åsane senter til toplanskrysset på Nyborg ved Ikea. Strekninga på ca. 0,4 km vil få etablert fortau på begge sider av vegen. I 2014 er det budsjettert med 52 mill. kr til dette prosjektet og fylkesrådmannen fører opp 30 mill. kr i 2015 til sluttløyving. Utbygginga vert refundert av private aktørar, der noko av midlane er forskottering. Prosjektet er venta ferdig sommaren 2015.

Dei forskoterte midlane skal betalast tilbake frå programområda under Bergensprogrammet etter 2018.

Programområde

Til programområda er det sett av 270 mill. kr i 2015. For 2016 fører fylkesrådmannen opp 276 mill. kr. I 2017 er det sett av 285 mill. kr og i 2018 er det ført opp 294 mill. kr.

Løyvinga er i tråd med det vedtekne handlingsprogram for Bergensprogrammet (2014-2017). Forslaget for 2018 er basert på bakgrunnsdokument ved utarbeiding av bompengesøknaden.

Til fylkestinget i desember vil det liggja føre forslag til fordeling av midlane i programområda på aktuelle tiltak. Dette vert gjort for at vegvesenet så tidleg som råd skal få oversyn over kva tiltak som skal gjennomførast.

Strekningsvise prosjekt utanom Bergen

Fv 546 – Austevollbrua. Innspara ferjetilskot.

I samband med Stortinget si handsaming av St.prp. nr. 30 (2004-05) vart det gjort vedtak om at prosjektet i ein femtenårsperiode skulle tilførast ein årleg sum på vel 9 mill. kr i innsparde ferjesubsidiar. Delar av tilskotet vert prisjustert med 2,5 % per år. Fylkesrådmannen set opp 9,9 mill. kr i 2015.

Fv 567 Hauge – Lonevåg (Osterøy kommune)

Prosjektet opna i november 2011. I 2015 er det kontraktsfesta oppfølgingsanlegg som skal gjennomførast. Fylkesrådmannen set i 2015 av 1,5 mill. kr.

Fv 107 Jondalstunellen (Jondal og Kvinnherad)

Prosjektet vart opna for trafikk 7. september 2012. Det kan framleis kome restkostnadar på prosjektet i samband tekniske oppgraderingar av bomstasjonar. Fylkesrådmannen set av 1 mill. kr i 2015.

Fv7/fv 49 – Kvammapakken (Kvam herad)

Kvammapakken er eit bompengeprojekt for å utbetra og trafikksikra deler av vegnettet i Kvam herad. Samla kostnadsramme for Kvammapakken er sett til 440 mill. 2009-kroner. Om lag 90 % av finansieringa er bompengar, og resterande 10 % er fylkeskommunale midlar.

Arbeidet i 2015 omfattar restkostnadar av parsellen Norheimsund – Vikøy på Fv.49 og Nes – Skipadalen på Fv 7. Ein kan og kome i gang med gang- og sykkelvegprosjektet på Kvamskogen og på strekninga Skipadalen - Norheimsund i 2015. Delprosjekta Fv 7 Bosstippen og Skeianeset må ligge litt på vent fordi rassikringsprosjekta (Haukanesberget og Lussandberget) lenger inne i fjorden må takast først. Det er uråd å koordinere tidspunkt for gjennomgangstrafikk over ei såpass lang strekning.

Fylkesrådmannen set av 70 mill. kr i 2015, 100 mill. kr i 2016 og 73 mill. kr i 2017.

Fv 541/fv 542 – Bømlopakken (Bømlo kommune)

Bømlopakken er eit bompengeprojekt for å utbetra og trafikksikra deler av vegnettet i Bømlo kommune. Bompengainnkrevjinga starta då Trekantsambandet vart nedbetalt våren 2013. Det er sett opp bomstasjon på fv 542 Spissøy og det er bompengar på ferja Langevåg- Buavåg. Innkrevjinga starta opp 2. mai 2013 og innkrevjingsperioden vil vera 15 år.

Ein forventar full produksjon på prosjekta Stokkabekken – Siggjarvåg, Hestaneset – Tjong og Klubbo i 2015. Budsjettet for dei neste åra avheng av at reguleringsplan for Røyksund bru vert godkjent. Fylkesrådmannen vil koma nærare attende til prosjekta i Bømlopakken i tertialrapporten etter 1. tertial 2015.

Fylkesrådmann fører opp 230 mill. kr i 2015, 240 mill. kr i 2016, 250 mill. kr i 2017 og 110 mill. kr i 2018.

Fv 48 Tyssetunellen (Samnanger kommune)

Prosjektet avlastar Tysse sentrum for gjennomgangstrafikk og utbetrar og trafikksikrar vegen. I tillegg er det eit mål å utbetra tilhøva for gåande og syklende mellom den kommande tunellen og Frølandsvatnet. Prosjektet vart endeleg godkjent i fylkestinget i mars 2012 med eit kostnadsoverslag på 430 mill. 2011-kroner.

Prosjektet vert finansiert med fylkesvegmidlar i tillegg til forskottering på 100 mill. kr frå Samnanger kommune og lokale verksemder. Det er no klart at prosjektet kostar meir enn føresett og fylkesrådmannen viser her til tertialrapport etter 1. tertial 2014 til fylkestinget i juni 2014 med gjennomgang av kostnadsutviklinga for prosjektet. I tertialrapporten etter 2. tertial til fylkestinget i oktober 2014 er totalkostnaden rekna til 638 mill. kr i løpande kr.

Jamvel om ein justerer for prisomrekning frå 2011 og reknar inn auka sats for meirverdiavgift for veganlegg frå 2013, har prosjektet kostnadsoverskriding slik det er gjort greie for i den nemnde tertialrapporten.

Fylkesrådmannen vil koma nærare attende til dette i tertialrapporten etter 1. tertial 2015. Fylkesrådmannen legg til grunn at ein då har slutført tingingane med entreprenøren om kostnadene for tilleggsarbeid slik at ein har sikrere prognose for totalkostnaden for tunellprosjektet.

Storskaret – Arefjordpollen (Fjell kommune)

Tiltaket omfattar bygging av ca 1 km ny veg frå rv 555 ved Arefjorden til fv 209 ved Storskaret. Det er planlagt å byggje samanhengande gang- og sykkelveg samstundes. Tiltaket vert prosjektert etter reguleringsplan med unntak av kryssløysinga mellom fv 209 og rv 555. Sidan Sotrasambandet er planlagt bygd i området om få år, vert det prosjektert ei mellombels kryssløysing. Det er venta utlysning i hausten 2014 og oppstart av anlegget i 1. halvår 2015. I 2014 vert det brukt 7,6 mill. kr til prosjektering og grunnverv. Fylkesrådmannen set av 50 mill. kr i 2015 og dei resterande 100 mill. kr i 2016.

Fv 158 Grindavollen – Lepsøy (Os kommune)

Tiltaket omfattar utbetring av eksisterande veg og bygging av gang- og sykkelveg. Strekninga frå Grindavoll til Lepsøy bru er om lag 3,5 km lang og kan byggjast ut stegvis. Det er naturleg å dele strekninga inn i tre delar:

- Delstrekning 1: Grindavollen – Falkavegen (1,15 km)
- Delstrekning 2: frå Falkavegen – Blindasundet (1,2 km)
- Delstrekning 3: Blindasundet – Lepsøy bru (1 km).

Reguleringsplanen for strekninga Grindavollen – Blindasundet vart godkjent i 2013. På Lepsøy er det ein gamal reguleringsplan. Prosjektering og kostnadsoverslag for delstrekning 1 og 2 vert ferdig

hausten 2014. Det vil medføre store inngrep og kostnader på delstrekning 3 dersom det skal prosjekterast etter gammel reguleringsplan. Fylkesrådmannen foreslår difor i staden å prosjektere utbetningspunkt for delstrekning 3.

Utbygging av heile strekninga på vel 3,5 km vil koste meir enn vedteken ramme på 71 mill. kr. Det må takast stilling til kva som skal byggast på dei tre delstrekningane før utlysning. I 2014 ser det ut til å verta brukt 5,4 mill. kr på prosjektet. Fylkesrådmannen set av 30 mill. kr i 2015 og dei resterande 36 mill. kr i 2016.

Fv 122- Venjanaset – Strandvik (Fusa kommune)

Tiltaket er utbetring av eksisterande veg med etablering av ny gang- og sykkelveg. Parsellen er 2,3 km lang og er siste del av opprustinga av strekninga Venjanaset – Strandvik. Dette vil gje god standard på heile strekninga Venjanaset – Strandvik på vel 11 km.

Fylkestinget godkjente i 2007 ei forskotering frå Fusa kommune, Fusa kraftlag og Frank Mohn Fusa AS på 15 mill. kr til dette tiltaket. Overslag viser at dei totale kostnadane i prosjektet er 66 mill. kr. Totalt er det venta å bruke 26 mill. kr i 2014, og fylkesrådmannen fører opp resten av løyvinga på 38 mill. kr i 2015.

Hauglandspakken Sveio – Buavåg (Sveio kommune)

Utbetring av fv 6 Sveio-Buavåg ligg inne i Hauglandspakken. Tiltaket inneber utbetring av vegstrekning mellom Sveio og Buavåg. Sveio kommune har stått for utarbeiding av reguleringsplan for prosjektet. Det er komen klage på reguleringsplanen som no vert behandla av Fylkesmannen. Nytt kostnadsanslag viser at tiltaket kjem på 29 mill. kr.

På grunn av at det har teke tid med å få fram godkjent reguleringsplan har prosjektet stadig vorte utsett. Ein reknar med oppstart hausten 2014 og ferdigstilling i november 2015. Venta forbruk er 4 mill. kr i 2014. Fylkesrådmannen fører opp 20 mill. kr i 2015 og 5 mill. kr i 2016.

Fv 567 Hosanger sentrum (Osterøy kommune)

Føremålet med prosjektet er å avlaste Hosanger sentrum for gjennomgangstrafikk og utbetra/trafikksikra vegen og ei bru. Det vart gjort kostnadsoverslag for tiltaket i 2013 og kostnaden er sett til 45,3 mill. kr. I 2013 vart det brukt 2,3 mill. kr

og i 2014 ser det ut til å gå med vel 6 mill. kr. Fylkesrådmannen fører opp restløyving på 38 mill. kr i 2015.

Fv 49 – Uggdal – Uggdalseidet (Tysnes kommune)

Tiltaket gjeld bygging av ny gang- og sykkelveg på ei strekning på til saman 2 km. Samstundes vert gjort nokre utbetringar på vegen. Nytt kostnadsoverslag viser at tiltaket vil koste 34 mill. kr. Det vart brukt 2,8 mill. kr i 2013. Tiltaket kom seint i gang i 2014 så det er venta eit forbruk på 12 mill. kr. Fylkesrådmannen set opp dei resterande 19,5 mill. kr i 2015 for å slutføre arbeidet.

Fv 545 Stord vestsida (Stord og Fitjar kommunar)

Stortinget godkjende i september 2012 å utvida bompengordninga på ferjestrekninga Halhjem – Sandvikvåg med to år. Totalramma for prosjektet var på 59 mill. kr. Etter at tiltaket Fitjar – Rimbareid er gjennomført er dei resterande midlane på til saman 49,3 mill. kr. Dette er ikkje nok til å realisere resten av dei planlagde tiltaka. Fylkestinget vedtok i juni 2014, sak 29 Bompengepakke Stord vestsida – søknad om forlenga innkrevingsperiode å søkja om utvida innkrevjingstid med to år. Det er venta vedtak i Stortinget hausten 2014. Dersom søknaden vert godkjent vil ein kunne gjennomføre alle dei prioriterte tiltaka. I tillegg er det mogleg å gjennomføre eit ekstra tiltak til i Sagvåg.


Førebels set fylkesrådmannen av 15,5 mill. kr til å ferdigstille Sagvåg bru og til prosjektering og grunnerverv på strekninga Rimbareid – Vik i 2015. Det er ført opp 35,5 mill. kr i 2016 ut frå det som var ført opp i tidlegare budsjett, men fylkesrådmannen kjem nærare attende til budsjettet for desse tiltaka etter at saka er handsama i Stortinget.

Askøypakken (Askøy kommune)

Askøypakken vart vedteken i Stortinget 27. september 2013 i Prop. 197 S (2012-2013) Delvis bompengefinansiering av Askøypakken. Finansieringsplanen omfattar eit kostnadsoverslag på 1 540 mill. kr der fylkeskommunen dekkjer 420 mill. kr og bompengar utgjør 1 120 mill. kr.

Fylkestinget vedtok i mars 2014 å avvikla ordninga med forskottering frå Askøy kommune. Opplegget for finansieringa vert etter dette forenkla og delt mellom bompengar og fylkeskommunale midlar i samsvar med det som er nemnt ovanfor.

Framdriftsplan for Askøypakken er som følger:



I 2015 er det i hovudsak prosjektering, grunnerverv og riving av hus som er planlagt. Det er forventa oppstart på Fv 563 Strømsnes – Hop og Fv 562 Slettebrekka i 2015 og full produksjon i 2016. I 2016 er det venta oppstart av Fv 213 Marikoven – Skiftesvik og Fv 562 Fromreide – Kjerrgarden. Kollektivtiltak og eventuelle andre tiltak kan starte frå 2016.

Fylkesrådmann fører opp 44 mill. kr i 2015, 236 mill. kr i 2016, 351 mill. kr i 2017 og 255 mill. kr i 2018.

Kollektivterminal Voss (Voss kommune)

Ei planleggingsgruppe med m.a Jernbaneverket, Rom Eigedom, Voss kommune, private aktørar og Statens vegvesen har arbeidd fram planar for stasjonsområdet på Voss. Det føreligg godkjent reguleringsplan for ein kollektivterminal for bussar knytt opp mot jernbanen. Det er lagt opp til at det skal vere ei kostnadsdeling 50/50 mellom riksvegvar(stat) og fylkeskommunen. Staten har budsjettert totalt 15 mill. kr fordelt på åra 2017 (1 mill. kr) og 2018 (14 mill. kr). Prosjektering av tiltaket foregår i 2014 og vil verte ferdig om lag februar 2015. Kostnadsoverslaget vert klart tidleg 2015. Prosjektet må avklarast med samarbeidspartar så utlysing og byggestart kan truleg skje først hausten 2015. Før kostnadsoverslaget er klart budsjetterer ein ut frå at staten har løyvd totalt 15 mill. kr og at fylkeskommunen etter avtale skal bidra med tilsvarande.

I 2014 går det med 1,2 mill. kr til prosjektering. Fylkesrådmannen set av 2 mill. kr i 2015 og dei resterande 12 mill. kr i 2016 til bygging. Dette føreset at staten kjem inn samstundes med sine midlar og då framskundar prosjektet i handlingsprogrammet for NTP.

Rundkøyning Florvåg (Askøy kommune)

Det er eit rekkefølgekrav i reguleringsplan for Florvåg om å bygge ei rundkøyning på fylkesvegen som kryssløysing til industriområdet tilhøyrande Frank Mohn AS. Rundkøyninga er kostnadsrekna til om lag 30 mill. kr. Frank Mohn AS gjev tilskot til utbygginga på 25 mill. kr og fylkeskommunen dekker dei resterande 5 mill. kr. I 2014 vert det brukt 18 mill. kr og fylkesrådmannen fører opp restsummen på 12 mill. kr i 2015.

Fv 315 Undergang Ringheimsvegen (Voss kommune)

Prosjektet inneber å byggje ein undergang under jernbana på Ringheimsvegen. Dette vil betre framkome og gjere det meir trafikksikkert for gåande og syklende i sentrum. Nytt kostnadsoverslag var 17 mill. kr. Tilbod som kom inn før sommaren 2014 var på vel 27 mill. kr. Det vert no forhandla med entreprenør, og tiltaket vart utsett som følge av at vi ikkje rakk siste togfri helg på hausten. Fylkesrådmannen set av 20 mill. kr i 2015 til å gjennomføre tiltaket.

Programområde utanom Bergen

Til programområda er det sett av 98 mill. kr i 2015. For 2016 fører fylkesrådmannen opp 95 mill. kr. I 2017 er det sett av 98 mill. kr og i 2018 er det ført opp 100 mill. kr.

Til fylkestinget i desember vil det liggja føre forslag til fordeling av midlane i programområda på aktuelle tiltak. Dette vert gjort for at vegvesenet så tidleg som råd skal få oversyn over kva tiltak som skal gjennomførast.

Standardhevingstiltak

Denne budsjettposten kom til i budsjettet for 2014 som følgje av løyvinga i Nasjonal transportplan til fornying og opprusting av fylkesvegnettet. Det er stort behov for tyngre vedlikehald av vegnettet slik at forfallet ikkje held fram med å auka.

For 2015 er det budsjettert med 86 mill. kr. Summen til standardhevingstiltak foreslår fylkesrådmannen å auka utover i perioden med 104 mill. kr i 2016, 120 mill. kr i 2017 og 150 mill. kr i 2018.

Rassikringstiltak

Prosjekta på denne budsjettposten vert finansiert innafor den statlege tilskotsordninga for rassikring av fylkesvegane jf. fylkestingsak 65/13. For planperioden 2014 – 2017 har fylkeskommunen fått tilsegn på i alt 308 mill. 2014-kr ekskl. mva.

Tabell over prioriterte rassikringsprosjekt (tal i 1000 kr):

F.v nr	Prosjekt	Kommune	Budsj. 2015	Øk.plan 2016	Øk.plan 2017	Øk.plan 2018
572	Eddagjelet	Ulvik	1 000			
7	Haukanesberget	Granvin	104 000	5 000		
7	Lussandberget	Granvin	150 000	138 000	5 000	
	Div. mindre tiltak		3 800	4 000	4 000	4 000
	Sum		258 800	147 000	9 000	4 000

Fv 572 Eddagjelet/Torgilsberget (Ulvik herad)

Arbeidet med rassikring av Eddagjelet var ferdig hausten 2013. Det er kome krav om nytt radiobygg på utsida av tunnelen i samband med nytt nødnett. Det vert budsjettert med 1 mill. kr i 2015.

2014 og fylkesrådmannen reknar med oppstart tidleg i januar 2015 og to års byggetid. Førrebels fører ein opp 150 mill. kr i 2015 og 138 mill. kr i 2016 og restløyving på 5 mill. kr i 2017. Budsjettet må evt justerast når anboda kjem inn.

Fv 7 Haukanesberget (Granvin herad)

Rassikringstiltaket forbi Haukanesberget omfattar ein tunnel på 1360 m og ca 940m veg i dagen. Samla kostnad for tiltaket er rekna til ca. 273 mill.kr. Arbeidet starta opp hausten 2013 og det er rekna to års byggetid. Det er lagt opp til opning av ny veg seinhaustes 2015. I budsjettet for 2015 vert det ført opp 104 mill. kr og restkostnad/sluttkostnad på ca 5 mill. kr i 2016.

Div. mindre rassikringstiltak

Denne posten skal dekke kostnadene med sikring av mindre raspunkt på heile fylkesvegnettet i Hordaland. Ofte oppdagar ein mindre raspunkt når vegen vert rydda etter mindre nedfall stein på vegen. Dette kan ordnast med små midlar. Det vert ført opp 3,8 mill. kr i 2015 og 4 mill. kr kvart år vidare i økonomiplanperioden.

Fv 7 Lussandberget (Granvin herad)

Prosjektet omfattar bygging av ein tunnel på 1565 m med tunnelprofil T8,5, dvs 8,5 meter breidde, og ca 865 meter veg i dagen inkl ei bru på 86 meter vest for Lussand. Det er vert ikkje bygd gang og sykkelveg gjennom tunnelen. Gang og sykkelvegen vert på gamlevegen og denne vert stengt om vinteren. Tiltaket vart lyst ut som totalentreprise våren 2014 og det kom inn to anbod. Av formelle grunnar vart begge anboda forkasta, jfr sak 107/14 til fylkesutvalet. Tiltaket vart lyst ut på nytt i september

Budsjettpost for rebudsjettering

I samband med handsaming av tertialrapporten etter 2. tertial i 2013 – på fylkestinget i oktober 2013 - fekk fylkesrådmannen følgjande fullmakter til å gjere justeringar på vegbudsjettet:

- Fylkesrådmannen får fullmakt til å omdisponera mellom prosjekt innanfor dei enkelte programområda slik dei går fram av plan- og byggeprogrammet.

- Fylkesrådmannen får fullmakt til å disponera avsett sum til rebudsjettering på investeringsbudsjettet for fylkesvegane

Fylkesrådmannen fører i budsjettet for 2015 opp 10 mill. kr på budsjettpost for rebudsjettering. Denne summen skal nyttast for å avslutta prosjekt med meirforbruk – i dei tilfelle der salderingsordninga innanfor programområda ikkje er tilstrekkeleg, og ved avslutting av prosjekt utanom programområda.

For veginvesteringane gjer den store mengda prosjekt behovet for budsjettendringar omfattande. I Hordaland er det om lag 310 store og små investeringsprosjekt på fylkesvegane. Det har vist seg at framdrifta for prosjekta i ein del tilfelle ikkje samsvarar med planane. Dette kan skuldast reguleringsmessige tilhøve, problem med grunnnerv og endringar elles som kjem fram i detaljplanlegginga.

Siktemålet med å sette av ein pott til rebudsjettering er å unngå at fylkestinget må ta stilling til ei rekkje budsjettendringar av mindre prosjekt. Fylkesrådmannen understrekar at fylkestinget skal få informasjon om større prosjekt gjennom tertialrapportar på vanleg måte.

Belønningstilskot/bymiljøavtalar

Ordninga med belønningstilskot går ut inneverande år. Det er såleis ikkje budsjettert med midlar frå denne ordninga for 2015 og åra vidare.

I staden for ordninga med belønningstilskot er det no ei ordning med bymiljøavtalar. Avtalane kan inngåast mellom dei største byområda i landet og staten. Arbeid for å avklara innhald og utforming av bymiljøavtalesøknad for bergensområdet er starta. Fylkesrådmannen vil koma attende til dette også i budsjettsamanheng.

Finansiering

Prosjekt med bompengefinansiering i 2015-budsjettet er desse (tal i 1000-kr) :

Prosjekt finansiert med bompengar i 2015	Sum bompengar
Bybanen. Byggjesteg 2	5 000
Bybanen. Byggjesteg 3	1 363 000
Ringvei vest. Byggjesteg 2	115 000
Programområde Bergens-programmet	56 000
Kvammapakken	30 000
Bømlopakken	180 000
Haugalandspakken	14 000
Stord vestside	14 000
Askøypakken	38 000
Sum bompengar	1 815 000

Andre eksterne finansieringsformer er forskotteringar frå kommunar og tilskot frå stat og kommunar. Til saman utgjer desse andre eksterne finansieringskjeldene 290,9 mill. kr i 2015. Samla finansieringsinntekter frå eksterne kjelder er dermed 2 105,9 mill. kr.

Eigne midlar medrekna fylkeskommunale lån utgjer 950,2 mill. kr i 2015. Samla investeringsutgifter til fylkesvegar og Bybanen er dermed på 3 056,1 mill. kr i forslaget for 2015. Tabellen på neste side gjev oversyn over dei ulike finansieringsformene fordelt på prosjekt.

Heile tusen kr i løpande prisar

	Budsjett 2015	Øk.plan 2016	Øk.plan 2017	Øk.plan 2018
Investeringsinntekter				
Bompengar:				
Bybanen. Byggjesteg 2	5 000			
Bybanen. Byggjesteg 3	1 363 000	286 000	100 000	
Ringvei vest. Byggjesteg 2	115 000	62 000	43 000	
Programområde i Bergensprogrammet	56 000			
Kvamppakken	30 000	70 000	60 000	
Bømlopakken	180 000	190 000	200 000	80 000
Haugalandspakken	14 000	3 900		
Stord vestsida	14 000	28 600		
Askøypakken	38 000	174 000	287 000	164 000
Sum bompengar	1 815 000	814 500	690 000	244 000
Forskottering kommunar:				
Venjaneset–Strandvik	2 300			
Åsamyrvegen	15 000			
Sum forskottering kommunar	17 300			
Tilskot:				
Åsamyrveien (tilskot frå eksterne)	9 000			
Fleslandsveien	9 500			
Programområde i Bergensprogrammet	16 000			
Bømlopakken	3 000	3 000	3 000	3 000
Hosanger sentrum	1 000			
Rundkøyning Askøy	10 000			
Programområde utanom Bergen	1 000			
Standardhevingstilskot	5 000			
Sum tilskot	54 500	3 000	3 000	3 000
Statstilskot, rassikring:				
Trefallstrand/Oddaneset, Vaksdal	900			
Haukanesberget, Granvin	88 000	4 300		
Lussandberget, Granvin	127 000	117 000	4 300	
Diverse rassikringstiltak	3 200	3 400	3 400	3 400
Sum statstilskot, rassikring	219 100	124 700	7 700	3 400
Sum investeringsinntekter	2 105 900	942 200	700 700	250 400
Netto investeringsutgifter (eigne midlar)	950 200	925 300	763 500	758 900
Brutto investeringar fylkesvegar/Bybanen	3 056 100	1 867 500	1 464 200	1 009 300

Refusjonar

Tabellen nedanfor viser fylkesrådmannen sitt forslag til refusjon av forskotteringar i komande periode. I 2015 er det lagt opp til refusjonar på 44 mill. kr. For 2016 er det ført opp 75 mill. kr, i 2017 90 mill. kr. og i 2018 76 mill. kr.

Forskottert av	Veg nr.	Prosjekt	Vedtekne forskot pr 31.08.14	Rest å ref. inkl ikkje rekv 31.08.14	2015	2016	2017	2018	Etter 2018
Askøy									
Askøy kommune	562	Haugland, Fauskanger, Juvik	5 500	5 000	5 000				-
Askøy kommune	562	Fauskanger	3 000	3 000					3 000
Adams Express/Block Watne	212	Follese skole, trafikkisikring	15 000	15 000					15 000
Askøy kommune	212	Hetlevik	15 000	15 000					15 000
Askøy kommune	223	Mjøkeviksvarden-Skansen (Herda bru)	2 900	2 900					2 900
Austevoll									
Austevoll kommune	546	Ny veg på Hundvåkøy	1 000	1 000					1 000
Austrheim									
Austrheim kommune	565	Årås - Heiane	2 000	2 000	2 000				
Austrheim kommune	565	Veg til Vardetangen	1 800	1 800				1 800	
Bergen									
Bergen Kommune	188	Sædalsvegen	87 500	42 900	15 000	15 000	12 900		
Orion Prosjekt/ Walde utbygging AS	197	Håkonshellavegen	6 000	6 000					6 000
Coop Åsane Eiendom AS		4-feltsveg Åsamyrane-Nyborgkrysset	15 000	15 000					15 000
Bømlo									
Bømlo kommune	14	Stavland	774	774					774
Bømlo kommune	18	Laurhamar - Urangskjosen	1 200	1 200					1 200
Etne									
Etne kommune	34	Skånevik kai - Idrettsanlegget	15 000	15 000					15 000
Fitjar									
Midtfjellet vindmøllepark	545	Rimbareid - Fitjar sentrum	10 000	10 000					10 000
Fjell									
Fjell kommune	559	Fjell - Ulveset	14 000	9 000	5 000				4 000
Fjell kommune	561	Kryss Fjæreidevegen	5 000	5 000					5 000
Fjell kommune	209	Foldnes - Våge	6 000	4 000	2 000	2 000			
Fusa									
Fusa kommune	122	Fusa - Strandvik I	15 000	13 000	3 000		10 000		-
Fusa kommune	122	Fusa - Strandvik II	3 000	3 000			600	2 400	
Fusa kommune	122	Fusa - Strandvik III	3 000	3 000				3 000	
Fusa kommune	125	Holmefjord - Holsund	1 400	1 400					1 400
Frank Mohn Fusa AS	552	Gangveg Venjaneset	3 500	3 500					3 500
Fusa Kraft/Frank Mohn	48	Moshovdatunnelen	70 000	70 000	5 000			40 000	25 000
Fusa Kraftlag m. fl.	122	Fusa - Kryss veg Skjørsand kai	15 000	15 000					15 000
Fusa Kraftlag m. fl.	122	Skjørsand - Skåte	15 000	15 000					15 000
Kvinnherad									
Kvinnherad kommune	48	G&s-veg Sandvoll	5 000	5 000					5 000

Forskottert av	Veg nr.	Prosjekt	Vedtekne forskot pr 31.08.14	Rest å ref. inkl ikkje rekv 31.08.14	2015	2016	2017	2018	Etter 2018
Kvinnherad kommune	48	Erslandsmarka	5 000	5 000					5 000
Kvinnherad kommune	551	Austrepollen - Løfallstrand	1 500	1 500					1 500
Fusa Kraft,Fusa k, Frank Mohn Fusa	551	Austrepollen - Løfallstrand	4 000	4 000					4 000
Kvinnherad kommune	544	Tofte - Ranavik	37 000	37 000					37 000
Lindås									
Lindås kommune	565	Isdalstø - Alver	9 000	9 000					9 000
Lindås k. og 28 verksemder	57	Espeland-Herland	70 000	70 000	5 000	33 000	32 000		
Meland									
Meland kommune	564	Fløksand - Orrhøyen	6 500	2 000	2 000				
Frank Mohn AS	564	Dalstø - Mjåtveit	25 000	25 000					25 000
Modalen									
Modalen/Voss/Vaksdal/BK K	313/344	FV 313 OG FV 344	10 000	10 000					10 000
Modalen/Voss/Vaksdal/BK K	313/344	FV 313 OG FV 344 - II	1 300	1 300					1 300
Os									
Os kommune	158	Opprusting FV 158 Thuen	4 500	4 500			4 500	-	
Os kommune	158	Opprusting Fv 158 Thuen 2	2 000	2 000			2 000	-	
Os kommune	161	Kalvatræ	500	500			500	-	
Os kommune	160	Ulven leir-Hjorthaug, gs, opprust.	10 000	10 000					10 000
Radøy									
Radøy kommune	409	Opprusting Lundsåsen	2 500	2 500			2 500	-	
Samnanger									
Samnanger kommune m.fl.	48	Tunnel bak Tysse	100 000	100 000		25 000	25 000	25 000	25 000
Stord									
Stord kommune	70	Jensanesvegen	15 000	15 000					15 000
Sund									
BKK/Sund kommune	202	Veg til Telavåg	15 000	15 000					15 000
Sund kommune	555	Hammersland - Kjørelen	15 000	15 000					15 000
Tysnes									
Tysnes kommune	78	Hodnanes - Nedrevåge	4 000	4 000				4 000	
Ulvik									
Ulvik herad	572	Opprusting Holven - Ulvik	5 500	5 500					5 500
Vaksdal									
Vaksdal, Modalen	569	Stamnes - Eidslandet	11 100	6 100					6 100
Voss									
Voss kommune	315	Bavallsvegen	14 000	14 000					14 000
Voss kommune	310	Bordalsvegen	7 750	7 750					7 750
Sum			713 724	650 124	44 000	75 000	90 000	76 200	364 924

Kultur

Restaurering av verneverdige bygg og anlegg i fylkeskommunal eige.

Løyvinga på denne posten har gått til restaurering av bygg på Stend og Valen.

I 2015 vert det ei oppfølging av arbeidet som er i prosess med bygg og hage.

I hovudhuset på Stend skal restaureringsarbeidet vidareførast med ein ferdigstilling av arbeidet med Riddersalen. Lerretstapeta som er restaurert av NIKU, Norsk institutt for kulturminneforskning, er remontert på nye blindrammer, og treng ny innramming.

På hovudhuset er det også trong for takreperasjon. Det vert eit omfattande arbeid, og ein må få utgreia om det kan gjerast i etappar.

I prosjektet "Hagen på Stend", Jfr fylkesutvalsak 228/10, har ein gjennomført eit omfattande forprosjekt med fleire komponentar på grunnlag av dei internasjonale retningslinene i Firenze-charteret av 1982 som gjeld for arbeid med historiske hagar.

På grunnlag av dei ulike rapportane i forprosjektet, er det utarbeidd ein plan for det vidare arbeidet med hagen av Universitetet for miljø- og biovitenskap ved institutt for landskapsplanlegging. Realiseringa av fase ein i planen er i gong, med oppbygging av kvartera mellom hovudhuset og Fana-

vegen, med drenering av området og anlegg av gangveggar.

Neste steg i prosjektet er ein planteplan for anlegget, og ut frå den vert det arbeid i marka med formering av historiske plantar og framdyrking av stiklingar til hekk, for å få det historisk riktige plantematerialet til hageanlegget.

Det historiske drivhuset frå 1908 er sjeldan i norsk samanheng, og har verdi som gartnerhistorisk minnesmerke, i tillegg til at det er tenkt nytta i samband med hageanlegget. Drivhuset er i dårleg tilstand, men det er framleis intakte originaldelar, som ein ønskjer å berga.

På Stend stasjon held arbeidet med antikvarisk istandsetting av vindauga fram. Bærebjelken til takutstikket på nordsida av stasjonen er roten, og må skiftast ut.

På Valen har ein fått utarbeidd ein restaureringsplan for det eldste kraftverket, og sett i gang arbeid med å reparera taket. Det vert utarbeida planar for vidare restaurering av bygningen. Det er eit godt grunnlag for formidling av energihistoria med tre generasjonar av kraftstasjonar på rad.

For å halda fram arbeidet med dei nemnde prosjekta, har fylkesrådmannen framlegg om ei løyving på posten på 3 mill. kvart år i økonomiplanperioden 2015 til 2018.

Driftsbudsjett Årsbudsjett 2015

Politiske organ og administrasjon

Tal i heile 1000 kr

			Budsjett 2014	Budsjett 2015	Endring %
400	Politisk styring	Brutto driftsutgifter	24 774	27 962	12,9 %
		Driftsinntekter			
		Netto driftsutgifter	24 774	27 962	12,9 %
410	Kontroll og revisjon	Brutto driftsutgifter	7 725	7 878	2,0 %
		Driftsinntekter	-2 382	-2 210	-7,2 %
		Netto driftsutgifter	5 343	5 668	6,1 %
420	Administrasjon	Brutto driftsutgifter	209 201	210 627	0,7 %
		Driftsinntekter	-5 261	-5 248	-0,2 %
		Netto driftsutgifter	203 940	205 379	0,7 %
421	Eigedomsforvaltning	Brutto driftsutgifter	26 334	27 795	5,5 %
		Driftsinntekter	-3 000	-4 000	33,3 %
		Netto driftsutgifter	23 334	23 795	2,0 %
430	Administrasjonslokale	Brutto driftsutgifter	21 885	23 192	6,0 %
		Driftsinntekter	-2 500	-2 300	-8,0 %
		Netto driftsutgifter	19 385	20 892	7,8 %
		Sum brutto driftsutgifter	289 919	297 454	2,6 %
		Sum driftsinntekter	-13 143	-13 758	4,7 %
		Sum netto driftsutgifter	276 776	283 696	2,5 %

Samandrag

Det er relativt små endringar i utgiftene på dette området frå 2014 til 2015.

Politisk styring

Det er ført opp 2 mill. kr til gjennomføring av fylkestingsval i 2015. Dette er hovudforklaringa på utgiftsveksten frå 2014 til 2015. Elles viser rekneskapstala frå 2013 at det er behov for ei viss styrking av budsjetta for dei faste utvala.

Kontroll og revisjon

Sekretariatet for kontrollutvalet har sagt opp avtalen med Forum for Kontroll og Tilsyn. Dette gjev ein liten nedgang i inntektene.

Administrasjon

Det er budsjettert med redusert stillingstal ved Organisasjonsavdelinga. Budsjettet for funksjon 420 Administrasjon er nesten uendra nominelt frå 2014.

Som tidlegare år er det ført opp eit sparekrav på 5 mill. kr for fylkesadministrasjonen. Ein reknar med at denne summen vil kunne sparast inn ved vakan-sar som oppstår gjennom året.

Utgiftene til administrasjonslokale viser noko auke. Dette skuldast auka leigeutgifter (Wigandgården) kombinert med ei viss nedjustering av leigeinntektene.

400 Politisk styring

Brutto driftsutgifter	Budsjett 2014	Budsjett 2015	Endring %
Fylkesting	8 355	8 900	6,5 %
Fylkesutval	4 000	3 850	-3,8 %
Ymse møter, utval og råd	800	900	12,5 %
Kultur og ressursutvalet	1 100	1 250	13,6 %
Opplærings- og helseutvalet	1 100	1 250	13,6 %
Samferdselsutvalet	1 300	1 450	11,5 %
Frikjøp av representantar	2 197	2 274	3,5 %
Stønad til politiske parti	5 299	5 443	2,7 %
Tilskot til opposisjonsgrupper	623	645	3,5 %
Val		2 000	
Sum brutto driftsutgifter	24 774	27 962	12,9 %
Sum driftsinntekter			
Sum netto driftsutgifter	24 774	27 962	12,9 %

Det er ført opp 2 mill. kr til gjennomføring av fylkestingsval i 2015. Dette er hovudforklaringa på utgiftsveksten frå 2014 til 2015. Elles viser rekneskapstala frå 2013 at det er behov for ei viss styrking av budsjetta for Kultur- og ressursutvalet, Opplærings- og helseutvalet og Samferdselsutvalet.

Frikjøp av fylkestingsrepresentantar

I 2014 vart frikjøpsbeløpet fastsett til kr 39 940 pr. representant. Ved reglementsrevisjonen i fylkestingsak 42/07 vart det bestemt at beløpet pr. fylkestingsrepresentant skal regulerast i samsvar med tariffjusteringar.

I budsjettarbeidet har ein førebels lagt til grunn ein lønsvekst frå 2014 til 2015 på 3,5%. Oppjustert med denne prosentsatsen vert frikjøpsbeløpet kr 41.340. Summen for 55 representantar utgjer då kr 2 274 000.

Stønad til fylkestingsgruppene

Dei politiske partia sine grupper i fylkestinget får ein årleg sum som dei kan disponere til arbeidet sitt.

Frå 2007 har ein regulert stønadssatsane med same prosentsats som statsbudsjettet nyttar for løns- og prisvekst i kommunesektoren (kommunal deflator).

I 2014 vart det nytta følgjande satsar:

Stønad til fylkestingsgruppene	kr 73 680
Stønad pr. representant	kr 41 370

Om ein justerer opp beløpa med 2,7 % i 2015, får ein følgjande satsar:

Grunnstønad	kr 75 670
Stønad pr. representant	kr 42 490

Stemmestøtte

I 2014 vart det budsjettert med kr 2 278 000 til stemmestøtte. Om ein justerer opp summen med 2,7 % i 2015, får ein kr 2 340 000.

Fylkesutvalet gjorde i sak 57/92 vedtak om at summen skulle delast på dei politiske partia som var representerte i fylkestinget.

Tilskot til opposisjonsgruppene

I fylkestingsak 75/11 vart det innført eit tilskot til opposisjonsgruppene innanfor ei ramme på kr 600.000. Kr 30.000 skulle gå til støtte til kvar gruppe i opposisjonen, og resten skulle fordelast i høve til talet representantar.

Fylkesrådmannen legg til grunn at beløpa vert justert i samsvar med forventa lønsvekst. I 2015 fører ein opp eit samla tilskot på kr 645 000. Grunntilskotet til kvar opposisjonsgruppe vert kr 32 000.

410 Kontroll og revisjon

Brutto driftsutgifter	Budsjett 2014	Budsjett 2015	Endring %
Sekretariat for kontrollutvalet	4 087	4 207	2,9 %
Kontrollutvalet	1 097	1 114	1,5 %
Ekstern revisor	2 541	2 557	0,6 %
Sum brutto driftsutgifter	7 725	7 878	2,0 %
Sum driftsinntekter	-2 382	-2 210	-7,2 %
Sum netto driftsutgifter	5 343	5 668	6,1 %

Denne funksjonen omfattar kontrollutvalet, ekstern revisor (Deloitte) og sekretariat for kontrollutvalet.

Sekretariat for kontrollutvalet 5 stillingar. Ein har avtale med 17 kommunar om å vere sekretariat for deira kontrollutval. I tillegg har ein avtale med Forum for Kontroll og Tilsyn. Denne avtalen er sagt opp med verknad frå 01.07.2015.

Kontrollutvalet har behov for noko midlar i reserve dersom det dukkar opp saker som gjer det nødvendig å setje i verk forvaltningsrevisjon utanom den oppsette planen. I budsjettforslaget for 2015 er det ført opp 0,5 mill. kr til kjøp av tenester.

Avtalen med Deloitte AS gjeld fram til 30.06.2016, med høve til å forlengje avtalen med 2 år.

Budsjettforslaget er i samsvar med det som vart tilrådd av kontrollutvalet i sak 77/14.

420 Administrasjon

Økonomiavdelinga og organisasjonsavdelinga vert i hovudsak definerte som administrasjon. Ved dei andre avdelingane er det berre nokre stillingar som kjem inn under definisjonen administrasjon, medan dei fleste stillingane høyrer til under andre funksjonar.

Økonomiavdelinga

Det vert budsjettert med følgjande stillingar:

Økonomidirektør / budsjettseksj.	7	årsverk
Fylkeskasseraren	16	"
Innkjøpsseksjonen	12	"

Utgiftene for ei stilling ved Innkjøpsseksjonen blir refundert frå Nasjonal Digital Læringsarena (NDLA).

Eigedomsseksjonen vert budsjettert under kostrafunksjon: 421 Eigedomsforvaltning.

Organisasjonsavdelinga

Fylkeskommunen må vere budd endringar i oppgåvefordelinga mellom staten, fylkeskommunane og kommunane. Det er viktig å ligge i forkant av denne utviklinga. Ei sentral målsetjing for organisasjonsavdelinga er derfor å utvikle og effektivisere HFK gjennom å fremme endringskultur og sikre god gjennomføring av omstillingsprosessar i organisasjonen.

Arbeid med omstilling generelt og skolebruksplanen spesielt vil ta ein god del av ressursane til personalseksjonen i 2015.

Avdelinga vil arbeide for å styrke omdømet til HFK ved ei meir synleg og positiv profilering av HFK sine aktivitetar og tenestetilbod.

Ei av organisasjonsavdelinga sine hovudmålsetjingar er å styrke e-forvaltninga i HFK. Fylkeskommunen må innan 01.01.16 ha knytt seg til bruk av eit register for utsending av elektronisk svar til innbyggjarane. Det er sett ned ei prosjektgruppe som skal jobbe med dette.

I løpet av 2015 og 2016 skal sak- og arkivsystemet ePhorte implementerast på alle vidaregåande skular og i alle tannhelsedistrikt.

Organisasjonsavdelinga har jobba målretta med å effektivisere drifta og har redusert talet på årsverk med 5,9. Dette har skjedd ved naturleg avgang og gjennom effektivisering og omfordeling av arbeidsoppgåver.

Det er budsjettert med følgjande stillingar:

Stab	4,0	årsverk
Personalseksjonen	19,0	"
Info- og servicesenter	3,5	"
HMT-seksjonen	6,0	"
IT-seksjonen	31,5	"
Kommunikasjonsseksjonen	10,0	"
Administrasjonsseksjonen	17,0	"
Totalt	91,0	"

Regionalavdelinga

I 2015 er det budsjettert med 57 faste stillingar. Stillingane fordeler seg slik etter kostra-funksjonar:

420 Administrasjon	12,0	årsverk
705 Næring	14,0	årsverk
715 Lokal og regional. utv.	31,0	årsverk

I tillegg er det budsjettert med 5,5 prosjektstillingar, finansiert over eigne budsjettpostar: Regionalt forskingsfond (1 årsverk), VRI (1 årsverk), RUP (1 årsverk), Bergensområdeplan (1 årsverk), LUK (1 årsverk) og LivOGLyst (0,5 årsverk).

Samferdselsavdelinga

Samferdselsavdelinga er inndelt i tre seksjonar; Vegseksjonen, Transportplanseksjonen og Forvaltningseksjonen. I tillegg kjem Skyss.

I samband med forvaltningsreforma vart arbeidsområdet og -omfanget til avdelinga vesentleg utvida.

Det vert budsjettert med 25 stillingar i 2015, det same som i 2014.

Kultur- og idrettsavdelinga

9,2 årsverk er i 2015 budsjetterte under funksjon 420. Dette er det same som i 2014.

Tannhelseavdelinga

Det er budsjettert med 9 årsverk på tannhelseavdelinga.

Opplæringsavdelinga

Opplæringsavdelinga består av dei 4 seksjonane fellestenester, skule, fagopplæring og ot/ppt. Totalt er det om lag 140 årsverk på dei 4 seksjonane. 10 av årsverka på avdelinga er av ein slik karakter at dei høyrer heime under funksjon 420 Administrasjon.

Fellesutgifter fylkesrådmannen (kontingentar m.m.)

Der er ført opp 8,3 mill. kr til kontingentar. KS-kontingenten er på 7,9 mill. kr. Andre kontingentar gjeld Conference of Peripheral Maritime Regions of Europe, Norsk Gassforum, Transparency International, Rassikringsgruppa, Kraftfylke-kontingent og Landssamanslutninga av nynorsk kommunar.

Partane i kommunal sektor oppretta i 2002 ei "OU-ordning" (Opplæring- og utviklingsordning). KS administrerer ordninga. Finansieringa er delt med 1/3 på arbeidstakar- og 2/3 på arbeidsgjevarsida.

Fylkeskommunen (arbeidsgjevar) sin del av kostnaden er rekna å utgjera om lag 2,4 mill. kr.

Det er ført opp tilskot på 1 mill. kr til Vest Noregs Brusselkontor.

Det er teikna styreansvarsforsikring. Premien er ca. kr 70 000 pr. år.

Til representasjon og gåver er det ført opp kr 975 000. Innanfor denne summen er det meininga at ein også skal finne rom for passande gåver når skolar og institusjonar markerer jubileum.

Til bedriftsidrettslaget Hordane er det budsjettert med tilskot på kr 75 000.

Det er ført opp ein negativ sum på 5 mill. kr som eit sparekrav for fylkesadministrasjonen. Ein reknar med å kunne spare inn ein slik sum ved vakansar som oppstår gjennom året.

Leiarutvikling og personalopplæring

Det er inngått ein fireårig rammeavtale med AFF AS om levering av leiarutviklingsprogram for erfarne leiarar og støtte til leiargruppeutvikling for leiargruppene i HFK.

HFK-leiarskulen modul 1, som er eit leiaropplæringsprogram for nye leiarar, held fram med eit kull à ca. 30 leiarar kvart halvår. Programmet består av fem heildagssamlingar.

Det er budsjettert med 1,57 mill. kr til leiarutvikling og 1,27 mill. kr til personalopplæring.

Til organisasjonsutvikling er det ført opp 1,1 mill. kr.

Velferd for tilsette

Det er ført opp kr 553.000 til velferdspengar for tilsette, som utgjær ca. kr 130 pr. arbeidstakar.

Kantinetilskot

Kantinetilskotet er budsjettert med kr 784.000.

Velferdsbygg

Fylkeskommunen har to eldre bustader som dei tilsette kan disponere på Fløksand og Gjerskvål (Voss). Det vert budsjettert med brutto utgifter på kr 165.000 og inntekter på kr 25.000.

Tillitsvalde

For tillitsvalde er det budsjettert med 8,9 årsverk.

421 Eigedomsforvaltning

Denne funksjonen omfattar eigedomsseksjonen, forsikring av bygningar og kartlegging av bygningsmassen.

Eigedomsseksjonen er ein seksjon under økonomiavdelinga. Det er budsjettert med 29,75 årsverk i 2015.

Som eit tiltak i Handlefridom II vert deler av lønsutgiftene for medarbeidarar som hovudsakleg arbeider med investeringsprosjekt belasta investeringsbudsjettet. I tråd med dette er det ført opp ein "refusjon" på 4 mill. kr. Denne utgifta vil bli overvelta til investeringsrekneskapen og aksjeselskap som vert administrerte av fylkeskommunen.

Til arbeidet med å kartlegge bygningsmassen er ført opp 1 mill. kr. I 2014 var summen 1,5 mill. kr..

Forsikring av bygningar, er budsjettert med 3 mill. kr, mot 2,6 mill. kr i 2014.

430 Administrasjonslokale

Utgiftene omfattar fylkeshuset i Agnes Mowincelsgt. og leigde areal i Wigandgården og Aasegården.

Ein budsjetterer i 2015 med brutto utgifter på 23,2 mill. kr og inntekter på 2,3 mill. kr.

Det er noko auke i leigeutgiftene for Wigandgården. Leigeinntekter er justert litt ned. Ein har ikkje budsjettert med leigeinntekter frå lokala som tidlegare var butikk. Det er også rekna med noko nedgang i inntektene frå parkering.

Mål for økonomiavdelinga

Innkjøpsseksjonen

		Kostnad
Effektmål	Grunnlag for leverandørutvikling, innsparingar og anna resultatoppnåing knytt til ulike leverandørkontraktar.	
Resultatmål	Etablere og videreutvikle eit velfungerande regime for kontroll og oppfølging av avtalar med særleg vekt på rammeavtalar.	
Tiltak	Tiltak i samsvar med handlingsplan for Innkjøp, retta mot Innkjøpsfunksjonen; leiinga og innkjøpsansvarlege, arbeidsprosessar, IKT-verkty, leverandørar og avtalar samt måling og rapportering.	
Indikator	Færre avvik, større avtalelojalitet, betre pris- og kostnadskontroll.	

Fylkeskassen

		Kostnad
Effektmål	Effektivisering knytt til handteringa av inngåande faktura; tidsbesparing, kostnadseffektivitet, auka kontroll.	
Resultatmål	Tett oppfølging av både gamle og nye leverandørar for å sørge for at alle som kan sende e-faktura (EHF) gjer dette, slik at e-faktura sin del av fakturavolumet er på minimum 65 %.	
Tiltak	Direkte oppfølging av leverandørar som sender faktura til fylkeskommunen og innkjøparar som kjøper varer og tenester. Status for framdrift blir jamleg tatt opp.	
Indikator	E-faktura sin del av fakturavolumet.	

Budsjettseksjonen

		Kostnad
Effektmål	Betre dokumentasjon av rutinar og fastlegging av retningsliner for risikovurderingar på økonomiområdet.	
Resultatmål	Utarbeidd rutinebeskrivelse og retningsline for risikovurdering på plass i Kvalitetssystemet.	
Tiltak	Oppfølging av forvaltningsrevisjonsrapporten Økonomistyring i Hordaland fylkeskommune og arbeid med å lukke avvika i denne rapporten.	
Indikator	Avvik i rapporten lukka og rutinar på plass i Kvalitetssystemet.	

Eigedomssseksjonen

		Kostnad
Effektmål	Ta i bruk kontraktsoppfølgingssystemet KSV.	
Resultatmål	Betre oversikt over inngåtte avtaler og plan for oppfølging med varsling.	
Tiltak	Arbeidet starta opp med å legge inn gamle avtaler. Nye avtaler vert oppretta i KSV.	
Indikatorar	Oversikter som viser status i arbeidet	

Mål for organisasjonsavdelinga

Effekt mål	Utvikle og effektivisere HFK gjennom å fremme endringskultur og sikre god gjennomføring av omstillingsprosessar i organisasjonen
Resultatmål	<ul style="list-style-type: none"> Rangering blant dei tre fylkeskommunane i Noreg med best administrativ effektivitet (KOSTRA) Styrka endringsleiings- og omstillingskompetanse hos leiarar og medarbeidarar
Tiltak	<ul style="list-style-type: none"> Vidare arbeid med prosjekt «Førebudd på framtida» (eigen tiltaksplan) Vidare arbeid med å implementere skolebruksplanen Arrangere «Arbeidsmiljødagen 2015» (hovudtema: endring og omstilling) Tema på obligatorisk samling for leiarar i HFK Tema på HFK-leiarskulen Tema i leiarutviklingsprogram Tema i leiargruppeutvikling Revisjon og relansering av «dei 9 omstillingsreglane» Informasjon, temamøte m.v. for alle tilsette Nytt spørsmål i MU16: «Omstillingsprosessar vert gjennomførte på ein føreseieleg og god måte»
Indikatorar	<ul style="list-style-type: none"> Effektiviteten i administrativ drift (KOSTRA-kode 420) er auka frå 90% til 92% innan 1.1.16 Færre konfliktsaker som følgje av omstillingsprosessar

Effekt mål	Styrke e-forvaltninga i HFK
Resultatmål	<ul style="list-style-type: none"> All utsending og lagring av informasjon og korrespondanse frå HFK skal skje elektronisk pr 1.1.16 (SvarUT - eige prosjekt) ePhorte implementert på alle skular innan 1.1.17 Felles postmottak i HFK innan 1.1.16 100 % papirlause møte i alle politiske organ innan 1.1.16 Grønare profil
Tiltak	<ul style="list-style-type: none"> Legge til rette nettsider for ulike digitale løysingar (eigen prosjektplan) Prosjekt SvarUT – eigen prosjektplan Revidere IT-strategi Informasjon om og forankring av arbeidet med e-forvaltning Opplæring og brukarstøtte i ePhorte med særskilt fokus på skulane Alle politiske dokument ut sju dagar før møte Innkjøp av nettbrett til politiske utval
Indikatorar	<ul style="list-style-type: none"> Funksjon SvarUT etablert pr. 1.1.16 50 % av skulane skal ha tatt i bruk ePhorte pr 1.1.16 5% reduksjon i papirkostnader pr 1.1.16 Porto redusert med 5% pr 1.1.16 Papirbruk til trykking av politiske dokument redusert med 5 % pr 1.1.16

Effekt mål	Styrke omdømet til HFK ved ei meir synleg og positiv profilering av HFK sine aktivitetar og tenestetilbod
Resultat mål	<ul style="list-style-type: none"> • Styrka relasjonar og kjennskap til HFK i kommunar og media
Tiltak	<ul style="list-style-type: none"> • Første versjon av nye nettstader for vidaregåande skular og Hordaland fylkeskommune • Vidareutvikle internett gjennom prosjektet e-forvaltning (eigen prosjektplan) • Aktivt leggje til rette minimum 12 saker for media pr år • Aktivt nytte vindauga i fylkesbygget til å vise aktivitetar og ansvarsområde, med minimum 2 utstillingar i året • Aktivt nytte eit bredt spekter av kommunikasjonstiltak, og bidra til minimum to uttalte kampanjar/aktiviteter • Vidareutvikle profilhandbok og utvikle gode dokumentmalar • Inngå avtale om (ekstern) analyse av HFKs medieomtale • Inngå avtale om (enkel) analyse av HFKs omdømme blant innbyggjarane i Hordaland
Indikatorar	<ul style="list-style-type: none"> • Topp 10 blant norske fylkeskommunar på årlig PR barometer på alle områder som blir målt (Aalund) • Brukartilfredshet hos kommunane (spørjeundersøking) med HFK sine aktivitetar og tenestetilbod • Første versjon av nye nettsider for skulane ferdig innan 1.2. 2015 • Første versjon av nye nettsider for HFK ferdig innan 1. 10.2015

Effekt mål	Bidra til å auke gjennomføringsprosenten i vidaregåande opplæring
Resultat mål	<ul style="list-style-type: none"> • Auke talet på læreplassar med 20 % frå 24 til 29 lærlingar innan utgangen av 2015 • 20 % av læreplassane skal vere for ungdom med særskilte behov
Tiltak	<ul style="list-style-type: none"> • Kartlegge potensialet for å auke inntaket av lærlingar
Indikatorar	<ul style="list-style-type: none"> • Talet på lærlingar (ikt-lærlingar i vidaregåande skule og kontorlag) har auka med 5 innan utgangen av 2015

Fellesfunksjonar

471 Amortisering av tidlegare års premieavvik

I følgje rekneskapsreglane skal pensjonskostnadene leggjast til grunn for rekneskapsføringa av pensjonspremie. Avviket mellom faktiske premiebetalingar og pensjonskostnadene vert kalla premieavviket. Premieavviket skal dekkast inn over ein fastsett periode. Perioden for inndekking er fleire gonger blitt korta ned.

Premieavvik som oppstod i perioden 2002-2010 skal dekkast inn over 15 år. Premieavvik frå 2011-2013 skal dekkast over 10 år. Premieavvik som oppstår i 2014 og seinare skal dekkast over 7 år.

Storleiken på premieavviket for 2014 er enno ikkje kjent. Inndekking av premieavviket for 2014 er difor ikkje ført opp på dette budsjettkapitlet, men må dekkast av lønsavsetjinga.

Summen som er budsjettert for inndekking i 2015 er 1/15 av premieavviket for kvart av åra 2003-2010 og 1/10 av premieavviket for 2011-2013.

Summen kjem fram slik:

År	Beløp
2003	1 657 000
2004	2 928 000
2005	635 000
2006	1 936 000
2007	855 000
2008	3 011 000
2009	6 075 000
2010	6 078 000
2011	6 468 000
2012	4 928 000
2013	4 267 000
Sum	38 838 000

480 Diverse fellesutgifter

Fylkeseldreråd

Til fylkeseldrerådet er det ført opp kr 400 000. Budsjettet er auka med kr 75 000 i høve til 2014. Auken har m.a. samanheng med at fylkeseldrerådet skal arrangere konferansen for «Vestlandssamarbeidet» i 2015.

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne

Rådet hadde i 2014 eit budsjett på kr 400 000. Fylkesrådmannen gjer framlegg om same summen i 2015.

Ungdommens fylkesting og fylkesutval

Ungdommens fylkesting har i 2014 eit budsjett på kr 230 000. I 2015 er det ønskje om å arrangere Ungdommens fylkesting over tre dagar, mot tidlegare to. Dette medfører naturleg nok noko høgare utgifter. Budsjettet er auka til kr 270 000.

Ymse utgifter etter vedtak av fylkesrådmannen

Dette er midlar som vert disponert til mindre utgifter etter vedtak av fylkesrådmannen. Ein ser dette som ei praktisk ordning, som gjer at små og kurante saker kan handsamast administrativt. Det er ført opp kr 100.000, same summen som i 2014.

Ymse tilskot

Her vert det budsjettert tilskot til lag og organisasjonar som ikkje høyrer naturleg inn under dei ulike sektorane.

Actis-Hordaland - Hordaland fylkes fråhaldsnemnd, er rusfeltet sitt samarbeidsorgan i Hordaland. Dette er eit viktig arbeid som i mange år har fått støtte over kulturbudsjettet. Frå 2015 har ein flytta tilskotsposten frå kulturbudsjettet og ført han opp under Ymse tilskot.

Elles er det gjort framlegg om tilskot til dei same organisasjonane som i 2014.

	2014	2015
Norsk Pensjonistforbund	50 000	50 000
Raftostiftelsen	300 000	310 000
Kirkens SOS	175 000	180 000
FFO	250 000	260 000
Samarbeidsforum for Funksjonsh. Org.	65 000	65 000
Dysleksiforeningen i Bg.	10 000	10 000
Actis-Hordaland		100 000
Sum	850 000	975 000

Retrettstillingar

Til retrettstillingar er det ført opp nær 3,6 mill. kr.

Attføring, omstilling

Fylkesrådmannen arbeider med oppfølging av skulebruksplanen. Dette arbeidet er krevjande og fylkesrådmannen reknar difor med at det fortsatt vil vere behov for ekstra omstillingsmidlar. Også i samband med prosjektet «Førebudd på framtida», som har starta i sentrale einingar i fylkesadministrasjonen, vil det kunne bli behov for slike midlar. Det er budsjettert med 14 mill. kr til omstilling og attføring, same summen som i 2014.

Personalforsikring

Her blir det ført premie for avtalefesta gruppeliv- og ulukke/yrkesskadeforsikring for alle tilsette i fylkeskommunen, ulukkeforsikring for elevar ved vidaregåande skular og reiseforsikring for tilsette og folkevalde.

I budsjettforslaget for 2015 er det ført opp 7 mill. kr i brutto utgift.

Ein stor del av forsikringsordningane er oppgåvepliktige, og vert registrerte i lønssystemet på kvar arbeidstakar. I rekneskapen gjer ein bruk av desse registreringane slik at ein får fordelt kostnaden på alle einingar i fylkeskommunen. 6,5 mill. kr, som i talbud-sjettet vert vist som inntekt, er den delen av forsikringane som vert fordelt utover på alle einingane.

Lønsavsetjing

Lønsavsetjinga skal dekkja venta lønsutgifter utover dei utgiftene som er innarbeidde til løn på dei einskilde budsjetta for skular, tannhelsetenesta m.v. Lønsregulativet pr. 01.01.14 er nytta på dei einskilde budsjetta for 2015. Lønsavsetjinga i 2015-budsjettet skal dermed dekkja lønsauken i 2014 og venta lønsauke i 2015.

Utrekningane av lønsavsetjinga for 2015 byggjer på opplysningar om lønsendringane i 2014 og overslag for lønsauken frå 2014 til 2015. Det er lagt til grunn 3,5 prosent lønsauke frå 2014 til 2015.

Når det gjeld utgifter til pensjon i KLP og Statens Pensjonskasse, er det pensjonskostnaden som

skal belasta rekneskapen. Pensjonskostnaden kan avvika frå pensjonspremien som vert betalt til pensjonskassane. Det er lagt inn ca. 18 mill. kr i lønsavsetjinga til å dekkje pensjonskostnad ut over premien som er budsjettert på dei einskilde ansvarsstadene. I tillegg er det lagt inn 3,5 mill. kr til amortisering av premieavviket ein forventar vil oppstå i 2014.

Totalt er lønsavsetjinga 195 mill. kr.

Tilleggsløyvingskonto fylkesutvalet

Til tilleggsløyvingar er det i 2015 ført opp kr 3 343 000. I 2014 var tilleggsløyvingskontoen kr 2 571 000.

Eigendel forsikringar

Summen som vert budsjettert på denne posten er ei avsetjing som skal dekkje utgifter til utbetring av skader under eigendelen på bygningsforsikring og skader der fylkeskommunen ikkje er forsikra (innbrot, tjuveri etc.). I 2015 fører ein opp 1,5 mill. kr, same summen som i 2014.

Tilbakebetaling av underskot frå skular / institusjonar

Dei vidaregåande skulane får behalda overskot, men må dekkja inn underskot 2 år i ettertid. Underskotsdekninga vert inntektsført sentralt på denne kontoen med same storleik som utgiftsføringa på skulebudsjetta.

Det er budsjettert med slik inndekking av underskot frå tidlegare år:

2013-underskot:	Kr 1000
Tanks vgs.	1 071
U.Pihl vgs.	847
Langhaugen vgs.	542
Arna vgs.	1 306
Fyllingsdalen vgs.	1 960
Rogne vgs.	240
Voss jbs.	1 100
Sum	7 066

Opplæring

Innleiing

For Opplæringssektoren har ikkje fylkesrådmannen ein samletabell innleiingsvis.

Frå budsjettåret 2014 vart budsjetteringa av sektoren endra noko for å få ei meir korrekt kostra- inndeling av budsjettet. Dette er fullført i 2015. Denne endringa gjer samanlikning mellom 2014 og 2015 vanskeleg. Omlegginga vil gje store avvik pr. kostra- funksjon. Fyrst i 2016 vil ein kunne samanlikne budsjettet per kostra- funksjon frå 2015 til 2016 og fylkesrådmannen vil koma attende til tabelloppsett.

Det er lagt meir vekt på hovudlinjene i opplæringssektoren med bakgrunn i den gjennomgangen ein hadde i skulebruksplanen. Tidlegare år har opplæringsbudsjettet vore prega av til dels mange detaljerte budsjettopplysningar som er viktige nok, men etter fylkesrådmannen sitt syn må ein prioritere heilskapen i sektoren sitt budsjett. Denne endringa er vidareført i 2015.

Budsjettet for Opplæringssektoren 2015 kan oppstillast slik:

	1000 kr
Brutto driftsutgifter	2 861 062
Driftsinntekter	178 389
Netto driftsutgifter	2 682 673

Ei framskriving av budsjetttramme for 2014 til 2015 – såkalla nullvekstramme – er på kr 2 726 675 000. 2015-budsjettet er dermed knapt om lag 44 mill. kr lågare enn ei rein vidareføring av nivået i 2014 skulle tilseia.

Fylkesrådmannen kjem nærare attende til dette i budsjettpremissane.

Lågare elevtal

Hausten 2014 gjekk elevtalet ned med 267 elevar. Studiespesialiserande utdanningsprogram og Idrett auka med om lag 130 elevar, medan yrkesfaga gjekk samla tilbake med nesten 400 elevar. I samsvar med budsjettmodellen er den budsjettmessige konsekvensen av denne elevnedgangen justert for i budsjettet for 2015. Det er ikkje justert for ein venta vidare nedgang i elevtalet hausten 2015.

Med bakgrunn i reduksjonen i elevtalet er budsjett- ramma for opplæring redusert med 30 mill. kr i budsjettet for 2015. I tillegg er det rekna med gevinstrealisering i samband med pc-avtale på 10 mill. kr. Endeleg gjer lågare underskotsinndekking ved skulane i 2015 enn i 2014 sitt til at budsjett- ramma kan reduserast samla med 45 mill. kr samanlikna med 2014-budsjettet. Elevnedgangen hausten 2014 og prognosen for hausten 2015 gjer at fylkesrådmannen vurderer 2015-budsjettet som likeverdig med inneverande år – trass i den reduserte budsjetttramme.

Fylkesrådmannen sine forslag til endringar i sektoren frå 2014 til 2015 er omtala i budsjett-teksten.

Fylkesrådmannen har nedanfor eit tabelloppsett som spesifiserer budsjettet 2015. Denne tabellen viser kva delområde som er budsjettert under kvar kostrafunksjon.

Tabellen nedanfor gjev oversyn over hovudområda under dei ulike Kostrafunksjonane i budsjettet.

	Kostraområde	Hovudaktivitetar og tiltak for kvart område	Nettobudsjett 2015
510	Skulelokale, forvaltning	Driftsutgifter ved dei vidaregåande skulane Felleskostnader Undervisningsutstyr Vedlikehald av skulebygningar Vaktmestertenesta ved vgs	74,9 mill. kr
515	Fellesutg og støtte til vgs	Merkantil forvaltning ved skulane Inntakskontoret ved Opplæringsavdelinga	248,3 mill. kr
520	Pedagogisk leiing, pedagogiske fellesutgifter og gjesteelevoppgjer	Skuleretta teneste ved Opplæringsavdelinga Digital skule Reguleringskonto Gjesteelevar Gratis læremiddel Pedagogisk leiing Justering av klassetilbodet IST- kurs Skulebibliotek Administrasjon ved alle vidaregåande skulane	526,9 mill. kr
521-532	Utdanningsprogramma ved dei vidaregåande skulane	Kapittelet inneheld lønsutgifter til undervisning på dei ulike utdanningsprogramma ved dei vidaregåande skulane I tillegg budsjett til gardsdrift	1 109,8 mill. kr
554	Fagskule	Budsjett til fagskuleutdanningane	84,7 mill. kr
559	Landslinje	Landslinjetilbod ved Os vidaregåande skule	3,0 mill. kr
560	Spesialundervisning og særskilt tilpassa opplæring	Ekstern spesialundervisning Spes.ped undervisning og tiltak Døvetolkar ved vgs Ekstra språkopplæring OT/PPT Spes.ped.teneste ved Opplæringsavdelinga Faste spes.ped.tilbod ved vgs.	263,6 mill. kr
570	Fagopplæring i arbeidslivet	Fagopplæringsavdelinga Fagprøvar Y-nemnda Lærlingopplæring Instruktøropplæring Teoriopplæring	285,6 mill. kr
581	Vaksenopplæring etter opplæringslova	Vaksenopplæring ved vidaregåande skular Vaksenopplæringstenesta ved Opplæringsavdelinga	34,0 mill. kr
590	Andre føremål	Koordinering opplæring kriminalomsorg Internasjonalisering Felleseksamen Tilskot ekstern anlegg Tilskot private skular Skulehelseteneste Kantiner Fengselsundervisning Oppdragsverksemd Internat Institusjonsundervisning Manger folkehøgskule SMI Sosialpedagogiske tilbod	51,8 mill. kr

Fylkesrådmannen går i det følgjande gjennom ein del punkt og vesentlege tiltak i opplæringsbudsjettet for 2015.

Kort oversyn over opplæringsbudsjettet

510 Skulelokale, forvaltning

Til ekstraordinært vedlikehald er det sett av knapt 16 mill. kr i 2015. Tilsvarende sum i 2014 er 15,5 mill. kr. Til driftsleiartenesta i fylkeskommunen er det budsjettert med 58,9 mill. kr i 2015 – 1,6 mill. kr meir enn i 2014. Samla er nettobudsjettet for dette området 74,9 mill.

515 Fellesutgifter og støtte til vidaregåande skular

Budsjettet på denne posten gjeld i stor grad merkantilt tilsette ved dei vidaregåande skulane. I tillegg er inntakskontoret budsjettert på denne funksjonen. For 2015 er det sett av 248,3 mill. kr til dette.

520 Pedagogisk leining, pedagogiske fellesutgifter og gjesteelevoppgjer

Til satsinga elevpc ordninga er det sett netto av 14,2 mill. kr – 9,7 mill. kr mindre enn i 2014.

Gjesteelevbudsjettet er ført opp med utgifter på 35,3 mill. kr, inntekter frå andre fylke er rekna til 17,1 mill. kr slik at nettoutgiftene i 2015 vert 18,1 mill. kr. Dette er om lag 0,5 mill. kr mindre enn i 2014.

Posten gratis læremiddel er budsjettert med 4,3 mill. kr i 2015 etter at 21,4 mill. kr er fordelt på skulebudsjetta. Samla løyving til dette er dermed 25,7 mill. kr – på nivå med løyvinga for 2014.

521-532 Utdanningsprogramma ved dei vidaregåande skulane

Budsjetta for utdanningsprogramma og dei vidaregåande skulane er nærare kommenterte nedanfor og fylkesrådmannen viser til dette.

554 Fagskule

Til fagskuleutdanninga er det samla budsjettert med netto 84,7 mill. kr i 2015. Det er lagt til grunn statstilskot til helsefagutdanninga på 7,5 mill. kr. Budsjettet for fagskulane i 2014 var på 80,5 mill. kr. Fylkesrådmannen viser elles til nærare kommentar nedanfor.

559 Landslinjer

Budsjettet gjeld landslinjetilbodet ved Os vidaregåande skule. Det er budsjettert med brutto driftsutgifter på 15,5 mill. kr og statstilskot på 12,5 mill. kr. Netto er det budsjettert med 3,0 mill. kr i fylkeskommunalt bidrag til landslinjene.

560 Spesialundervisning og særskilt tilpassa opplæring

Til spesialundervisning og særskilt tilpassa opplæring er det budsjettert med 263,6 mill. kr i 2015. Talet på elevar i smågrupper er 644 hausten 2014. I tillegg kjem 60 elevar som får tilrettelegging i undervisninga elles.

570 Fagopplæring i arbeidslivet

Det er budsjettert med om lag 4 300 lærlingar i 2015 – det er same nivå som i 2014.

Til lærlingtilskot er det budsjettert med 243,3 mill. kr inkludert særskilte tiltak for lærlingar som det er vanskeleg å formidle læreplass til og stimuleringstil-taka som vart sett i verk i statsbudsjettet for 2014 for å få fleire verksemder til å teikne lærekontraktar. Det er vidare sett av kr 226 000 til Yrkesopp-læringsnemnda og 19,1 mill. kr til fagprøver.

Totalt er ramma til fagopplæring redusert med om-lag 3,7 mill. kr. Erfaringstal syner at budsjettet for særskilte tiltak har vore noko høgt og dette er det korrigerert for i 2015 budsjettet. Fylkesrådmannen viser elles til nærare kommentar nedanfor.

581 Vaksenopplæring

Fylkesrådmannen budsjetterer med 34 mill. kr til vaksenopplæring i 2015. Det er ein auke på om lag 0,4 mill. kr i høve 2014. Midlane er i 2015-budsjettet fordelt på skulane.

590 Andre føremål

Denne funksjonen omfattar ulike tiltak og tilbod. Til senter for utdanning og yrkesretteleing er det bud-sjettert med vel 4,5 mill. kr i 2015. Butilbod for ele-var ved knutepunktskulen for døve - Nordahl Grieg vidaregåande skole - er ført opp med 3,6 mill. kr, tilskot til private skular er budsjettert med 0,8 mill. kr og til posten samarbeid skule/næringsliv er det sett av vel 1,5 mill. kr. I 2015 er det vidare budsjet-tert med 0,5 mill. kr til skuleskipet Gann. Til drifta av Manger folkehøgskule er det netto budsjettert med 3,0 mill. kr i 2015. Fengselsundervisninga er budsjettert med 24,3 mill. kr i 2015 og finansiert med statstilskot på same sum.

Skulebruksplanen

Skulebruksplanen vart vedteken av fylkestinget i desember 2012 og mars 2013. Planen legg føringar for den vidare utviklinga og utbygginga av

den vidaregåande skulen i Hordaland. Fylkesrådmannen har følgd opp planen i budsjettgrunnlaget for 2015. Dette gjeld både for driftsbudsjettet, og ikkje minst investeringsbudsjettet.

I økonomiplanperioden vil skulestrukturen på Voss verta endra i samsvar med planen og utbygging i Åsane vil gje standardheving også der. Vidare vil Bergen Handelsgymnasium verte tilrettelagt som vaksenopplæringscenter og det vert gjort oppgraderingar på Bergen katedralskole. Nybygg og oppgraderingsprosjekta er omtala under investeringsbudsjettet.

Økonomiske rammevilkår

Den overordna økonomiske situasjonen i sektoren vert vurdert som totalt sett god. Dei fleste skulane hadde overskot i 2013. Pr september 2014 er det totale økonomiske biletet for skulane noko dårlegare enn på same tid i 2013. Dei fleste skulane hadde balanse i rekneskapen etter årsoppgjeret i 2013; anten ved positivt årsresultat eller balanse ved hjelp av bruk av fondsmidlar. Mange skular har monalege frie fond til disposisjon utover dei tildelte årsbudsjetta. Samla disponerer skulane frie fondsmidlar på over 100 mill. kr. I tillegg har nokre skular andre fondsmidlar som er bundne og øyremerka spesifikke føremål. Nye reglar for avsetjing til fond vert iverksett ved årsoppgjeret for 2014. Skulane kan med desse reglane maksimalt ha fondsmidlar som tilsvarande 5% av driftsbudsjettet for 2014.

Sjølv om fylkesrådmannen vurderer situasjonen totalt sett som god, er det nokre skular som har underskot. Det er stor skilnad i måten skular driv på, og kor ressurskrevjande dei ulike skulane er.

Utviklinga i økonomi og struktur

Hordaland ligg høgt på Kostra-statistikken i høve til bruk av midlar på Opplæring, samstundes som det vert fleire elevvar pr. lærarårsverk. Det kan tyde på at skulane reduserer i breidda av fagtilbod. Dei ekstraordinære tilboda vert færre og ikkje satsa på, medan kjernetilboda, dei vanlege utdanningsprogramma, vert meir effektive. Det indikerer at Hordaland får tynnare og tynnare fagleg breidde, samstundes som den geografiske breidda er stor.

I 2014 la fylkesrådmannen til grunn at den nye Amalie Skram vidaregåande skole ikkje treng ei budsjettildeling som er like høg som summen av dei tre tidlegare skulane. Det vart budsjetttert med ei innsparing på 2,5 mill. kr i 2014 for dette. Heilårsverknaden i 2015 vert om lag 4 mill. kr ved meir effektiv drift enn vidareføring av drift ved dei tre skulane Tanks, Bjørgvin og Bergens handelsgymnas. Det er difor lagt inn eit gevinst lik 4 mill. kr grunna denne strukturendringa i 2015.

Det finst potensielle gevinstar i 2015 dersom det skjer samlokalisering av skular, jf. det som er vedteke i skulebruksplanen. Desse gevinstane er ikkje rekna inn i budsjettet for 2015.

Forutan den vedtekte skulebruksplanen skjer det endringar i skulestruktur som følgje av den pågåande endringa i ungdomskull og elevtal i fylket. I tillegg endrar strukturen seg med endringar i søkinga til elevane. Denne utviklinga skjer kontinuerleg og endrar struktur og tilbodsomfanget i Hordaland. Det er til dømes naturleg at dette vil føre til at ein del tilbod får så få elevvar at desse tilboda ikkje vert starta opp. Desse strukturendringane skjer gradvis og gjev ein meir effektiv og økonomisk struktur. Dette er meir omtala i avsnittet om skulebudsjetta under.

Opplæringssektoren og skulebudsjetta

Sektorramma

I budsjettet for 2015 vert det sett i verk fleire tiltak innanfor opplæringssektoren. Det er også tiltak som vart starta i 2014 som får heilårsverknad i 2015. Samla kostnader for slike tiltak er vel 25 mill. kr i 2015.

Budsjettamma for opplæringssektoren er redusert med 45 mill. kr frå 2014 til 2015. Tek ein med denne reduksjonen, vert det samla behovet som må dekkast inn om lag 70 mill. kr.

Det samla inndekkingsbehovet er dekkast ved budsjettmessige mindrebehov på andre områder i 2015 – i hovudsak grunna redusert elevtal, færre utdanningsprogram og to færre skular (38 mill. kr).

I tillegg er det mindre budsjettbehov grunna lågare utgifter til underskotsdekking på skulane i 2015 enn 2014 (15 mill. kr). Vidare er det grunna omlegging av elevpc-ordninga eit redusert budsjettbehov på dette området på 10 mill. kr i 2015. Budsjettet for lærlingtilskot er også redusert med 5 mill. kr grunna ei berekna utflating av talet på lærlingar. Andre postar har 2 mill. kr i mindre budsjettbehov i 2015 enn i 2014.

Samla vurdering er at dei budsjettmessige mindrebehova i opplæringssektoren i 2015 veg opp for rammereduksjonen og dei nye tiltaka som treng meir budsjett. Fylkesrådmannen si vurdering ut frå endringane frå 2014 til 2015 ein kjenner til, er at skulebudsjetta for 2015 vert vidareført på 2014-nivå.

Tabellen under syner endringane innanfor budsjettet:

Tal i heile tusen kr	
Nye tiltak, auka leigekostn., lisensar, ekstra språkopl., styrking av tiltak minoritetsspråklege, prod.skule, fleire fråfallstiltak enn i 2014.	25 000
Rammereduksjon	45 000
Sum inndekkingsbehov opplæring	70 000
Dekka inn slik:	
Korreksjon av underskot	-15 000
Redusert elevtal skuleåra 2013/14 og 2014/15 med tillegg av strukturendr.	-38 000
Digital skule elevpc	-10 000
Fagopplæring, gjesteelevar, lærlingtilskott - eksterne og private.	-7 000
Sum dekkja inn:	-70 000

Redusert elevtal og strukturendringar

Elevtalet og strukturendringar er den faktor som i størst grad påverkar budsjetttramma til sektoren. I tillegg påverkar det rammeoverføringane til fylkeskommunen.

Tabellen nedanfor viser endringane i elevtal ved vidaregåande skular i Hordaland for 3 aktuelle skuleår. Endringane har verknad for skulebudsjetta for 2014 og 2015, og samanlikninga av desse.

	2013/ 2014	2014/ 2015	2015/ 2016
Endring elevtal vgs	-343	-267	-270*

*Endring elevtal 2015/ 2016 er stipulert i samsvar med prognose frå SSB.

Hausten 2014 gjekk elevtalet ned med 267 elevar. Studiespesialisierende utdanningsprogram og Idrett auka med om lag 130 elevar, medan yrkesfaga gjekk samla tilbake med nesten 400 elevar. I samsvar med budsjettmodellen er den budsjettmessige konsekvensen eit mindrebehov på om lag 33 mill. kr.

I tillegg kjem effekten av omlegginga i samband med oppstart av Amalie Skram vidaregåande skole og utslag av at det er færre elevar med trong for spesialundervisning.

Samla er verknaden av redusert elevtal rekna til 38 mill. kr, jf. gjennomgangen framanfor.

Fylkesrådmannen vil i denne samanhengen visa til at reduksjonen i elevtalet og endringar i tilbudsstrukturen er høgt – særleg om ein ser det over nokre år – og dette gjer at budsjetttramma for opplæringssektoren kan reduserast utan at tilbodet vert redusert.

Det er å merka seg at elevnedgangen hausten 2013 på 343 elevar og 11 utdanningsprogram ikkje vart budsjettmessig korrigert for, og dette styrka difor skulebudsjetta; totalt sett og for kvar skule.

I tillegg må ein ha i mente at prognosen tyder på ein ytterlegare nedgang i elevtalet hausten 2015.

Disponible skulefond og budsjett 2015

Ved utgangen av 2013 hadde dei vidaregåande skulane disponible fond på til saman vel 100 mill. kr.

Fonda er meint å bidra til ekstraordinære innkjøp eller investeringar som skulen ikkje klarer å finne plass til i årsbudsjettet. Nokre skular har styrt mot overskot over fleire år for å kunne gjere ei større investering. Det finst fleire gode døme på ein slik praksis.

På den andre sida er det eit problem dersom mange skular byggjer seg opp fond over påfølgande år utan at det er nokon plan for fondsoppbygginga. Det kan gje eit inntrykk av at skulebudsjetta er gode, eller at ein del skular strammar drifta si unødig mykje.

Fylkesutvalet har difor vedteke nye retningslinjer for skulefonda frå og med årsoppgjæret for 2014. Målsetjinga er at skulane meir aktivt skal gjera bruk av midlane dei klarar å legge seg opp. Nøkkelen til å få til nedbygging av fonda, er at skulane klarar å planlegge drifta gjennom budsjettering. Samstundes er det viktig med økonomisk styring gjennom budsjettåret. Då kan skulane gjere bruk av fonda, slik at fonda totalt sett vert reduserte.

Pr september 2014 er det totale økonomiske biletet for skulane noko dårlegare enn på same tid i 2013. Dette kan vere eit teikn på at skulane har sett i verk tiltak for å tilpasse seg det nye regelverket for disposisjonsfonda

Forutan den vedtekte skulebruksplanen skjer det endringar i skulestruktur som følge av den pågåande endringa i elevtalet i fylket. Denne utviklinga skjer kontinuerleg og endrar struktur og tilbodsomfanget i Hordaland. Det er til dømes naturleg at dette vil føra til at ein del tilbod får så få elevar at det ikkje er tilrådeleg å starta desse opp.

Budsjettmodell

Skulane får tildelt skulebudsjett etter ein modell som er ei blanding mellom stykkprisfinansiering pr. elev og ulike direktetilskott. Opplæringsavdelinga freistar i størst mogleg grad å gje dei einskilde skulane totalbudsjett som set skulane i stand til å gje det opplæringstilbodet som er politisk vedteke. Det vil då seie at skular med få elevar og få elevar på utdanningsprogramma i praksis får langt meir

budsjettmidlar pr. elev enn skular med høgare elevtal. Gjennomsnittleg vart kvar elev i vidaregåande opplæring gjeve ei tildeling på om lag 122 000 budsjettkroner i 2013. Små skular med tynt elevgrunnlag og breitt utdanningstilbod får langt meir per elev, medan skular i sentrale strom får langt mindre pr. elev. Spennet i finansiering er stort; frå skular som får om lag 70 000 budsjett-kroner pr. elev til skular som får ein god del meir enn dette pr. elev. Kostnad pr. elev på skulane har sjølvstøtt også samanheng med kva type utdanningstilbod som er på skulane.

Den einskilde skulen sitt budsjett vert ikkje detaljbudsjettert av Opplæringsavdelinga. Innanfor den totale budsjetttramma har skulane styringsrett og høve til å prioritere slik dei ønskjer. Budsjettmodellen er såleis berre ein fordelingsnøkkel for å rekne seg fram til budsjetttrammene til skulane. Budsjettmodellen eller fordelingsnøkkelen vart innført for nokre år sidan, og satsane i fordelingsnøkkelen baserte seg då på rekneskapstal. Det vil seie at finansieringa av dei ulike utdanningsprogramma er basert på kva kostnader som tidlegare er rekneskapsført på utdanningsprogramma. Modellen skal vera mest mogleg realistisk. Samstundes er budsjettmodellen ein levande modell som endrar seg kontinuerleg. Dersom satsane er for høge eller låge, eller kostnadene på eit utdanningsprogram endrar seg særst mykje, vert satsane justerte i den årlege budsjettprosessen.

Budsjett for utdanningsprogramma

Fylkesrådmannen vil koma attende til budsjettet for dei ulike utdanningsprogramma i Revidert budsjettgrunnlag. Då vil ein også ta med budsjett for kvar einskild vidaregåande skule.

Elevteljinga etter inntaket er for få dagar sidan avslutta og ein har difor ikkje makta å få med detaljbudsjetta i denne omgangen. Den relativt sterke nedgangen i elevtalet gjorde også at detaljbudsjetteringa tok noko lengre tid enn det ein kunne yn-skja.

Viktige tiltak i 2015

Fylkesrådmannen har tidlegare nemnt nye tiltak som dels vert sette i verk i 2015 og dels er sette i verk inneverande år til ein samla kostnad på om lag 25 mill. kr. Tiltaka kan delast inn i tre område:

- tiltak for auka gjennomføring
- tiltak for auka kvalitet
- andre tiltak

Tiltak for auka gjennomføring

Tiltak for auka gjennomføring og redusert fråfall

I Hordaland fylke er det i gjennomsnitt mellom 750 og 850 elevar som sluttar i vidaregåande opplæring i løpet av skuleåret. I styringsdokumentet for det pedagogiske utviklingsarbeidet i Hordaland er hovudmålet «Auka læringsutbytte og fullføring». I 2010 starta Kunnskapsdepartementet det nasjonale prosjektet Ny GIV med delprosjekt Ny GIV overgang og Ny GIV oppfølging. Målsettinga i Ny GIV oppfølging er å følgje opp, kvalifisere og motivere ungdommar som har falle ut av vidaregåande opplæring, til å vende tilbake og fullføre ordinær opplæring eller gå ut i arbeid. Denne målsettinga er følgd opp i Stortingsmelding 20 (2012-2013) *På rett vei*. Frå skuleåret 2014/15 er prosjektsatsinga Ny Giv lagt ned. Samstundes er det etablert eit kvalitetsnettverk som skal følgje opp tiltak for gjennomføring i framtida.

Det er sett av 4,0 mill. kr til tiltak retta mot auka gjennomføring og redusert fråfall

Produksjonsskule

Produksjonsskulen skal vera eit tilbod til ungdom som har trong for eit alternativt opplæringstilbod for ein kortare periode. Omfanget er i fyrste omgang 45 plassar pr. år. Målsettinga er primært å motivere og kvalifisere ungdommar til å gå tilbake og gjennomføre ordinær vidaregåande opplæring, sekundært å kome ut i jobb. Det er sett av 10 mill. kr til dette tiltaket i 2015. Det er ei auke på 3 mill. kr i høve 2014.

Innhaldet i produksjonsskulen skal vera tilbod om utprøving av programområde, i fyrste omgang teknikk og industriell produksjon, bygg- og anleggsgfag og restaurant- og matfag.

Elevane skal delta i ein arbeidsfellesskap med produksjon som mål. Dei skal få grunnleggjande samfunnskunnskap, kjennskap til og øving i vanlege rutinar i arbeidslivet, få styrka sosial kompetanse og få rådgjeving med omsyn til val av utdanning og yrke.

Produksjonsskulen vil ikkje ha integrert teoriundervisning, men elevane kan få opplæring i grunnleggjande ferdigheiter i eigen pedagogisk verkstad. Inntaket skal vera løpande gjennom heile året, og deltaking vil vera avgrensa til eitt år. Produksjonsskulen bør lokaliserast uavhengig av ordinære vidaregåande skular.

Vekslingsmodell

Vekslingsmodellen er eit fireårig opplæringsløp for yrkesfag som fører fram til fag-/sveinebrev. Det gir same kompetanse som eit ordinært yrkesfagløy, men opplæringa vert organisert på ein annan måte.

I hovudmodellen (2+2) går elevane først to år i skule, og er etter det to år som lærling i bedrift. I

denne modellen vekslar ein periodevis mellom opplæring i skule og opplæring i bedrift heilt frå første opplæringsår. Skuleåret 2014/15 er det tilbod om vekslingsløp innan byggfag ved Slåtthaug videregående skole og innan helsefag ved Olsvikåsen videregående skole. Det er totalt 35 elevar ved desse tilboda. Fylkesrådmannen budsjetterer med 1 mill. kr til dette tiltaket også i 2015.

Studieverkstad

I studieverkstaden kan elevar som ønskjer å styrke seg fagleg, søkje om plass for kortare eller lengre periodar. Opplæringa skjer i små grupper. Studieverkstad er eit tilbod ved sida av og i tillegg til fag. Fokus på studieverkstaden er retta mot grunnleggjande ferdigheiter i alle fag.

Studieverkstadstilbodet er vidareført med 4 mill. kr i 2015.

Tiltak retta mot minoritetsspråklege

Midlar til tiltak for minoritetsspråklege elevar er auka med 1,5 mill. kr

Språkopplæring

Dei siste fem åra har skular med få parallellar på studiespesialiserande utdanningsprogram fått ekstra tilskott for å kunne tilby fleire framandspråk. Tala syner det er relativt mange skular med få parallellar på studiespesialiserande og det er difor trong for å auke budsjettsummen med 1 mill. kr.

Tiltak for auka kvalitet i utdanninga

Grunnutdanning

Skulane slit med å rekruttere kvalifisert personale til ledige undervisningsstillingar innanfor mange yrkesfag.

For å betre rekrutteringa og heve fagkompetansen til personalet er det sett i gang eit program for kompetanseheving for yrkesfaglærarar innan teknikk og industriell produksjon, der det vert gjeve tilbod om fagskuleutdanning innan ulike fag.

Vidare er det i samarbeid med Høgskulen i Oslo planlagt ulike tilbod for å gje kompetanseheving innan ulike fag.

Totalt er det budsjettert med 1 mill. kr til kompetanseheving for lærarar som ikkje fyller krava for tilsetjing.

Drift og lisensar statistikkprogram

Målretta arbeid mot eit betre læringsmiljø i den vidaregåande opplæringa er komplekst. For å hjelpe skulane med å få eit godt system for kvalitetsarbeid i vidaregåande opplæring har fylkeskommunen tatt i bruk eit statistikkprogram. Systemet strukturerer den mest relevante styringsinformasjonen for både skuleeigar og skuleleiinga. Informasjonen

vert henta frå eksterne datakjelder som til dømes VIGO og Elevundersøkelsen. Fylkesrådmannen budsjetterer med 1,9 mill. kr til dette i 2015.

Andre tiltak

Internasjonalisering

Fylkesutvalet har vedteke at det skal setjast i gang eit utdanningstilbod innan studiespesialiserande utdanningsprogram i Erfurt i Tyskland. Ordninga vert administrert av Askøy vidaregåande skule. Det første kullet med elevar vart sendt til Erfurt hausten 2013. Det er sett av 1 mill. kr til dette også i 2015.

Oppstart av skulane på Voss og oppfølging av skulebruksplanen

Det er det budsjettert 2 mill. kr til førebuing av oppstart av dei to nye skulane på Voss og oppfølging av skulebruksplanen.

Auka trong for leigeeareal

Det er sett av 4,5 mill. kr grunna nye leigekontraktar til undervisningslokale. I tillegg har det for eksisterande kontraktar vore noko prisoppgang utover vanleg prisvekst. Det vil i tida framover vera auka trong for leigeeareal til mellombels erstatning for skular som er under ombygging.

Auka lønsutgifter opplæringsavdelinga

I 2014 har det vore fleire vakante stillingar på avdelinga som det er trong for å gjere tilsetjingar i. Forvaltningsrevisjonen innan fagopplæringa synte at kontoret var lågt bemanna i høve til oppgåver. Vidare har det i samband med nedlegginga av dei tre skulane i Bergen sentrum blitt noko midlertidig overtal. Totalt medfører dette ei trong for å auke budsjettet for opplæringsavdelinga med 6,4 mill. kr

Auka fellesutgifter- nytt skoleadministrativt system

Hausten 2012 starta fylkeskommunane opp eit prosjekt for å skaffe felles skoleadministrative system for alle. Hordaland sin del av utviklingskostnadene er stipulert til 1,8 mill. kr i 2015.

Dimensjonering av skuletilbodet i Hordaland

Ved dimensjoneringa av skuletilbodet i Hordaland er det fleire faktorar som det må takast omsyn til. Utviklinga i elevtalet korrigert for reisemønster, elevtal i private skular, talet på elevar som gjer omval og talet på lærlingar bestemmer dimensjoneringa på skuletilbodet i Hordaland.

I følgje tal fra GSI (Grunnskulen sitt informasjonssystem) er talet på 16-åringar i Hordaland denne hausten om lag 6 300. Det er om lag same nivå som hausten 2013. For dei tre årskulla samla er


nedgangen om lag 100. Fylkesrådmannen har pt. ikkje oversikt elevtalet ved dei private skulane.

Reisemønsterjustert elevprognose

Dei fleste skulane rekrutterer elevar frå fleire kommunar både i og utanfor Hordaland. Det er difor naudsynt å korrigere venta elevtalsutvikling for reisemønster. Dette er gjort ved å rekne ut kor stor del av 16-18-åringar i kvar kommune i Hordaland

som går på skule i kvar enkelt region skuleåret 2011/12, og vidareføre denne trenden utover i prognoseperioden.

Figuren nedanfor syner reisemønsterjustert elevprognose for Hordaland fylke for skuleåra 2011/12 til 2019/20.



Av figuren går det fram at det venta elevtalet i perioden 2011/12 – 2019/20 vil variere mellom 19 954 i toppåret 2012/2013 og 19 392 i botnåret 2019/2020. Lenger fram i tid syner prognosen vekst i elevtalet.

Reisemønsterjustert elevtalsprognose er spesielt gunstig å nytte når ein skal berekne venta elevprognose i ein region.

	2011/ 12	2012/ 13	2013/ 14	2014/ 15	2015/ 16	2016/ 17	2017/ 18	2018/ 19	2019/ 20
Sunnhordland	2210	2174	2175	2168	2185	2157	2214	2187	2176
Voss Hardanger	1782	1749	1741	1723	1690	1701	1716	1695	1653
Stor Bergen Nord	3655	3725	3722	3709	3640	3701	3688	3688	3618
Stor Bergen sentrum	3790	3888	3849	3827	3770	3805	3785	3756	3724
Stor Bergen Sør	4228	4348	4304	4286	4227	4280	4257	4224	4195
Stor Bergen Vest	3960	4070	4046	4038	3969	4009	4042	4049	4025

Figuren over syner venta reisemønsterjustert elevprognose for dei seks regionane. Med unnatak av region Voss Hardanger syner prognosen at elevtalet vil halde seg relativt stabilt i perioden fram til 2020. For region Voss Hardanger er det venta svak nedgang i elevtalet i perioden.

Elevtal i private skular

Talet på private skular og talet på elevar i private vidaregåande skular er eit viktig

parameter i dimensjoneringa av det offentlege tilbodet i vidaregåande opplæring i Hordaland. Dersom det er lokalisert mange private elevplassar i ein region eller eit regionsenter, avgrensar dette det offentlege tilbodet når det gjeld elevplassar og fagtilbod. Det er i hovudsak i Bergen sentrum at talet på private elevplassar er av nokon storleik. I tillegg er Framnes Kristne Vidaregåande Skule ein stor konkurrent til skulane i Kvam. Det er p.t. om lag 2 800 elevplassar ved private vidaregåande skular i fylket.

Dei aller fleste elevplassane til dei private vidaregåande skulane er på studiespesialisierende utdanningsprogram, og dei fleste av desse ligg i Bergen sentrum. I Bergen sentrum er nesten 1/3 av elevplassane ved private skular.

Hausten 2014 vart plasstalet i private skular utvida ved at tilbodet innan toppidrett ved Akademiet vidaregåande skole starta opp.

Omval

Ein tredje faktor som påverkar trongen for elevplassar er graden av omval.

Kvart år er det mellom 750 og 850 elevar som gjer omval eller tek vg1 over to år. Det er mange årsaker til at elevar gjer omval. Nokre elevar har eit planlagt omval ved at dei tek vg1 over to år. Andre har falle ut av eit kurs, ikkje bestått eller ønskjer å ta eit anna kurs på same nivå.

Talet på lærlingar/læreplassar

Tilgangen på læreplassar og talet på formidla lærlingar vil også påverke behovet for elevplassar ved dei vidaregåande skulane. Sjølv om det ikkje er ein direkte samanheng mellom elevtal og lærlingtal, vil trongen for skuleplassar verte påverka av kor mange det er som får læreplass eit år.

Hausten 2014 har det vore spesielt vanskeleg å skaffe nok læreplassar innan industrideknologi, bilfag og maritime fag. Det kan vere naudsynt å opprette Vg3-plassar for å rette på dette.

Andel elevar i yrkesfaglege utdanningsprogram

Ein siste faktor som er av betydning for dimensjoneringa er andel elevar i yrkesfaglege utdanningsprogram.

Tabellen under syner utviklinga i andel elevar i yrkesfaglege utdanningsprogram i perioden 2010-2013 i Hordaland samanlikna med landssnittet. Tala syner at Hordaland har større andel elevar i yrkesfag enn landsgjennomsnittet.

	2011	2012	2013
Landsgjennomsnitt	52,6	52,4	51,9
Hordaland	53,2	53,0	52,7

Tala syner at det er ei dreining frå yrkesfag til studieforebuande fag både nasjonalt og i Hordaland. Dette er noko ein må ha stor merksemd på når nye skuletilbod vert etablerte.

Fagskuleutdanning

Frå 2010 har fylkeskommunane hatt forvaltningsansvaret for dei offentlege fagskulane, i tillegg til ansvar for å gje tilskot til helsefagskuleutdanningar gjennom øyremerka midlar frå Helsedirektoratet. I 2014 fekk fylkeskommunen 71 mill. kr i rammeoverføringar i høve til dei tekniske og maritime fagskulane, medan det vart løyvd om lag 7,5 mill. kr til helsefagskuletilbod i Hordaland.

Hordaland fylkeskommune har 3 offentlege fagskular med ulike fagskuletilbod som byggjer på fullført vidaregåande skule med fagbrev eller på realkompetanse og praksis. Talet på fagskular er redusert i tråd med vedtaka skulebruksplanen. Undervisningstilboda ligg framleis på fleire vidaregåande skular.

Fagskuleutdanningane er korte og næringsretta og skal gje naudsynt kompetanseheving lokalt, regionalt og nasjonalt. Dette er nedfelt i fagskulelova, og det er difor viktig med ein god næringslivskontakt og høve for å kunne tilby fagskuleutdanningar både i sentrale område og i distrikta.

Hordaland fylkeskommune er eigar av dei 3 fagskulane, medan Hordaland fagskulestyre er øvste styringsorgan. Fagskulestyret har delegert fullmakt og mynde innanfor den årlege økonomiske ramma.

Opplæringsavdelinga har sekretariatsfunksjon for fagskulestyret. Nasjonalt organ for kvalitet i utdanning (NOKUT) er tilsynsorgan for fagskulane, og Database for høgare utdanning (DBH) ved Norsk samfunnsvitskapleg datateneste (NSD) mottar statistikk på oppdrag frå Kunnskapsdepartementet.

Spesialundervisning

Opplæringslova slår fast at elevar som ikkje kan få tilfredsstillande utbyte av det ordinære opplærings-tilbodet, har rett på spesialundervisning med eit innhald og omfang som er likeverdig med det andre elevar får.

Midlane vert nytta til undervisningstimar og elevassistentressurs. Dei siste åra har talet på elevar som søker om inntak på særskilt grunnlag auka. Talet på elevar som går i mindre grupper har også auka dei siste åra. I 2012 var det ein vekst på om lag 200 elevar i særskilte grupper. Hausten 2013 var veksten på om lag 50 elevar. Hausten 2014 syner tala så langt at veksten har flata ut og det er venta marginalt lågare tal på elevar i særskilte grupper enn førre skuleår.

Fylkeskommunen kjøper undervisningstenester frå staten, kommunar, private institusjonar og i nokre tilfelle frå andre fylkeskommunar for nokre elevgrupper.

Tiltaka innanfor slike tenester kan grupperast i desse hovudkategoriane:

- Elevar i grunnskulen i Hordaland med barnevernsvedtak.
- Elevar som er plasserte i barnevernsinstitusjonar i andre fylke, men der opplæringsretten ligg i Hordaland fylkeskommune.
- Elevar i private skular som etter vedtak får spesialundervisning.

Omfanget av kjøpte tenester har hatt stor vekst dei siste åra. I 2012 vart delar av drifta lagt om slik at ein ikkje lenger kjøper delar av desse tenestene frå eksterne tilbydarar, men tilbyr dei sjølve gjennom Stend vidaregåande skule.

Fagopplæring

Innan yrkesfaga har elevane fleire opplæringsløp å velje mellom. Hovudløpet er to år i skule og to år i bedrift, men elevane kan også velje fire års opplæring i bedrift etter ungdomsskulen.

Tilskotet til lærebedriftene er avhengig av utdanningsløp, alderen på lærlingen, om lærlingen tidlegare har fått oppfylt retten til vidaregåande opplæring, eller om det er eit verneverdig fag lærlingen har fått læreplass i. Tilskotssatsane vert regulert kvart år av departementet, og dei har tilbakeverkande kraft frå 1. januar. Pr. september 2014 er tilskotssatsen kr 119 949.

Talet på nye lærekontraktar har auka sidan 2010. Det er enno usikkert kor mange lærekontraktar som vert teikna i 2014, men det er venta vekst i talet på nye lærekontraktar i høve 2013. I budsjettet for 2015 er det lagt til grunn at talet på nye nye lærekontraktar vert omlag likt med talet på nye lærekontraktar i 2014.

Oversyn over tal nye lærekontraktar

	2010/12	2012/13	2013/14
Tal nye lærekontr.	2085	2177	2131

Kvalitetsvurderingssystem for fag- og yrkesopplæringa

Arbeidet med kvalitet i opplæringa i bedrift er eit prioritert område. Årsrapportering er obligatorisk, og bedriftene skal ha internkontrollsystem for opplæringa av lærlingar og lære kandidatane. Fagopplæringskontoret følgjer opp dette gjennom bedriftsbesøk.

Våren 2013 sende Utdanningsdirektoratet på høyring eit forslag om ein ny § 2-3a i forskrift til Opplæringslova, om obligatorisk gjennomføring av lær-

ingundersøkinga. Hausten 2014 vert undersøkinga gjennomført for første gong. Deltaking vil vere frivillig for lærlingane og lære kandidatane.

I samband med samfunnskontrakten for fleire læreplassar er det satt opp resultatmål og det er utvikla eit indikatorsett som mellom anna vil vise utviklinga i talet på lærekontraktar og fag- og sveinebrev og gjennomføringa av læretida.

Vaksenopplæring

I skulebruksplanen er det vedteke at vaksenopplæringa skal administrerast gjennom tre regionsentre i Bergen på Stord og på Voss. Tanken er at undervisninga skal gjennomførast der elevane er slik det skjer i dag.

Vi har i dag ni realkompetansesenter som vurderer realkompetansen til dei vaksne og organiserer opplæringstilbod. Sentera gjev også karriererettleiing.

Retten til vidaregåande opplæring for vaksne gjeld frå det året ein fyller 25 år. Vaksenretten følgjer såleis direkte etter ungdomsretten.

Hovudtyngda av opplæringstilboda er knytt til utdanningsprogramma for studiespesialisering og helse- og sosialfag.

I skulebruksplanen er det vedteke at vaksenopplæringa skal organiserast gjennom tre regionsentre i Bergen på Stord og på Voss.

Mål for verksemda

Opplæringslova § 13.10 pålegg skuleeigar å ha eit forsvarleg system for å vurdere om krava i Opplæringslova og forskriftene vert følgt opp. Som ein del av oppfølgingsansvaret skal det utarbeidast ein årleg rapport om tilstanden i den vidaregåande opplæringa, knytt til læringsresultat, fråfall og læringsmiljø. I forskrifta til Opplæringslova § 2-1 står det at: Skulane og lærebedriftene skal jamleg vurdere i kva grad organiseringa, tilrettelegginga og gjennomføringa av opplæringa medverkar til å nå dei måla som er fastsette i Læreplanverket for Kunnskapsløftet.

Målsetting 1: Auka læringsutbytte og fullføring

Hovudmålet for den vidaregåande opplæringa i Hordaland fylkeskommune for perioden 2013-15 er auka læringsutbytte og fullføring. Frå nasjonalt hald er det sett krav om at 75% av elevane skal fullføre vidaregåande opplæring innan utgangen av 2015. I vedtak i fylkestinget, sak 75/12, er det – på grunnlag av hovudmålet og det nasjonale målet for prosjektet Ny GIV - definert konkrete resultatmål for dei vidaregåande skulane. Målet er 80 % fullføring i 2015. Fullføring vert rekna 5 år etter oppstart i vidaregåande opplæring. Tabellen syner fullføringstal for Hordaland.

	2006 kullet	2007 kullet	2008 Kullet
Fullført og bestått etter 5 år	71,5%	69,1%	70,1%

Tabellen syner at målet om 80% fullføring i 2015 er uttrykk for høge forventningar frå politisk hald, som ikkje er realiserbart i 2015. Eit meir realistisk mål for 2015 vil vere at minst 72% av elevane skal fullføre og bestå vidaregåande opplæring fem år etter at dei byrja i vidaregåande skule.

Statistikk syner at elevar som fullfører vidaregåande skule utan å bestå har større sannsynlighet for å kome attende å gjere naudsyne grep for å bestå enn dei som ikkje fullfører vidaregåande opplæring.

Det er difor ei målsetting at maksimalt 15% av elevane skal avslutte vidaregåande opplæring før Vg3 eller læretida er fullført. På same måte som målet om fullføring vert talet på sluttarar rekna 5 år etter at dei byrja i vidaregåande skule.

Målsetting 2: Sikre næringslivet rett kompetanse

Det norske næringslivet er avhengig av god rekruttering av fagarbeidarar med høge kvalifikasjonar. Opplæringa i skule skal kvalifisere elevane til å gå ut i lære. Om lag halvparten av ungdomskulla sø-

kjer seg til yrkesfaga etter ungdomsskulen men for få går over i lære.

Samfunnskontrakten sitt overordna mål er å forplikte styresmaktene og partane i arbeidslivet til å forankre fagopplæringa i alle relevante bransjar og sektorer, og få lærekontraktar til alle elever som ønskjer det.

Næringslivet skal sikrast rett kompetanse ved å auke talet på godkjente lærekontraktar. Vidare ved å auke talet vaksne som tar fag- eller sveinebrev og auke talet på lærlingar som fullfører og består med fag- eller sveineprøven.

Måla skal følgjast opp gjennom system for verksemdbasert vurdering både på skule- og skuleeigarnivå.

Prioriterte tiltaksområde 2013-2015

For skuleåra 2013-2015 skal følgjande tre tiltaksområde ha særskild merksemd:

- Klasseleiing
- Vurdering for læring
- Bruk av IKT i læringsarbeidet

Dei tre områda er valde ut på grunnlag av sentrale styringssignal og lokale vurderingar av tilstanden og utfordringane i opplæringssektoren. Tiltaksområda grip inn i kvarandre, og det er viktig å styrke samanheng og heilskap i arbeidet både på skulane og på skuleeigarnivå.

Skuleeigar vil styrke arbeidet gjennom oppfølging av mål i eit meir heilskapleg og integrert system for kvalitetsarbeid og tettare samhandling med skulane. Nærare retningslinjer for kvalitetsarbeidet går fram av System for verksemdbasert vurdering og oppfølging av dei vidaregåande skulane. Det er eit mål å styrke leiing, relasjonar og prosessar knytt til utviklings- og vurderingsarbeidet.

Skulane prioriterer tiltak knytt til tiltaksområda. Den enkelte skule skal synleggjere korleis tiltaksområda er eller vil bli følgd opp systematisk gjennom utviklingsplanen for skulen. Skulen vel kva tiltak som skal ha prioritet. Måloppnåing blir drøfta i den årlege tilstandsrapporten som blir lagt fram til politisk handsaming i november 2014.

Tannhelse

Tal i heile 1000 kr

		Budsjett 2014	Budsjett 2015	Endring %
Fellesfunksjonar	Brutto driftsutgifter	19 165	19 372	1,0 %
	Driftsinntekter	-4 690	-4 760	1,5 %
	Netto driftsutgifter	14 475	14 612	0,9 %
Aust tannhelsedistrikt	Brutto driftsutgifter	27 086	24 520	- 9,0 %
	Driftsinntekter	-9 699	-9 685	0,0 %
	Netto driftsutgifter	17 387	14 835	-14,5 %
Sør tannhelsedistrikt	Brutto driftsutgifter	29 687	29 782	0,0 %
	Driftsinntekter	-8 289	-8 497	2,5 %
	Netto driftsutgifter	21 398	21 285	- 0,5 %
Vest tannhelsedistrikt	Brutto driftsutgifter	53 441	55 476	3,8 %
	Driftsinntekter	-13 878	-17 054	2,2 %
	Netto driftsutgifter	39 563	38 422	- 0,3 %
Nord tannhelsedistrikt	Brutto driftsutgifter	49 652	49 567	0,0 %
	Driftsinntekter	-17 404	-17 822	2,0 %
	Netto driftsutgifter	32 248	31 745	-1,5 %
Sentrum tannhelsedistrikt	Brutto driftsutgifter	67 893	70 775	4,2 %
	Driftsinntekter	-18 308	-18 741	2,3 %
	Netto driftsutgifter	49 585	52 034	5,0 %
TK Vest Hordaland	Brutto driftsutgifter	22 992	33 184	44,3 %
	Driftsinntekter	-15 449	-31 484	103,0 %
	Netto driftsutgifter	7 543	1 700	-77,5 %
	Sum brutto driftsutgifter	269 916	282 676	4,7 %
	Sum driftsinntekter	-87 717	-108 043	23,1 %
	Sum netto driftsutgifter	182 199	174 633	- 4,1 %

Samandrag/viktige tiltak

Budsjettramme

Budsjettramma for tannhelsetenesta er redusert med 7,6 mill. kr frå 2014 til 2015 samanlikna med ei rein vidareføring av 2014-løyvinga. Av reduksjonen er ein stor del av budsjetteknisk art i og med at kompetansesenteret i 2015 er budsjettert fullt ut i samsvar med driftsnivået som er etablert.

Resten av reduksjonen må dekkast inn gjennom tiltak i budsjettet.

Fylkesrådmannen foreslår at reduksjon vert dekkast inn ved m.a. tiltaka nedanfor:

- Fylkesrådmannen foreslår å auke i honorar-taksten i tannhelsetenesta i 2015 med 3%. Fylkesrådmannen legg til grunn at dette vil auka inntektssida med 1 mill. kr.
- Det er i 2014 utarbeidd forslag til ny klinikkstrukturplan for tannhelsetenesta i Hordaland. Planen inneber nedlegginga av fleire tannklinikkar. Endra klinikkstruktur er fagleg sterkt ønskjeleg, og økonomisk naudsynt.
- Det er vanskeleg å gje sikre tal for innsparing ved nedlegging av tannklinikkar, men fylkesrådmannen legg til grunn eit overslag på kr 500 000 pr tannklinikkk. I budsjettet for 2015 er det lagt til grunn ein effekt på 3 mill. kr.

Tannhelsetenesta kompetansesenter Vest (TK-Vest) Hordaland

I 2014 er kompetansesenteret kome i full drift og pr september 2014 er det 40 tilsette ved kompetansesenteret.

Fylkesrådmannen nemnde i budsjettet for 2014 at kompetansesenteret ved full drift ville tilnærma vera i balanse. Tabellen frammanfor viser at nettoutgifta for 2015 er budsjettert til 1,7 mill. kr – 5,8 mill. kr lågare enn i 2014.

Spesialistutdanning i periodonti og i klinisk odontologi

Tannhelsetenesta kompetansesenter Vest (TkV) skal mellom anna gi tilbod om spesialistbehandling. Innan nokre fagområde har det vist seg vanskeleg å rekruttera spesialister. Tannhelsetenesta ønskjer derfor å gi løn/stipend for å utdanna to tilsette tannlegar – mot bindingstid – til spesialist i periodonti

(tannkjøtsjukdom) og til spesialist i klinisk odontologi. Ev spesialistutdanning er treårig, og startar i august 2015.

Utgifter til løn/stipend for to spesialistkandidatar vil i budsjettåret 2015 vera 0,8 mill kr. Totale utgifter for heile utdanningsperioden (2015 – 2018) er 4,7 mill kr.

Auke i folketal

I delar av fylket aukar folketalet sterkt, mens andre område har stagnasjon eller nedgang i folketalet. Tal pasientar i dei prioriterte gruppene endrar seg og i takt med befolkninga generelt. I enkelte kommunar og bydelar i Bergen er folkeveksten så stor at det i løpet av kort tid er aktuelt å auka bemaninga i tannhelsetenesta.

Hovudutfordringar

Lovpålagde oppgåver

Tannhelsetenesta i Hordaland gjev eit regelmessig og oppsøkjande tannhelsetilbod til prioritert klientell som bur eller mellombels oppheld seg i fylket. Tilbodet er i samsvar med lov om tannhelsetenester §§ 1-1 og 1-3. I tillegg får vaksne, betalende pasientar tilbod om behandling der det er kapasitet og behov. Tannhelsetenesta i Hordaland har og ansvar for Tannlegevakten i Bergen, tannbehandling i narkose på Haukeland universitetssjukehus og Stord sjukehus og drift av tannhelsetenesta kompetansesenter TK Vest Hordaland. TK Vest Hordaland skal gje tilbod om spesialistbehandling, ha ansvar for klinisk odontologisk forskning samt bidra i spesialistutdanninga. I tillegg gir TK Vest Hordaland behandling til pasientar med angst for tannbehandling (odontofobi) samt sjukehuspasientar på Haukeland universitetssjukehus. Leppe-, kjeve-, ganeteamet (LKG) har eit regionalt ansvar for å gje tilbod til born født med leppe-, kjeve-, ganespalte i området frå Finnmark i nord til og med Rogaland i sør.

Tannhelsetenesta i Hordaland har ansvar for rundt 135 000 barn og unge frå 1 til 20 år. Det vart i 2013 gitt tannhelsetilbod til 1 375 personar med diagnosen psykisk utviklingshemming, og til om lag 12 500 eldre uføre og langtidssjuke i institusjon og heimesjukepleie.

Det blir og gitt eit tilbod til rusavhengige personar i kommunal omsorg og innsette i fengsel. I overkant av 20 000 vaksne personar får årleg behandling i den offentlege tannhelsetenesta.

Relativ del prioritert klientell som er under tilsyn av tannhelsetenesta i Hordaland og Noreg (unntatt Oslo) i 2011, 2012 og 2013. Tal frå KOSTRA

	Hordaland			Noreg		
	2011	2012	2013	2011	2012	2013
Gr a, barn og ungdom 1-18 år	95,9	95,7	100,3	95,7	96,9	96,7
Gr b, psykisk utv.hemma	93,6	95,2	94,0	93,2	94,1	92,3
Gr c1,eldre i institusjon	58,3	70,2	72,2	80,1	75,5	80,6
Gr c2, eldre i heimesjukepleie	61,0	38,0	40,8	30,9	31,9	32,3
Gr d, ungdom 19-20 år	73,3	69,2	71,2	75,6	75,4	78,7
Alle prioriterte grupper	87,1	87,7	91,4	88,7	88,0	88,4

Netto driftsutgifter for tannhelsetenesta pr. innbyggjar - og netto driftsutgifter pr. prioritert klientell under tilsyn i Hordaland og i Noreg (utanom Oslo) i 2011, 2012 og 2013.

År	Hordaland			Noreg		
	2011	2012	2013	2011	2012	2013
Netto driftsutgifter pr. innbyggjar i kr	393	391	394	430	449	435
Netto driftsutgifter pr. prioritert klientell under tilsyn i kr	1488	1506	1559	1615	1709	1699

Tannhelsetenesta kompetansesenter Vest (TK-Vest) Hordaland

TK Vest Hordaland opna i august 2012 i det nye odontologibyggget på Årstadvollen. Fylkeskommunen har ansvaret for organisering og drift av TK-Vest Hordaland.

TK Vest sine oppgåver er:

- spesialistbehandling av tilviste pasientar frå både offentlege og private tannlegar, samt rådgjeving til tannhelsepersonell ute i fylket
- klinisk forskning
- bidra i den klinisk trening av spesialistkandidatar

Fylkeskommunen må dekkja lønnsutgifter til spesialistane, men får og inntektene frå behandlinga. Delar av utgiftene knytt til TK Vest Hordaland skal dekkast av Helse- og omsorgsdepartementet (HOD). Helsedirektoratet har i løpet av 2014 sendt tildelingsbrev tilsvarande dei budsjettmidla det blei søkt om:

- Til drift av TkVest-Hordaland inkl. midlar til forskning: 9,8 mill. kr
- Til drift av senter for odontofobi: 4,8 mill. kr
- Lønsmidlar til to tannlegar som er starta på ei 3-årig spesialistutdanning i barnetannpleie: 0,7 mill. kr

I 2014 er kompetansesenteret kome i full drift. Det er tilsett spesialistar innan alle dei 7 godkjende spesialitetane. Det er vidare 2 stipendiatar i doktorgradsløp. Pr september 2014 er det 40 tilsette på kompetansesenteret.

Rekrutteringstiltak

Dei siste åra har det vore lettare å rekruttere tannlegar og tannpleiarar til klinikkar i distrikta i Hordaland. Det er no tilsett tannhelsepersonell i tilnærma alle stillingar. Utfordringa er no å få tannlegane og tannpleiarane til å stå i stillingane. Den største konkurrenten for tannlegar er privat sektor. Lønsmessig vil den offentlege tannhelsetenesta aldri kunna tevla med privatpraksis.

Styrking av folkehelsearbeidet

Regjeringa har i St.meld. nr 35 signalisert auka satsing på helsefremmande og førebyggjande tannhelsearbeid, og ei betre integrering av tannhelsetenesta i det generelle folkehelsearbeidet. Fylkeskommunen har også fått eit lovfesta ansvar for folkehelsearbeidet. Tverrfagleg samarbeid er eit nøkkelord i dette arbeidet.

Som det går fram av tabellen under, er tannhelsa til barn og ungdom i Hordaland på nivå med resten av landet unntatt for 18-åringar. Tannhelsa til 18-åringane i Hordaland ligg framleis under gjennomsnittet for fylkeskommunane i Noreg.

Prosentvis del 5-åringar utan tannråte eller fylling - og gjennomsnittleg tal tenner med tannråte eller fylling hos 12- og 18-åringane i Hordaland og i Noreg(utanom Oslo).

		Hordaland			Noreg		
Nøkkelårskull		2011	2012	2013	2011	2012	2013
5-åringar	% utan tannråte	82,5	81,1	83,3	81,0	82,2	82,9
12-åringar	Gj.snitt tenner med karies eller fylling	1,3	1,2	1,2	1,1	1,1	1,0
18-åringar	Gj.snitt tenner med karies eller fylling	5,0	4,8	4,7	4,3	4,4	4,2

Tannhelsetenesta i Hordaland har utarbeidd ein strategi for folkehelsearbeidet, og vil setje i verk tiltak for å få ei enno betre tannhelse mellom dei prioriterte gruppene i fylket. For å få dette til må talet på tannpleiarar i den offentlege tannhelsetenesta auka.

Etablering av ein rasjonell klinikkstruktur

Tannhelsetenesta i Hordaland har pr september 2014 56 tannklinikkar. Fylkesrådmannen har utarbeidd utkast til klinikkstrukturplan for Hordaland. Planen skal sendast på høyring hausten 2014 til kommunar og aktuelle organisasjonar, og politisk handsaming vil skje vinteren 2015.

Det er fagleg sterkt ønskjeleg, og økonomisk nødvendig, å etablera færre og større tannklinikkar. På den måten vil tannhelsetenesta gi eit tilbod til pasientane som er fagleg betre og samtidig som tilbodet er mykje meir stabilt. Store tannklinikkar er opne både i feriar og ved sjukdom og permisjonar.

Større tannklinikkar med eit godt fagleg og sosialt miljø er heilt avgjerande for å rekruttera gode tannlegar og tannpleiarar. Tilsvarande erfaring er gjort i all helseteneste. Høgt utdanna nøkkelpersonell i helsetenesta utanfor institusjon, legar, tannlegar og psykologar, ønskjer ikkje lenger å arbeide i små einingar.

Årsbudsjett 2015

Tannklinikstruktur

Større og færre tannklinikkar gir eit betre fagleg tilbod, og meir stabil teneste. Tal søkarar til ledige stillingar på store tannklinikkar er klart høgare enn på små klinikkar. Eigeomsavdelinga har utført ei kartlegging av "universell utforming" på alle tannklinikane i Tannhelsetenesta i Hordaland. Fleire tannklinikkar vil krevje store investeringar i dei komande år for å oppfylle krav knytt til universell utforming. Nedlegging av tannklinikkar kan og vera naudsynt av omsyn til manglande universell utforming og kostnader for å ivareta omsyn til universell utforming.

Tannbehandling i narkose

Fylkeskommunen har eit lovpålagt ansvar å yte tannhelsetenester til dei såkalla prioriterte grupper. For nokre pasientar må tannbehandling utførast i narkose. Tannhelsetenesta i Hordaland gir tilbod om tannbehandling i narkose på Haukeland sjukehus og på Stord sjukehus. Slik behandling skjer i eit samarbeid mellom spesialisthelsetenesta (anestisipersonell) og tannhelsetenesta (tannhelsepersonell), og årleg får om lag 150 pasientar i Hordaland tannbehandling narkose.

Pågangen for å få utført tannbehandling i narkose er aukande. Spesialisthelsetenesta kan ikkje avsjå behandlingsrom eller anestesiresursar for å auke kapasiteten. Pr september 2014 er det 70 pasientar på venteliste, og ventetida er bortimot 6 månader.

Fylkestannlegen vurderer kjøp av privat anestisipersonell for å auka behandlingsskapasiteten for tannbehandling i narkose. Dei praktiske løysingane samt kostnader ved kjøp av private anestisitenester er ikkje avklart. Det vil kome ei eiga sak om behovet for å auka tilbodet om tannbehandling i narkose.

Utdanning av spesialistkandidatar

Tannhelsetenesta har ansvar for å gi eit spesialisttilbod på kompetansesenteret. Grunna vanskar med å rekruttera frå eit lite fagmiljø er det behov for å utdanna to tilsette tannlegar – ein som spesialist i periodonti (tannkjøtssjukdom) og ein i klinisk odon-

tologi. Dei to kandidatane vil få løn/stipend under utdanninga (3 år) mot bindingstid. Kostnad i 2015-budsjettet er 0,8 mill. kr.

nesta har som mål at forholdet mellom tannlegar og tannpleiarar skal vere 2,5 : 1.

Styrking av folkehelsearbeidet

Auka satsing på folkehelsearbeidet er avhengig av at tannpleiarbemanninga blir styrka. Tannhelsete-

Takstar for betalande klientell

Fylkesrådmannen foreslår at honorartaksten i tannhelsetenesta blir heva med 3% frå 1.1.2015. Honorartakst for tannhelsetenesta i Hordaland ligg no på landsgjennomsnittet.

Målsetjingar for tannhelsetenesta

		Kostnad
Effekt mål	God tannhelse	
Resultat mål	Stadig betring i tannhelse	
Tiltak	Div førebyggjande tiltak - folkehelsearbeid	
Indikatorar	Årleg registrering på nøkkelårskull 5-, 12- og 18-åringar. For alle tre årskull: % utan karieserfaring For 12-og 18-åringar: DMFT-indeks	

		Kostnad
Effekt mål	Tal ferdigbehandla pasientar	
Resultat mål	God produksjon – effektiv drift. Tal ferdigbehandla pasientar skal vera i samsvar med oppsett årsplan	
Tiltak	Bemanning i samsvar med pasientgrunnlag	
Indikatorar	Tertialrapportering - tal ferdigbehandla pasientar	

		Kostnad
Effekt mål	Økonomi	
Resultat mål	Samsvar mellom budsjett og rekneskap	
Tiltak	Utarbeiding av budsjett, tilsyn av rekneskapsutvikling og økonomisk rådgjeving	
Indikatorar	Tertialrapportering - rekneskap	

		Kostnad
Effekt mål	Nærvær	
Resultat mål	Gjennomsnittleg nærvær på 92,5% blant tilsette i tannhelsetenesta	
Tiltak	Revisjon av plan om «Nærvær, livsfasepolitikk og tilrettelegging i tannhelsetenesta»	
Indikatorar	Tertialrapportering - nærvær	

		Kostnad
Effekt mål	Førebyggjande tiltak - folkehelsearbeid	
Resultat mål	Stadig betring i tannhelse – og generell helse	
Tiltak	Tertialrapportering – timar brukt til utadretta verksemd	
Indikatorar	Tertialrapportering om arbeidstid (timar) som dei ulike yrkesgruppene har brukt til utadretta verksemd (kurs, møter, dialog med samarbeidspartar etc)	

Regional utvikling

Tal i heile 1000 kr

			Budsjett 2014	Budsjett 2015	Endring %
700	Tilrettel./støtte for næringslivet	Brutto driftsutgifter	138 442	115 939	-16,3 %
		Driftsinntekter	-119 119	-96 332	-19,1 %
		Netto driftsutgifter	19 323	19 607	1,5 %
705	Finansieringsbistand overf. Næringslivet	Brutto driftsutgifter	8 937	8 499	-4,9 %
		Driftsinntekter	0	0	
		Netto driftsutgifter	8 937	8 499	-4,9 %
715	Lokal og regional utvikling	Brutto driftsutgifter	88 852	81 869	-7,9 %
		Driftsinntekter	-36 043	-34 221	-5,1 %
		Netto driftsutgifter	52 809	47 648	-9,8 %
716	Friluftsliv og miljø	Brutto driftsutgifter	11 265	10 874	-3,5 %
		Driftsinntekter	-3 800	-3 900	2,6 %
		Netto driftsutgifter	7 465	6 974	-6,6 %
		Sum brutto driftsutgifter	247 496	217 181	-12,25 %
		Sum driftsinntekter	-158 962	-134 453	-15,42 %
		Sum netto driftsutgifter	88 534	82 728	-6,56 %

Hordaland fylkeskommune si regionale utviklingsrolle

Befolkningsutviklinga og endringar i befolknings-samansettinga er ei underliggjande drivkraft for den regionale utviklinga. Hordaland fylkeskommune si befolkningsprognose syner at befolkninga i Hordaland vil auke med ca. 140 000 innbyggjarar fram mot 2030.

Eit konkurransedyktig fylke krev velfungerande infrastruktur

Hordaland har ujamn fordeling når det gjeld befolkningsvekst, der kysten og Bergensregionen har høgare vekst, yngre befolkning, høgare sysselsetting og eit høgt utdanningsnivå samanlikna med resten av fylket.

Korleis regionen evnar å samarbeide om å utnytte desse fortrinna er avgjerande for å hevde seg i den internasjonale konkurransen. Europeiske erfaringar tilseier at dersom ein skal styrke konkurransekrafta, inneber det at ein må legge til rette for å utnytte heile regionen sine ressursar på ein mest mogeleg rasjonell måte.

Ein konkurransedyktig økonomisk region krev både gode bustadar, eit miljøvenleg og effektivt transportsystem for personar og varer, god offentleg og

privat service, og høve til attraktiv lokalisering og stabile rammevilkår for privat og offentleg verksemd.

Auka transportvekst og press på areal

Hovudutfordringa er å handtere den sterke befolkningsveksten på ein bærekraftig måte. Fleire innbyggjarar fører til auka transportbehov og press på arealbruken. Det er viktig at arealutnyttinga i alle kommunar blir effektivisert. Ei styrka utvikling og fortetting av kollektivknutepunkt vil gje færre arealkonfliktar.

Kommunane sentrale i HFK sitt utviklingsarbeid.

Kommunane er den viktigaste tenesteleverandøren og har den viktigaste utviklingsarenaen for folk i kvardagen. Dette perspektivet legg fylkeskommunen til grunn for sitt aktive arbeid som regional utviklingsaktør.

Dei regionale utviklingsmidlane set fylkeskommunen i stand til, gjennom politisk vedtak, å regionalt stimulere til nyskaping og næringsutvikling, både med bedriftsretta tiltak gjennom Innovasjon Norge og andre tilretteleggjande tiltak.

Storleiken på dei regionale utviklingsmidlane blir fastsett gjennom statsbudsjettet, og var i 2014 for Hordaland på 60,7 mill.kr og i 2013 på 72 mill. kr. Midlane vert fordelt gjennom politisk vedtak i fylkesutvalet. Hovuddelen av desse midlane er planlagt disponert til prosjekt og tiltak innanfor vedtekne strategiar i Regional næringsplan, og prioriterte tiltak i Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland (HNN).

Posten vart vesentleg redusert i statsbudsjettet for 2014, og ein ytterlegare reduksjon i 2015 vil kunne få konsekvensar for dei øymerka tilskota til regional utvikling og vil medføre at det må gjerast ny vurdering av korleis midlane til næringsutvikling skal fordelast.

Fylkeskommunen skal ha ei sentral, politisk rolle gjennom å etablere samarbeid med lokale og regionale aktørar. Dette for å nå sette mål knytt til å:

- Styrke kunnskapsgrunnlaget for utforminga av den regionale politikken på ulike politikkområde.
- Følgje opp arbeidet nedfelt i regional planstrategi innanfor ulike politikkområde.
- Sikre gjennomføringa av definerte mål ved samarbeid i det regionale partnerskapet.
- Leggje til rette for et nyskapande og konkurransedyktig næringsliv og gjere regionen meir konkurransedyktig samanlikna med andre storbyregionar.
- Vidareutvikle det regionale miljør samarbeidet relatert til klima/energi og vassforvaltning.
- Ta initiativ til eit sterkt partnerskap for folkehelse og sikre kommunane i Hordaland eit kvalifisert kunnskapsgrunnlag til sitt lokale folkehelsearbeid.

Fylkeskommunen bidrar til dette i et partnerskap saman med kommunane, næringslivet, utdannings- og forskingsinstitusjonar, statleg forvaltning og organisasjonslivet. Partnerskapsarbeid er kjenneteikna ved at samarbeidet skjer mellom sjølvstendige og likestilte aktørar med eit felles ansvar for finansiering og gjennomføring.

Utfordringar i 2015

Fylkesrådmannen trekkjer fram dei viktigaste utfordringane nedanfor:

Stor planaktivitet i Hordaland

Regional planstrategi fastset kva planar som skal utarbeidast i valbolken. Arbeidet med fleire omfattande og viktige regionale planar er i gang. Regional kystzoneplan for Sunnhordland og Ytre Hardanger vil vera i planfasen og vedtak er venta i

2015. Det same gjeld Regional plan for areal og transport i Bergensområdet.

Planaktiviteten ut over dette er stor i kommunane i fylket og rettleiingsbehov aukar i takt med rekrutteringsutfordringane i kommunane. Oppfølging av regionale planar gjennom kommuneplanar vil avgjera i kva grad ein lukkast med regional planlegging og set større krav til administrasjonen. Det er dessutan eit auka behov for kompetanse og utdanning innan plan som fylkeskommunen er ein pådriver for.

Lågare statlege overføringar til regional utvikling

Eit eige Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland (HNN 2014) er knytt til Regional næringsplan for Hordaland 2013 – 2017. HNN erstatter tidlegare Regionalt utviklingsprogram (RUP) og vil bli revidert kvart år. Midlane knytt til budsjettet i HNN kjem for ein stor del frå statlege overføringar (KMD) kvart år. I 2014 opplevde fylkeskommunen eit stort nedtrekk i dei statlege overføringane. Dette gjer det utfordrande å kunne delta i finansieringa av alle dei næringsretta tiltaka og prosjekta som tradisjonelt har vore finansiert med midlar frå HNN. For 2014 førte dette til nedtrekk av rammene til eksterne forvaltarar, i første rekke dei regionale næringsfonda og Innovasjon Noreg medan ein forsøkte skjerme den prosjektrretta finansieringa gjennom fylkeskommunen.

Fylkeskommunen får også overført midlar til «Næringsretta utviklingstiltak» frå KMD, ein særskilt kompensasjon til dei kommunane som fekk gjeninnført full arbeidsgjevaravgift i 2004. I 2014 har tre kommunar i Hordaland fått gjeninnført differensiert arbeidsgivaravgift (Tysnes, Kvinnherad og Jondal) og går dermed ut av ordninga noko som inneber ein reduksjon av ramma. Vidare er det signalisert at regjeringa vil vurdere moglege kompensierende tiltak for dei kommunane som ikkje får gjeninnført differensiert arbeidsgivaravgift i samband med Statsbudsjettet for 2015. Dette innber at det ikkje er sikkert at den kompensierende ordninga for dei øvrige kommunane vil bli vidareført i den form den har i dag.

Hordaland har over fem år motteke nesten 11 mill. frå KMD gjennom LUK-programmet (Lokal samfunnsutvikling i kommunane). Programmet er slutt i 2014 og midlane fell bort. Mange av dei tiltaka som har styrka kommunane i deira arbeid med lokal samfunnsutvikling har vore finansiert over desse midlane. Viktigast er ei omfattande kompetanse- og nettverkssatsing, dialogmøte og vidareutvikling av LivOGLyst og nettstaden Kom-an.no. Delar av denne satsinga bør førast vidare, til dømes eit nettverks- og kompetanseprogram retta mot entreprenørar og førstelina i kommunane. Det vil bli utford-

rande å finne midlar til dette. Særleg utfordrande vil dette bli sidan også dei ordinære rammeoverføringane til HNH budsjettet allereie er redusert.

Fylkeskommunen si støtte til regionale næringsretta utviklingsaktørar blei gjennomgått i 2014. Fylkeskommunen går over til treårige samarbeidsavtalar med aktørane. Gjennomgangen viste at for fleire av aktørane må spørsmålet om støtte opp til ny politisk handsaming dersom samarbeidsavtalane skal vidareførast for ein ny treårig periode frå 2015. I tillegg får fylkeskommunen inn søknader frå nye aktørar som ønskjer støtte.

Kampen for reduserte klimagassutslepp

Klimaplan for Hordaland presenterer ei heilskapleg og grundig tilnærming til klimautfordringane og viser kva vi kan gjere i fylket vårt. Då Fylkestinget i juni 2014 vedtok Klimaplan for Hordaland 2014-2030, vedtok dei samstundes at den skal leggjast til grunn for andre regionale planar i Hordaland.

Klimabudsjettet dekkjer berre ein liten del av fylkeskommunen si regionale klimasatsing. Dei store satsingane skjer på samferdsel og opplæring, men også verkemidlane på næringssektoren er viktige.

Evaluering av effekten av dei ulike klimatiltaka viser at det er vanskeleg å prioritere mellom konkrete tiltak, utviklingstiltak eller kompetansetiltak. Men vi har større styring med klimatiltak i eigen organisasjon, og dei kan oftare vere konkrete. Til dømes skal Nye Voss Vidaregåande skule (jordbruksskule) ha utstrakt bruk av trevirke. Trevirke er eit karbonlager og kan erstatte materiale som har store klimagassutslepp, t.d. betong. Det er trong for enno meir heilskapleg tenking kring klima og miljø når det gjeld nybygga til fylkeskommunen. Satsinga på energieffektivisering av eigne, eksisterande bygg er i rute. På samferdselsida skjer det spanande ting med klimavenleg framdrift for kollektivtransporten, t.d. skal biogasshybridbussar prøvast ut i Hordaland og miljøkriterier blir vurdert i høve til nye anbod på ferje- og snøggåtruter.

Regionale utviklingsmidlar

Ordninga går til investeringar i større regionale prosjekt som skapar noko unikt for heile eller delar av fylket. Dei seinare åra er denne tilskotsordninga blitt meir oppbunden, sist i 2012 grunna at 4 mill. kr årleg i 10 år er øyremerkte til Nasjonale turistvegar sitt prosjekt "Fossar i Hardanger". Søknadsrundane har vist ein stor etterspurnad i kommunane etter midlar på denne ordninga.

Fleire gode leveår for alle

Regional plan for folkehelse med handlingsprogram blei vedteken av Fylkestinget i mars 2014. Satsinga på folkehelse i Hordaland er brei og skal bidra til eit

langsiktig og systematisk arbeid som skal gje fleire gode levekår for befolkninga, og utjamne sosiale helseforskjellar.

Hovudprioriteringar knytt til budsjett for 2015 er i hovudsak retta mot tema: heilskapleg folkehelsearbeid og universell utforming. Målet er å fremje ei samfunnsutvikling for god folkehelse.

Arenaer for heilskapleg folkehelsearbeid: det skal etablerast styringsgruppe og setjast i verk ny styringsmodell for partnerskapet, samt inngå nye avtalar med kommunane. Partnerskapen skal etablerast som eit strategisk organ for utviklinga av folkehelsearbeidet. Fylkeskommunen vil også vidareføre arbeidet med aktivt å understøtte kommunane sitt folkehelsearbeid, bidra til å vidareføre møteplassar og til kunnskapsutvikling både for folkehelsekoordinatorar og andre tilsette i kommunen som har eit folkehelseansvar. I 2015 blir det og prioritert å starte arbeidet med å auke kunnskap og kompetanse om universell utforming.

Eit viktig arbeid i 2015 blir arbeidet med å koordinere folkehelsearbeidet internt i fylkeskommunen, gjennom å auke kunnskap om folkehelse og innsats knytt til ulike sektorar.

Folkehelsearbeidet skal vere kunnskapsbasert. Fylkeskommunen skal bidra til å både bruke tilgjengeleg kunnskap og utvikle ny kunnskap om utviklingstrekk, helsetilstand og effektive tiltak. Eit viktig tiltak her er utvikling av fylkeshelseoversikt som grunnlag for både ny planstrategi i 2015. Innsatsen knytt til at folkehelse skal vere integrert i all areal- og samfunnsplanlegging inneber også eit utviklingsarbeid knytt til å auke planvegledning ved å ta i bruk sjekklister for folkehelse og bruk av andre verktøy som t.d. helsekonsekvensutgreingar.

Fylkeskommunen deltek også i ulike nasjonale utviklingsprogram for å fremje helse og trivsel og vil vidareføre dette arbeidet også i 2015. Eit døme på eit slikt tiltak er satsinga på Fiskesprell for å auke inntaket av sjømat hos barn og auke kunnskapen hos elevar på barne- og ungdomsarbeiderlinjer i vidaregåande skular.

Frivillig sektor er ein viktig ressurs i folkehelsearbeidet. Fylkeskommunen vil vidareutvikle samarbeidet med frivillig sektor og bidra til å stimulere tiltak og prosjekt innan folkehelse.

Frå eit bruttobudsjett på 258,2 mill. kr i 2014 er den økonomiske ramma til regional utvikling no redusert til 216,5 mill. kr i 2015. Mykje av midlane er bundne opp av fleirårige avtalar med mottakarar av tilskot, og til feltet ligger fleire lovfesta forvaltningsoppgåver og statlege overføringar er øyremerkte.

Fylkeskommunen sitt arbeid med regional utvikling er meir enn løyving av tilskot. Rolla som tilretteleg-

gjar og koordinator er ein like viktig del av arbeidet. Likevel er dei økonomiske midla eit viktig verktøy til å stimulere økonomisk til nyskaping og næringsutvikling, og i ein del samanhengar er fylkeskommunale bidrag heilt avgjerande for at andre midlar blir stilt til rådvelde.

Øyremerka statlege midlar

I budsjettet for 2015 er det ført opp kva ein ventar å få av øyremerka statlege midlar og fylkesrådmannen tek innleiingsvis med ei samleoppstilling over statstilskota. Dei ulike tilskotsordningane er kommenterte nærare under kvar enkelt budsjettpost.

Regionalt utviklingsprogram	60,732 mill. kr
Næringsretta utviklingstiltak	32,700 mill. kr
Regionalt forskingsfond	30,750 mill. kr
Landbruk	1,200 mill. kr
VRI (Verkem for reg. innovasj.)	1,700 mill. kr
Vassregion	1,070 mill. kr
Tilskotsmidlar jakt og fiske	0,400 mill. kr
Tilskotsmidlar skjelsand	0,100 mill. kr
Førebyggjande helsearbeid (folkehelse)	0,819 mill. kr

700 Tilrettelegging og støttefunksjonar for næringslivet

Tal i heile 1000 kr

Tilrettelegging og støtte til næringslivet	Budsjett 2014	Budsjett 2015	Endring %
Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland (HNN)	66 160	63 803	-3,6 %
Næringsretta utviklingstiltak	53 085	32 700	-38,4 %
Næringsbarometeret	371	371	0,0 %
Drift innovasjonstiltak	426	432	1,4 %
Prosjekt med mellombels driftstilskot	15 500	15 733	1,5 %
Landbruk	1 200	1 200	0,0 %
VRI	1 700	1 700	0,0 %
Sum brutto driftsutgifter	138 442	115 939	-16,3 %
Sum driftsinntekter	-119 119	-96 332	-19,1 %
Sum netto driftsutgifter	19 323	19 607	1,5 %

Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland (HNN 2015)

Budsjettposten omfattar øymerka midlar både frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD) til regional næringsutvikling og fylkeskommunale midlar til prosjektutvikling knytt til satsingane i HNN.

I 2014 fekk Hordaland fylkeskommune tildelt 60,732 mill. kr på denne posten frå KMD, ein nedgang på omlag 9,5 mill. kr frå året før. I tillegg vart det løyvd 3,026 mill. kr over fylkeskommunen sitt budsjett. Renter på unytta midlar ved utgangen av 2013 på kr 2,402 mill. kr vart lagt til slik at den totale ramma var på 66,16 mill. kr i 2014. I opphavleg budsjett for 2014 var det ført opp eit høgare statleg tilskot enn det ein faktisk enda opp med å få i 2014. I tabellen ovanfor er det summen ein faktisk har til disposisjon i 2014 som er ført opp.

Om lag halvparten av dei statlege midlane vart forvalta av Innovasjon Norge til bedriftsretta tiltak noko som er same andel som tidlegare år. Statlege øymerka midlar til regional næringsfond, som var på 10,8 mill i 2013, blei tatt bort i 2014, medan ramma til omstillings og nyskaping blei auka til 6 mill. kr. 4 mill. kr av omstillingsmidlane blei omdisponert til regionale næringsfond.

Dei fylkeskommunale midlane til satsingane i HNN kan nyttast friare enn dei statlege midlane, som må nyttast i samsvar med eit stramt regelverk. Denne løyvinga er såleis eit svært viktig supplement i arbeidet med næringsutvikling i fylket. For 2015 fører fylkesrådmannen opp 3,071 mill. kr i tillegg til dei statlege midlane til HNN 2015.

Storleiken på overføringane for 2015 kjem i Statsbudsjettet. Det er knytt uvisse til kor store desse

overføringane blir. Fylkesrådmannen kjem attende til budsjettet på dette punktet i revidert budsjettgrunnlag når Statsbudsjettet for 2015 er kjent, og budsjetterer førebels med same sum som for 2014, 60,732 mill. kr. Samla sum (statlege og fylkeskommunale midlar) vert då 63,803 mill. kr til HNN 2015. Det vert lagt til grunn at ein tidleg i 2015 fordeler desse midlane i eiga sak til fylkesutvalet om revisjon av HNN for 2015.

Såframt det ikkje skjer vesentlege endringar i det statlege overføringane vil satsingane på klimarettatiltak bli videreført i 2015 med ei øymerking av 2 mill. kr til dette.

Næringsretta utviklingstiltak

Denne posten omfattar ordninga med kompensasjon for auka arbeidsgjevaravgift med overføring av øymerka statlege midlar frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet. I første halvdel av 2014 var dei sju kommunane Modalen, Kvam, Jondal, Tysnes, Kvinnherad, Etne og Bømlo med i ordninga.

I 2014 er løyvinga 45,4 mill. kr, ned frå 57,57 mill kr i 2013. Delar av nedgangen (ca 5 mill kr) skuldast at breibandsatsingane blei overført frå fylkeskommunane til Post- og teletilsynet i 2014. Utpeika satsingar er knytte til samferdsle, kompetanseheving, og ulike infrastrukturprosjekt. Kompensasjonsmidlane blir disponert gjennom ein eigen årleg Plan for bruk av kompensasjonsmidlane som blir vedtatt av fylkesutvalet etter forslag frå ei eiga styringsgruppe.

Nytt regelverk for differensiert arbeidsgivaravgift blei innført frå 1. juli 2014 etter eit halvt års forlenging av tidlegare ordning. Det nye regelverket skal gjelde til ut 2020. I det nye regelverket har kommunane

Kvinnherad, Tysnes og Jondal fått gjeninnført differensiert arbeidsgivaravgift og går såleis ut av kompensasjonsordninga. Samstundes er det uvisse om kva form dei kompenserande tiltaka for dei resterande fire kommunane vil bli gitt. Førrebeles er det budsjettert med ei ramme for 2015 på 32,7 mill kr som tilsvarer dei fire gjenverande kommunane sin «andel» av ramma for 2014. Fylkesrådmannen kjem attende til budsjettet også på dette punktet i revidert budsjettgrunnlag når Statsbudsjettet for 2015 er kjent.

Næringsbarometeret

Budsjettposten omfattar øyremerka midlar til Næringsbarometeret og fylkesrådmannen vidarefører dette i 2014 og set av kr 371 000 til Næringsbarometeret.

Drift innovasjonstiltak

Oppfinnarprisen

Prisen er med å stimulera auka kreativitet og innovasjon i fylket og blir delt ut på fylkestinget i desember kvart år. Fylkesrådmannen fører opp kr 132 000 for 2015.

Nyskaping og entreprenørskap ved Høgskolen i Bergen

I 2012 inngjekk fylkeskommunen avtale med Høgskulen i Bergen om tilskot til ei stipendiatstilling knytt til eit nytt forskingsprogram innan rural innovasjon. Føremålet med forskingsprogrammet er å styrke kunnskap og kompetanse om korleis ein fremjar innovasjon og entreprenørskap i distrikta. Avtalen gjeld for fire år, med årleg tilskot på kr 300 000.

Prosjekt med førebels driftstilskot

Føremålet med løyvingane på denne posten er å stø opp om regionale næringsretta utviklingsaktørar som blir vurdert som viktige for å gjennomføre næringsutviklingsarbeidet i tråd med Regional næringsplan for Hordaland og det tilhøyrande handlingsprogrammet.

Fylkesutvalet fastsette i 2013 nye prioriteringskriteri og forvaltingsregime for slike samarbeidsavtaler med regionale næringsretta utviklingsaktørar. I budsjettet for 2014 blei det så sett av ei ramme på 15,5 mill kr til formålet, utan fordeling på einskild-aktørar. I tråd med dei vedtekne retningslinene vedtok fylkesutvalet i februar 2014 fordeling av budsjettposten. For dei fleste aktørane er det berre gjort vedtak om støtte for 2014, medan for Fiskeriforum Vest gjeld vedtaket også for 2015. Støtte til Regionsenter for husflidnæringa og til Husflidkonsulenten blei avvikla medan støtte til Utdanning i Bergen blei overført til Opplæringsavdelinga. I tillegg er det i 2014 sett av 8,18 mill kr over HNH-budsjettet til regionale utviklingsaktørar. Fylkes-

rådmannen vil i løpet av hausten 2014 fremme forslag til fylkesutvalet om vidareføring for ein ny treårsperiode eller avvikling av dei partnerskapsavtalane som går ut i 2014.

Tabell for fordeling i 2014 (Tal i heile tusen)

Drift innovasjonstiltak	Budsjett 2014
Fjord Norge	4 040
Samarbeidsavtale med destinasjonar i Hordaland	765
Fellesoppgåver på tvers av regionane i Hordaland	730
Drift / regionale tiltakskontor	1 025
Fiskeriforum Vest	310
Bergen Vitensenter AS	3 550
HOG Energi	890
Business Region Bergen, driftsstøtte	2 400
Business Region Bergen, prosjektstøtte	1 790
Sum brutto driftsutgifter	15 500

Fylkesrådmannen fører opp 15,7 mill. kr på denne budsjettposten for 2015. Den vedtekne løyvinga på 310 000 kr til Fiskeriforum Vest for 2015 er inkludert her. Resten av ramma blir sett av til fylkesutvalet si handsaming av ei vidareføring av partnerskapsavtalane som går ut i 2014.

Landbruk

Hordaland fylkeskommune har ansvar for fleire oppgåver direkte knytt til landbruket. Dei viktigaste av desse oppgåvene er kompetanseoppbygging, rekruttering og likestilling. Hordaland fekk tilført 1,2 mill. kr frå Landbruks- og matdepartementet i 2014 og føreset same beløp i 2015. Ramma har ikkje vore prisjustert dei seinare åra.

Desse midlane går til ulike prosjekt og tiltak etter søknad. Til grunn for disponeringa ligg "RULL, - Strategi for forvaltning av midlar til rekruttering, utdanning og likestilling i landbruket i Hordaland for 2011-2015".

VRI-programmet

Hordaland fylkeskommune har sidan 2007 delteke i Norges forskningsråd sitt tiårige program Virkemidler for regional FoU og innovasjon (VRI). VRI er ei særskilt satsing på forskning og innovasjon i norske regionar. Hordaland fylkeskommune sitt VRI-prosjekt har vore retta mot betre samhandling mel-

lom forskingsinstitusjonane og bedriftene i regionen. VRI er eit spleiselag der Forskningsrådet bidrar med inntil 50 % av finansieringa og Hordaland fylkeskommune med minst 25 % (over HNH budsjettet). Resterande 25 % av finansieringa vert dekkja av bedriftene og forskingsmiljøa si eiga tidsbruk i arbeidet.

705 Finansieringsbistand overfor næringslivet

På denne budsjettposten fører ein driftsutgiftene i Regionalavdelinga som går til nærings- og tiltaksarbeid. Etter KOSTRA-inndelinga skal alt arbeid som ikkje er reint administrativt førast på funksjonen som omhandlar arbeidsfeltet. I 2014 vart det ført opp 8,937 mill. kr. Ei stilling vert frå 2015 finansiert av VRI-midlar. Fylkesrådmannen fører opp 8,499 mill. kr på denne posten.

I tillegg kjem 1,2 mill. kr som vert overført frå Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland.

2014-16 er siste VRI-periode (VRI 3) og Hordaland har fått tildelt kr 1,7 mill. kr i året frå Forskningsrådet. Årleg bidrag frå HNH vert då kr 850 000. Fylkesrådmannen har lagt inn statleg tilskot på 1,7 mill. kr i budsjettet for 2015

715 Lokal og Regional utvikling

Tal i heile tusen

Lokal og Regional utvikling	Budsjett 2014	Budsjett 2015	Endring %
Regionale utviklingsprosjekt (konsesjonskraftmidlar)	9 131	9 268	1,5 %
Program for lokalsamfunns-utvikling, Liv og Lyst og LUK	4 036	1 428	-64,6 %
Kommuneplan, tettstadarbeid og kompetanseoppbygging	1 154	1 171	1,5 %
Regional planlegging/planstrategi	2 642	1 882	-28,8 %
Folkehelse	5 104	5 381	5,4 %
Regionalt forskingsfond Vestlandet	30 750	30 750	0,0 %
Vestlandsrådet	600	500	-16,7 %
Klimaplan	8 034	2 880	-64,2 %
Vassforvaltning	775	1 070	38,1 %
Forvaltingsmynde skjelsandkonsesjonar	100	100	0,0 %
Internasjonale samarbeidsprosjekt (HFK-midlar)	467	474	1,5 %
Stipulerte EU-midlar til Erasmus+, Aktiv ungdom og Nordsjø-programmet	970	970	0,0 %
Nordsjøkommisjonen	0	1 525	
Regionalavdelinga, drift innanfor 715	25 089	24 471	-2,5 %
Sum brutto driftsutgifter	88 852	81 869	-7,9 %
Sum driftsinntekter	-36 043	-34 221	-5,1 %
Sum netto driftsutgifter	52 809	47 648	-9,8 %

Regionale utviklingsprosjekt

Midlane skal gå til regionale prosjekt der målet er å skape noko unikt for heile eller delar av fylket, eller til prosjekt som verkar til å skape attraktive og konkurransedyktige regionar. Midlane blir lyst ut til kommunane og går primært til investeringsføremål. I 2012 vart det løyvd 4 mill. kr årleg i ti år frå midlane til turistvegprosjektet for "Fossar i Hardanger".

Fylkesrådmannen legg til grunn uendra ramme for midlane, slik at det er avsett 9,268 mill. kr for 2015. Det vert teke sikte på neste utlysing i 2015, då også med midlar for 2016.

Lokalsamfunnsutvikling i kommunane og LivOGLyst

LUK programmet i regi av KMD blir avslutta i 2014. Hordaland fylkeskommune fekk ei tildeling på kr 1,8 mill. kr til LUK-Hordaland.. I tillegg var det i 2014 sett av 1,4 mill. kr i fylkeskommunen sitt budsjett. Midlane går mellom anna til prosjekta "LivOGLyst til alle kommunar", "Kom-an til kommunane" og til ei større kompetansesatsing. Under overskrifta "Aktive kommunar - Attraktive lokalsamfunn" organiserer fylkeskommunen dette arbeidet i partnerskap med Innovasjon Noreg og Fylkesmannen

si landbruksavdeling. Satsinga i Hordaland har bygd på prosjekta LivOGLyst, Kom-an.no og Kommuneprosjektet. Kommunane sine behov og føringar har i stor grad styrt utviklinga.

Partnarane vil halde fram samarbeidet og partnerskapsavtalen vart revidert i 2014. Måla i Regional næringsplan for Hordaland vil vere førande for prioriteringane i tillegg til dei to andre partnarane sine samfunnsoppdrag. Fylkeskommunen har unytta statlege LUK midlar frå tidlegare år som vil bli nytta i 2015. Det blir ikkje ført opp nye midlar til satsinga i 2015.

LivOGLyst er fylkeskommunen si overordna, langsiktige satsing på lokalsamfunnsutvikling og skal stimulera lokal utviklingskraft på ein systematisk måte, og gi støtte til lokal prosjektutvikling i bygd og by. Fylkesrådmannen tilrår at dette prosjektet blir vidareført med dei fylkeskommunale rammene og fører opp kr 1 428 000 til «LivOGLyst» programmet i 2015.

Kom-an.no er partnerskapen si satsing på "ei dør" inn til verkemiddelapparatet. Nettstaden er eit verkty for gründerar, samfunnsentreprenørar, fyrstelina i kommunane og andre rettleiarar. Kom-an.no vert i 2015 avslutta som prosjekt og lagt til ordinær drift ved Regionalavdelinga.

Plankompetanse, kommunal planlegging og tettstadutvikling

Fylkesrådmannen tilrår å vidareføra same sum som i 2014 med prisjustering og fører opp 1 171 000 kr for 2015.

Fylkeskommunen har ansvar for å tilby kommunane kompetanse i kommunal planlegging. Gjennom fagsamlingar, kurs og konferansar og dialog om plansaker bidrar fylkeskommunen med brukertilpassa formidling av plankompetanse. I 2015 vil iverksetjing av regional plan for attraktive senter – senterstruktur, tenester og handel og samspelet mellom regional plan og kommunal plan vera i fokus.

Høg utbyggingsaktivitet og auka velstand utløyser stort behov for planlegging også i kommunane. Regionalt planforum som er leia av fylkeskommunen er ein etterspurd arena for betre dialog i plansaker.

Fylkeskommunen er pådrivar for tettstadutvikling og gir tilskot til bruk av høg fagkompetanse til stadanalysar. Senterutvikling er grunnlaget for eit robust utbyggingsmønster som både tener distrikta og dei sentrale vekstområda. Fylkeskommunale midlar er med på å utløyse spleiselag mellom ulike offentlege og private interesser. Gjennom partnerskap med kommunane om utvalde analysar og utgreiingar samt prosessar i planarbeid kan fylkeskommunen stimulera til nyskapande planlegging. Prosjektmidlar retta mot eit breitt spekter av tiltak innan plankompetanse, kommunal planlegging og arealretta regionale planar vil ha prioritet i 2015.

Regional planlegging/planstrategi

Regional planstrategi for Hordaland er det sentrale verktøyet for å prioritere regionale planoppgåver. Midlane til regional planlegging er kopla opp til planstrategien og vert nytta til å finansiera igangsetjing og utarbeiding av regionale planar. Fylkesutvalet fordeler midlane til regional planlegging i eiga sak som oppfølging av planstrategien.

I Regional planstrategi for Hordaland 2012 - 2016 er det foreslått seks nye planoppgåver. Såpass mange store planoppgåver vil krevje ein del økonomiske midlar. Regional areal- og transportplan for Bergensområdet og Regional plan for kystsona i Sunnhordland og Ytre Hardanger vil vera sentrale planoppgåver i 2015. Desse planane har også finansieringskjelder i Kommunal- og moderniseringsdepartementet og midlar frå konsesjonsavgift for akvakultur. Behov for midlar til desse planane vert difor delvis løyst eksternt. I 2015 vil behovet for midlar også vera knytt til formidling av regional plan for attraktive senter, arbeid med regional plan for kompetanse og førebuing av arbeidet med regional planstrategi. Regional plan for LNF område vert førebudd etter at anna planarbeid er fullført.

Det er ført opp 1,882 mill. kr i budsjettet for 2015, ein nedgang som attspeglar behovet dette året grunna fleire eksterne finansieringskjelder.

Samordna arbeid på folkehelseområdet

Folkehelselova gir fylkeskommunar ansvar for å ivareta folkehelsearbeid i eiga tenesteyting, forvaltning, planlegging og innan regional utvikling. Lova legg sterk vekt på fylkeskommunen si rolle i å understøtte kommunane sitt folkehelsearbeid. Arbeidet er i ein utviklingsfase. Føringer for dette arbeidet i fylket er lagt i Regional plan for folkehelsearbeid i Hordaland som vart handsama i fylkestinget i mars 2014.

Tilskotsmidlar til kommunane i Hordaland

Ein del av budsjettmidlane til folkehelsearbeid vert sett av tilskotsmidlar til kommunane i Hordaland for å fremje utvikling av folkehelsearbeidet (partnerskapsarbeidet) i perioden 2014-17. Frå 1. januar 2014 vart det innført ei overgangsordning for å sikre kontinuiteten i folkehelsearbeidet og for å ta i vare kompetansen i kommunane. Innanfor eksisterande økonomiske rammer, held Hordaland fylkeskommune fram med økonomisk støtte til og med 2016, men med endra fordelingsnøkkel til kommunane. Partnerskapskommunar over 10 000 innbyggjarar kan få 150 000 pr år, mens kommunar mellom 5 000 og 10 000 innbyggjarar kan få 100.000 og kommunar under 5 000 innbyggjarar 75 000 kr. pr år. Dette skal vere basert på avtalar med sikte på å iverksetje eit systematisk og tverrsektorielt folkehelsearbeid i kommunane.

I framlegget til budsjett er det samla avsett kr 3 250 000 til oppfølging av fylkestingsvedtaket. Beløpet er rekna ut frå at samtlege kommunar inngår avtale med fylkeskommunen.

Folkehelsearbeidet i HFK

For å sikre folkehelse i alt HFK gjer som tenesteproducent. Oppfølging av vedtak i regionalplan for folkehelse vert starta opp hausten 2014, mellom anna med etablering av intern tverrsektorielt nettverk i HFK. Vi vurderer at det er behov for felles opplæring knytt til folkehelsearbeid med eksterne bidragsytarar i 2015, samt ulike felles samlingar. Fleire fylkeskommunar set også av interne midlar for å stimulere oppstart av folkehelseprosjekt i eigen organisasjon.

Fiskesprell

Hordaland fylke deltar i det nasjonale prosjektet "Fiskesprell", der det vert fokusert på barnehagetilsette sin kompetanse for å auka inntaket av sjømat hos barn. I samsvar med søknad til Helsedirektoratet/Norsk sjømatråd for 2014-15 legg ein seg på aktivitetsnivået frå 2013/14. Det er også lagt opp til å vidareføre tilbodet til elevar i barne- og ungdomsarbeider linjer VGS starta opp skuleåret 2013/14.

Prosjektstøtte til frivillige organisasjonar som samarbeider med kommunane i å gjennomføre ulike folkehelseiltak i Regional plan for folkehelse. Det blir sett av kr 250 000 til formålet.

Universell utforming.

Ulike prosjekt i samarbeid mellom fylkesmannen i Hordaland og Hordaland fylkeskommune er under utvikling. Det er søkt om statlege midlar.

Øvrige midlar går til andre stimuleringstilskot til folkehelseiltak i kommunane og til fylkeskommunale satsingar m.a. innan livsstilsområda.

Fylkesrådmannen legg vidare til grunn at det i 2015 vert løyvd kr 819 000 til Førebyggjande helsearbeid gjennom fysisk aktivitet, same beløp som for 2014.

Samla fører fylkesrådmannen opp kr 5 381 000 til folkehelsearbeidet i 2015.

Regionalt forskingsfond Vestlandet (RFF Vestlandet)

Regionale forskingsfond skal mobilisere til økt forskingsinnsats og styrke forskning for regional innovasjon og utvikling, innan regionalt prioriterte tema. Ordninga er fullfinansiert gjennom ei statleg fondsavsetjing. RFF Vestlandet er eit samarbeid mellom Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland. Hordaland er vertsfylkeskommune med ansvar for administrasjon og økonomi. Fondet har eige styre oppnemnt av fylkestinga i dei tre deltakarfylka. I 2013 vedtok fylkestinget nye prioriterte tema for fondet og til saman 29 mill. kr vart lyst ut til forskning innafor desse tema. Tema for perioden 2013-16 er:

- a) Bærekraftig matproduksjon – grøn og marin sektor
- b) Energi
- c) Reiseliv og opplevingar
- d) Offentlege utviklingsoppgåver på Vestlandet (med vekt på kommunale ansvarsområde)
- e) Vestlandet 2025

Ordninga gjeld fram til 2020, og fondsavsetjinga vert årleg fastsett i statsbudsjettet. Også for 2015 er det venta at overføringa frå Kunnskapsdepartementet til Hordaland fylkeskommune som vertsfylke for Regionalt forskingsfond Vestlandet vil vera kr 30 750 000. Dei største prosjekta vert finansiert med inntil tre millionar kroner over tre år. Fondsstyret har i 2015 lagt opp til å lyse ut inntil 42 millionar kroner i prosjektstønad.

Vestlandsrådet

Løyvinga går til kontingent til Vestlandsrådet (kr 500 000). Tidlegare år har det vore budsjettert med 100 000 til møter i regi av Vestlandsrådet som vert arrangert i Hordaland. Møteverksemd vert no deka av deltakarane.

Klimaplan

Arbeidet med ein ny generasjon handlingsprogram er starta og framlegg til handlingsprogram for 2015 vert lagt fram til politisk handsaming i desember samstundes med budsjettet. Talet på tiltak vert ytterlegare redusert, men storleiken på tiltaka aukar. Inndelinga i ulike type tiltak gjer det lettare å rapportere på resultat.

Satsinga på infrastruktur for nullutslepps-bilar vil halde fram i 2015, og vil ta den største delen av budsjettet. Samarbeid med kommunane er understreka i fylkestingsvedtaket, og det skjer m.a. i satsing på energistyring i Nordhordlandskommunane, og i stimulering til miljøsertifisering med særleg vekt på Hardangerkommunane.

Budsjettposten dekker også arbeidet med miljøsertifisering og miljøstyring av Hordaland fylkeskommune. Overordna gjennomføringsdokument for miljøstyringa gjeld frå 1.1. 2014. Miljøhandlingsplanen for 2015 har hovudfokus på:

- Reduksjon av CO₂-utslepp frå oppvarming og reiseverksemd i samsvar med klimaplan for Hordaland 2014 – 2030
- Miljøsertifisering og resertifisering av alle einingane.
- Tydeleggjering av kvar avdeling, seksjon og eining sitt ansvar.
- Kvartalsvis rapportering og oppfølging av miljøhandlingsplanen.

Mange tiltak i handlingsprogrammet er spleiselag med andre. Fylkestinget sitt budsjettvedtak gjev ramma for storleiken på tiltaka. Her, som på fleire andre arbeidsfelt, er behovet for økonomiske midlar større enn budsjetttramma gir rom for. Den viktigaste innsatsfaktoren er eigeninnsatsen.

I 2014 var det løyvd kr 3 034 000 til klimaplanen, inklusiv til miljøsertifisering. I tillegg ga Fylkestinget ei ekstraløyving på 5 mill. kr til ladestasjonar, som ei eingongsløyving.

For 2015 er det, korrigert for prisvekst, lagt inn ein reduksjon på kr. 200 000. Samla sum til klimatiltak og miljøsertifisering er då kr 2 880 000. Fordeling på tiltak blir gjort i sak om rullering av handlingsprogrammet.

Vassforvaltning

Hordaland fylkeskommune er vassregionstyresmakt og har plan- og prosessleiaransvar etter vassforskrifta. Forvaltingsplan for vatn i Hordaland og tiltaksprogram er på høyring fram til 1.1. 2015. Vedtak av planen i 2015 er starten på eit langsiktig arbeid for betre vassmiljø, der betydeleg innsats framleis står att. Det skal arbeidast med styrking av kunnskaps- og vedtaksgrunnlaget, og med gjennomføring av miljøtiltak. Reviderte og stadig betre planar skal ligge føre i 2021 og 2027. Ein må difor sjå på arbeidet som permanent og kontinuerleg med framleis høg og aukande innsats. Kompetansen som er bygd opp i vassforvaltninga både regionalt og lokalt/prosjektleiarar må no sikrast i eit langsiktig perspektiv.

I 2014 fekk Hordaland fylkeskommune to løyvingar over Statsbudsjettet, post 1420.22.3 Statlige vannmiljøtiltak: kr. 435 000 til Vassforvaltning, plan- og prosessarbeid. «De fylkeskommunene som er vannregionmyndighet får en større tildeling enn de andre fordi de skal ha en koordinerende rolle.» I tillegg fekk vi kr. 635 000 til «Bidrag til spleiselag for å sikre god organisering og kunnskapsinnhenting i vannområdene, for eksempel inngå i spleiselag for prosjektleder der man finner det nødvendig. Beløpet skal brukes i hele vannregionen.»

Ein kan vente same sum også i 2015. Det er ført opp kr 1 070 000 i budsjettet. Medfinansiering frå Regional planstrategi bør halde fram i 2015.

Forvaltingsmynde skjelsandkonsesjonar

Fylkeskommunen tildelar skjelsandkonsesjonar og krev inn avgift på bakgrunn av rapportering av opptak. Midlane vert nytta til skjelsandrelevante føremål, som kartlegging av ressursane m.m. Forventa innbetalingar i 2015 er kr 100 000.

Internasjonalt samarbeid

Fylkesrådmannen budsjetterer med kr 474 000 til internasjonale samarbeidsaktivitetar i 2015. Desse budsjettmidlane skal brukast i tråd med internasjonal strategi og prioriterte satsingsområde, herunder:

- Aktivitetar i samarbeidsregionar og delegasjonsvitjingar
- Medlemskap i internasjonale organisasjonar/Vest Norges Brusselkontor
- Nettverk- og partnerskapsutvikling
- Informasjon og marknadsføring
- Programarbeid og prosjektutvikling

Hordaland fylkeskommune har også for 2015 søkt midlar frå EU-programmet Erasmus+ for å heve den faglege og internasjonale kompetansen hjå elevar/lærlingar og tilsette i fylkeskommunen og kommunane Det er budsjettert med 3,3 millionar kr i 2015. Desse midlane blir utbetalt som opplæringsstipend til høvesvis elevar/lærlingar tilsette. Dette blir fordelt på opplæringsbudsjettet (2,7 mill. kr) og budsjettet for Lokal og regional utvikling (600 000 kroner).

For Erasmus+ Aktiv Ungdom er det i tillegg budsjettert med kr 250 000 i 2015. Desse midlane går til prosjekt retta mot ungdom og blir gjennomført i samarbeid med kommunar og frivillige organisasjonar i Hordaland. Hordaland fylkeskommune vil i 2015 rette spesiell fokus mot elevar med spesielle utfordringar for å førebyggje fråfall i vidaregåande skule.

Hordaland fylkeskommune er gjennom Vestlandsrådet, tildelt oppgåva som nasjonalt kontaktpunkt for Nordsjøprogrammet. For 2015 er det budsjettert med eit tilskot på 120 000 kroner frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet til denne funksjonen.

Stipulerte eksterne midlar til internasjonalt arbeid er dermed 970 000 kroner.

Nordsjøkommisjonen

Som følgje av at fylkesordføraren i Hordaland er vald som president i Nordsjøkommisjonen for perioden juni 2014- juni 2016, er Hordaland fylkeskommune ansvarleg for sekretariatsfunksjonen i denne perioden. Til drift av sekretariatet er det sett av lønsmidlar til 2 stillingar. Som fråtrekk for dette kjem 500 000 kroner som er eit årleg bidrag frå dei andre norske medlemsfylka i Nordsjøkommisjonen.

Regionalavdelinga, løns- og driftsutg. innanfor 715

På denne budsjettposten fører ein løns- og driftsutgiftene i Regionalavdelinga innanfor ansvarsfeltet lokal og regional utvikling. Etter KOSTRA-inndelinga skal alt arbeid som ikkje er reint administrativt førast på funksjonen som omhandlar arbeidsfeltet. I juni 2014 vart arbeidet med folkehelse samla på Regionalavdelinga, noko som innebar å flytte 1,5 årsverk til denne posten.

Fylkesrådmannen foreslår likevel å redusere dei samla driftsutgiftene på dette funksjonsområdet med om lag 1,25 mill kr, mellom anna ved å halde ei leiarstilling vakant og spare inn på driftsutgifter

716 Friluftsliv og miljø

Tal i heile 1000 kr

Friluftsliv og miljø	Budsjett 2014	Budsjett 2015	Endring %
Miljø	350	761	117,4 %
Viltforvaltning	400	500	25,0 %
Friluftsføremål	10 115	9 613	-5,0 %
Sum brutto driftsutgifter	10 865	10 874	0,1 %
Sum driftsinntekter	-3 800	-3 900	2,6 %
Sum netto driftsutgifter	7 065	6 974	-1,3 %

Miljø

Kultur- og ressursutvalet vedtek årleg handlingsprogram. Tildeling av tilskotsmidlar vert gjort administrativt. Det er ført opp kr 750 000 på posten i 2015. Etter vedtak i Fylkesutvalet er kr 200 000 øyremerka tilskot til miljøorganisasjonar med fylkeslag. Kr 100 000 er sett av til Miljøpris for Hordaland og då er det kr 450 000 att til lokal innsats for klima og miljø. Denne ordninga er veldig populær og det vart søkt om det mangedobbelte ved tildelinga i 2014. Midla blir nytta til konkrete miljøtiltak i lokalsamfunn i heile fylket.

s

Viltforvaltning

Fylkeskommunen som viltorgan skal fremje formålet med viltlova og gje styresmakter, organisasjonar, bedrifter og enkeltpersonar bistand, råd og rettleiing. Fylkeskommunen fordeler årleg statstilskot til ulike viltformål. Slike midlar kan ikkje gå til drift i fylkeskommunen eller kommunar. Fylkeskommunen arrangerer årleg viltmøte i fylket. Statlege tilskot var i 2014 på kr 400 000, og i tillegg ei øyremerka løyving på kr 100 000. Same beløp er venta i 2015.

Friluftsføremål

Kroner

400.450 Tilskot til friluftsføremål	Budsjett 2014	Tilskot 2015
Friluftslivets hus i Hordaland	110 000	110 000
Bergen og Omland Friluftsråd	1 770 000	1 800 000
Tilskot til ny servicebåt	1 000 000	-
Bergen og Hordaland Turlag	480 000	500 000
Haugesund Turistforening	15 000	15 000
Arboretet på Milde	280 000	280 000
Friluftsrådet Vest	449 000	470 000
Turløyper på Kvamskogen	100 000	100 000
Vestkystparken	1 400 000	1 400 000
Rallarvegen	50 000	50 000
Gradering og merking av turløyper	661 000	770 000
Lokale tiltak for fysisk aktivitet og friluftsliv	400 000	400 000
Kartlegging og verdisetjing av friluftsområder		428 000
Tilskot - friluftstiltak	400 000	400 000
Tilskot - friluftsområde	3 000 000	3 000 000
Sum brutto driftsutgifter	10 115 000	9 613 000
Sum driftsinntekter	-3 400 000	-3 400 000
Sum netto driftsutgifter	6 715 000	6 213 000

Økonomi til drift av friluftsområder er ei stor utfordring som kan føre til færre søknadar om statleg sikring av nye friluftsområder i Hordaland. **Bergen og Omland Friluftsråd** søker om auke i driftstilskot. Fylkesrådmannen foreslår å indeksregulere driftstilskotet frå 1.770.000 til kr 1.8 mill. I budsjett-søknad for 2015 ber **Friluftsrådet Vest** om tilskot på kr 600 000. Fylkesrådmannen tilrår å auke driftstilskotet frå 449.000 til kr 470.000.

Bergen og Hordaland Turlag ber om kr 1 mill i driftstilskot; kr 700.000 til Bergen og Hordaland Turlag og kr 300.000 til Friluftslivets hus. I tillegg søker dei om kr 500.000 i støtte til eit ungdomprosjekt 2015-2017. Satsinga er ein del av markeringa av Friluftslivets år 2015. Voss Utferdslag søker om kr 50.000 via Bergen og Hordaland Turlag. Fylkesrådmannen foreslår å tildele kr 110.000 til Friluftslivets Hus og auke driftstilskotet til Bergen og Hordaland Turlag frå kr 480.000 til kr 500.000 for 2015.

Stiftelsen Det Norske Arboret, Milde søker om auka driftstilskot til kr 380.000. Arboretet jobbar tett saman med Universitetet i Bergen og Bergen og Omland Friluftsråd om å utvikle området retta mot folkeopplysning, naturforståing og friluftsføremål. Det er ikkje rom til å auke driftstilskotet for 2015.

Det nasjonale arbeidet knytt til **merking av turløyper – «det merkes i heile landet»** vert vidareført i 2015. Gjensidigestiftelsen stiller krav om fylkeskommunal eigendel, og eit forpliktande samarbeid med kommune og frivillig sektor. Det er tiltak i 31 kommunar i Hordaland. Frå 2015 kan det også støttast utarbeiding av turkort knytta til dei merka løypene. Fylkesrådmannen tilrår såleis auke posten til kr 770.000.

Det er eit statleg og fylkeskommunalt mål (i regional kulturplan 2025-2025) at alle kommunar skal ha gjennomført ei kartlegging og verdisetjing av friluftsområder innan 2018. Det blir eit vilkår for å kunne søke om statleg medverknad til sikring av friluftsområder. Miljødirektoratet lyser ut midlar til dette arbeidet med krav om 50% medfinansiering frå fylke og kommune. Fylkesrådmannen foreslår å omdisponere midlar og etablere ny post på kr 428.000 til dette arbeidet.

Forum for natur og friluftsliv er eit samarbeidsforum mellom seks natur- og friluftsansjonar på fylkesnivå med mål om å styrke natur- og friluftsinteressene i fylket. Dei søker om ei fast driftsstøtte frå 2015 på kr 200.000. Fylkesrådmannen har ikkje funne rom for dette i 2015. Sidan 2010 har fylkeskommunen bidrege med kr 50.000 i prosjektstøtte – dette vert i 2014 foreslått auke til kr 80.000.

Friluftslivets år 2015 skal markerast over heile landet. I Hordaland er det ønskeleg bruke året til å styrke, vidareutvikle og synleggjere det breie friluftslivsarbeidet m.a. gjennom eit tettare tverrsekto-

rielt samarbeid. Gjennom varierte aktivitetar heile året er målet at fleire hordalendingar skal bli varig meir aktive. Fylkesrådmannen har ikkje funne rom for ekstra midlar til gjennomføring av Friluftslivets år 2015.

Målsetjingar for regional utvikling

		Kostnad
Effekt mål	Grunnlag for vekst og ein berekraftig og konkurransedyktig Bergensregion	
Resultatmål	Utarbeide planforslag for Regional plan for areal og transport i Bergensområdet. Leveres for godkjenning 2.kvartal 2015.	
Tiltak	<i>Tiltak i hht vanleg framdrift i planarbeid.</i>	
Indikatorar	Status for framdrift i planarbeid i høve til styringsgruppa sin siste vedtekne framdriftsplan.	

		Kostnad
Effekt mål	Berekraftig forvaltning av sjøareal og strandsoner i Sunnhordlandsregionen og ytre Hardanger	
Resultatmål	Utarbeide planforslag for Regional kystsonerplan for Sunnhordland og Ytre Hardanger. Leveres for godkjenning 2.kvartal 2015.	
Tiltak	<i>Tiltak i hht vanleg framdrift i planarbeid</i>	
Indikatorar	Status for framdrift i planarbeid i høve til styringsgruppa sin siste vedtekne framdriftsplan.	

		Kostnad
Effekt mål	Hordaland skal vere mellom dei mest innovative regionane i Europa i næringer der fylket har særlege føremoner med vekt på lønsemd, internasjonal konkurransekraft og evne til omstilling	
Resultatmål	1)Auke talet på nyetablerte verksemdar 2)Auke talet på personar som har fagbrev, bachelor, master og forskerkompetanse i næringslivet. 3)Få alle regionar i fylket inn blant dei 50 % beste i NHO sitt nærings-NM.	
Tiltak	Resultatmål 1): Styrke kompetanse til og nettverk for alle gründerar for å realisere verdiskapingspotensial. Sikre kompetansen i verkemiddelapparatet, særleg med omsyn på nettverk, forretningsmodell og tilvisingskompetanse. Resultatmål 2): Krevje godkjente lærebedrifter ved utlysning av fylkeskommunale tilbod/andod. Få bedriftene aktivt med i arbeidet med å utvikle fleksible utdanningsmodellar med meir veksling mellom teoretisk og praktisk læring. Få bedriftene aktivt med i arbeidet med å auke kvaliteten i undervisninga, auke kunnskapen om lokalt kompetansebehov hjå rettleiarane og styrkje elevane si innsikt i næringslivet, slik at elevane vel utdanningar som dei er motivert til å gjennomføre og som næringslivet etterspør. Stimulere til eit betre samspel mellom Hordaland sine sterke universitets- og forskingsmiljø og regionalt næringsliv med sikte på å utvikle det næringsretta studietilbodet og auke samspelet mellom teoretisk og praktisk opplæring. Få i gang fleire teknologiske retta studietilbod på mastergradsnivå (siv.ing.) og som er etterspurt av næringslivet. Legge til rette for at bedriftene brukar kompetansen i utdanningsinstitusjonane. Resultatmål 3): Medverke til at fleire regionale sentra blir med i KMD sitt nye utviklingsprogram for små og mellomstore byar og byregionar. Utvikle attraktive regionale senter i distrikta, mellom anna ved sterkare konsentrasjon av næringsretta verkemiddel. Vidareutvikle det regionale verkemiddelapparatet (IN, FMLA, HFK) sitt partnerskap for lokalsamfunnsutvikling,	
Indikatorar	Antall i hht resultatmål	

		Kostnad
Effektmål	Reduksjon i utslepp frå bilar i Hordaland	
Resultatmål	<ul style="list-style-type: none"> 7 nye offentlege hurtigldestasjonar operative i 2015, inklusive 14 hurtig-/fleksiladarar på Danmarks plass 1 ny hydrogenfylllestasjon på Danmarks plass Minst 100% vekst i talet på elbilar i Hordaland i laupet av 2015 (frå kring 6700 til kring 14000) 	
Tiltak	<ul style="list-style-type: none"> Stønad til utbygging av ladeinfrastruktur og hydrogenfylllestasjon Fjerning av barrierar og tilrettelegging for utvalde brukargrupper 	
Indikatorar	Tal på hurtigldestasjonar Tal på elbilar i Hordaland (juni 2014: 4614 = 2,03%, prognose desember 2014: 6700=2,88%, prognose desember 2015: 14000=5,42%)	

		Kostnad
Effektmål	Styrka innovasjonsevne i Hordaland gjennom auka forskingsaktivitet i offentlig og privat sektor	
Resultatmål	Delfinansiere 30 kvalifiserande og 10 større forskingsprosjekt med høg fagleg kvalitet og stor regional relevans for Vestlandet	RFF 42 mill VRI X mill
Tiltak	<i>Nytte Regionalt forskingsfond Vestlandet og VRI-prosjektet til å få fram gode søknader</i>	
Indikatorar	<ul style="list-style-type: none"> Tal på søknader Kvalitet på søknadene i høve krav og kriterier for utlysing av forskingsmidlar 	

		Kostnad
Effektmål	Kunnskapsbasert folkehelsearbeid	
Resultatmål	Kommunane skal vere i stand til å utarbeide oversiktsdokument og halde laupande oversikt over folkehelsa i eiga kommune	
Tiltak	Halde kurs for folkehelsekoordinatorar i 2015. Utarbeiding av kurspakke i 2015. I løpet av 2015 gje tilbod om rettleiing til utarbeiding av folkehelseoversikt etter melding om oppstart.	
Indikatorar	Tal folkehelsekoordinatorar som har gjennomført kurs i bruk av statistikkverktøy/mal for oversiktsdokument Tal kommunar som har fått tilbod om rettleiing til utarbeiding av folkehelseoversikt etter melding om oppstart	

		Kostnad
Effektmål	Godt samarbeid mellom kommunane og Hordaland fylkeskommune	
Resultatmål	Kommunane ertilfreds med råd og rettleiing hjå Hordaland fylkeskommune innafør sentrale arbeidsfelt som plan, folkehelse, næringsutvikling, kultur, samferdsel, klima, etc	
Tiltak		
Indikatorar	Brukartilfredsheit hjå kommunane (spørjeundersøking) – etter fagområde	

Fylkeskommunal næringsverksemd

Tal i heile 1000 kr

		Budsjett 2014	Budsjett 2015	Endring %
Konsesjonskraftinntekter	Brutto driftsutgifter	50 000	50 000	0,0 %
	Driftsinntekter	-122 000	-115 000	-5,7 %
	Netto driftsutgifter/innt.	-72 000	-65 000	-9,7 %
Eidfjordavtalen	Brutto driftsutgifter			
	Driftsinntekter	-19 300	-19 800	2,6 %
	Netto driftsutgifter/innt.	-19 300	-19 800	2,6 %
Utleige av eigedomar	Brutto driftsutgifter			
	Driftsinntekter	-3 150	-3 500	11,1 %
	Netto driftsutgifter/innt.	-3 150	-3 500	11,1 %
	Sum brutto driftsutgifter	50 000	50 000	0,0 %
	Sum driftsinntekter	-144 450	-138 300	-4,3 %
	Sum netto driftsutgifter	-94 450	-88 300	-6,5 %

Inntekter frå konsesjonskraft og frå Eidfjordavtalen utgjer dei største postane under denne funksjonen. På grunn av lågare kraftprisar, har ein redusert nettoinntekta frå sal av konsesjonskraft med 7 mill. kr til 65 mill. kr i 2015.

Konsesjonskraftinntekter

Hordaland fylkeskommune har rett til å ta ut konsesjonskraft og kan selja denne vidare i marknaden. Fylkeskommunen sit att med differansen mellom konsesjonskraftprisen ein må betala til kraftlaga og salsprisen ein får i marknaden. Dette "mellomlegget" kan svinga frå år til år.

For 2015 er prognosen ca. 65 mill. kr i netto inntekt frå sal av konsesjonskraft. Ein stor del av konsesjonskraftinntekta for 2015 er alt sikra gjennom finansielle priskontraktar.

Eidfjordavtalen

Fylkeskommunen overlet på midten av 80-talet sin eigardel på 35% i Eidfjord-nord til BKK / SKL. Som kompensasjon får ein frå og med 2005 utbetalt 1 øre pr. kwh. i 1985-prisnivå, rekna etter fastkraftproduksjonen. Beløpet vert årleg justert med auken i konsumprisindeksen.

Ein fører opp 19,8 mill. kr i inntekt i 2015.

Utleige av eigedomar

Utleige omfattar i hovudsak inntekter frå følgjande eigedomar:

- Skuletomt i Åsane, mellombels utleigd til parkeringsføremål og riggområde.
- Stend, deponering og uttak av masser.
- Vaskeribygning på Valen
- Ibsensgt. 118, utleigd til Haukeland sykehus.
- Leirvik gard, utleigd til Meland Golf og naturpark.

Totalt er det budsjettert med 3,5 mill. kr i inntekter.

Valen Kraftverk AS

Fylkesrådmannen har budsjettert med utbytte frå kraftverket på 1 mill. kr. Summen er inntektsført på rentekapitlet.

Samferdsel

Tal i heile 1000 kr

			Budsjett 2014	Budsjett 2015	Endring %
722	Vedlikehald fylkesvegar	Brutto driftsutgifter	461 275	477 368	3,5 %
		Driftsinntekter	-83 080	-85 323	2,7 %
		Netto driftsutgifter	378 195	392 045	3,7 %
730	Bilruter	Brutto driftsutgifter	1 559 245	1 646 525	5,6 %
		Driftsinntekter	-759 737	-807 537	6,3 %
		Netto driftsutgifter	799 508	838 988	4,9 %
731	Fylkesvegferjer	Brutto driftsutgifter	322 743	316 800	-1,8 %
		Driftsinntekter	-5 503	-6 436	17,0 %
		Netto driftsutgifter	317 240	310 364	-2,2 %
732	Båtruter	Brutto driftsutgifter	172 049	184 620	7,3 %
		Driftsinntekter	-35 300	-43 100	22,1 %
		Netto driftsutgifter	136 749	141 520	3,5 %
733	Transportordn. for funksj.h.	Brutto driftsutgifter	47 000	47 705	1,5 %
		Driftsinntekter			
		Netto driftsutgifter	47 000	47 705	1,5 %
734	Bybanen	Brutto driftsutgifter	154 458	157 715	2,1 %
		Driftsinntekter	-120 312	-120 000	-0,3 %
		Netto driftsutgifter	34 146	37 715	10,5 %
		Sum brutto driftsutgifter	2 716 770	2 830 733	4,2 %
		Sum driftsinntekter	-1 003 932	-1 062 396	5,8 %
		Sum netto driftsutgifter	1 712 838	1 768 337	3,2 %

Hovudutfordringar

Fylkesvegar

Drift og vedlikehald

Fylkestinget vedtok i oktober 2011 Drifts- og vedlikehaldsstrategi for fylkesvegnettet i Hordaland (2012-2021). I denne ligg målsetjingar om å stoppa veksten i forfallet innan 2017, noko som inneber at samla løyvingar til drift og vedlikehald må aukast med om lag 200 mill. kr pr. år. I tillegg ligg det inne målsetjingar om å gjere ulike tiltak for å sikre meir kostnadseffektiv bruk av midlar til drifta av vegnettet. I drifts- og vedlikehaldsstrategien var det overslag som tyder på at forfallet på vegnettet i Hordaland summerer seg til meir enn 3 mrd. kr. I dette overslaget ligg vurderingar av kva som skal til for å tilbakeføra vegane til opphavleg standard, altså ikkje oppgraderingar til den vegstandard som gjeld i dag.

Regional transportplan for Hordaland 2013-2024 vart lagt fram for handsaming i fylkestinget i oktober 2012. Handlingsprogram 2014-2017 for fylkesvegnettet i Hordaland er vedlegg til transportplanen. I denne vert prioriteringane for investeringar og drift/vedlikehald på vegnettet foreslått. I samsvar med vedteken drifts- og vedlikehaldsstrategi er det i handlingsprogrammet lagt opp til å nytta ein stadig aukande del av investeringsbudsjettet til såkalla "standardhevingstiltak" – tiltak som skal nyttast til reinvesteringar på vegnettet for å stoppa forfallet.

Den økonomiske ramma til drift og vedlikehald er auka frå 460,9 mill. kr i 2014 til 471,9 mil. kr. i 2015. Med tilvising til det påviste vedlikehaldsetterslepet burde budsjetttramma vore høgare. Med den ramma fylkesrådmannen foreslår vil det vera særstilt ressursar til øvrig vedlikehald og dekkelegging i 2015.

Kollektivområdet

Kollektivstrategi for Hordaland vart vedteken i fylkestinget i juni 2014. Strategien støt opp om nasjonale og regionale mål om at veksten i persontrafikken skal takast med miljøvenlege transportformer. Kollektivtransporten må ta den vesentleg delen av trafikkveksten. Med nullvekst for personbiltrafikken, vil kollektivtrafikken i Bergensområdet i tal reisande måtte auke med om lag 200% fram mot 2040. Utvikling av tilbodet for fleire kollektivreiser, krev langsiktig planlegging og utvikling, med forutsigbare økonomiske rammes.

Finansiering av drift til kollektivområde skjer både gjennom tilskot og billettinntekter. Billettinntektene er svært viktige for å kunne utvikle kollektivtilbodet og ein må overvake tett forholdet mellom takstnivå, rutetilbod og etterspurnad.

Takstar og billettering

Gjennom 2014 vart det frå fylkesrådmannen si side arbeidd med å forenkla sonetakstsystemet. Arbeidet synte at forenkling av sonestrukturen vil gje vesentlege mindreinntekter. Etter politisk handsaming av saka vart det vedteke å halda fram med gjeldande sonestruktur i 2015. Ressursbehovet i samferdselssektoren tilseier likevel at takstane må aukast vesentleg i 2015, sjølv med vidareføring av no gjeldande sonestruktur.

Tilbudsutvikling

Kollektivstrategien gir klare føringar om å utvikle kollektivtilbodet på strekningar med store reise-straumar, i hovudsak innanfor Bergensområdet. Eit vel fungerande kollektivtilbod krev ressursar til å planlegge på mellomlang og lang sikt.

I budsjettet for 2015 er det ikkje midlar til auka ruteproduksjon buss og bane slik det er gitt dei seinaste åra.

Nye anbod

I komande økonomiplanperiode vil det vere kostnadsdrivande faktorar som ytterlegare vil utfordre økonomien på kollektivområdet. Det skal lysast ut nye ferjanbod og fleire anbod for rutepakkar buss. Prisar i anboda, endra krav til materiell og teknologiløysingar vil kunne gi vesentleg kostnadsauke.

Frå neste år startar nytt båtsamband mellom Klepepestø og Strandkaian, og i 2016 vil Bybanen byggetrinn 3 stå ferdig.

722 Fylkesvegar

Generelt

Definisjonar av drift og vedlikehald

Med **drift** av vegnettet meiner ein alle oppgåver og rutinar som er naudsynt for at eit veganlegg skal fungere som planlagt. Dette er aktivitetar som brøyting, strøing med salt og sand, vask og reingjering, oppretting av skilt, stell av grøntareal, trafikkstyring, trafikantinformasjon osv.

Med **vedlikehald** av vegnettet meiner ein tiltak for å oppretthalda standarden på vegdekke, vegoppmerking, grøfter, bruer, tunnelar og tekniske anlegg/installasjonar i tråd med fastsette kvalitetskrav.

Kort om tilstanden på vegnettet – grunnlag for prioriteringar

Den økonomiske ramma til drift og vedlikehald auka frå 460,9 mill. kr til 471,9 mil. kr. I tillegg kjem løyving på 5 mill. kr til trafikkiksikringsarbeid i regi av Fylkestrafikkiksikringsrådet (FTR). Fylkesrådmannen viser elles til at det i investeringsbudsjettet er lagt inn standardhevingstiltak på 86 mill. kr

I Hordaland er det i alt ca. 2 900 km fylkesveg med fast dekke på heile vegnettet. Standarden på vegnettet varierer sterkt frå dei høgtrafikkerte vegane i Bergen til smale lågtrafikkerte vegar i distrikta. Statens vegvesen sin kostnadsmodell for drift og vedlikehald av fylkesvegnettet syner at det er trong for omlag 600 mill. kr årleg for å oppretthalda standarden.

Det har vore kraftig vekst i kostnadane for drift og vedlikehald tidlegare år. Frå 2. kv. 2013 til 2. kv. 2014 har SSB sin kostnadsindeks auka med 3,4%. Nye kontraktar har som hovudregel hatt ein kostnadsauke på mellom 10% til 100 %. I 2014 vart driftskontakten for Voss fornya, og her var kostnadsauken omlag 20%.

Våren 2013 la Vegdirektoratet fram rapporten «Hva vil det koste å fjerne forfallet på fylkesvegnettet?» som er resultat av ei kartlegging av forfallet i alle fylka i landet. For Hordaland sin del er forfallet rekna til 6 470 mill. kr. For å ta att forfallet, fordelar kostnadane seg slik:

- Tunnelar 2500 mill.kr
- Drenering 560 mill.kr
- Vegfundament/dekke 610 mill.kr
- Vegutstyr 1180 mill.kr
- Bru og kai 1620 mill.kr

I vedlikehaldsstrategien er det peika på at ein må ha fokus på å snu utviklinga med eit stadig veksande etterslep i vedlikehaldet. Det er grunn til å venta

meir stabile kostnader ved fornying av driftskontraktane utover i perioden. I tillegg vil ein auke i posten "Standardhevingstiltak" på investeringsbudsjettet vera med å betra situasjonen.

Prioriteringar i komande planperiode:

Driftsoppgåver som ivaretek trafikktryggleiken har høgaste prioritet. Dette gjeld spesielt vinterdrifta der brøyting, salting, strøying er dei viktigaste oppgåvene. Driftsoppgåver på strekningar med mange ulukker skal følgjast spesielt opp i samsvar med det som vart lagt til grunn i Drift- og vedlikehaldsstrategi for fylkesvegnettet i Hordaland (2012-2021).

Innanfor vedlikehald vil tiltak i utgangspunktet prioriterast slik:

- Rette opp skader som kan føre til at vegen vert akutt trafikkfarleg eller at framkomsten vert redusert vesentleg, til dømes ved ras og flaum.
- Rette opp skader og slitasje som kan få konsekvensar for trafikktryggleiken og framkomsten, til dømes murar og stikkrenner.
- Rette opp skader som kan vere starten på ein akselererande skadeutvikling der tiltakskostnadene kan vere sers store dersom ingenting vert gjort.
- Gjennomføre tiltak som forlengar levetida og reduserer framtidige vedlikehaldskostnader slik at noverdi av vedlikehaldskostnader vert lågare.

Blant vedlikeholdstiltaka er vedlikehald av tunnelar og bruer prioritert så høgt som mogleg. Dette er gjort for forfallet ofte kan ha "skjulte" skader som kan gje raske og uforutsigbare konsekvensar. Ein legg opp til å prioritera desse tiltaka frå midlane på «Standardhevingspotten».

Drift

Driftskontraktar

I Hordaland er det åtte driftskontraktar. Kontraktane gjeld normalt for 5 år med opsjon på 1 års forlenging. Normalt vert det lyst ut ein til to kontraktar kvart år. I 2014 er det inngått ein ny kontrakt – med Lemmikainen Norge AS (for Vossaområdet).

I 2015 skal det inngåast ny driftskontrakt for området Stor-Bergen med verknad frå 1. september 2015.

Utgangspunktet for drift og vedlikehaldsstandarder for vegnettet er nedfelt i Statens vegvesen si Handbok 111 – Standard for drift og vedlikehald og drift og vedlikehaldsstrategien til fylkeskommunen.

I driftskontraktane inngår ikkje legging av asfalt og drift og vedlikehaldet av tekniske installasjonar i tunnelane. Det er egne elektrokontraktar som om-

fattar tekniske installasjonar i tunnelar, ferjekaier og langs vegane. I tillegg er det egne kontraktar som omfattar drift og vedlikehald av tunnelar i Bergensområdet. Når det gjeld elektrokontraktane og tunnelkontraktane er dei bygd opp slik at det vert følgt faste rutinar og gjeremåla vert rapportert inn i eit eige rapporteringssystem. Kostnadene med dei løpande fagkontraktane for tunnel og elektro er budsjettert til 37,2 mill. kr.

Vinterdrift

I bergensområdet er det satsa mykje på å redusera piggdekkbruken for m.a. å redusera svevestøv. Stortinget har ei målsetjing om 80 % piggfri køyring, medan Oslo og Bergen har sett eit mål på 90%. Vinteren 2013/2014 var andelen i Bergen 86 %. Piggfri køyring krev høg standard på brøyte- og strøberedskaperen i bergensområdet. Det kostar meir å ha "berr veg strategi" om vinteren enn vanlege vintervegar. Vinterdrifta, dvs. snørydding, salting og strøying, inngår i funksjonskontraktane og utgjer mellom 45% og 60 % av kontraktsummen.

For 2015 er det budsjettert med 314 mill. kr til drift regulert gjennom faste kontraktar. Dette er ein auke på 26 mill. kr i forhold til 2014.

Drift øvrig

I denne posten inngår kostnader til straum/veglys og betaling til kommunar for veglys. I tillegg er det kostnader til kommunale avgifter, servicebygg, diverse mindre driftstiltak, nyskilting, helikopterleige ved inspeksjonar av ras, avtale om reinhald av vegar i Bergen mv. For 2015 er det sett av 70 mill. kr til dette – omlag same sum som i 2014.

Samla er det sett av 384 mill. kr til drifta av fylkesvegane i 2015, ein auke på 6% samanlikna med 2014.

Vedlikehald

Tunnelar, bruer og ferjekaier

Standarden på tunnelane varierer mykje både når det gjeld tekniske installasjonar og utrusting. Dessutan er høgda i nokre tunnelar lågare enn den standarden som vert lagt til grunn, dvs. minstehøgde på 4,2 m. Tunnelar over 500 m vert definert som særskilde brannobjekt etter brannlova. Det er difor trong for å følgje opp desse med omsyn til både brannsikring og trafikksikring.

Det er innmeldt stor trong for vatn- og frostsikring av tunnelane i tillegg til skifting av kablar og lysarmatur. Det er og trong for nye ventilasjonsvifter, evakueringslys og radio/redningskommunikasjon. Fleire tunnelar har feil på dei straumførande kablane til lys og ventilatorar, dei såkalla ex-kablane. Det er gjort ei kartlegging av kor omfattande dette er, og det er eit etterslep på 116 mil.l kr. Kostnadane med å ta att forfallet/standardheving vert lagt opp til å dekkast over investeringsposten standardhe-

vingstiltak. I 2015 vert det lagt opp til å nytta 5 mill. kr til dette.

Det vert lagt opp til at gjeldande tunneldirektiv og tunnelsikringsføresegner skal halde fram å gjelde for tunnelar som er omklassifisert til fylkesvegar.

Alle bruene vert jamleg inspisert og det vert sett i verk naudsynte sikringstiltak der dette er påkrevd. Det er eigen samlekontrakt for bruvedlikehaldet. Behovet for vedlikehald av bruene er stort og det er mange bruer som er over 20 år. For 2015 vert det lagt opp til å nytta 23 mill. kr i bruvedlikehald. Det er behov for måling av kablar og stålkasse på Askøybrua. Samla kostnad med Askøybrua er ca. 60 mill. kr. Dette må dekkast over standardhevingsposten, men ein kjem truleg ikkje i gong med dette arbeidet i 2015.

Det er eigen kontrakt for drift- og vedlikehald av ferjekaiane. Det er 36 fylkesvegferjekaier, og det er trong for å oppgradera og skifta ferjekaibru på nokre av kaiane innan nær framtid for å sikra stabil ferjedrift. I 2015 vert det lagt opp til å byggja om heissystemet til hydraulisk på Sydnes, Hjellestad og Klokkarvik ferjekaier. I tillegg må bærande konstruksjonar på Varaldsøy kai opprustast.

Vegdekke og oppmerking

Vegdekke har sers varierende kvalitet og det er store standardsprang mellom høgtrafikkerte og lågtrafikkerte vegar. I tettbygde strom med høg trafikk er vegstandarden akseptabel, men i distrikta er slitasten merkbar ved hjulspor og spekker i vegdekke. Dei gamle fylkesvegane i Nordhordland og i Vossaområdet har dårlegast standard.

Det er stor trong for midlar til dekkelegging. Kostnaden med å leggja ein km veg er mellom kr 250 000 –

kr 600 000 alt etter vegtype. I 2014 er det sett av 49 mill. kr til legging av 82 km asfalt eller knappe 2,8 % av vegnettet. Det vert budsjettert med 40 mill. kr til asfalt i 2015 og 13 mill. kr til oppmerking.

Andre vedlikehaldskostnader

Mangelfullt vedlikehald av grøfter, kummar, stikkrenner og drenering gjer at det lettare oppstår skader på vegkroppen. Dersom ikkje vatnet under vegen vert drenert vekk, kan det vinterstid lett oppstå issprenging. Det er stor trong og for å ta eit ekstra løft for å sikre vegane mot utrasing på grunn av regn og tidvis store nedbørmengder. Det er meldt inn tiltak som er prissett til 205 mill. kr til diverse vedlikehaldsarbeid på vegnettet. Innafor vedlikehaldsposten er det sett av 12 mill. kr til dette. Det vert lagt opp til at større tiltak vert dekkast over standardhevingsposten.

Ein står overfor utfordringar når det gjeld lys og lysarmatur. Det er to typar lys som må skiftast. Det eine er «lågtrykk – natrium – lys» og det er andre er såkalla HQL (lys med kvikksølv eller kvikksølv-damp i lyspærene). Produksjon av lågtrykk – natrium – lys vil vere slutt i 2016. Dette er mest nytta i tunnelar (gult lys). HQL skal etter EU-krava skiftast i løpet av 2015. Kostnaden med kvart lyspunkt er ca. 8 000 kr. Det vert lagt opp til at det vert sett av ein mindre sum til dette på posten standardheving i 2015 og åra framover.

Oppsummering – drift og vedlikehald

Tabellane under viser forslag til prioritering innanfor budsjetttrammene for 2015. I tillegg er det teke med ei kolonne som viser overslag over behov for å halde vegnettet i god stand og utan at forfallet held fram. I summen for "vedlikehald – øvrig" inngår m.a. tunneltiltak, skiltfornyng, utbetring av kummar, grøfter, stikkrenner, murar mv.

Drift

Alle tal i løpande 1000 kr

Tiltak	Budsjett 2014	Behov/ynskje 2015	Budsjett 2015
Drift – regulert gjennom fast kontraktar	288 776	337 275	314 250
Drift – øvrig	70 527	74 425	69 517
Sum	359 303	411 700	383 767

Vedlikehald

Alle tal i løpande 1000 kr

Tiltak	Budsjett 2014	Behov/ynskje 2015	Budsjett 2015
Bruvedlikehald	26 000	30 000	23 000
Vegoppmerking	13 000	25 000	13 000
Dekkelegging	49 817	90 000	40 000
Vedlikehald – øvrig	12 750	205 857	12 196
Sum Vedlikehald	101 567	350 857	88 196

Forslaget inneber at drifta i all hovudsak vert skjerma, med løyving på om lag same nivå som innmeldt behov. Sidan veksten i det totale vedlikehaldsbudsjettet ikkje er stor nok til å møte veksten i driftskontraktane, må ein halda att på vedlikehaldsdelen. Fylkesrådmannen legg til grunn at det innmelde behovet frå regionvegsjefen, jf. tabellen over, ikkje treng løysast over eit budsjettår. Fylkesrådmannen viser elles til at det på investeringsbudsjettet er sett av ein post på 81 mill. kr til standardheving av fylkesvegane. I samsvar med opplegget i regional transportplan er denne posten auka årleg i økonomiplanperioden.

Trafikksikring

Det er sett av 5 mill. kr til trafikantretta arbeid i regi av Fylkestrafikksikringsutvalet (FTU). Posten er auka med 1 mill. kr og det vert lagt til grunn at midlane vert nytta til å støtta opp om tilskotsordningane i FTU (mindre fysiske trafikktiltak). I budsjettet elles inngår mange trafikketta tiltak og trafikksikring utan at det er direkte omtala som trafikksikring.

Innfartsparkering på Nesttun

Til drift av innfartsparkering på Nesttun er det ført opp kr 405 000.

Oppsummering totale brutto driftsutgifter vedlikehald fylkesvegane

Tal i heile tusen

722 Vedlikehald fylkesvegane brutto driftsutgifter	Budsjett 2014	Budsjett 2015
Drift	359 303	383 767
Vedlikehald	101 567	88 196
Trafikksikring	4 000	5 000
Innfartsparkering på Nesttun	404	405
Sum	465 274	477 368

730 Bilruter

Ansvarsstad	Kostnader budsjett 2015 i mill. kr
Bilruter	1 489,1
Generell drift	77,4
Administrasjon	54,5
Andre postar	12,1
Kollektivtrafikkterminalar	13,4
Sum	1 646,5

Budsjettområdet dekkjer den subsidierte bussdrifta i fylket. I tillegg vert det under generell drift budsjettet med drift av kundesenteret, IKT-drift, marknadsføring, rutehefter, inntektssikring/billettkontroll, marknadsinformasjonssystem (MIS) og utgifter knytt til dei nye salskanalane. Kostnadene til drift

av Skyss sin administrasjon ligg og på dette området.

Fylkesrådmannen kommenterer nærare dei ulike budsjettområda nedanfor.

Bilruter

Oversynet i tabellen viser kostnadene i kontraktane ein har med dei ulike operatørane. Endringar i budsjett 2015 i høve 2014 er i stor grad prisvekst knytt til det som ligg i kontraktane ein har med operatørane.

Kostnadsstad	Operatør	Brutto kostnader 2015i mill. kr
Bergen Sentrum	Tide Buss AS	180,4
Trolleybuss, linje 2	Tide Buss AS	30,7
Bergen Nord	Tide Buss AS	227,6
Bergen Sør	Tide Buss AS	195,7
Bergen Vest	Nettbuss AS	196,4
Servicelinje	Osbuss AS	2,4
Sunnhordland	Nobina AS	67,7
Voss Hardanger	Tide Buss AS	162,9
Nordhordland	Nobina AS	112,3
Austevoll	Tide Buss AS	15,1
Osterøy	Tide Buss AS	40,1
Modalen	MEB AS	13,3
Kvalitetsbonus		23,5
Bussproduksjon /ferjekostnader		12,1
Biogasshybridbussar		4,6
Mindre bilruter		0,8
Større arrangement (17.mai, konsertar/festivalar)		3,0
Takstkompensasjon		26,7
Terminalar bussdrift		0,6
Trygt heim		0,7
Særskilt skyss grunnskule		100,0
Vidaregåande skuleskyss		72,5
Sum TOTAL		1 489,1

Fylkesrådmannen kommenterer nedanfor nokre av tiltaka nemnde i tabellen ovanfor.

Trolleybuss

Kvalitetsavtalen om drift av Linje 2 går fram til 01.01.2015. Frå 2015 fell Bergen kommune sin del av finansieringa av trolleybussen bort. Dette utgjer 5,5 mill. kr, og som vert dekkja av fylkeskommunen frå 2015. Avtale om forlenging av driftskontrakt er inngått med Tide Buss AS.

Kvalitetsbonus er basert på kontraktsmessige reguleringar utifrå oppnådd kvalitet på ruteproduksjonen (bonus/malus).

Biogasshybridbussar

Biogasshybridbussane vert sette i drift frå hausten 2014. Ruteproduksjon pluss vognkostnader vil gje årlege driftskostnader på om lag 4,6 mill. kr for dei to bussane frå 2015. I tillegg kjem kostnader til drivstoff og vedlikehald av bussane. Beløpet vil vere avhengig av bruksomfanget på bussane.

Takstkompensasjon

NSB ba om reforhandling av avtalen om bruk av periodeprodukt på tog med verknad frå 2013. Ny avtale er inngått i 2014 med etterrekning frå 2013. Den nye avtalen medførte auke i kompensasjonen på om lag 5,5 mill. kr. Auken skuldast auka kjøp av periodebilletter. For 2015 legg fylkesrådmannen til grunn minimum tilsvarande kostnadsauke.

Budsjettposten gjeld elles kompensasjon for ulike typar billett samarbeid til andre transportaktørar som opererer i fylket, som til dømes fylkeskryssande ekspressbussar.

Skuleskyss

Budsjettområdet gjeld skuleskyss for vidaregåande skuleelevar og individuell skyss i grunnskule og vidaregåande skule. Individuell skyss er skuleskyss for elevar som ikkje kan nytta ordinære bussruter på grunn av mellombels sjukdom eller funksjonshemming, og elevar som bur slik til at dei ikkje har eit rutetilbod. Kostnadane knytt til skuleskyss er aukande. Den generelle kostnadsveksten skuldast auka elevtal, auka tal på elevar med krav på skuleskyss, auka tal på elevar som vel private skular framfor nærskulen. I tillegg er det registrert ein kostnadsvekst som følgje av skulenedleggingar, og at ulik kalender for skuledagar og start/sluttid på skuledagen gjev utfordringar med omsyn til effektiv ruteproduksjon totalt sett.

Tettare samhandling med skulane og skuleeigar, og betre samordning av ansvarsområde, vil på sikt gje innsparingar. I 2015 vert det budsjettert med 172,5 mill. kr til skuleskyss. Av denne summen er 100 mill. kr særskyss og grunnskuleskyss og 72,5 mill. kr er skyss for elevar i vidaregåande skule. I høve til 2014 er dette ein auke på omlag 12 mill. kr.

Takstar

Tabellen under viser inntektsutvikling av billettinntekter for buss og bane i perioden 2011-2013 og budsjett og prognose for 2014.

Inntekter frå båt, skuleskyss og andre inntekter er trekt ut for å få samanliknbare tal.

Sjølv om prognosen ligg 56 mill. kr under det som er budsjettert for 2014 er det likevel ein vekst i inntektene i forhold til 2013.

Utvikling billettinntekter buss og bane i mill. kr:

År	2011	2012	2013	Budj. 2014	Prog. 2014
Billettinntekter	523,5	561,3	601,3	680,5	624,4

For 2015 legg fylkesrådmannen til grunn billettinntekter på 716 mill. kr for buss og bane basert på fylkesrådmannen sitt forslag til takstregulativ.

I løpet av 2014 vart det arbeidd for å leggja til rette for ein ny sonestruktur i fylket. Intensjonen var å forenkla sonestrukturen frå no gjeldande omlag 370 soner til eit fåtal soner. Fylkestinget vedtok i juni-møte å gå over til 1 sone for heile fylket. Etterfølgjande politisk handsaming har vedteke å utsetja endringa i sonestruktur og no gjeldande sonestruktur vert vidareført.

Stort ressursbehov på samferdselssektoren gjer det turvande med eit stort takstpåslag i 2015. Fylkesrådmannen foreslår minstetakstar gjeldande frå 01.02.2015 slik dei går fram av tabellen nedanfor. Takstane for soner utover minstetakst er justert tilsvarande minstetakst.

Forslag til takstregulativ for 2015 er ei vidareføring av prismodell 2014 med same relative prisnivå mellom enkeltbillett og rabatterte billetter. Til dømes er forholdet mellom enkeltbillett og 30 dagars billett 22,2 reiser, om lag som i 2014.

Billett	Takst 2014 kr	Forslag Takst 2015 kr
Enkeltbillett vaksen, kjøpt på førehand	31	35
Enkeltbillett barn/honnør	16	18
Enkeltbillett kjøpt ombord vaksen	41	50
Enkeltbillett kjøpt ombord barn/honnør	21	25
Enkeltbillett betalt med Skysskort/mobilkonto	25,8	29,1
Periodebillett 30 dg vaksen	690	780
Peridebillett 30 dg barn/honnør	345	390
Periodebillett 30 dg student	410	470
Ungdomsbillett 30 dg	310	350
DagSkyss vaksen	80	90
DagSkyss barn/honnør	40	45
Nattbillett	60	80

Generell drift

Generell drift omfattar i hovudsak kostnader bundne opp i faste aktivitetar, som drift kundesenteret, drift- og vedlikehald av IKT-system, teknisk vedlikehald, marknadsføring, rutehefter, inntektssikring, marknadsinformasjonssystem (IMIS) og utgifter knytt til dei nye salskanalane kommisjonærsal og mobilbillett.

Kollektivstrategi for Hordaland legg eit høgt ambisjonsnivå for Skyss i åra framover. Aktiviteten er høg med omfattande utviklingsoppgåver og til dels komplekse driftsoppgåver. Rammene til generell drift er redusert i høve 2014. Det vil medføre reduksjon i aktivitetar knytt til marknadsarbeid, -kampanjar og aktivitetar knytt til utvikling av trafikktilbodet. Vidare vil reduksjon i driftskostnader knytt til IKT og teknisk drift kunne medføre lenger reponstid ved feil.

Kostnadstad	Kostnad mill kr
Generell drift	77,4

Transaksjonskostnader mobilbillett
Innføring av billett kjøp via mobiltelefon er vorte svært godt motteke. Det inneber at fylkeskommunen sine kostnader knytt til banktransaksjonar vert større enn prognosane tilsa. Transaksjonskostnaden er om lag 2 kr pr. selde billett. I forhold til dagens mengde med selde billetter budsjetterer fyl-

kesrådmannen med ein kostnadsauke på om lag 5 mill. kr i 2015 i høve til 2014.

Kjøp av billett med app kan i dag gjerast enten med mobilkonto, bankkort eller over telefonrekning. Frå 1. februar 2015 vil det ikkje lenger vere mogleg å betale ved hjelp av sms-løysing på telefonrekninga.

Administrasjon

Administrasjonskostnadar omfattar i hovudsak lønnskostnader. Frå 2015 er lønnskostnader ved kundesenteret inkludert i administrasjonskostnaden. Det er ikkje budsjettert med auke i talet på stillingar i forhold til 2014.

Kostnadstad	Kostnad mill. kr
Administrasjon	54,5

Andre postar

Plan og tiltaksmidlar

Det vert som tidlegare år sett av ein post til diverse kostnader som samferdselssjefen disponerer. Dette skal dekke kostnader til ymse kontingentar og interesseorganisasjonar som fylkeskommunen er med i, samt midlar til konsulenthjelp i større prosjekt som t.d. regionale planar.

Innanfor denne posten er det sett av 0,5 mill. kr til Kontaktutvalet for E39 som fylkesutvalet har etablert. Kontaktutvalet sitt arbeid er knytt til plan-, prosjektering- og byggeprosessen for parsellane på E39 mellom Bergen og Akسدal. Det er samla fore slått sett av 4,1 mill. kr på denne posten.

Kostnader til leige av innfartsparkeringss plassar.
Ettersom leige av innfartsparkeringss plassar etter kvart har fått eit visst omfang er det sett av ein eigen budsjettpost på 1,0 mill. kr til dette føremålet. Dette gjeld innfartsplassane på Os, Straume, Flesland kai og Lagunen.

Til rådvelde for samferdselsutvalet

Som tidlegare år vert det sett av 2,0 mill. kr til rådvelde for samferdselsutvalet.

Innfartsparkering

I samband med budsjetthandsaminga for 2014 sette fylkestinget av 10 mill. kr til pendlarparkering. I 2014 vert omlag halvparten av denne summen nytta. Ein budsjetterer difor med 5,0 mill. kr til dette føremålet i 2015.

Kollektivtrafikkterminalar, sjåførfasilitetar m.m.

Inntekter og utgifter innanfor dette området går om lag i balanse. Bruttoutgiftene ligg på 13,43 mill. kr og inntekt på utleige av Haukås bussenlegg er på 14,1 mill. kr.

Det er vidare budsjettert med tilskot på 6,4 mill. kr til Bystasjonen AS som drifrar kollektivterminalen i Bergen sentrum.

731 Fylkesvegferjer

Rutepakke	Operatør	Kostnad mill. kr
Hardangerpakke	Norled AS	67,8
Sunnhordlandspakke	Norled AS	77,1
Nordhordlandspakke	Norled AS	57,0
Midthordlandspakke	Fosen Namsos Sjø AS	76,2
Hjellestad – Klokkarvik	Gulen Skyssbåtservice AS	11,0
Masfjordnes – Duesund	Halsvik-Wergeland	7,3
CO2 avgift, Tryggleikskrav ferjeflåte, Lærlingtilskot, Nye ferjeanbod,		13,9
Takstkompensasjon ungdomsbillett		4,5
Kompensasjon skoleskyss		2,0
Sum TOTAL		316,8

Fylkeskommunen har med unntak av stamveg-sambanda ansvaret for ferjedrifta i fylket. Alle ferje-sambanda er lagt ut på anbod, og frå 2012 er alle subsidierte ferjesamband drifta på anbod.

I samband med skifte av operatør på Hjellestad-Klokkarvik vert det auke i kostnadane frå 2014 til 2015 for dette sambandet.

CO2 avgift er knytt til kontraktmessige forplikingar som følgje av vesentleg meirkostnad for operatør, med verknad frå 2014. Kostnaden i 2015 er rekna til om lag 6 mill. kr.

Nye tryggleikskrav knytt til ferjeflåten vil gi ein kostnad i 2015 på om lag 2 mill. kr.

Kostnadar knytt til avtale om lærlingtilskott og førebuing til nye ferjeanbod er om lag uendra i høve budsjett 2014.

Skyss starta opp arbeidet med nye ferjeanbod i 2014 og det trengst auka ressursar med maritim kompetanse i ein avgrensa periode. I 2015 vert det budsjettert med 2 mill. kr til dette arbeidet.

Det vert lagt opp til at ferjedrifta følgjer riksregulativet for ferjetakstar, og dermed og den takstauken som vert vedteken i statsbudsjettet.

732 Båtruter

Rutepakke	Operatør	Kontraksform	Brutto kostnader mill. kr
Sunnhordland og Austevoll	Norled AS	Brutto	101,2
Espevær og Hernar	Gulen Skyssbåtservice AS	Netto	16,3
Rosendal-Bergen og Reksteren-Våge-Os	L. Rødne & Sønner AS	Netto	17,0
Nordhordland	Norled AS	Brutto	11,0
Turistrute Hardanger	Norled AS	Netto	6,6
Kleppestø-Strandkaaien	Norled AS	Brutto	22,4
Lokalbåt Osterfjorden	Osterfjord Sjøreiser	Netto	1,3
Mindre båtruter/bonus			6,0
Takstkompensasjon (Ungdomsbillett)			0,6
Terminalar snøggått			2,0
Drift av kaianlegg på Flesland			0,2
Sum TOTAL			184,6

Nye hurtigbåtkontraktar

Fylkesutvalet har tidlegare vedteke at båtsambandet Kleppestø-Strandkaaien skal driftast med miljøfartøy. Det er planlagt gjennomført ein anbuds-konkurranse, som skal legge forholda til rette for at det skal vere mogleg med elektrisk drift på sambandet. Som følge av ei større utbygging av Kleppestø sentrum er det inngått mellombels kontrakt med Norled på å drifte sambandet med konvensjonelt fartøy i tre år, gjeldande frå 01.01.2015. Denne avtalen har ein meirkostnad på 6 mill kr pr. år i høve til gjeldande avtale.

Kostnader og inntekter

Bruttokontraktar eksponerer fylkeskommunen for høgare risiko enn nettokontraktar. Inntektsprogn-

sane for 2015 er usikre, særleg for Nordhordlandsruta som er eit nytt tilbod.

Generelt viser tidlegare erfaringar at overgang frå netto- til bruttokontraktar gjev usikre inntektstal i fleire år. Fylkesrådmannen er likevel noko tryggare på inntektstala for 2015, basert på inntektsutviklinga i 2014. Totale sals- og refusjonsinntekter for båtrutene er på 43,1 mill. kr – meir enn 20% høgare enn i budsjettet for 2014. I inntektssummen er det rekna med at Rogaland gjev som tilskot til anløp i Ølen på Sunnhordlandsruta. Det vert lagt opp til takstauke for bårutene i gjennomsnitt +3 %.

Drift kaianlegg på Flesland

Drift av kaianlegg på Flesland er budsjettert under båtruter med kr 220 000.

733 Transportordninga for funksjonshemma

Kostnadsstad	Brutto kostnader budsjett 2015 mill. kr
Transportordninga	47,5

Det er om lag 13 100 brukarar i transportordninga, fordelt på tunge (blinde og rullestolbrukarar) og ordinære brukarar. Kvar brukar får tildelt ein kvote som kan nyttast til fritidsreiser. Brukartalet er stabilt. Frå juli 2013 vart det innført ei ny ordning som innebar at ubrukt kvote frå 1. halvår vert overført til 2. halvår. Så langt ser det ikkje ut til at dette har auka forbruket i særleg grad. Brukarane av ordninga har fleire gonger teke opp at kvotane ikkje

vert indeksregulerte. Dersom kvotane skal aukast med 10% vil det krevja ei auka ramme på 3 mill. kr. Det er ikkje budsjettert med auka brukarkvotar i 2015.

Budsjettområdet dekker og arbeidskøyring for funksjonshemma som har arbeid i verna verksemdar (VTA verksemdar).

734 Bybanen

Kostnadsstad	Brutto kostnader budsjett 2015 mill. kr
Bybanen	157,7

Oppgåvene knytt til drifta er delt mellom Skyss, operatøren Fjord 1 Partner og Bybanen AS. Skyss har ansvar for rutedrifta, medan Bybanen AS har ansvaret for å drifte og vedlikehalde infrastrukturen. Bybanen AS er heileigd av og vert finansiert av fylkeskommunen.

Av bruttokostnaden på 156,9 mill kr vil 28,2 mill kr gå til administrasjonshonorar til Bybanen AS.

Til festeavgift/husleige for eigedom på Kronstad er det ført opp kr 815 000.

Budsjettmål

For samferdselssektoren vert det lagt opp til fylgjande budsjettmål for 2015.

Effekt mål	Å kunne gjere betre heilskaplege prioriteringar av tiltak på det overordna fylkesvegnettet	
Resultatmål	Utarbeide strekningsvise utgreiingar som gir eit betre grunnlag for å prioritere tiltak på det overordna fylkesvegnettet.	
Tiltak	Utgreiingane med tilrådingar vert lagt fram 3. kvartal 2015.	
Indikatorar	Status for framdrift i arbeidet vert gitt i tertialrapportane og resultatet av arbeidet blir eit viktig grunnlag inn i arbeidet med rullering av regional transportplan.	

Effekt mål	Å stoppe forfallet på fylkesvegnettet	
Resultatmål	Oppdatere analysen som viser behovet for ressursar/økonomiske midlar for å stoppe forfallet på fylkesvegnettet.	
Tiltak	Arbeida for at dei økonomiske rammene knytt til drift og vedlikehald av fylkesvegnettet i større grad må komme i samsvar med behovet.	
Indikatorar	Status for framdrift i arbeidet vert gitt i tertialrapportane og i budsjettprosessane.	

Effekt mål	Veksten i persontrafikken skal takast med miljøvennlige transportformer.	
Resultatmål	Vekst i kollektivtrafikken på 2% i Bergensområdet.	
Tiltak	Satsing på stamliner og arbeidsreiser. Sikra god kapasitet i kollektivtrafikken.	
Indikatorar	Passasjertal.	

Effekt mål	Samla finansieringsløyising for drift og investeringstiltak i heilskapleg og miljøvenleg transportpolitikk for Bergensområdet.	
Resultatmål	Forhandle fram gjensidig forpliktande bymiljøavtale for Bergensområdet mellom Hordaland fylkeskommune, Bergen kommune og Samferdselsdepartementet.	
Tiltak	Gjennomføre tiltak i samsvar med fastsette krav til bymiljøavtalar – organisering, planlegging, mål- og resultatstyring osv.	
Indikatorar	Prosess og samhandling i samsvar med framdriftsplan	

Kulturføremål

Tal i heile 1000 kr

		Budsjett 2014	Budsjett 2015	Endring %
740 Bibliotek	Brutto driftsutgifter	7 031	7 161	1,9 %
	Driftsinntekter	0	0	
	Netto driftsutgifter	7 031	7 161	1,9 %
750 Kulturminnevern	Brutto driftsutgifter	51 984	48 266	-7,2 %
	Driftsinntekter	-34 310	-31 137	-9,3 %
	Netto driftsutgifter	17 674	17 129	-3,1 %
760 Museer	Brutto driftsutgifter	46 256	47 665	3,0 %
	Driftsinntekter	0	0	
	Netto driftsutgifter	46 256	47 665	3,0 %
771 Kunstformidling	Brutto driftsutgifter	64 429	65 401	1,5 %
	Driftsinntekter	-23 527	-23 612	0,4 %
	Netto driftsutgifter	40 902	41 789	2,2 %
775 Idrett	Brutto driftsutgifter	83 105	94 901	14,2 %
	Driftsinntekter	-69 000	-83 000	20,3 %
	Netto driftsutgifter	14 105	11 901	-15,6 %
790 Andre kulturaktivitetar	Brutto driftsutgifter	49 167	47 565	-3,3 %
	Driftsinntekter	-11 530	-11 547	0,1 %
	Netto driftsutgifter	37 637	36 018	-4,3 %
	Sum brutto driftsutgifter	301 972	310 960	3,0 %
	Sum driftsinntekter	-138 367	-149 296	7,9 %
	Netto driftsutgifter	163 605	161 664	-1,2 %

Innleiing

Fylkeskommunen har ansvar for utvikling, formidling og forvaltning innan områda kunst- og kulturproduksjon, bibliotek, kulturminnevern og museum, arkiv, idrett og friluftsliv.

PREMISS: KULTUR Regional kulturplan for Hordaland 2015-2025 vil verte styrande for satsingar og prioriteringar i åra framover. I løpet av 2015 vil fylkeskommunale tilskotsordningar verte vurderte og tilpassa målsettingane i kulturplanen. Likeeins vil mottakarar og søkjarar til driftstilskot på basis av fylkeskommunale kriterium verte evaluerte. Eit hovudgrep i planen er å fremje samordning av mål og verkemiddel, mellom dei tre forvaltningsnivåa og mellom offentlege og private midlar. Slik vil ein også i periodar med reduksjon i offentlege løyvingar kunne fremje nyskaping og kvalitet ved streng prioritering og felles satsing og samordning av verkemiddel og støtteordningar.

Følgjande målsetting ligg til grunn for kulturarbeidet: Hordaland skal ha eit rikt og mangfaldig kulturliv, forankra i regionale særtrekk og ope for nye impulsar. Alle skal kunne ta del i og oppleve tradisjonelle og nyskapande kulturaktivitetar ut frå egne føresetnader.

PREMISS: KULTUR, kulturplanen som skal handsamast av fylkestinget i desember 2014, foreslår som visjon at Hordaland skal vere ein leiande europeisk kulturregion. Det trengst fleire, tunge kulturelle sentra i landet, som byr Osloregionen konkurranse på kvalitet, nyskaping, merksemd og statlege midlar.

Budsjett-tiltak 2015

Over 100 institusjonar og organisasjonar står på Kultur- og idrettsavdelinga sitt budsjett. Dei fleste som alt får tilskot frå fylkeskommunen, søkjer om høgare søknadssummar enn det er mogeleg å imøtekoma innanfor gjeldane budsjetttramme. Fylkeskommunen mottar søknader frå fleire institusjo-

nar og organisasjonar som vil inn på driftsbudsjettet. Den pågåande systematiske gjennomgangen av tilskotsordningar og tilskotsmottarar, vil fyrst gjere seg fullt ut gjeldande i 2016-budsjettet. Fylkesrådmannen finn ikkje rom for påplussingar i årets budsjett, anna enn ved omdisponeringar innan ramma.

Fylkesrådmannen sitt forslag til kulturbudsjett er reelt sett redusert med om lag 5 mill. kr samanlikna med 2014.

I tillegg til eingongsløyvingar i 2014 (tilskot til båt til Bergen og omland Friluftsråd – 1 mill. kr – og Grunnlovsjubileet i 2014 – 0,5 mill. kr) er det i dette budsjettgrunnlaget foreslått reduksjonar i høve til 2014-budsjettet m.a. slik:

- Til rådvelde-posten kr 500 000
- Fylkesidrettsanlegg kr 1 500 000
- Kulturbygg med reg. funksjonar kr 500 000
- Andre kulturforemål kr 200 000
- Musea kr 500 000

Kontoen *Til rådvelde* vert redusert med 500 000 kr til 773 000. Dette vert sett i samanheng med gjennomgang av tilskotsordningane. Eventuelt kan desse midlane vera starten på midlar til oppfølging av handlingsplanen for regional kulturplan.

Når det gjeld tilskot til fylkesidrettsanlegg, som vert foreslått redusert med 1,5 mill. kr, viser fylkesrådmannen til at Hordaland fylkeskommune mottar statlege spelemidlar som vert fordelt til idrettsanlegg i fylket. I 2014 utgjorde dette 69 mill. kr, og det vert forventa 83 mill. kr i 2015.

Kulturbygg med regionale funksjonar vart i 2014-budsjettet redusert med 4 mill. kr, og vert for 2015 foreslått redusert med ytterlegare 0,5 mill. kr.

Budsjettveksten frå 2014 til 2015 er for dei 9 musea og Nynorsk kultursenter/Haugesenteret redusert med samla 0,5 mill. kr. Veksten for museumssektoren vert då 1,7%.

740 Bibliotek

Tal i heile 1000 kr

		Budsjett 2014	Budsjett 2015	Endring %
	Fylkesbiblioteket	5 549	5 661	2,0 %
	Bokbåten	1 208	1 226	1,5 %
	Bibliotekprosjekt	274	274	0,0 %
	Sum brutto driftsutgifter	7 031	7 161	1,9 %

I følgje Lov om folkebibliotek skal fylkeskommunen ivareta regionale bibliotekoppgåver og regional bibliotekutvikling. Dette omfattar å gi råd til lokale mynde, yte bibliotekfagleg rettleiing og assistanse, og arrangere møte og kurs om bibliotekspørsmål. Fylkeskommunen sin bibliotekpolitikk blir i 2015 vidareført i den nye kulturplanen.

Fylkesutvalet vedtok i april 2013 at fylkeskommunen skal ta på seg eit utviklar- og koordineringsansvar for å sikre innbyggjarane i Hordaland tilgang til e-bøker i folkebiblioteka. Alle vidaregåande skular og kommunane utanom Bergen er med i eit konsortium med felles boksamling og system for utlån av e-bøker. Avtalen med forlaga om utlån av e-bøker i bibliotek går ut i 2015. Innanfor bibliotekbudsjettet er det lagt til grunn at kr 350 000 vert nytta til kjøp av e-bøker.

Hordaland fylkeskommune driv bokbåten "Epos" i samarbeid med Møre og Romsdal og Sogn og

Fjordane. Kulturprogramma om bord er eit samarbeid med Den kulturelle skulesekken. Fylkeskommunen har samarbeid med Lindås kommune om drift av båten i Hordaland. Det er ikkje rom for å utvide med fleire driftsdagar eller auke bokbudsjettet i 2015.

Fylkesrådmannen er kjent med at Sogn og Fjordane fylkeskommune vurderer sitt vidare engasjement i bokbåten.

I 2014 fekk fylkesbiblioteket kr 850 000 kr av staten til første år av eit treårig prosjekt som skal gjere biblioteka i Hordaland betre i stand til å oppfylle den nye formålsparagrafen i folkebiblioteklova. Det nye er at folkebiblioteka skal drive aktiv formidling og vere ein uavhengig møteplass og arena for offentleg samtale og debatt. Midlane over kap. 340 går til utvikling av modellbibliotek som er del av dette prosjektet.

750 Kulturminnevern

Tal i heile 1000 kr

	Budsjett 2014	Budsjett 2015	Endring %
Administrasjon kulturminnevern	9 196	10 447	13,6 %
Antikvarisk bygningsvern	2 769	0	-100,0 %
Prosjekt/oppdrag	2 590	2 629	1,5 %
Arkeologisk registrering	6 535	6 671	2,1 %
Ålmenne kulturvernføremål	3 330	2 898	-13,0 %
Kulturminneregistrering	100	100	0,0 %
Vern kulturminne	27 464	25 521	-7,1 %
Sum brutto driftsutgifter	51 984	48 266	-7,2 %
Sum driftsinntekter	-34 310	-31 137	-9,3 %
Netto driftsutgifter	17 674	17 129	-3,1 %

Stor aktivitet

Hordaland fylkeskommune har omfattande saks- handsaming og utgreiingsarbeid på kulturminnefeltet. Største delen av aktiviteten er handsaming av planar og tiltak som kjem inn frå kommunar og private tiltakshavarar. Fylkeskommunen har ei lovheimla plikt til å handsame desse sakene. Oppdrag i samsvar med undersøkingsplikta, jfr. § 9 i kulturminnelova, er finansierte av tiltakshavar, jfr. kulturminneloven § 10, medan det fylkeskommunale ansvaret for sakshandsaming, forvaltning og fråsegnutarbeiding skal dekkjast over det fylkeskommunale driftsbudsjettet. Talet på oppdrag vil i stor grad avhenge av kor mange kommunale planar som kjem til handsaming i løpet av året. Det er viktig å oppretthalda naudsynt kapasitet for å kunna yta gode lovpålagte tenester til kommunar og tiltakshavarar, mellom anna i høve fristar etc.

Administrasjon kulturminnevern

Budsjettposten gjeld Seksjon for kulturminnevern og museum i kultur- og idrettsavdelinga. Auken skuldast intern overføring i fylkesadministrasjonen, jf posten for Antikvarisk bygningsvern.

Antikvarisk bygningsvern

Bygningsverntenesta har drive kompetanseutvikling og opplæring av handverkarar i bygningsfag. Delar av tenesta har vore finansierte med sal av tenester. Frå og med 2015 vert bygningsverntenesta endra, og får tillagt nye arbeidsoppgåver. Budsjettposten vert teken inn i Administrasjon kulturminnevern, jf. tabellen overfor. Omlegginga medfører at driftsinntektene og driftsutgiftene vert monaleg reduserte.

Prosjekt/andre oppdrag

I 2014 har avdelinga ikkje pågåande internasjonale prosjekt, men konsentrerer ressursane om å byggje opp regionalt samarbeid. Ein reknar m.a. med at slutthandsaminga av rekneskapen for interregprosjektet Coast Alive vert fullført i løpet av 2015.

Arkeologisk registrering

Grunna forventta høgt tal på offentlege planar og tiltak til handsaming er mellombels tilsette feltarkeologar budsjettert med noko høgare sum. Feltarkeologane er sjølvfinansierende.

Ålmenne kulturvernforemål

	Kroner	
Tilskot ålmenne kulturvernforemål	Budsjett 2014	Budsjett 2015
Fortidsminneforeningen	129 000	131 000
Stiftelsen Bryggen	114 000	116 000
Hardanger Historielag	22 000	0
Bjergvin Kyrkjesogelag	22 000	0
Landslaget for bygde- og byhistorie	8 000	0
Nord- og Midthordland Sogelag	22 000	0
Sunnhordland Sogelag	22 000	0
Voss Sogelag	18 000	0
Hordaland Sogelag	37 000	0
Tilskot historielag		152 000
Oselvarverkstaden	1 380 000	1 401 000
Nynorsk kultursenter/Haugesenteret	700 000	0
Prosjekt Bryggen	217 000	220 000
Bullahuset, Valestrand, Osterøy	186 000	189 000
Espelend fangeleir	203 000	206 000
Fjelberg gamle prestegard		233 000
Kulturlandskapsprisen	50 000	50 000
Brannsikring	200 000	200 000
Sum brutto driftsutgifter	3 330 000	2 898 000

Fylkesrådmannen foreslår å gjere driftstilskot til sogelaga om til ei tilskotsordning med tildeling etter søknad. Målsetjinga er, i aukande grad, å stimulere til og støtte opp om initiativ og aktivitet. Fylkesrådmannen vil utarbeide retningslinjer med kriteri for tilskotsordninga som vert lagt fram for Kultur og ressursutvalet i 2015.

Tilskotet til Nynorsk kultursenter/Olav H. Hauge-senteret er ført over til museumsbudsjettet

Fjelberg gamle prestegard er frå 2015 budsjettet som ein del av kulturvernforemål. Tidlegare var dette tilskotet budsjettet under posten Tilskot til andre kulturforemål.

Kulturminneregistrering

Registrering og kartfesting av kulturminne er viktig for både eigarar, kommunar, fylkeskommune og statlege etatar som grunnlag for forsvarleg forvaltning og søknad om midlar til å sikra kulturarven. Registreringsarbeidet gjeld både eldre bygningar og automatisk freda kulturminne, og det er svært viktig at dette arbeidet held fram. Særleg er det viktig å gjera registreringane tilgjengeleg gjennom nettbasert formidling. Fylkesrådmannen fører opp kr 100 000 til dette arbeidet i 2015 – same sum som i 2014-budsjettet. Arbeidet skal sjåast i samband med prosjekt for utvikling av kulturminnevernet i Hordaland og vedtak i fylkesutvalet om å utarbeide kulturminneplanar i alle kommunane i fylket.

Vern av kulturminne

Kroner

Vern kulturminne	Budsjett 2014	Budsjett 2015	Endring %
Driftsutgifter			
Tilskot til vern og vøling	750 000	761 000	1,5 %
Kulturverntiltak	9 834 000	7 680 000	-21,9 %
Verdsarv Bryggen	15 000 000	15 200 000	1,3 %
Fartøyvern	1 680 000	1 680 000	0,0 %
Stend hovedgård	200 000	200 000	0,0 %
Sum brutto driftsutgifter	27 464 000	25 521 000	-7,1 %
Driftsinntekter			
Kulturverntiltak	-9 834 000	-7 680 000	-21,9 %
Verdsarv Bryggen	-15 000 000	-15 200 000	1,3 %
Fartøyvern	-840 000	-840 000	0,0 %
Sum driftsinntekter	-25 674 000	-23 720 000	-7,6 %
Netto driftsutgifter	1 790 000	1 801 000	0,6 %

Budsjettet for vern av kulturminne gjeld tilskot til skjøtsel og formidling av automatisk freda kulturminne og tilskot til restaurering og vedlikehald av kulturminne frå nyare tid. Statsmidlar til freda og verneverdige bygg og anlegg vert overførte til fylkeskommunen etter at Riksantikvaren har handsama søknadar frå alle fylka i samsvar med statsbudsjettet. For 2015 legg fylkesrådmannen til grunn eit tilskot på 7,68 mill. kr – i samsvar med det ein fekk tildelt i 2014.

Vidareføring av istandsetjingsprogrammet for freda hus i privat eige er føresett finansiert med statlege midlar. Ei evt. endra innretting av ordninga for Tilskot til vern og vøling der kommunal medfinansiering utløyser fylkeskommunal del kan verte utford-

rande med eksisterande storleik på budsjettposten på kr 761 000.

Fartøyvernfeltet er viktig for eit sterkt kystkulturfylke som Hordaland. Fylkeskommunal medverknad til denne sektoren er avgjerande for at arbeidet med vern av kysten si kulturhistorie skal lukkast. Feltet er og prega av stor frivillig innsats. Det er budsjettet med 1,68 mill. kr i 2015 og statleg tilskot på halvparten av denne summen.

Stend hovedgård er budsjettet med kr 200 000 og løyvinga kjem i tillegg til midlar på investeringsbudsjettet. Summen er tenkt nytta til tiltak i Riddersalen og til opprusting av Renaissancehagen utanfor hovudhuset.

760 Museum

Tal i heile 1000 kr

	Budsjett 2014	Budsjett 2015	Endring %
Sum brutto driftsutgifter Museum	46 256	47 665	3,0 %
Sum driftsinntekter	0	0	
Netto driftsutgifter	46 256	47 665	3,0 %

Musea er av dei viktigaste kulturinstitusjonane i Hordaland og fylkeskommunen har ansvar for å forme museumspolitikken i fylket. Regional plan for museum 2011 – 2015 "Musea i samfunnet" vart vedteken i juni 2011 og har i perioden vore retningsgjevande for staten, fylkeskommunen og kommunane sine prioriteringar. Hovudmålet er formulert slik: *"Musea skal utviklast som sterke kunnskapssentra og organisasjonar og vera profilerte samfunnsaktørar som utviklar samfunnet med kunnskap om fortid, samtid og framtid."*

Museumsplanen har eit handlingsprogram som i tråd med vedtak i fylkestinget krev oppfølging. Planen vert avløyrt av Regional kulturplanplan 2015-2024.

For å styrkje det regionale museumsarbeidet er det viktig å utvikle sektoren og dette vert ein sentral del av handlingsprogrammet for Regional plan for kultur i 2015. Til handlingsprogrammet for museumsplanen er det i 2015 ført opp 2,0 mill. kr, ein nedgang på 100.000 i høve 2014. Musea/Olav H Haugecenteret får ein mindre vekst i driftstilskota sine i

2015 enn tidlegare år, veksten for 2015 er på 1,7%. Midlane til oppfølging av handlingsprogrammet vert fordelt i eiga sak.

Museumssamarbeid med kommunane og bygningsvern ved musea er igangsette ordningar som skal styrkje samarbeidet mellom kommunane og musea. Denne ordninga vert oppretthalde i fylkesrådmannen sitt budsjettframlegg. For å utvikle det regionale museumsarbeidet er det lagt inn kr 600 000 til slike prosessar i 2015. Desse skal nyttast til fleirårige samarbeidsprosjekt starta opp i 2013 mellom fylkeskommunen, kommunane og musea. Samarbeidstiltaka er mellom følgjande museum og kommunar:

- Sunnhordland museum og Austevoll, Tysnes, Fitjar, Stord, Bømlo, Etne, Kvinnherad og Sveio kommunar
- Museum Vest og Sund, Fjell, Øygarden og Askøy kommunar.

Ein tek sikte på å starta tilsvarende tiltak i 2015 i samarbeid mellom Hardanger og Voss museum og Voss kommune.

Tilskot til Primusbase for musea (database for gjenstandar) i Hordaland på kr 100 000 er midlar som tidlegare var budsjettet som ein del av budsjettet for fylkesarkivet.

Museum	Budsjett 2014	Budsjett 2015
1. Museumssenteret i Hordaland	9 548 000	9 701 000
2. Stiftelsen Bymuseet i Bergen	6 602 000	6 708 000
3. Bergens Sjøfartsmuseum	1 648 000	1 674 000
4. Museum Vest	4 661 000	4 736 000
5. Kunstmuseene i Bergen	3 474 000	3 530 000
6. Stiftinga Hardanger og Voss museum	11 525 000	11 709 000
7. Norsk Vasskraft- og Industristadm.	1 256 000	1 276 000
8. Baroniet Rosendal	1 041 000	1 058 000
9. Stiftinga Sunnhordland museum	2 076 000	2 109 000
Nynorsk kultursenter/Haugesenteret	0	711 000
Museumssamarbeid med kommunar	600 000	600 000
Oppfølging av museumsplanen	2 100 000	2 000 000
Bygningsvern ved musea	1 725 000	1 753 000
Primusbase for musea i Hordaland		100 000
Sum brutto driftsutgifter	46 256 000	47 665 000

Kroner

771 Kunstformidling

Tal i heile 1000 kr

	Budsjett 2014	Budsjett 2015	Endring %
Administrasjon kunst- og kulturformidling	2 825	3 776	33,7 %
Musikkføremål	4 855	4 453	-8,3 %
Den kulturelle skulesekken	2 653	2 300	-13,3 %
DKS-spelemidlar	16 592	16 500	-0,6 %
Kunstinstusjonar	19 351	19 873	2,7 %
Ymse kunstføremål	11 624	11 800	1,5 %
Fylkesturnear - skulekonsertar	6 529	6 700	2,6 %
Sum brutto driftsutgifter	64 429	65 401	1,5 %
Sum driftsinntekter	-23 527	-23 612	0,4 %
Netto driftsutgifter	40 902	41 789	2,2 %

Administrasjon kunst- og kulturformidling

Kunstformidling inneber både forvaltning av tilskot til andre og egne produksjonseiningar.

Hordaland fylkeskommune er ansvarleg for utvikling, produksjon, formidling og praktisk tilrettelegging av kunst- og kulturtilbodet til skulane i fylket. Kommunane har i tillegg ansvar for lokale tilbod. Ordninga er finansiert av Hordaland fylkeskommune, Rikskonsertane og Den kulturelle skulesekken. Dei statlege løyvingane i form av spelemidlar kan ikkje brukast til administrasjon av tiltaket,

men skal nyttast til konkrete kulturprosjekt retta mot elevar i grunnskulen. Hordaland fylkeskommune er pilotfylke for utvikling av Den kulturelle skulesekken i vidaregåande skule.

Den sterke auken for administrasjonsbudsjettet har samanheng med at ein større del av driftsutgiftene for musikkføremål og den kulturelle skulesekken er budsjettert samla i 2015- budsjettet. Jf. tabellen ovanfor med reduksjon for musikkføremål og driftsmidlane for den kulturelle skulesekken.

Musikkføremål

Kroner

Musikkføremål	Budsjett 2014	Budsjett 2015	Endring %
Faste stillingar med sosiale kostnader	3 678 000	3 760 000	2,0 %
Kontordrift	485 000	0	-100,0 %
Fylkessekretariatet for song og musikkorg i Hordaland	203 000	206 000	1,5 %
Distriktsmusikkgrupper	479 000	487 000	1,5 %
Sum brutto driftsutgifter	4 845 000	4 453 000	-8,3 %
Sum refusjonar	-406 000	-412 000	1,5 %
Netto	4 439 000	4 031 000	-9,2 %

Dei faste stillingane nytta til musikkføremål, administrerer i hovudsak drifta av rikskonsertane i fylket. Under posten ligg og fylkesmusikarordninga. Tilskotet til Distriktsmusikkgrupper er ein avtale mellom fylket og kommunane Voss og på Stord kommunar.

Den kulturelle skulesekken

Fylkesrådmannen budsjetterer med 2,3 mill. kr i utgifter til drift av den kulturelle skulesekken.

Den kulturelle skulesekken spelemidlar

Fylkesrådmannen budsjetterer med om lag same sum som i 2014 til for det som gjeld spelemidlar til den kulturelle skulesekken.

Kunst, knutepunkt- og landsdelsinstitusjonar

Festspillene i Bergen, Hordaland Teater, Carte Blanche, Den Nye Opera og BIT20 ensemble vert finansierte frå fleire kjelder. Desse institusjonane, med unntak av BIT20 ensemble, ligg på statsbudsjettet, og totalfinansieringa er fordelt prosentvis etter avtale mellom partane. Det er lagt inn førebels budsjettsummar for den einkilde institusjonen. Endelege summar kjenner ein først når statsbudsjettet ligg føre. Det er lagt inn ein auke på 2,85%.

Når det gjeld tilskot til BIT20 ensemble lyt ein av-

venta vedtak i Norsk Kulturråd.

Kroner

Kunstinstusjonar	Budsjett 2014	Budsjett 2015
Festspillene i Bergen	4 438 000	4 558 000
Carte Blanche	5 143 000	5 282 000
Hordaland Teater	4 818 000	4 948 000
Bergen Nasjonale Opera	4 235 000	4 349 000
Samtidsmusikkensemblet BIT 20	717 000	736 000
Sum brutto driftsutgifter	19 351 000	19 873 000

Tabellen nedanfor syner korleis tilskota til den einkilde institusjonen vert fordelte mellom tilskotspartane.

Kroner

	Stat	Fylke	Kommune
Festspillene i Bergen	60 %	13,3 %	26,7 %
Carte Blanche	70 %	15 %	15 %
Hordaland Teater	70 %	30 %	
Den Nye Opera	70 %	15 %	15 %
Samtidsmusikkensemblet BIT 20	60 %	15 %	25 %

Ymse Kunstforemål

Hordaland fylkeskommune vil leggja opp til eit auka samspel mellom kompetansmiljø i Bergen og institusjonar elles i fylket når det gjeld samtidskunst. Fylkesrådmannen kommenterer nokre av postane under tabellen nedanfor.

Kroner

Ymse kunstforemål	Budsjett 2014	Budsjett 2015
Hordaland Kunstsenter - drift	2 500 000	2 540 000
USF Verftet - visningsrommet USF	49 000	50 000
USF Verftet	104 000	110 000
Kunstnerverksteder cs55	49 000	50 000
Hordaland Kunstsenter - verksemd	801 000	810 000
Internasjonalt Gjesteatelier	224 000	230 000
Skrivekunstakademiet	2 600 000	2 640 000
Stiftelsen 3,14	1 500 000	1 520 000
Vestlandsutstillinga	150 000	150 000
Bergen Kunsthall	393 000	400 000
Bergen Assembly/ Bergenstriennalen AS	300 000	300 000
Bergen Senter for elektronisk kunst	132 000	130 000
Det Akademiske Kvarter	100 000	100 000
Fargespill	412 000	420 000
Kunstnarstipend	125 000	130 000
Radøy Kunstsenter	178 000	180 000
Ambrosiahuset gjesteatelier	62 000	60 000
Kunstnarhuset Messen	100 000	100 000
Proscen	105 000	110 000
Produsentenhet for visuell kunst	105 000	110 000
Hardingpuls	79 000	80 000
Juleprosjekt Orknøyane, Edinburgh og Cardiff	149 000	150 000
Kulturavtale Basse Normandie	206 000	210 000
Internasjonalt kultursamarbeid	371 000	380 000
Litteraturhus i Bergen	500 000	510 000
Kultur Vest AS	330 000	330 000
Sum brutto driftsutgifter	11 624 000	11 800 000

Det er ikkje rom for nye tiltak eller omfattande auke.

Fylkesrådmannen vil peika på at det finst utfordringar på dette feltet. Som tidlegare år, er det meir regelen enn unntaket at dei som får årlege løyvingar over fylkeskommunen sitt budsjett, søker om ein monaleg auke i driftstøtta. Mange av desse har små administrasjonar. Dei har eit høgt aktivitet- og ambisjonsnivå og leverer kunst og kultur av svært høg internasjonal klasse. I tillegg til at dei som alleie har fått fylkeskommunalt driftstilskot ønskjer høgare løyvingar, er det fleire andre som og søker tilskot frå fylkeskommunen sitt kulturbudsjett.

Fylkesrådmannen vil særleg trekke fram:

På det visuelle samtidskunstfeltet er **Hordaland kunstsenter** det viktigaste organet for Hordaland fylkeskommune. Senteret vart etablert i 1976 som det første kunstnar drivne kunstsenteret i Noreg. Hordaland fylkeskommune har heile tida vore ansvarleg for drifta. Senteret er offensivt, og har gode resultat. Dei seinare åra har senteret hatt auka fokus på kunst i offentlege rom, og søker og i 2015 om auke til dette føremålet. Fylkesrådmannen finn ikkje rom for dette.

Stiftelsen Kulturhuset USF har dei siste tre åra søkt kommune, fylke og staten om (auke) løyvingar til drift. Med oppgraderinga av Røykeriet har ein fått status som regional storscene for rytmisk musikk. Staten sine løyvingar over statsbudsjettet er knytt til

å dekke lånekostnader. USF har fått høgare driftsbudsjett etter ombygging som vart ferdigstilt i 2013, både grunna lånekostnader og høgare driftsutgifter som konsekvens av auka aktivitet. Det vert samla søkt om auke frå dei tre partane på 1,3 mill. kr. Kommunen har auka sine løyvingar. Fylkesrådmannen finn ikkje rom for auke i den fylkeskommunale driftsstøtta.

Skrivekunstakademiet er Hordaland fylkeskommune si fremste satsing på litteraturfeltet. Auka aktivitet har gjort det naudsynt for styret å utvida stillingane ved akademiet med totalt 40 %. I tillegg er påbyggingskurset i kreativ skiving som vart starta opp i 2012, vidareført. Samstundes som det er trong for oppgradering av lokale og nettside, har akademiet i undervisningsåret 2013/2014 opplevd at høge søkjartal, utviding av undervisningsstaben. Høgskulestatusen med rapporteringskrav og oppfølging av Kunnskapsdepartementets reglar og oppdateringar gir stadig nye administrative og økonomiske utfordringar.

Stiftelsen 3,14 arbeider i hovudsak med kunst utanfor den vestlege kultursfæra. Dei har eit høgt kunstnarleg nivå og er ein liten organisasjon med stram økonomi gjennom ein lengre periode, og har få andre bidragsgjevarar. 3,14s økonomiske situasjon er fortsatt stram, og galleriet ønsker å fortsette med dei høge kvalitetstilboda for publikum, fortsatt fokus på formidling til unge, samt vidareutvikle institusjonen og skape ny formidling og nye verkstads-tilbod knytt opp til utstillingane for barn og unge.

Bergen Assembly hadde i 2013 sin første triennale innan samtidskunst. Hordaland fylkeskommune ser det som viktig å stø opp om samtidskunstbyen Bergen, men tilskotet vart redusert med kr 200 000 i 2014, som var eit mellomår fram til neste triennale i 2016. Prosjektutviklinga tek til for fullt hausten 2014 og Bergen Assembly søkjer om auke til kr 500 000. Fylkesrådmannen finn ikkje rom for dette.

Kunstnarhuset Messen i Ålvik

Huset har vorte eit sentrum for kunstnarar i Hardangerregionen i tillegg til gjestekunstnarar frå heile verda, og er blant dei få tilboda av sitt slag utanfor Bergen. Hordaland fylkeskommune har bidrege i samband med kjøp av bygget og etableringsstøtte gjennom Kulturelt Utviklingsprogram. Jamvel om Messen søkjer om meir enn ei dobling av driftsstøtta, finn fylkesrådmannen ikkje rom for dette.

Andre organisasjonar

Det vert og søkt om driftsauke frå Radøy kunstsen-ter, Proscen, Produsententhet for visuell kunst og Fargespill. Fylkesrådmannen finn ikkje rom for auke i tilskotet til desse organisasjonane.

Internasjonale kontaktar, venskapsfylke og samarbeidsregionar

Hordaland fylkeskommune har samarbeid med ulike regionar i Europa – Orknøyane og Edinburgh i Skottland, Cardiff-området i Wales, Kaunas i Litauen og Nedre Normandie i Frankrike. Posten Internasjonalt kultursamarbeid skal i hovudsak gå til prosjekt og tiltak knytt til desse. Internasjonalt arbeid innanfor dei ulike sektorane i fylkeskommunen bør stø opp under kontakt mellom etablerte samarbeidsregionar og kulturlivet i Hordaland.

Etter at kontakten med fylkeskommunen sin samarbeidsregion Basse-Normandie vart revitalisert i 2009, har det vore fleire konkrete samarbeidstiltak mellom regionane. I første rekkje er samarbeidet knytt til den tverrestetiske festivalen Les Boreales som har fokus på nordisk kultur.

Samarbeidet med Skottland/Edinburgh er opptrappa og vidareutvikla, politisk og fagleg. Ei systematisk vidareutvikling av samarbeidet med Basse-Normandie og Skottland/Edinburgh/Orknøyane føreset fylkeskommunale midlar.

Litteraturhuset i Bergen

Litteraturhuset i Bergen søkjer om tilskot på 1 mill. kr frå fylkeskommunen. Det er ikkje funne rom for slik auke i budsjettet.

Kultur Vest AS

Fylkesutvalet vedtok i juni 2013 å gje Kultur Vest AS tilskot på kr 330 000 pr. år i ein tidsavgrensa periode på 2 år (2014-2015).

Fylkesturnear - skulekonsertar

Turnekostnadene for skulekonsertane vert finansierte gjennom overføringar frå Rikskonsertane. Ein reknar med utgifter på 6,7 mill. kr til dette i 2015 og budsjetterer med same sum som refusjon frå staten.

Andre søkjarar

Fylkesrådmannen vil særleg nemna:

Barokksolistene er eit unikt ensemble av høg kunstnarleg kvalitet som ønskjer å ha Bergen som fast tilhaldsstad. Barokksolistene ønskjer ei tilsvarende avtale om driftsstøtte over budsjettposten for Kunst-, knutepunkt- og landsdelsinstitusjonar, og søkjer om kr 500 000 frå Hordaland fylkeskommune. Fylkesrådmannen ser dette som særst interessant, men finn ikkje rom for dette i 2015. Spørsmålet krev og dialog med stat og kommune.

Teaterdrift Bergen AS søkjer kr 800 000 til drift av Cornerteateret. Fylkesrådmannen vil streka under at dette tiltaket har stor verdi for det frie scene-kunstfeltet i Hordaland, så vel som for amatørverksemda i fylket, men finn av budsjettomsyn ikkje å kunna tilrå tilskot.

775 Idrett

Tal i heile 1000 kr

	Budsjett 2014	Budsjett 2015	Endring %
Administrasjon idrett	3 373	3 059	-9,3 %
Tilskot til idrettsarbeid	8 577	7 227	-15,7 %
Tilskot til idrettsprosjekt	2 155	1 615	-25,1 %
Tilskot spelemidlar	69 000	83 000	20,3 %
Sum brutto driftsutgifter	83 105	94 901	14,2 %
Sum driftsinntekter	-69 000	-83 000	20,3 %
Netto driftsutgifter	14 105	11 901	-15,6 %

Tilskot til idrettsarbeid

Kroner

Tilskot til idrettsarbeid	Budsjett 2014	Tilskot 2015
Tilskot til Hordaland Idrettskrets	3 002 000	3 222 000
Fylkespremiar	50 000	50 000
Tilskot til Stiftinga "Solhovden"	125 000	130 000
Utviklingsstipend	125 000	125 000
Olympiatoppen Vest (Regionalt kompetansesenter for idrett)	325 000	400 000
Mastergrad i idrett og folkehelse	150 000	0
Tilskot til store mesterskap	200 000	200 000
"Aktiv saman"	400 000	400 000
Prøveprosjekt: utlån av gymsalar	200 000	200 000
Fylkesidrettsanlegg	4 000 000	2 500 000
Sum brutto driftsutgifter	8 577 000	7 227 000

Ordninga med investeringstilskot til **fylkesidrettsanlegg** har sidan 1993 medverka til at det er bygd kostnadskrevjande idrettsanlegg, der ein kan arrangere nasjonale og internasjonale meisterskap og å utvikle toppidrettsutøvarar i Hordaland. I perioden er det fordelt 65 mill. kr til 26 anlegg. Fylkesrådmannen foreslår å redusere denne tilskotsordninga med 1,5 mill. kr i 2015.

Hordaland idrettskrets har 208 476 medlemskap og 1 128 idrettslag i heile Hordaland. **Hordaland idrettskrets/ Olympiatoppen Vest-Norge** søker om kr 3 600 000 til breiddeidretten og kr 430 000 til toppidretten. Dei ønskjer m.a. å styrke arbeidet med «unge leiara» og funksjonshemma. Fylkesrådmannen foreslår gjennom intern omdisponering på idrettsbudsjettet å auke driftstilskotet til Hordaland idrettskrets frå kr 3 002 000 til kr 3 222 000 der kr 200 000 er øyremerka funksjonshemma. Driftstilskotet til Olympiatoppen Vest-Norge avd. Hordaland vert foreslått auka frå kr 325 000 til kr 400 000.

Stiftelsen Solhovden søker om tilskot på kr 130 000 til drift av hyttene 2015. Stiftelsen disponerer

tre hytter på Kvamskogen som vert leigd ut hovudsakleg til funksjonshemma i Hordaland, men også grupper innan psykiatrien og rusmiddelomsorg nyttar hyttene. Bergen kommune yter tilskot på kr 130 000. Driftsstøtta vert forslått auka i budsjettet for 2015 frå kr 125 000 til kr 130 000.

Det internasjonale symjesteemnet **Bergen Swim Festival** skal arrangerast i Hellingen i Bergen i mai 2015 og søker om kr 50 000 i støtte til arrangementet. Fylkesrådmannen tilrår tilskot i samsvar med søknaden.

Askøy Seilsportsenter skal arrangere **VM i segling** (yngling) på Askøy i juli 2015. Dei søker om kr 402 000 i tilskot. Fylkesrådmannen har funne rom for å støtte arrangementet med kr 80 000.

Tour the Fjords, eit internasjonalt sykkelritt med etappar i Hordaland og Rogaland, skal gjennomførast i mai 2015. Konkret søknad er ikkje motteken. I 2014 fekk arrangementet kr 250 000 i støtte. Fylkesrådmannen tilrår at det vert sett av kr 70 000 til vidareutvikling av Tour the Fjords i Hordaland.

Fylkesrådmannen foreset kommunal medverknad for tildelingane til arrangementa nemnde ovanfor.

Hordaland fylkeskommune vedtok i 2011, saman med Bergen kommune, å støtte Høgskolen i Bergen med midlar til eit professorat for å opprette eit masterstudie i fysisk aktivitet og folkehelse i 2012, 2013 og 2014. Desse utviklingsmidlane foreslår fylkesrådmannen vert flytte til budsjettet for friluftsføremål og budsjettposten Kartlegging og verdisetjing av friluftsområder. Det er eit statleg krav, følgd opp i kulturplanen, at alle kommunar skal ha gjennomført ei kartlegging og verdisetjing av friluftsområder innan 2018. Det blir frå 2018 eit vilkår

for å kunne søke om statleg medverknad til sikring av friluftsområder. Miljødirektoratet lyser ut midlar til dette arbeidet med krav om 50% medfinansiering frå fylke og kommune.

I 2012 vart det budsjettert med kr 200 000 til eit prøveprosjekt der idrettslag får nytte gymnastikk-salar gratis mot vakthald og reinhald. I løpet av hausten 2014 skal ordninga evaluerast og sak leggast fram til Kultur- og ressursutvalet, opplæring og helse og fylkesutvalet. Fylkesrådmannen vidarefører budsjettet til ordninga i 2015 med kr 200 000, men vil eventuelt koma attende til dette etter evalueringa av ordninga.

Tilskot til idrettsprosjekt

	Kroner	
Tilskot til idrettsprosjekt	Budsjett 2014	Tilskot 2015
Psykiatri/rus	50 000	50 000
Psykisk utviklingshemma	100 000	0
Eldre	70 000	0
Barn og ungdom - opne anlegg	175 000	175 000
Konferansar/kompetanse	280 000	130 000
Internasjonalt arbeid	40 000	40 000
Idrettsanlegg.no	40 000	40 000
Realisering fylkesdelplan fysisk akt., idrett og friluft	225 000	0
Partnerskap for folkehelse	275 000	280 000
Tilskot barn/unge -idrett (etter vedtak i fylkestinget)	900 000	900 000
Sum brutto driftsutgifter	2 155 000	1 615 000

Fylkesrådmannen foreslår i budsjettet for 2015 nokre endringar i tilskota til idrettsprosjekt i samsvar med føringar i regional kulturplan 2015-2025. Dette gjeld prosjekt for psykisk utviklingshemma og eldre som for 2015 går inn som ein del av tilskotet til Hordaland idrettskrets.

Budsjettsummen som i 2014 var ført opp til realisering av fylkesdelplan fysisk aktivitet, idrett og

friluftsliv vert i budsjettet for 2015 foreslått overført til friluftslivsbudsjettet.

Tilskot spelemidlar

Dette er statlege midlar som blir tildelt Hordaland fylkeskommune til anlegg for idrett og friluftsliv på basis av årlege søknadar. Det vert budsjettert med 83 mill. kr som utgifter og finansiert med øyremerka statstilskot.

790 Andre kulturaktivitetar

Tal i heile 1000 kr

	Budsjett 2014	Budsjett 2015	Endring %
Fylkesarkiv	3 650	4 394	20,4 %
Lokalhistorisk rettleiingsteneste	923	0	-100,0 %
Kulturnett/Digital formidling	723	738	2,1 %
Barne/ungdomstilskot	3 383	3 434	1,5 %
Vaksenopplæring	712	722	1,4 %
Andre kulturføremål	14 977	14 337	-4,3 %
Stønad etter vedtak	1 015	1 030	1,5 %
Tilskot til innvandrarorg.	1 130	1 147	1,5 %
Til rådvelde for Kultur- og ressursutvalet	1 254	773	-38,4 %
Kulturelt utviklingsprogram	6 000	6 090	1,5 %
Tilskot til lokale kulturhus	5 500	5 500	0,0 %
Tilskot til kulturbygg med reg. funksjonar	9 900	9 400	-5,1 %
Sum brutto driftsutgifter	45 517	47 565	4,5 %
Sum driftsinntekter	-11 530	-11 547	0,1 %
Netto driftsutgifter	33 987	36 018	6,0 %

Fylkesarkivet

Fylkesarkivet er depotinstans for fylkeskommunale arkiv og har ansvar for overordna, felles retningslinjer og rutinar for avlevering av arkivmateriale i heile fylkeskommunen. Fylkesarkivet koordinerer arbeidet med privatarkiv og skal utvikle lokalhistorisk arbeid i fylket.

Den største utfordringa for fylkesarkivet er bevaring av dei elektroniske arkiva som blir skapt i fylkeskommunen. Det finst over 80 fagsystem i bruk i fylkeskommunen. Store delar av saksbehandlinga, spesielt på opplæring og samferdsel, går føre seg i fagsystem utan integrasjon til sak/arkivsystemet. For langtidsbevaring har ein fram til no dokumentert alt på papir. Arbeidet med langtidslagring av digitalt arkivmateriale er ressurs- og kompetanse-krevjande. I 2015 må ein byggje opp kompetanse på fagfeltet og etablere ei elektronisk depotløsning.

Bevaring av privatarkiv er viktig for å sikre ein heilskapleg samfunnsdokumentasjon. Tilgang til både offentlege og private arkiv er viktig for å sikre forvaltingsmessig og rettsleg dokumentasjon og danar grunnlaget for utvikling av lokal-, regional- og nasjonal historie. Det er behov for økonomiske midlar for å stimulere dette arbeidet, men det er ikkje funne rom for slik auke i budsjettet.

Lokalhistorisk rettleiingsteneste er ein integrert del av fylkesarkivet og gjev mellom anna råd om lokalhistorisk arbeid, fotobevaring, innsamling av stad-

namn og større lokalhistoriske prosjekt som bygdebøker. Fylkesarkivet tek også vare på eldre arkiv-saker frå bedrifter og organisasjonar i fylket og er fylkeskoordinerande institusjon for privatarkiv-arbeid. Frå 2015 vert denne tenesta budsjettetert saman med fylkesarkivet, jf. tabellen ovanfor.

Tilskotet til Primusbase (database for gjenstandar)er ført over til museumsdelen av budsjettet.

Kulturnett/Digital formidling

Kulturnett Hordaland er etablert som ein inngangsport for fleire nasjonale databasar og vert utvikla i samarbeid med Norsk kulturråd og fleire andre fylkeskommunar. Kulturkort for ungdom er blitt inkludert i denne portalen og ein vil satse vidare på å samkøyre formidling mellom nett og sosiale medium. I løpet av 2015 vil Kulturnett Hordaland bli lagt om og tilpassa framtidige digitale utfordringar.

Hordaland fylkeskommune har saman med Sogn og Fjordane, Møre og Romsdal og Norsk kulturråd gått saman om ei felles satsing for utvikling av digitale formidlingsløysingar for kultur- og naturhistorie («Vestlandsprosjektet»). Prosjektet vil byggje vidare på erfaringar frå Rallarvegprosjektet. Teknisk vil det bli lagt til rette for at kulturinstitusjonar og digitale formidlingsprosjekt i dei tre fylka skal kunne ta i bruk denne formidlingsteknologien utan for store kostandar. Norsk kulturråd har løyvd kr 250 000 til prosjektet under føresetnad av at samarbeidspartnarane løyver midlar.

Barne- og ungdomsarbeid

Kroner

Barne- og ungdomsarbeid	Budsjett 2014	Tilskot 2015
Hordaland Barne- og ungdoms Råd	686 000	696 000
Ungdomskonferanse	47 000	48 000
Ungdommens kulturmønstring - drift	179 000	0
Ungdommens kulturmønstring - arena	166 000	0
Ungdommens kulturmønstring		350 000
Driftstilskot til barne- og ungdomsorganisasjonar	1 536 000	1 559 000
Tilskot - Særlege tiltak barn/ungdom	508 000	516 000
Scenekunst i Hordaland	261 000	265 000
Sum brutto driftsutgifter	3 383 000	3 434 000

Budsjettposten omfattar driftsstønad til barne- og ungdomsorganisasjonar på fylkesplanet, tilskot til verksemda i paraplyorganisasjonen for fylkesomfemnande og regionale barne- og ungdomsorganisasjonar, *Hordaland Barne- og Ungdoms Råd – HBUR* - og aktivitetsstønad til tiltak for barn og unge.

Ungdommens kulturmønstring (UKM) har dei siste åra hatt ei positiv utvikling, og det er viktig å unngå å pålegge kommunane og deltakarane ytterlegare eigenbetaling. Hordaland fylkeskommune arbeider no målretta med å vidareutvikle mønstringa. Fylkesrådmannen ser det ikkje lenger som føremåls-

tenleg å skilje mellom avsetningar til drift og arena, men føreslår ei samla løyving til UKM.

Vaksenopplæring

Etter reglane som fylkestinget har vedteke, skal kulturadministrasjonen administrera tilskot (grunn-tilskot og administrasjonstilskot) til organisasjonsverksemd for godkjende studieorganisasjonar. Hordaland fylkeskommune gjev og tilskot til paraplyorganisasjonen Vaksenopplæringsforbundet i Hordaland. Det vert budsjettert med kr 492 000 som tilskot til vaksenopplæringstiltak og kr 230 000 som tilskot til Vaksenopplæringsforbundet – til saman kr 722 000 i 2015.

Tilskot til andre kulturføremål

Kroner

Tilskot til andre kulturføremål	Budsjett 2013	Budsjett 2014
I. Fylkesorganisasjonar		
Musikkorganisasjonar		
Norges Musikkorpsforbund Hordaland	460 000	467 000
Norsk Musikkråd - Hordaland	211 000	214 000
Hordaland korforbund	186 000	189 000
Interesseorganisasjonar		
Det felles innvandrerad i Hordaland	578 000	587 000
Hordaland fylkeshusflidslag	354 000	359 000
Actis-Hordaland - Hordaland fylkes fråhaldsnemnd	107 000	0
Hordaland folkemusikklag	66 000	67 000
II. Kulturinstitusjonar		
Musikk		
Vestnorsk Jazzsenter	1 282 000	1 301 000
Ole Bull Akademiet	265 000	269 000
Björgvin Kirkemusikk	156 000	158 000
Orkesteret Fossegrimen	208 000	211 000
BRÅK	338 000	343 000

Tilskot til andre kulturforemål	Budsjett 2013	Budsjett 2014
Stiftinga Fartein Valen	306 000	311 000
Musica Nord	137 000	139 000
Regionsorkesteret "Ung Symfoni"	43 000	44 000
AKKS Bergen	43 000	44 000
Edvard Grieg kor (Kor Vest)	200 000	203 000
Stiftelsen prof. Jiri Hlinka klaverakademi	100 000	102 000
Scenekunst		
Bergen Internasjonale Teater	486 000	493 000
Vestlandske Teatersenter	392 000	398 000
Bergen Dansesenter	114 000	116 000
Bømlo Teater	154 000	156 000
Film		
Vestnorsk filmsenter	1 056 000	1 072 000
Cinematket	44 000	45 000
Formidlingsorganisasjonar		
Hordaland Folkeakademi	420 000	426 000
Moster Kyrkjehistoriske senter/Moster Amfi	878 000	891 000
Seglskipet "Statsraad Lehmkuhl"	340 000	345 000
Vestnorsk Kulturakademi	310 000	315 000
Fjelberg Gamle Prestegard	230 000	0
FN-sambandet/Internasjonal uke	105 000	107 000
III. Festivalar		
Musikk		
Barnas Festspill	31 000	31 000
Vossa Jazz	336 000	341 000
Vossa Jazz-prisen	30 000	30 000
Nattjazzen i Bergen	107 000	109 000
Hardingtonar, Kvam	86 000	87 000
Borealis-festivalen	193 000	196 000
Bergen Music Fest	84 000	84 000
Osa-festivalen, Voss	72 000	73 000
Hardanger Musikkfest	219 000	222 000
Rosendal Musikkfestival	61 000	62 000
Bergen internasjonale filmfestival BIFF	318 000	323 000
Grieg intern. Korfestival/Nina Grieg barnekorfest.	105 000	107 000
Scenekunst		
Barneteaterfestivalen på Stord	162 000	164 000
Mostraspelet	84 000	85 000
Baroniet i Rosendal - kulturtilskipingar	56 000	57 000
Oktoberdans/Meteor	47 000	48 000
IV. Anna		
Kystsogevekene	1 201 000	1 219 000
Ekko-festivalen	105 000	107 000

Tilskot til andre kulturføremål	Budsjett 2013	Budsjett 2014
Litteratursymposiet i Odda	205 000	208 000
Registrering, kartfesting og formidling av kulturminne	406 000	412 000
Grunnlovsjubileet 2014	500 000	0
Kulturminneplanar – tilskot til kommunane	1 000 000	1 000 000
Sum brutto driftsutgifter	14 977 000	14 337 000

Det er gjennomgåande søkt om stor auke i driftsstønaden under posten. I lys av den økonomiske situasjonen, har fylkesrådmannen ikkje rom for særleg auke utover prisomrekning. Fylkesrådmannen vil likevel trekkje fram nokre moment:

Fjelberg gamle prestegard er frå 2015 budsjettert på posten Tilskot til ålmenne kulturføremål.

Actis-Hordaland - Hordaland fylkes fråhaldsnemnd, er rusfeltet sitt samarbeidsorgan i Hordaland. Dette er eit viktig arbeid som i mange år har fått støtte. Fylkesrådmannen finn det ikkje naturleg at dette arbeidet vert støtta over kultur- og idrettsfeltet og har ført opp tilskot på kr 100 000 i 2015 under samleposten Ymse tilskot.

Det profesjonelle **Kor Vest** har endra namn til **Edvard Grieg kor**, og er no ein eigen organisasjon som i tillegg til utøvande verksemd, vil spele ei stor rolle for det frivillige kormiljøet i regionen. Dei har søkt om 850 000 kr. i driftsstøtte. Det langsiktige målet er at Edvard Grieg kor skal ha same fordelingsmodell mellom stat, fylke og kommune som tilsvarende kulturinstitusjoner i Bergen, deriblant BIT20 Ensemble og Bergen Nasjonale Opera, det vil seia e 70/15/15 prosent fordeling mellom Kulturdepartementet, Hordaland fylkeskommune og Bergen kommune. Hordaland fylkeskommune har teke initiativ til dialog om dette med Kulturdepartementet.

Vestlandske Teatersenter er det regionale kompetanseorganet for det frivillige teaterfeltet, med særlege oppgåver i høve til barn og unge. VT har no etablert seg i nye lokalar med sær gode fasilitetar, Cornerteateret. Cornerteateret er eit nytt regionalt teaterhus for amatørar, born og unge og for det frie scenekunstfeltet. VT søker om ei driftsstønad på kr 650.000.

Vestnorsk filmsenter (VFS) søker om eit driftstilskot på kr 2 150 000, noko som representerer ei auke på over 1 mill. kr. Bakgrunnen for dette er mellom anna at tilskot frå Regionalt utviklingsprogram (RUP) til Western Norway Film Commission, som er ein del av VFS, har falle bort. Det er ei utfordring for regionen å vidareføre Western Norway Film Commission.

Kulturminneplanar

Fylkestinget løyvde 1 mill. kr i 2014 til utarbeiding av kulturminneplanar i kommunane og legg opp til same ramme også i 2015 og 2016. Kvar kommune som utarbeidar kulturminneplan vil få eit tilskot på kr 100 000. Ved oppstart av prosjektet var det 27 kommunar i Hordaland utan oppdaterte kulturminneplanar. Mange av desse har sett i gang som eit resultat av prosjektsatsinga.

Tilskot til innvandringsorganisasjonar

Fylkeskommunen fordeler statlege midlar til prosjekt og drift av innvandringsorganisasjonar i fylket. Det vert budsjettert med om lag 1,15 mill. kr i inntekter og utgifter.

Til rådvælde for Kultur- og ressursutvalet

Til rådvældekontoen vert foreslått redusert med kr 500 000 kr til 773 000, som vil verte sett i samanheng med gjennomgang av tilskotsordningane og vert foreslått overført dit. Evt. kan desse midlane vere starten på midlar til oppfølging av handlingsplanen for regional kulturplan.

Kulturelt Utviklingsprogram - KUP

KUP er eit viktig verktøy for å kunne utprøve nye initiativ og større satsingar for å utvikle kultursektoren. Nye programområde vil verte vedtekne i 2014 med grunnlag i arbeidet med kulturplanen og kulturlivet sine eigne behov. Fylkesrådmannen fører for 2015 opp om lag 6,1 mill. kr, same sum som i 2014.

Tilskot til lokale kulturhus

Tilskot til kulturbygg med regionale funksjonar

I Hordaland er det to tilskotsordningar for kulturhus: Tilskot til lokale kulturhus og Tilskot til kulturbygg med regionale funksjonar. Den fyrste ordninga vert fullt ut dekkja av deler av statstilskotet (spelemidlar), mens den andre ordninga vert dekkja av løyvinga på fylkesbudsjettet og spelemidlar..

Kultur- og ressursutvalet fordelte i 2014 knapt 5,5 mill. kr av spelemidlane i tilskot til lokale kulturhus. Fylkesrådmannen legg til grunn om lag same statstilskot i 2015 som i 2014 – 10 mill. kr. I tillegg foreslår fylkesrådmannen 4,9 mill. kr i fylkeskommunale midlar. Dette inneber ein reduksjon på kr 500 000 samanlikna med 2014. Det vil då samla vera til

disposisjon om lag 14,9 mill. kr innanfor dei to ordningane i 2015.

Fylkestinget har vedteke at fylkeskommunen sin del av opprustinga av Grieghallen i tjuve år skal finansierast av fylkeskommunale midlar avsette innanfor ordninga med tilskot til regionale kulturbygg.

Målsetjingar

1.	PREMISS: KULTUR	Kostnad
Effekt mål	Ein kulturplan som er verksam	
Resultat mål	- Gjere det mogleg å gjennomføre innsatsområda	-
Tiltak	<ul style="list-style-type: none"> • Utarbeide lay-out, trykke opp planen og syte for at den vert godt tilgjengeleg • Utarbeide særstrategiar bygd på handlingsprogrammet • Gjennomføre dialogmøte • Tilføre feltet eksterne ressursar 	-
Indikatorar	<ul style="list-style-type: none"> • Tal igangsette nye tiltak/prosjekt? • Tal dialogmøte • Eksternt tilførte ressursar 	-

2.	VERKEMIDDEL OG STØTTEORDNINGAR	Kostnad
Effekt mål	<ol style="list-style-type: none"> 1. God samordning av virkemidla frå ulike forvaltningsnivå. 2. God samordning av fylkeskommunale ressursar og virkemiddel 	
Resultat mål	Effektiv saksbehandling og betre samsvar mellom bruken av vekemidla og kulturlivet sine behov	-
Tiltak	<ul style="list-style-type: none"> • Auke samordning av verkemiddel frå ulike forvaltningsnivå • Samkjøring kultur- og idrettsavdelinga og regionalavdelinga • Evaluering av mottakarar og søkjarar til driftstilskot på basis av fylkeskommunale kriterium • Tilpassing og vurdering av nye fylkeskommunale tilskotsordningar i samsvar med målsettingane i Regional kulturplan (pkt.13 i Handlingsprogram) 	-
Indikatorar	Antall dialogmøte om tilskotsforvaltning Påpeikningar/avvik frå revisjonsrapport er lukka	-

3.	SAMARBEID MED KOMMUNANE	Kostnad
Effekt mål	Vere utviklingsaktør og partner, støtte	
Resultat mål	Auka samhandling om arrangement, utvikling og service til brukarar i kommunane	-
Tiltak	<ul style="list-style-type: none"> • Dialogmøter • Kommunebesøk • Deltaking/utvikling av planar • Hjelp til søknadsskriving/handtering • Søknadshandsaming 	-
Indikatorar	<ul style="list-style-type: none"> • Tal møter, besøk, innspel til planar og søknadar • Tal søknadar handsama 	-

4.	INTERNASJONALT ARBEID	Kostnad
Effekt mål	Hordaland er ein open og utoverretta europeisk kulturregion, der utvikling og utveksling av kompetanse og kulturuttrykk står sentralt	
Resultat mål	<ul style="list-style-type: none"> • Auka kunnskap og forståing • nyskaping 	-
Tiltak	<ul style="list-style-type: none"> • Utvikling av samarbeidsregionar i Europa • Støtte internasjonale samarbeidsprosjekt mellom kulturaktørar • Informere og rettleie om internasjonale program og støtteordningar • Utveksling av kunstnarar og kulturaktørar • Utvikle prosjekt for forskning og formidling om Bergen og Vestlandet si internasjonale historie 	-
Indikatorar	-	-

5.	KONTAKT MED KULTURLIVET OG FOU	Kostnad
Effekt mål	Utvikling av kompetanse, brukartenleg innretning av ressursar	
Resultat mål	<ul style="list-style-type: none"> • Treffsikker prioritering av verkemiddel • Kunnskapsbasert forvaltning 	-
Tiltak	<ul style="list-style-type: none"> • Dialogmøter, fortløpande kontakt og utveksling • Etablere og utvikle/delta på felles arenaer 	-
Indikatorar	-	-

Kultur- og idrettsavdelinga har utvikla PREMISS: KULTUR, Regional Kulturplan som legg føringar for prioriteringar dei neste 10 åra. Her er sjølve masterplanen for verksemda.

- Det første målet er knytt til at kulturplanen skal verte meir enn ord og verte verksam.
- Det andre målet er innretta mot verktøyet for å få planen verksam, verkemiddel og tilskotsordningar. Desse skal tilpassast planen og samordnast slik at dei gjev auka effekt på tvers av forvaltningsnivå og avdelingsgrenser.
- Dei tre siste måla er innretta mot aktørar for samhandling: Kommunane, kulturlivet og FOU-institusjonar , samt internasjonale partnerar.

Frie inntekter

Tal i heile 1000 kr

			Budsjett 2014	Budsjett 2015	Endring %
800	Skatt	Driftsinntekter	-2 872 900	-2 948 000	2,6 %
840	Rammetilskot	Driftsinntekter	-2 837 350	-2 943 000	3,7 %
	Sum	Netto driftsinntekter	-5 710 250	-5 891 000	3,2 %

Dei frie inntektene for fylkeskommunen omfattar fylkesskatt og rammetilskot.

I kommuneproposisjonen for 2015 varsla regjeringa at fylkeskommunane vil få ein vekst i frie inntekter på mellom ¼ og ½ mrd. kr. Av denne veksten er 150 mill. kr grunngjeve med behovet for opprusting av fylkesvegane. 95 mill. kr var sett av til kompensasjon til fylkeskommunar som taper meir enn 200 kr per innbyggjar på omlegginga av kostnadsnøklar i inntektssystemet.

Hordaland er mellom fylkeskommunane som taper på omlegginga av kostnadsnøklane, og må difor vere budd på ei svak utvikling i frie inntekter dei komande 5 åra.

Under behandlinga av kommuneproposisjonen i Stortinget gjekk fleirtalet inn for å auke tapkompensasjonen frå 95 mill. kr til 125 mill. kr.

Det er ikkje venta at det vil bli gjort nemnande endringar i dei nye kostnadsnøklane i høve til det som vart presentert i kommuneproposisjonen. Men nøk-

lane vert oppdaterte med m.a. nye folketal pr. 01.07.2014.

I budsjettgrunnlaget byggjer fylkesrådmannen på føresetnadene ein finn i kommuneproposisjonen. Ein har nytta KS sin modell for utrekning av frie inntekter, og har lagt seg midt i intervallet som er oppgjeve for inntektsvekst, dvs. 375 mill. kr samla for fylkeskommunane.

Dette er dei same føresetnadene som ein hadde i rammesaka i juni. Ein må vere budd på at det kan verte justeringar etter at statsbudsjettet er lagt fram.

Ved utrekning av dei frie inntektene er det lagt til grunn ein samanvegd pris- og lønsvekst (deflator) for kommunesektoren på 2,7 prosent frå 2014 til 2015.

Samla er dei frie inntektene førte opp med 5 891 mill. kr i 2015.

Renter og avdrag

Tal i heile 1000 kr

		Budsjett 2014	Budsjett 2015	Endring %
Renter	Utgifter	234 000	242 700	3,7 %
	Inntekter	-59 550	-61 000	2,4 %
	Netto utgift	174 450	181 700	4,2 %
Avdrag	Utgifter	302 900	330 000	8,9 %
Sum	Brutto utgifter	536 900	572 700	6,7 %
	Inntekter	-59 550	-61 000	2,4 %
	Netto utgifter	477 350	511 700	7,2 %

Netto utgift til renter og avdrag aukar frå 477,35 mill. kr i 2014 til 511,7 mill. kr i 2015.

Renter

Renteutgiftene for 2015 er utrekna til 242,7 mill. kr, ein auke på 8,7 mill. kr i høve til 2014. I utrekninga har fylkesrådmannen lagt til grunn 2,25 % rente for lån med flytande rente og for nye lån. Om ein føreset at om lag halvparten av nye lån skal takast opp med fast rente, er ei gjennomsnittrente på 2,25 % ikkje høgt.

Renteinntektene er budsjettert til 27,2 mill. kr. Ein har lagt til grunn at innskotsrenta på konsern-kontoen vil ligge 0,5% over lånerenta.

Vidare vert det budsjettert med 32,8 mill. kr i rentekompensasjon frå staten. Innanfor gjevne rammes vert renteutgiftene på lån til skuleinvesteringar og veginvesteringar refunderte etter Husbanken sine rentesatsar.

Når det gjeld veginvesteringar, er det lagt til grunn at ein får rentekompensasjon for nye lån på 176 mill. kr kvart år. For skuleinvesteringane har Hordaland fylt opp kvoten, og grunnlaget for utrekning av rentekompensasjon vert gradvis trappa ned.

Det er budsjettert med utbytte frå Valen kraftverk på 1 mill. kr.

Avdrag

Det er budsjettert med 330 mill. kr i avdrag, ein auke på 27,1 mill. kr i høve til 2014.

Det er minimumsreglar for storleiken på årlege avdrag. Nedbetalingstida for låna skal ikkje overstiga vegd levetid for anleggsmidlane. Fylkeskommunen held seg godt innanfor krava i desse reglane. Nedbetalingstida for gjelda er om lag 25 år.

Om det vert teke opp lån som budsjettert i 2015, vil gjelda passere 9 mrd. kr dette året.

Interne finansieringstransaksjonar

Overføring til investeringsbudsjettet

Fylkesrådmannen har ført opp 62 mill. kr av driftsmidlar til finansiering av investeringar. Dette er om lag same summen som i 2014.

Økonomiplan 2015-2018

kr 1 000, faste priser		Budsjett	Endring i høve til 2015		
		2015	2016	2017	2018
Frie inntekter	+	5 891 000	12 000	26 000	39 000
Renter og avdrag	-	511 700	44 902	98 160	137 135
Til disp. etter renter og avdrag		5 379 300	-32 902	-72 160	-98 135
Overf. til inv.bud.	-	62 000	-13 456	-38 435	-48 273
Driftsramme til fordeling på sektorane		5 317 300	-19 446	-33 724	-49 863
Politiske organ og adm.	netto	283 696	-5 000	-5 000	-5 000
Fellesfunksjonar	netto	251 871	-10 446	-14 724	-20 863
Opplæring	netto	2 682 673	-20 000	-30 000	-40 000
Tannhelse	netto	174 632	-5 000	-5 000	-5 000
Regional utvikling	netto	82 729	-2 000	-2 000	-2 000
Fylkeskom. næringsverksemd	netto	-88 300	5 000	5 000	5 000
Samferdsel	netto	1 768 337	20 000	20 000	20 000
Kultur	netto	161 662	-2 000	-2 000	-2 000
Sum netto driftsutgifter		5 317 300	-19 446	-33 724	-49 863

Samandrag

Tabellen gjev oversyn over viktige endringar i økonomiplanperioden i høve til årsbudsjettet for 2015.

Utviklinga i dei frie inntektene i økonomiplanperioden er usikker. I budsjettgrunnlaget er det lagt til grunn ein vekst i fylkeskommunane sine samla frie inntekter på 0,7% pr. år i perioden 2015–2018. Nytt inntektssystem gjer at Hordaland fylkeskommune får lågare vekst enn dette. Utrekningane så langt tyder på svært låg vekst og 0,2% årleg vekst er lagt til grunn.

Med dei føresetnadene som er skisserte, vil veksten i kapitalutgiftene vera vesentleg større enn veksten i dei frie inntektene. Nye tiltak i økonomiplanperioden må difor finansierast ved omdisponeringar innan dei ulike budsjettområda eller mellom budsjettområda. Fylkesrådmannen har i budsjettgrunnlaget prioritert samferdselssektoren med 20 mill. kr frå 2016 p.g.a. opning av Bybanen til Flesland dette året.

Nytt inntektssystem

Regjeringa presenterte i Kommuneproposisjonen hovudpunkta i det nye inntektssystemet for fylkeskommunane som tek til å gjelda frå 2015. Det nye systemet fører til vesentlege omfordelingar mellom fylkeskommunane i landet.

Opplegget som vart presentert i Kommuneproposisjonen medførte ein reduksjon i rammetilskotet til Hordaland fylkeskommune på om lag 100 mill. kr. Det er lagt opp til overgangsordning over fem år før det nye inntektsnivået slår fullt ut. Det er vidare ei tapskompensasjonsordning til fylkeskommunar som tapar meir enn kr 200 pr. innbyggjar.

Hordaland fylkeskommune nyt godt av denne ordninga og dette – i tillegg til omlegging av ordninga for inntektstjaming – gjer at overgangen frå gammalt inntektssystem i 2014 til nytt inntektssystem i 2015 ikkje medfører store endringar. For åra i økonomiplanperioden må ein likevel leggja til grunn nedgang i rammetilskotet som skissert ovanfor.

Dette er bakgrunnen for den svært låge veksten i dei frie inntektene fylkesrådmannen har lagt til grunn i økonomiplanperioden.

For fylkeskommunane samla er det lagt til grunn ein årleg vekst på 0,7 % i perioden. Nytt inntektssystem gjer at Hordaland fylkeskommune berre kan rekna med ein årleg vekst på 0,2 %.

Det nye inntektssystemet byggjer på forslaga frå Borgeutvalet – NOU 2005: 18 – og i dette forslaget kom Hordaland fylkeskommune om lag likt ut samanlikna med det tidlegare systemet.

Fylkesrådmannen vart difor overraska over utslaga som kom i departementet sitt forslag – som altså

viser reduserte inntektsrammer på om lag 100 mill. kr.

Det er særleg innanfor opplæring og kollektivtransport det er negative utslag. Innanfor opplæring gjeld dette at kriteriet «Høgkostnadsfag» gjev dårlegare utslag for Hordaland enn det tidlegare kriteriet «Søkjarar yrkesfag». I tillegg er det laga eit kriterium for å fanga opp reiseavstand til vidaregåande skular. Dette er bygt opp som eit teoretisk kriterium med tenkte skular i eit omland med 11 000 personar – som er gjennomsnittsfolketalet som soknar til kvar vidaregåande skule. Hordaland fylkeskommune tapar på dette nye kriteriet.

Innanfor kollektivtransport er det særleg kriteriet for buss og bane som slår negativt ut. Det er her m.a. nytta eit kriterium «Innbyggjarar pr. km offentlig veg» for å fanga opp behovet dei ulike fylkeskommunane har for kollektivtransport.

Fylkesrådmannen har i brev til Kommunal- og moderniseringsdepartementet protestert på dei nye kriteria for m.a. buss og bane og meiner at kriteria som er nytta slett ikkje fangar opp behovet for kollektivtransport, slik departementet hevdar.

Departementet har enno ikkje kome med reaksjon på fylkesrådmannen sitt brev, men har i samtalar vist til at statsbudsjettet vil gje svaret på kva gjennomslag ein eventuelt har fått.

Politiske organ, administrasjon og fellesfunksjonar

Det er lagt til grunn at ein må oppnå gevinstrealisering/effektivisering på 10 mill. kr i 2016, aukande til 15 mill. kr i 2017 og 20 mill. kr i 2018. I tillegg vert det lagt opp til ei innsparing i administrasjonen på 5 mill. kr.

For å saldera økonomiplanen, er det lagt inn noko varierende beløp frå år til år på fylkesutvalet sin tilleggslovingskonto.


Opplæring

Dimensjonering av skuletilbodet i Hordaland

Ved dimensjoneringa av skuletilbodet i Hordaland er det fleire faktorar som det må takast omsyn til. Utviklinga i elevtalet korrigert for reisemønster, elevtal i private skular, talet på elevar som gjer omval og talet på lærlingar er avgjerande for dimensjoneringa på skuletilbodet i Hordaland.

Utviklinga i elevtalet korrigert for reisemønster

Prognose for utviklinga i talet på 16-18 åringar som er lagt til grunn i skulebruksplanen går fram av tabellen nedanfor:



Figuren syner at det er venta nedgang i elevtalet i åra fram mot 2015/16. Deretter er det venta vekst i elevtalet dei komande to åra og etter det noko ned-

gang fram til 2020. Det er venta at veksten vil ta seg opp att etter 2020.

Ved inntaket hausten 2014 syner elevtalet ein reduksjon på om lag 270. Dette er om lag 190 meir enn tabellen ovanfor skulle tilseia.

Tabellen frå SSB ovanfor tilseier ny nedgang i elevtalet hausten 2015 på ytterlegare vel 270 elevar. Dette er bakgrunnen for at fylkesrådmannen foreslår reduksjon innanfor opplæringssektoren i 2016 samanlikna med 2015. Utviklinga i elevtalet er usikker og fylkesrådmannen vil difor følgja dette nøye i komande budsjett og økonomiplanar.

Elevtal i private skular

Det er om lag 2 800 elevplassar ved private vidaregåande skular i fylket. Dei aller fleste elevplassane til dei private vidaregåande skulane er på studie-spesialisierende utdanningsprogram, og dei fleste av desse ligg i Bergen sentrum. I Bergen sentrum er nesten 1/3 av elevplassane ved private skular.

Elevar som gjer omval

Ein tredje faktor som påverkar trongen for elevplassar er graden av omval.

Kvart år er det mellom 750 og 850 elevar som gjer omval eller tek vg1 over to år. Det er mange årsaker til at elevar gjer omval. Nokre elevar har eit planlagt omval ved at dei tek vg1 over to år. Andre har falle ut av eit kurs, ikkje bestått eller ønskjer å ta eit anna kurs på same nivå.

Skulebruksplanen

Skulebruksplanen vart vedteken av fylkestinget i desember 2012 og mars 2013. Oppfølging av planen vil påverka budsjett- og økonomiplanarbeidet dei komande åra.

Hausten 2014 vart Amalie Skram vidaregåande skole teken i bruk. Samstundes vart Bergen Handelsgymnasium, Tanks og Bjørgvin vidaregåande skolar lagt ned.

Hausten 2016 skal nye Voss vidaregåande skule takast i bruk og året etter er nye Voss gymnas klart for oppstart. Dei to nye skulane erstattar fem vidaregåande skular på Voss.

Fylkesrådmannen vil peika på at det store investeringsprogrammet som dels er gjennomført og dels er under utføring, vil betra undervisningstilhøva mange stader.

Fylkesrådmannen har redusert budsjetttramma for opplæring i 2017 og 2018 med tanke på den store omlegginga som skjer ved skulane på Voss. samstundes vil det frå 2017 falla bort fleire leigekont- raktar.

Tannhelse

Klinikkstruktur i Hordaland

Klinikkstrukturplanen er sendt på høyring og vert handsama i 2015. Oppfølginga av denne planen vil vera avgjerande for tannhelsebudsjettet i økonomi- planperioden.

Fylkesrådmannen legg til grunn ei effektivisering som følgje av endringar i klinikkstrukturen på 5 mill. kr frå 2016 samanlikna med budsjettnivået i 2015.

Styrking av det helsefremjande og førebyggjande arbeidet

Tannhelsa til ungdommen i Hordaland er ikkje så god som ønskjeleg, jf. kostratal for tannhelse, og det førebyggjande arbeidet i fylket bør difor styrkast. M.a. bør samarbeidet med kommunale tenester, frivillige lag og organisasjonar betrast.

Regional utvikling og fylkeskommunal næringsverksemd

Fylkesrådmannen foreslår å redusera budsjett- ramma for regionalt utviklingsarbeid med 2 mill. kr i 2016 samanlikna med nivået i 2015.

Finansiering av handlingsprogram til regionale planar

Det er fleire nye regionale planar som er utarbeida og under arbeid. Alle regionale planar skal ha eit handlingsprogram som er knytt opp til budsjett. Det er lite økonomisk handlingsrom til å auka dei totale rammene, så finansiering av planane må i hovud- sak gjerast gjennom omprioriteringar og spis- sing/konsentrasjon av verkemiddelbruken.

Oppfølging av folkehelseplanen og klimaplanen vert sentralt i økonomiplanperioden.

Regionale utviklingsmidlar

Statstilskotet til regionale utviklingsmidlar vart re- duserert i statsbudsjettet for 2014. Vidare reduksjon for åra i økonomiplanperioden vil ha stor innverk- nad på det regionale utviklingsarbeidet framover.

Konsesjonskraftinntekter

I budsjettet for 2015 er det rekna med inntekter på 65 mill. kr frå sal av konsesjonskraft.

Slik det ser ut no, vil inntekta gå ned med ytterlega- re nokre mill. kr dei følgjande åra. I 2016 har ein redusert inntektene med 5 mill. kr. Dei siste åra i perioden er prognosen meir usikker. Ein har då vidareført nivået frå 2016.

Samferdse

Vegar

Fylkestinget vedtok i 2011 Drifts- og vedlikehaldsstrategi for fylkesvegnettet i Hordaland (2012-2021) med målsetjingar om å stoppa veksten i forfallet innan 2017.

I strategien ligg det også inne målsetjingar om å gjennomføra ulike tiltak for å sikra meir kostnadseffektiv bruk av midlane til drifta av vegnettet.

Brutto driftsbudsjett for fylkesvegar er på 477 mill. kr i 2015. Fylkesrådmannen har ikkje funne rom for å auka vedlikehaldsbudsjettet i økonomiplanperioden. Fylkesrådmannen viser likevel i denne sammenhengen til posten Standardheving på investeringsbudsjettet. Budsjettsummen på denne investeringsposten vil halde fram med å auke i økonomiplanperioden. I 2013 var posten på 30 mill. kr, i 2015 er den oppe i 86 mill. kr og det vert vidare lagt opp gradvis opptrapping til 150 mill. kr i 2018.

Kollektivtrafikk

Utfordringane i økonomiplanperioden er store for kollektivområdet. I Regional transportplan er det lagt opp til vekst på 57% - eller nærare 70 000 fleire daglege kollektivreiser i Bergensområdet innan 2024. Det betyr ein årleg vekst på vel 4%.

I slutten av økonomiplanperioden vil dei fyrste kontraktane i 2. generasjons ferjeandboda starta opp. Erfaringar frå andre fylkeskommunar som har starta denne prosessen tyder på at dei nye ferjeandboda kan medføra ein kostnadsvekst. Vidare går fleire av dei no gjeldande bussandboda ut i økonomiplanperioden. Det gjeld kontraktane i Sunnhordland, Hardanger/Voss og Modalen/Vaksdal. Det er også på dette området grunn til å venta ein kostnadsvekst i neste anbodsrunde. I økonomiplanperioden har ikkje fylkesrådmannen funne rom for å legge inn ekstra midlar til årleg vekst i ruteproduksjon og eventuelle kostnadsauke ved nye anbodsrundar, så auke i nettoutgifter på disse område er føresatt finansiert gjennom omdisponeringar i budsjettet.

Når Bybanen skal opnast for trafikk til Flesland vil dette gje 8 nye vogner i drift og ein vesentleg auka produksjon. I tillegg vil det koma driftskostnader på det nye bybaneanlegget på Flesland. Dette vil krevja auka tilskot til bybanedrifta. I fylkesrådmannen sitt forslag til økonomiplan er det lagt inn 20 mill. kr

ekstra til dette frå 2016 og vidareført på dette nivået kvart år i økonomiplanperioden. Heilårsdrift er rekna til 40 mill. kr frå 2017, så auka utgifter utover 20 mill. kr må også finansierast gjennom omdisponeringar i budsjettet.

Fylkesrådmannen legg elles til grunn takstauke i samsvar med den generelle prisstiginga i økonomiplanperioden.

Kultur

For kultursektoren har fylkesrådmannen lagt til grunn ein reduksjon i driftsramma på 2 mill. kr frå 2016 samanlikna med nivået i 2015.

Regional kulturplan

Den regionale kulturplanen som skal handsamast på fylkestinget i desember 2015 vil leggja føringar for kulturbudsjettet i økonomiplanperioden.

Tilskotsordning til kulturhus/arenaer

Tilskotsordningane til regionale kulturarenaer og lokale kulturhus, vert foreslått redusert med 0,5 mill. kr i 2015 og vidareført på dette nivået i økonomiplanperioden.

Fylkestinget har vedteke at fylkeskommunen sin del av opprustinga av Grieghallen skal finansierast innanfor ordninga med tilskot til regionale kulturarenaer.

Tilskot til fylkesidrettsanlegg

Tilskot til fylkesidrettsanlegg var foreslått redusert med 1,5 mill. kr i 2015 og er foreslått vidareført på dette nivået i perioden.

Kulturelt utviklingsprogram

Budsjettet for Kulturelt utviklingsprogram er i 2015-budsjettet på vel 6 mill. kr og denne summen vert foreslått vidareført i økonomiplanperioden.

Museumsplan

Til handlingsprogrammet er det i 2015 budsjettet med 2 mill. kr som er vidareført årleg i økonomiplanperioden

Frie inntekter

Faste 2015 prisar | Tal i heile 1000 kr

	2015	2016	2017	2018
Skatt	2 948 000	2 986 000	3 026 000	3 065 000
Rammeoverføringar	2 943 000	2 917 000	2 891 000	2 865 000
Sum inntekter	5 891 000	5 903 000	5 917 000	5 930 000

Utviklinga i dei frie inntektene i økonomiplanperioden er usikker. I budsjettgrunnlaget er det lagt til grunn ein vekst i fylkeskommunane sine samla frie inntekter på 0,7% pr. år i perioden 2015–2018. Nytt inntektssystem gjer at Hordaland fylkeskommune får lågare vekst enn dette. Utrekningane så langt tyder på svært låg vekst – 0,2% årleg vekst er lagt til grunn.

Renter og avdrag

Løpande prisar | Tal i heile 1000 kr

År	2015	2016	2017	2018
Renteutgifter	242 700	273 300	306 100	337 500
Avdrag	330 000	370 000	420 000	460 000
Sum utgifter	572 700	643 300	726 100	797 500
Rentekompensasjon	-32 800	-39 400	-46 200	-53 200
Renteinntekter og utbytte	-28 200	-30 600	-32 900	-35 300
Sum inntekter	-61 000	-70 000	-79 100	-88 500
Netto utgifter	511 700	573 300	647 000	709 000

Ein gjer merksam på at tala i denne tabellen er i løpande prisar.

Det er teke høgde for ein moderat oppgang i renta i økonomiplanperioden. For lån utan rentebinding har ein nytta følgjande rentesatsar: 2,25% i 2015, 2,5 % i 2016, 2,75 % i 2017 og 3,0 % i 2018. Utviklinga i rentenivået er usikker, og ein må vera budd på at renteføresetnadene må justerast ved seinare høve.

Utrekningar basert på forslaget til investeringsbudsjett syner sterk auke i renter og avdrag kvart år i perioden. Sum renter og avdrag viser ein auke på 197 mill. kr i perioden, dvs. 38,6 %.

Renteutgiftene aukar frå 242,7 mill. kr i 2015 til 337,5 mill. kr i 2018.

Avdraga aukar frå 330 mill. kr i 2015 til 460 mill. kr i 2018. For nye lån er det lagt til grunn 30 års nedbetalingstid.

Det er budsjettert med 28,2 mill. kr i renteinntekter og utbytte i 2015, aukande til 35,3 mill. kr i 2018.

I tillegg er det inntektsført rentekompensasjon for lån til skular og vegar. Ved utrekning av kompensasjonen vert det lagt til grunn at låna er avdragsfrie i 5 år, og deretter vert nedbetalte over 15 år.

Overslaget over rentekompensasjon aukar frå 32,8 mill. kr i 2015 til 53,2 mill. kr i 2018.

Rentesatsane som er nytta for renteinntekter og rentekompensasjon følgjer utviklinga i lånerenta, men slik at innskotsrenta kvart år ligg 0,5% over lånerenta.

Interne finansieringstransaksjonar

Løpande prisar | Tal i heile 1000 kr

År	2015	2016	2017	2018
Overføring til investeringsbudsjettet	62 000	50 000	25 000	15 000

Overføring til investeringsbudsjettet

For å ha att ein liten buffer har fylkesrådmannen i budsjettet for 2015 ført opp 62 mill. kr i driftsmidlar til finansiering av investeringar. Dei siste åra i økonomiplanperioden har ikkje fylkesrådmannen luk-

kast i å ha like stor sum i overføring frå driftsbudsjettet til investering, men den er trappa ned til 50 mill. kr i 2016, 25 mill. kr i 2017 og til 15 mill. kr i 2018.

Vedlegg

ØKONOMISK OVERSYN - DRIFT

	Budsjett 2014	Budsjett 2015
Brukarbetalingar	-98 500	-107 612
Andre sals- og leigeinntekter	-1 066 061	-1 084 482
Overføringer med krav til motyting	-446 355	-344 091
Rammetilskot	-2 837 350	-2 943 000
Andre statlege overføringer	-323 382	-256 930
Andre overføringer	-19 541	-19 800
Inntekts- og formuesskatt	-2 872 900	-2 948 000
Eigedomsskatt		
Andre direkte og indirekte skattar		
SUM DRIFTSINNTEKTER	-7 664 089	-7 703 915
Lønsutgifter	2 262 832	2 861 180
Sosiale utgifter	586 196	195 013
Kjøp av varer og tenester som inngår i kommunal tenesteprod.	1 319 650	859 642
Kjøp av tenester som erstattar kommunal tenesteprod.	2 089 697	2 434 721
Overføringer	846 533	753 947
Avskrivningar		
Fordelte utgifter	-17 257	-7 088
SUM DRIFTSUTGIFTER	7 087 651	7 097 415
BRUTTO DRIFTSRESULTAT	-576 438	-606 500
Renteinntekter og utbytte	-29 900	-28 200
Mottekne avdrag på utlån		
SUM EKSTERNE FINANSINNTEKTER	-29 900	-28 200
Renteutgifter og låneomkostningar	234 000	242 700
Avdrag på lån	302 900	330 000
Utlån		
SUM EKSTERNE FINANSUTGIFTER	536 900	572 700
RESULTAT EKSTERNE FINANSTRANSAKSJONAR	507 000	544 500
Motpost avskrivningar		
NETTO DRIFTSRESULTAT	-69 438	-62 000
Bruk av tidlegare års rekneskapsmessige mindreforbr.		
Bruk av disposisjonsfond		
Bruk av bundne fond	-5 136	
Bruk av likviditetsreserve		
SUM BRUK AV AVSETJINGAR	-5 136	0
Overført til investeringsbudsjettet	61 900	62 000
Avsett til dekning av tidlegare års rekneskapsmessige meirforbr.		
Avsett til disposisjonsfond	12 211	
Avsett til bundne fond	463	
Avsett til likviditetsreserven		
SUM AVSETJINGAR	74 574	62 000
REKNESKAPSMESSIG MEIRFORBRUK/MINDREFORBRUK	0	0

ØKONOMISK OVERSYN - INVESTERING

	Budsjett 2014	Budsjett 2015
Sal av driftsmidler og fast eiendom	-5 000	-5 000
Andre salsinntekter	-1 995 300	
Overføringer med krav til motyting	-488 390	-2 330 300
Statlege overføringer	-299 400	-219 100
Andre overføringer	-163 400	
Renteinntekter og utbytte		
SUM INNTEKTER	-2 951 490	-2 554 400
Lønsutgifter		
Sosiale utgifter		
Kjøp av varer og tenester som inngår i komm. tenesteprod.	4 308 990	3 895 100
Kjøp av tenester som erstattar komm. tenesteprod.		
Overføringer	50 000	44 000
Renteutgifter og omkostningar		
Fordelte utgifter		
SUM UTGIFTER	4 358 990	3 939 100
Avdrag på lån		
Utlån	20 000	
Kjøp av aksjar og andelar		
Avsett til ubundne investeringsfond	5 000	5 000
Avsett til bundne fond		
Avsett til likviditetsreserven		
SUM FINANSIERINGSTRANS.	25 000	5 000
FINANSIERINGSBEHOV	1 432 500	1 389 700
Bruk av lån	-1 295 600	-1 302 700
Sal av aksjar og andelar		
Motteke avdrag på utlån		
Overført frå driftsbudsjettet	-61 900	-62 000
Bruk av disposisjonsfond		
Bruk av ubundne investeringsfond	-75 000	-25 000
Bruk av bundne fond		
Bruk av likviditetsreserve		
SUM FINANSIERING	-1 432 500	-1 389 700
UDEKKA/UDISPONERT	0	0

Hordaland fylkeskommune har ansvar for å utvikle hordalandssamfunnet. Vi gir vidaregåande opplæring, tannhelsetenester og kollektivtransport til innbyggjarane i fylket. Vi har ansvar for vegsamband og legg til rette for verdiskaping, næringsutvikling, fritidsopplevingar og kultur.

Som del av eit nasjonalt og globalt samfunn har vi ansvar for å ta vare på fortida, notida og framtida i Hordaland. Fylkestinget er øvste politiske organ i fylkeskommunen.



Agnes Mowinckels gate 5
Postboks 7900
5020 Bergen

Telefon: 55 23 90 00
e-post: hfk@hfk.no

www.hordaland.no

7. oktober 2014, Økonomiavdelinga